VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg:	**Kommunestyret**
Møtestad:	**Sal 1. etg., Volda samfunnshus**
Dato:	**23.05.2019**
Tid:	**14:00**

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordførar

VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 36/19	**Godkjenning av innkalling og sakliste**
PS 37/19	**Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**
OS 19/19	**Presentasjon av forprosjektet for Volda kunnskapspark**
PS 38/19	**Innføring av "Helseplattformen".**
PS 39/19	**Løyving til Voldsfjordkryssing AS - Kommunestyret 13. desember 2018, sak PS 137/18**
PS 40/19	**Årsmelding 2018 - Volda kommune**
PS 41/19	**Rekneskap 2018**
PS 42/19	**Kjøp av tomt - Øvre Rotset Næringsområde**
PS 43/19	**Øvre Rotset næringsområde - Fastsetjing av pris.**
PS 44/19	**Interkommunalt barnevernvaktsamarbeid på Sunnmøre**
PS 45/19	**Volda Campus ArenaNytt saksframlegg om kommunal deltaking - etter ny anbodskonkurranse**
PS 46/19	**Bratteberg skule - etablering av brakkemodular og trafikksikringstiltak**
PS 47/19	**Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.03.2019**
PS 48/19	**Orienteringssaker**
OS 20/19	**Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 09.05.2019 - Volda kommune - Vest kontroll**
OS 21/19	**Fylkesmannen i Møre og Romsdal - Forventningsbrev 2019**
OS 22/19	**Utmeldingar frå Framstegspartiet - Egil Berg, Edvin Dale, Odd Arne Folkestad, Ragnhild Folkestad, Sindre Kvangarsnes og Edvin Mårstøyl**

VOLDA KOMMUNE

OS 23/19	**Statens vegvesen - vidare arbeid med felles samferdselspakke Volda og Ørsta**
FO 3/19	**Interpellasjon**
FO 4/19	**Interpellasjon - Digitale læremiddel på nynorsk må sikrast**
FO 5/19	**Interpellasjon - Ny symjehall i Volda**
PS 49/19	**Referatsaker**
RS 1/19	**Flaumtilpasningstiltak i Melshornsida – status**
PS 50/19	**Delegerte saker frå avdelingane**
DS 47/19	**Mellombels bruksløyve Gbr 2/107**
DS 48/19	**Igangsettingsløyve Gbr 19/110**
DS 49/19	**Ferdigattest Gbr 30/4**
DS 50/19	**Løyve til tiltak Gbr 20/537**
DS 51/19	**Ferdigattest Gbr 21/166**
DS 52/19	**Rammeløyve Gbr 19/80**
DS 53/19	**Rammeløyve, tilbygg Gbr 30/170**
DS 54/19	**Ferdigattest Gbr 17/235**
DS 55/19	**Ferdigattest Gbr 6/24**
DS 56/19	**Mellombels bruksløyve Gbr 18/403- seksjon 57**
DS 57/19	**Ferdigattest, garasje Gbr 18/157**
DS 58/19	**Igangsettingsløyve, byggetrinnn 2 Gbr 20/334**
DS 59/19	**Ferdigattest, bustad Gbr104/1**
DS 60/19	**Ferdigattest, bustad Gbr 6/41**
DS 61/19	**Igangsettingsløyve Gbr 20/334**
DS 62/19	**Løyve til tiltak, riving av brannrestar Gbr 111/2**
DS 63/19	**Ferdigattest, bustad Gbr 146/45**
DS 64/19	**Løyve til tiltak, antenne Gbr 131/4**
DS 65/19	**Ferdigattest Gbr 46/2**
DS 66/19	**Løyve til tiltak, garasje Gbr 6/41**
DS 67/19	**Ferdigattest Gbr 20/535**
DS 68/19	**Løyve til tiltak Gbr 145/2**
DS 69/19	**Ferdigattest, rehab. skorstein Gbr 148/3**
DS 70/19	**Løyve til endring Gbr 20/535**
DS 71/19	**Løyve til tiltak Gbr 12/46**
DS 72/19	**Ferdigattest, hytte Gbr 109/15**
DS 73/19	**Løyve til tiltak Gbr 18/23**
DS 74/19	**Løyve til tiltak Gbr 20/140**
DS 75/19	**Ferdigattest Gbr 131/62**
DS 76/19	**Ferdigattest Gbr 19/24**
DS 77/19	**Rammeløyve Gbr 12/59**

DS 78/19	**Rammeløyve, studensbustadar byggetrinn 2 Gbr 20/334**
DS 79/19	**Ferdigattest, tilbygg Gbr 20/142**
DS 80/19	**Ferdigattest - gbr 20/284**
DS 81/19	**Rammeløyve, tilbygg Gbr 17/80**
DS 82/19	**Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 87/7**
DS 83/19	**Ferdigattest - Gbr 18/91/125**
DS 84/19	**Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 86/15**
DS 85/19	**Løyve til tiltak Gbr 18/214**
DS 86/19	**Løyve til tiltak Gbr 30/119**
DS 87/19	**Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 20/323**
DS 88/19	**Ferdigattest, tilbygg Gbr 128/1**
DS 89/19	**Ferdigattest, garasje Gbr 13/110**
DS 90/19	**Ferdigattest Gbr 30/36**
DS 91/19	**Ferdigattest Gbr 19/535**

Måndag 20.05.19

AP	kl. 18:00-20:00	Møterom Dalsfjorden
V	kl. 20:00-22:00	Møterom Dalsfjorden
KRF	kl. 19:30-21:30	Møterom Voldsfjorden
SP	kl. 19:30-21:30	Møterom Austefjorden
MDG	kl. 20:00-22:00	Biblioteket

Tysdag 21.05.19

H	kl. 17:30-19:30	Møterom Austefjorden
FRP	kl. 17:00-22.00	Møterom Voldsfjorden
U – Erlend Krumsvik	kl. 19.30-20.30	Møterom Austefjord

Onsdag 22.05.19

SV	kl. 18.00-20.00	Møterom Voldsfjorden

PS 36/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 37/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

OS 19/19 Presentasjon av forprosjektet for Volda kunnskapspark

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Ingunn Gjengedal	Arkivsak nr.:	2019/857
		Arkivkode:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
57/19	Formannskapet	14.05.2019
38/19	Kommunestyret	23.05.2019

INNFØRING AV "HELSEPLATTFORMEN"

Handsaming:

Rådmann Rune Sjurgard og Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:
Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:

1. ***Kommunestyret syner til prosjektet for innføringa av Helseplattforma og sluttar seg til organiseringa som er skissert i saksutgreiinga. Kommunestyret er kjent med at prosjektet vil medføre prioritering av interne ressursar.***

2. ***Kommunestyret oppmodar staten om å ta medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre at innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som eit regionalt utprøvingsprogram.***

Administrasjonen si tilråding:

3. Kommunestyret syner til prosjektet for innføringa av Helseplattforma og sluttar seg til organiseringa som er skissert i saksutgreiinga. Kommunestyret er kjent med at prosjektet vil medføre prioritering av interne ressursar.

4. Kommunestyret oppmodar staten om å ta medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre at innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som eit regionalt utprøvingsprogram.
5.

Saksopplysningar/fakta:

Bakgrunn og motivasjon for prosjektet

I følge St. melding 9, *Én innbygger – én journal (2012-2013)* har regjeringa som mål at helsepersonell raskt og effektivt skal få tilgang til nødvendige pasientopplysningar og at all skriftleg informasjonsutveksling skal skje elektronisk. Dei seier at tilgang til relevant informasjon er nødvendig for at helsepersonell raskt kan danne seg eit heilheitleg bilete av pasient eller brukar og på den måten og ha eit godt grunnlag for å velje riktig utreiing eller behandling. Dette bidreg også til at pasientar og brukarar, så langt det er mogleg, slepp å gjenta dei same opplysningane kvar gong dei oppsøker helse- og omsorgstenesta.

For å oppnå dette ynskjer regjeringa å modernisere IKT-plattforma og arbeide mot ei felles nasjonal løysing som inkluderer heile helse- og omsorgssektoren. For å kunne tilrå tiltak foreslår regjeringa at det vert starta eit arbeid for å utreie alternative løysingar. Regjeringa sitt hovudmål er «én innbygger – én journal».

Direktoratet for e-helse tilrår ei felles journal- og samhandlingsløysning for kommunane. Løysinga vil gi innbyggar ein meir heilhetleg helseteneste og helsepersonell i kommunane eit betre arbeidsverktøy. Kommunane har eit stort behov for betre journalløysingar og enklare samhandling med andre aktørar i helse- og omsorgssektoren. IKT-systema i kommunane er silobaserte og i hovudsak avgrensa til kvar einskild verksemdsområde. Dermed delast ikkje helseinformasjon om innbyggarane mellom dei ulike delane av helsetenesta.

Behovet for betre løysingar i kommunane vil bli forsterka dei neste åra på grunn av ein auke i tal eldre med meir samansette sjukdomar. Dette fører til endringar i behov for helsetenester. I tillegg vert det planlagt å føre over fleire oppgåver som i dag ligg til spesialisthelsetenesta, til primærhelsetenesta i kommunane. Totalt sett stiller dette høge krav til digital samhandling både internt i kommunane, med spesialisthelsetenesta og med innbyggjar.

Politiske mål om ein koordinert og samanhengande helseteneste vil ikkje kunne oppfyllast utan ei meir heilheitleg og koordinert utvikling av framtida sine IKT-løysingar. For å både sikre pasientsikkerheita og å kunne tilby heilheitlege tenester, er det behov for ei samordna nasjonal betring av kvaliteten på journalløysningar i den kommunal helse- og omsorgstenesta.

I Granavolden-plattformen 17. januar 2019, seier regjeringa at;

«Digitalisering og bruk av nye e-helseløysingar er ein føresetnad for å skape helse- og omsorgstenesta for pasienten og gjere tenesta berekraftig for framtida. Difor vil regjeringa realisere «Éin innbyggjar – éin journal» og digital helseteneste for pasientane. Digitale løysingar og ny teknologi må gå frå pilotstadiet til å bli den nye måten å jobbe på. Bruk av nasjonale e-helseløysingar må vere ein del av sørgje-for-ansvaret til helse- og omsorgstenesta.»

Våren 2016 fekk Helse Midt-Norge RHF i oppdrag å vere eit regionalt utprøvingsprogram for det anbefalte nasjonale målbildet, og eit mogleg startpunkt for ein felles nasjonal løysing for kommunale helse- og omsorgstenester. Gjennom programmet «Helseplattformen» planlegg Helse Midt-Norge RHF å etablere ein regional journalløysing i samarbeid med kommunane og sjølvstendige næringsdrivande avtalepartar i Midt-Norge. Helseplattforma som eit mogleg startpunkt, inneber å bygge vidare på deira konkurransegrunnlag i ein eventuell seinare nasjonal anskaffing, inkludert å vidareføre forankra slutningar som blir tatt

innan områder som er sentrale for å styrke samhandlinga på tvers av verksemd og ulike IKT-løysingar. Kontakta som er inngått og løysinga som vert innkjøpt, kan ikkje nyttast av verksemder utanfor Midt-Norge.

Hausten 2016 fekk Direktoratet for e-helse i oppdrag å etablere et samarbeid med Helseplattformen og å utarbeide eit beslutningsgrunnlag for innføring av ei nasjonal løysing for dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Oppdraget om å utarbeide eit beslutningsgrunnlag for ei nasjonal kommunal løysing blei stadfesta i tildelingsbrevet for 2017. I tillegg fikk Direktoratet for e-helse i oppdrag å utarbeide eit vegkart for den samlande gjennomføringa av arbeidet med «én innbygger – én journal».

Direktoratet for e-helse tilrår at «en innbygger – én journal» vert realisert gjennom tre strategiske og parallelle tiltak:

1. Etablering av Helseplattformen i region Midt-Norge
2. Vidareutvikling av eksisterande løysingar i spesialisthelsetenesta i Helse Nord, Helse Vest og Helse Sør-Øst
3. Etablering av ei nasjonal løysing for kommunale helse- og omsorgstenester for kommunane utanfor Midt-Norge.

Helseplattformen

Programmet Helseplattformen (www.helseplattformen.no) skal an skaffe og innføre er mellom anna ny pasientjournal ved sjukehus, kommunar, fastlegar og private spesialistar i Midt-Norge. Helse Midt-Norge og Trondheim kommune er hovudaktørar i innkjøpet, og alle kommunane i Møre og Romsdal og Trøndelag er med gjennom sine opsjonsavtalar. Helseplattformen er også ein regional pilot for den nasjonale målsetjinga «Én innbygger – én journal». Det er berre i Midt-Norge at ein får det same systemet både i spesialist- og primærhelsetenesta (sjå referanse 1: Konseptutvalgutredning frå Direktoratet for e-helse, side 10 og 11).
Signering av kontrakt med vald leverandør, Epic, er planlagd i april 2019.

Helseplattformen skal legge til rette for pasienten sitt ynskje om tilgang til eigne helseopplysningar, betre informasjon om diagnose, meir involvering i eiga behandling, tettare dialog med helsetenesta og ei helseteneste som vert opplevd som samanhengande mellom alle aktørane i tenesta. Dei tilsette både i primær- og spesialisthelsetenesta ynskjer å kunne dele informasjon om pasientane, samanhengande og standardiserte pasientforløp, støtte for avgjerdsler og vedtak, samhandlingsverkty og ein strukturert journal.

Kommunane har behov for betre verktøy for å arbeide førebyggande og betre analyseverktøy for styring og folkehelsearbeid. Desse måla kan ein nå dersom det vert innført eit digitalt samhandlingsverktøy både på sjukehus, i kommunane, hos fastlegane og med gode innbyggartenester. Helseplattformen skal vere eit slikt samhandlingsverktøy.
Før Helseplattformen kan innførast må det gjerast eit større arbeid i alle kommunar. Dette arbeidet omfattar analyse av arbeidsprosessar, og førebuing av organisasjonen på innføring av ny arbeidsflyt og nye måtar å jobbe på. Dette krev mellom anna eit kontinuerleg forankrings- og informasjonsarbeid. Før kommunane kan flytte over til Helseplattformen må det gjerast ei dataanalyse av helsesystema i kommunen slik at dagens helsedata kan overførast til den nye plattforma og sikre ei trygg migrering til det nye systemet. Alle system i kommunen som inneheld journalopplysningar vil bli erstatta av Helseplattformen, mellom anna journalsystemet i pleie- og omsorgstenesta og på helsestasjonane.
Fastlegane har også opsjon på å bytte sine system, noko som er vesentleg for å ta ut full effekt av Helseplattformen.

Helseplattformen-prosjektet har no kome inn i ein fase der alle kommunar med opsjonsavtalar må involverast for å kunne påverke resultatet. Når kontrakten med leverandør vert signert april 2019 bør alle 85 kommunar vere einige om kva for arbeidsprosessar det nye systemet skal støtte, samt kor stor grad av lokale tilpassingar som vert nødvendige. I perioden august 2019 til juni 2020 er det planlagt at heile systemet skal tilpassast – også for opsjonskommunane. Det må riggast ein organisasjon og ein avgjerdsstruktur der Helseplattformen-prosjektet på Søre Sunnmøre arbeidar tett saman med alle andre kommunar overfor leverandøren i denne fasa.

Effektmål og gevinstar

Gjennomsnittsalderen aukar i de fleste kommunar i Midt-Norge, og trykket på helsetenesta aukar også frå dei yngre innbyggarane. Det medfører at det blir stadig færre yrkesaktive for kvar tenestemottakar. Helsepersonell må difor få høve til å jobbe smartare og meir effektivt, i tillegg til at innbyggjarar vert tettare involvert i eiga helse.

Helseplattformen har definert følgjande 11 effektmål for prosjektet:

1. **Høgare behandlingskvalitet** og færre pasientskadar.
2. Tilgang til **kontinuerleg oppdatert klinisk kunnskap** basert på beste praksis.

3. Innbyggjarane i Midt-Norge får **enkel tilgang til eigen journal** og større moglegheit til å påverke eige behandlingsforløp.
4. **Betre samhandling** i og mellom primær- og spesialisthelsetenesta.
5. **Betre data- og informasjonsgrunnlag** for forsking og innovasjon.
6. Auka effektivitet og **betre ressursbruk.**
7. Betre styringsinformasjon som **grunnlag for kvalitets- og forbetringsarbeid** i dagleg drift.
8. **Redusert tidsbruk** på dokumentasjon og leiting etter helseopplysningar.
9. Tilfredsstille **nasjonale krav og standardar.**
10. Innbyggjarane i Midt-Norge skal få høve til å **bu lengre i eigen bustad.**
11. Behovet for offentleg tenesteyting skal reduserast ved at tenester som blir gitt gjennom generiske forløp ivaretek ei **heilheitleg funksjonsvurdering.**

Desse effektmåla vil i arbeidet framover bli operasjonalisert i meir tydelege resultatmål, også for den enkelte kommune, som ein del av arbeidet med gevinstplanlegging i prosjektet. Dei kommunale gevinstane kan skisserast slik:



Gevinstane er ikkje konkretisert enno, men ein indikasjon kan ein få gjennom referanse 1: Konseptvalgutredning: «Nasjonal løsning for kommunal helse-og omsorgsteneste», kapittel 3, 4 og 6. Trondheim kommune har starta sitt arbeid med gevinstanalysar, og det er naturleg å kople seg på dette.

Organisering

Helseplattformen-prosjektet på Søre Sunnmøre vil vere ein del av det heilheitlege prosjektet for Midt-Norge. Det øvste organet for opsjonskommunane er Samarbeidsrådet, der kvart fylke er representert ved rådmenn og fagpersonar. Kvar kommuneregion skal vidare peike ut ein person til å delta i ei «regional arbeidsgruppe». For Søre Sunnmøre deltek prosjektleiar Tommy Dahl.

Det er i tillegg etablert lokale arbeidsgruppe med medlemar frå kvar kommune. Frå Volda kommune deltek Randi Heltne Alfsvåg og Ingunn Gjengedal i den lokale arbeidsgruppa. Vidare er det rekruttert personar frå kvar kommune som skal vere med som fagruppe i avgjerdssstrukturar i det førebuande arbeidet når Helseplattformen skal tilpassast i norske kommunar.



Framdriftsplan

Framdriftsplan for prosjektet Helseplattformen kan visuelt framstillast slik:



Vurdering og konklusjon:

Det er ikkje naudsynt å ta stilling til om kommunen skal nytte opsjonen på Helseplattformen på dette tidspunktet, sidan ein ikkje er kjend med kostnads- og gevinstbiletet. Bystyret i Trondheim skal etter planen handsame saka i mai 2019. Det vil på eit seinare tidspunkt bli lagt fram sak der politisk nivå skal ta stilling til om opsjonen skal utløysast. I første omgang er det behov for å gi informasjon til politisk nivå, samt ei politisk forankring for prosjektet. Det er prosjektleiar si tilråding at kommunane på Søre Sunnmøre deltek i dette prosjektet. Prosjektet markerer eit viktig sprang i digitaliseringa av heile helse- og omsorgssektoren, og kan gi ei markant forbetring i korleis tenestene i denne sektoren vert utøvd både i kommunar, sjukehus, hos fastlegar og ved innbyggjarane sjølve. Helseplattformen vil bli eit særs_viktig bidrag til å kunne løyse dei store velferdsutfordringane vi ser vil kome, særskild innan dei kommunale pleie- og omsorgstenestene.

Helseplattformen er eit stort prosjekt som har ein viss risiko sidan ein enno ikkje kjenner til kostnadane med kjøp, innfasing og gevinstar. På same tid er det eit prosjekt som vi ikkje har noko anna alternativ til, då kommunane må vere med på denne prosessen for å kunne innføre dei nasjonale krava til felles elektronisk journalløysing.

Referanse:

1. Fra Direktoratet for e-helse, Konseptvalgutredning: «Nasjonal løsning for kommunal helse-og omsorgsteneste» (https://ehelse.no/strategi/n-innbygger-n-journal/nasjonal-journallosning-for-kommunal-helse-og-omsorgsteneste)
2. Fra Direktoratet for e-helse, Konseptvalgutredning: «*Én innbygger – én journal*» Nasjonal løsning for kommunal helse- og omsorgstjeneste (https://ehelse.no/Documents/En%20innbygger%20-%20en%20journal/KVU%20%c3%89n%20innbygger%20-

%20%c3%a9n%20journal%20Nasjonal%20l%c3%b8sning%20kommunal%20helse-%20og%20omsorgstjeneste.pdf)

3. St. melding 9, «*Én innbygger – én journal (2012-2013)*» (*https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-9-20122013/id708609/*)

Økonomiske konsekvensar:

Kostnadar knytt til sjølve innkjøpet og innføringa av Helseplattformen
Desse kostnadane er ikkje kjende på noverande tidspunkt, då Helseplattformen er i ein innkjøpsfase fram til april 2019. Samstundes vert det forhandla om kostnadsdeling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

Kostnader knytta til prosjektleiing og det sentrale prosjektet på Søre Sunnmøre
Dette utgjer hovudkostnadane til dette mandatet. Hovudkostnadane for prosjektet på Søre Sunnmøre er i første rekke frikjøp av stilling frå Herøy kommune. Dette gjeld prosjektleiing og administrasjon i Helseplattformen. Det er i utgangspunktet ein føresetnad at desse kostnadane vert dekka av eksterne midlar. Unntak frå dette blir behandla i styringsgruppa. Det vart i mars 2018 søkt om skjønsmidlar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Fylkesmannen har tildelt følgande midlar for 2019:

Til saman 4,2 millionar kroner til Helseplattformprosjektet, som vert fordelt slik:

- Kommunane i Romsdal: 1 million kroner. Blir utbetalt til Molde kommune.
- Kommunane på Nordmøre: 1,2 millionar kroner. Blir utbetalt til Kristiansund kommune *)
- Nye Ålesund kommune: 1 million kroner. Blir utbetalt til Ålesund kommune
- Dei andre kommunane på Sunnmøre: 1 million kroner. Blir utbetalt til Ålesund kommune.
- Avklaring av midlar til Prosjektet på Søre Sunnmøre blir gjort i Samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionsråd 22.02.19
- Den 22.02.19 blei det avklart at Prosjektet på Søre Sunnmøre fekk midlane på 1 million. Midlane vil bli utbetalt til Herøy kommune og disponerast av prosjektleiar.

Budsjett oppstilling over utgifter og korleis utgiftene vert finansiert i 2019:

Prosjektbudsjett Helseplattformen 2019		
Hva	**Kommentar / begrunnelse**	**Sum**
Kostnader		
Lønn, arb.giveravgift etc	Prosjektleder i 80% stilling	701 743
Reiser, mat, materiell, workshops etc	Estimert tall	180 000
Frikjøp av andre	Rest til frikjøp	118 257
Sum:		**1 000 000**
Inntekter		
Fylkesmannen skjønnsmidler		1 000 000
Sum:		**1 000 000**
Balanse		
Inntekter minus kostnader		-

Intern ressursbruk i eigen kommune
Det er ikkje eit eksplisitt krav om eigeninnsats knytt til dei tildelte midlane. Men for at ein skal lykkast med prosjektet må kvar kommune involverast tett både i forhold til informasjons- og forankringsarbeid, prosessarbeid og anna arbeid knytt til prosjektet. Det er for tidleg å estimere kva for innsats som vil krevjast i 2019, men det vil i hovudsak vere knytt til brei informasjon og involvering av fagpersonar og IT. Den største innsatsen vil kome når Helseplattformen faktisk skal rullast ut i høve til opplæring, innføring og bytte av journalsystem. Dette vil verte ein krevjande jobb som truleg vil skje i 2022.

Helseplattformen i statsbudsjettet
Helseplattformen er omtalt i statsbudsjettet (jfr Prop. 1S (2018-2019) punkt 2.2):

> *Det foreslås til sammen 575 mill. kroner i lån og tilskudd til Helseplattformen i 2019. … For å sikre finansiering av Helseplattformen vil Helse Midt-Norge bli gitt et lån tilsvarende 70 pst. av investeringskostnaden for spesialisthelsetjenesten, med en lånebevilgning på 465 mill. kroner i 2019. I tillegg vil det bli etablert en tilskuddsordning tilsvarende 100 pst. av den faste investeringskostnaden for kommunene og fastlegene, med en bevilgning på 110 mill. kroner i 2019. Dette er et tilskudd som skal betales tilbake med renter etter hvert som kommuner og fastleger tar i bruk løsningen. Ordningen er etablert for å legge til rette for deltakelse fra kommuner og fastleger i Midt-Norge, slik at verken Helse Midt-Norge eller de kommunene som går inn i prosjektet skal bære risikoen for manglende deltakelse. Regjeringen vil komme tilbake til låneramme og tilskuddsramme etter at avtale om kjøp av løsningen er inngått.*

Rune Sjurgard
Rådmann

Svein Berg-Rusten

Utskrift av endeleg vedtak:
Helse- og omsorg
Fellesnemnda

Klageinstans:

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2015/1006
		Arkivkode:	113

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
49/19	Formannskapet	02.04.2019
39/19	Kommunestyret	23.05.2019

LØYVING TIL VOLDSFJORDKRYSSING AS - KOMMUNESTYRET 13. DESEMBER 2018, SAK PS 137/18

Handsaming:

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er dagleg leiar for selskapet Voldsfjordkryssing AS, jf. fvl. § 6. 1. e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.

Det var sju røysteføre til stades under handsaminga av saka.

Tilleggspunkt sak 49/19 frå Gunnar Strøm SV
Pkt. 2
Løyvinga skal nyttast til planprogram/analyse av framtidig kryssing av Dalsfjorden i samsvar med vedtaket i budsjettmøtet i KST 13. desember 2018, og ikkje til dagleg drift av selskapet.

Nytt forslag Voldsfjordkryssing

Saka skal vidare til KST sidan bruken av løyvinga er endra sidan vedtaket i budsjettvedtaket i desember.
Gunnar Strøm SV

Røysting (sju røysteføre):
Prøverøysting.
Adm.si tilråding. Samrøystes
Strøm sitt, vidare til KST fekk fire stemmer. Jørgen Amdam, Margrethe Bjerkvik og Dan Bjørneset røysta mot.
Strøm sitt til nytt pkt.2. Samrøystes

Endeleg røysting.
Adm.si tilråding. Samrøystes vedteken.

Strøm sitt til nytt pkt.2. Samrøystes vedteke.
Strøm sitt, vidare til KST, fekk fem stemmer og vart vedteke. Margrethe Bjerkvik og Dan Bjørneset røysta mot.

Vedtak i Formannskapet - 02.04.2019

Det vert synt til vedtak i kommunestyret frå møtet 13.desember 2018 PS-sak 137/18 pkt. 15 vedkomande utbetaling av 1 mill. til Voldsfjordkryssing AS. Formannskapet vedtek med grunnlag i ovannemnde vedtak, tilsend dokumentasjon og utgreiinga å utbetale resterande løyvd sum kr. 1 mill. til selskapet.

Løyvinga skal nyttast til planprogram/analyse av framtidig kryssing av Dalsfjorden i samsvar med vedtaket i budsjettmøtet i KST 13. desember 2018, og ikkje til dagleg drift av selskapet.

Saka skal vidare til KST sidan bruken av løyvinga er endra sidan vedtaket i budsjettvedtaket i desember.

Odd A. Folkestad tok sete.

Administrasjonen si tilråding:

Det vert synt til vedtak i kommunestyret frå møtet 13.desember 2018 PS-sak 137/18 pkt. 15 vedkomande utbetaling av 1 mill. til Voldsfjordkryssing AS. Formannskapet vedtek med grunnlag i ovannemnde vedtak, tilsend dokumentasjon og utgreiinga å utbetale resterande løyvd sum kr. 1 mill. til selskapet.

Uprenta saksvedlegg:
Ingen

Samandrag av saka:
Volda kommunestyre løyvde i Budsjettet for 2019 m.a. kr. 1 mill. til Voldsfjordkryssing AS for vidare utviklingsarbeid. På grunnlag av vedlagde skriv frå selskapet rår rådmannen til at summen vert utbetalt.

Saksopplysningar/fakta:
Volda kommunestyre løyvde i Budsjettet for 2019 (PS sak 137/18) pkt. 15 kr. 1 mill. til Voldsfjordkryssing AS for vidare utviklingsarbeid.

Vedtaket lyder slik;

15. *I budsjettet for 2019 vert det ført opp ei løyving på 1 mill. kr til vidare utviklingsarbeid. Volda kommune forutset at Voldsfjordkryssing as snarast mogleg får laga eit planprogram/analyse for kryssing av Dalsfjorden innanfor denne ramma.*

Før løyvinga kan utbetalast må Voldsfjordkryssing as presentere korleis denne løyvinga skal brukast og gi ein oversikt over økonomien i selskapet for Formannskapet.

Av skrivet som ligg ved denne saka går det fram at løyvinga skal nyttast til ;

«Av prioriterte oppgåver som selskapet vil arbeide med no framover i næraste tid kan nemnast:

- *Planprogram/KU-utgreiing/KDP over Voldsfjorden*
- *Kvalitetssikring av «Konsept-løysing» som er utarbeidd for flytebru over Voldsfjorden. Denne har Voldsfjordkryssing AS avtale med SINTEF OCEAN (forskningsinstitusjon) om å gjenomføre. SO vil knyte aktuelle industripartnarar inn i prosjektet for å få inn turvande kompetanse. Voldsfjordkryssing vil sjølve vere administrativ prosjektleiar*
- *Samfunsmessig/politisk påverknad. Voldsfjordkryssing har fått utvikla ein animasjon for prosjektet – samfunsmessig betydning – praktisk bygging – Voldsfjordbrua som pilot – Voldsfjordbrua som standard type for norske fjordar. Denne animasjonen skal presenterast til marknaden og dei politiske miljøa via ulike «kanalar»*
- *Økonomisk analyse for bygging og drift av brua (her vil ekstern kompetanse bli nytta), og ulike modellar vil bli vurderte (som t.d. OPS)*
- *Utarbeiding av prosjektrapport som skal innehalde det naudsynte grunnlaget for å utforme formell søknad til Samferdselsdepartementet om formell godkjenning av «Bru over Voldsfjorden» som ferjeavløysingsprosjekt.*

Selskapet vil vidare initiere oppstart av utarbeiding av planprogram/analyse for kryssing av Dalsfjorden.

Av skrivet går det fram at dei skisserte prosjekta ikkje er fullfinansierte ved det tilskotet som Volda kommune har løyvt til Voldsfjordkryssing AS for 2019. Styret vil arbeide med korleis ein kan skaffe andre midlar.

Samfunnsdelen i kommuneplan:
Er tidlegare vurdert.

Helse og miljøkonsekvensar:
Vert å avklare i reguleringsplanarbeidet som vil følgje saka (evt. konsekvensanalyser o.a).

Økonomiske konsekvensar:
Gjennom vedtak i kommunestyret har Volda kommune inkludert denne saka førebels løyvd tilsaman kr. 1.930.000,- til prosjektet.

Aksjekapital på	kr. 300.000,-.
Planprogram, PS-sak 144/16 kommunestyret	kr. 100.000,-
Budsjett for 2019:	
Utestående krav LMG, PS-sak 137/18 (budsjett for 2019) kommunestyret	kr. 200.000,-
Planprogram, PS-sak 137/18 (budsjett for 2019) kommunestyret	kr. 330.000,-
Vidare utviklingsarbeid, PS-sak 137/18 (budsjett for 2019) kommunestyret	kr. 1.000.000,-
I alt:	kr. 1.930.000,-

Pr. dato har Volda kommune i tillegg til aksjekapitalen utbetalt fakturaer m.v. inkludert mva. på prosjektet på tilsaman kr. 617.100,-. Av løyvingane som er gjort av kommunestyret står det såleis att kr. 1.013.000,-.

Vurdering og konklusjon:
Selskapet har gjennom vedlagde skriv presentert korleis løyvinga skal brukast.

Pr. dato ligg det ikkje føre noko vedtak om godkjenning av selskapet sin årsrekneskap for 2018, men det er lagt ved ei oversikt over selskapet sin økonomi pr. 31.12.2018. I oversikta er driftsinntektene kr. 968.846,- og er tilskot og gåver frå Volda kommune, Hornindal kommune og Sparebanken Møre.

Av oversikta kan det sjå ut som om selskapet i 2018 m.a. har inntektsført eit refusjonskrav frå Volda kommune på kr. 323.931,92, og såleis i 2018 fått tilskot på kr. 853.845,- 93 frå Volda kommune. (jfr. Vedlegg nr. 4).

I ein epost til rekneskapsførar 20.03.2019 gjorde kommunen selskapet merksam på dette;

> *Viser til telefonsamtale i dag og tidlegare tilsende rekneskapsutdrag frå 31.12.2018* ***(vedlegg nr. 1).*** *Det går fram av utdraget at Volda kommune har utbetalt eit tilskot til Voldsfjordkryssing på* ***kr. 853.845,-.***
>
> *Her kan det synast som det er ei misforståing på summen kr. 323.931,92, (Bilag 8023).*
>
> *Den fakturaen frå Volda kommune er eit refusjonskrav til Voldsfjordkryssing knytt opp mot bilaga, 8022,8024,8025, 8026,8027,8028 og 8029 (alle frå Asplan Viak AS) og 8030 (LMG Marine) og ex.mva. Til saman kr. 423.931,92. Kommunestyret gjorde så eit vedtak 24.11.2016 PS-sak 144/16 der Volda kommune skulle dekke inntil kr. 100.000 av planprogrammet. Refusjonskravet var difor redusert med kr. 100.000,- til*
> *kr. 323.931,92, (Bilag 8023)*
>
> *Bilag 8023 er såleis* ***eit krav Volda kommune i 2018*** *har mot Voldsfjordkryssing AS og er såleis ein kostnad for Voldsfjordkryssing AS og ikkje eit kommunalt tilskot. Eg legg ved kopi av refusjonskravet til vitande****.(vedlegg nr. 2)***
>
> *Til orientering kan det nemnast at Volda kommunestyre i samband med Budsjettet for 2019 i eige vedtak har ettergitt det same kravet.*

Ovanemnde opplysning vil truleg ha innverknad på selskapet sin rekneskap, og det var difor saka vart trekt frå sakskartet sist.

Rådmannen vil tilrå utbetaling av den omsøkte summen på 1 mill.. Det betyr vidare at kommunen ut frå dei løyvingane som er gjort berre har kr. 13.000,- til å betale evt. nye fakturaer for selskapet.

Rune Sjurgard	Asbjørn Moltudal
Rådmann	Ass.rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Voldsfjordkryssing A/S
Volda kommune, plan- og utvikling
Økonomikontoret

Resultatregnskap

	Note	2018	2017
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Annen driftsinntekt	1	968 846	0
Sum driftsinntekter		**968 846**	**0**
Driftskostnader			
Lønnskostnad	2	189 600	229 526
Annen driftskostnad		208 769	88 056
Sum driftskostnader		**398 369**	**317 582**
DRIFTSRESULTAT		**570 477**	**(317 582)**
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		176	324
Sum finansinntekter		**176**	**324**
Finanskostnader			
Annen rentekostnad		224	0
Annen finanskostnad		1 921	0
Sum finanskostnader		**2 145**	**0**
NETTO FINANSPOSTER		**(1 969)**	**324**
ÅRSRESULTAT		**568 508**	**(317 258)**
OVERF. OG DISPONERINGER			
Overføringer annen egenkapital		51 330	0
Fremføring av udekket tap		517 178	(317 258)
SUM OVERF. OG DISP.		**568 508**	**(317 258)**

Balanse pr. 31.12.2018

	Note	31.12.2018	31.12.2017
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Varige driftsmidler			
Prosjekteringskostnader	6	853 846	200 000
Sum varige driftsmidler		**853 846**	**200 000**
SUM ANLEGGSMIDLER		**853 846**	**200 000**
OMLØPSMIDLER			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	3	209 016	496 117
SUM OMLØPSMIDLER		**209 016**	**496 117**
SUM EIENDELER		**1 062 862**	**696 117**
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	4,5	970 000	970 000
Sum innskutt egenkapital		**970 000**	**970 000**
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	4	51 330	0
Udekket tap	4	0	(517 178)
Sum opptjent egenkapital		**51 330**	**(517 178)**
SUM EGENKAPITAL		**1 021 330**	**452 822**
GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		3 266	5 996
Skyldig offentlige avgifter		19 291	17 637
Annen kortsiktig gjeld		18 975	219 663
SUM KORTSIKTIG GJELD		**41 533**	**243 296**
SUM GJELD		**41 533**	**243 296**
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		**1 062 862**	**696 117**

Volda, den

Ola Kjell Krumsvik Styreleder	Margrete Trovåg Styremedlem	Arild Johannes Iversen Styremedlem
Edvin Dale Styremedlem	Magni Aa Berge Styremedlem	Odd Arne Folkestad Daglig leder

Noter 2018

Regnskapsprinsipper:

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter siste dag i regnskapsåret, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og antatt virkelig verdi (Laveste verdis prinsipp).

Anleggsmidler og langsiktig gjeld

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk for virksomheten. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler føres opp i balansen og avskrives over driftsmidlets forventede økonomiske levetid. Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som forventes ikke å være av forbigående art. Nedskrivinger blir reversert når grunnlaget for nedskrivingen ikke lenger finnes å være til stede.

Inntektsføring

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres i takt med utførelsen. Andelen av salgsinntekter som knytter seg til fremtidige serviceytelser, balanseføres som uopptjent inntekt ved salget og inntektsføres deretter i takt med levering av ytelsene.

Fordringer

Kundefordringer føres opp i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til påregnelig tap. Avsetning til påregnelig tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

Andre fordringer er også gjenstand for en tilsvarende vurdering.

Note 1 - Annen driftsinntekt

Selskapet har mottatt tilskudd og gaver fra Hornindal kommune, Volda kommune og Sparebanken Møre

Note 2 - Lønnskostnad

Selskapet har hatt 0,5 årsverk i regnskapsåret.

Spesifikasjon av lønnskostnader	**I år**	**I fjor**
Lønn	166 170	201 163
Arbeidsgiveravgift	23 430	28 364
Totalt	**189 600**	**229 526**

Ytelser til ledende personer og revisor

Daglig leder	152 357
Styremedlemmer	14 500

Det er ikke utbetalt pensjonsytelser eller andre ytelser enn lønn til daglig leder og styremedlemmer.

Noter 2018

Note 3 - Bankinnskudd, kontanter o.l.

Skattetrekkinnskudd utgjør pr 31.12. i år kr 21 019 og utgjorde pr 31.12. i fjor kr 9 958.

Note 4 - Selskapskapital

Selskapet har 970 aksjer pålydende kr 1 000 pr. aksje, samlet aksjekapital utgjør kr 970 000.

Selskapet har 124 aksjonærer. Følgende 5 aksjonærer eier mer enn 5 % av aksjene:

Navn	Foretaksnr	Antall	Eierandel
Volda kommune	939 760 946	300	30,93 %
Sparebank 1 Søre Sunnmøre	937 899 785	100	10,31 %
Furutunet AS	993 105 910	60	6,19 %
Gloppen kommune	964 969 124	50	5,15 %
Eid kommune	938 521 816	50	5,15 %

Note 5 - Fortsatt drift

Årsoppgjøret er avlagt under forutsetning om fortsatt drift. Det bekreftes at denne forutsetningen er tilstede. Selskapets økonomiske og finansielle stilling kan beskrives som god.

Note 6 – Prosjekteringskostnader

Det er aktivert prosjekteringskostnader, disse er balanseført til kostpris. Verdi av nedlagte prosjekteringskostnader er avhengig av at prosjektet Voldsfjordkryssing blir gjennomført.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2019/567
		Arkivkode:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
59/19	Formannskapet	14.05.2019
40/19	Kommunestyret	23.05.2019

ÅRSMELDING 2018 - VOLDA KOMMUNE

Handsaming:
Økonomisjef Kari Mette Sundgot møtte.

Røysting:
Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:
Årsmelding 2018 for Volda kommune vert teken til vitande.

Administrasjonen si tilråding:

Årsmelding 2018 for Volda kommune vert teken til vitande

Vedleggsliste:
- Årsmelding Volda kommune2018
- Årsmelding SSIKT 2018
- Årsmelding NAV Ørsta/Volda 2018
- Årsmelding Landbrukskontoret Ørsta/Volda 2018
- Analysenotat Kommunebarometeret

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Administrasjonen sitt framlegg til årsmelding for Volda kommune 2018 er med som vedlegg til saka. Det same er årsmelding frå interkommunale samarbeid.

Saksopplysningar/fakta:
Årsmelding er utarbeidd av sektorleiarar og sett saman av stabsfunksjonane økonomi og personal. Revisjonen har nytta årsmelding saman med rekneskapen for 2018 i revisjonsmelding 2018. Kontrollutvalet har handsama årsmelding i møte 9. mai. Uttale frå møte ligg som vedlegg til sak om Rekneskap 2018.

Vurdering og konklusjon:
Årsmelding 2018 for Volda kommune bør takast til vitende.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Årsmelding 2018 for Volda kommune vert sendt til:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Vest Kontrollutvalssekretariat
- Sektorleiarar Volda kommune
- Søre Sunnmøre kommunerevisjon

Klageinstans:

ÅRSMELDING

2018

VOLDA KOMMUNE

INNHALD

1 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR 3
2 SEKTORANE 4
2.1 INNLEIING 4
2.2 PERSONAL OG ORGANISASJON 5
2.3 ØKONOMIAVDELING 8
2.4 OPPLÆRING OG OPPVEKST 11
2.5 HELSE OG OMSORG 21
2.6 SERVICE OG KULTUR 37
2.7 TEKNISK 41
2.8 UTVIKLING 51
2.9 BARNEVERN 55
3. VOLDA KOMMUNE SIN ØKONOMISKE SITUASJON 71
3.1 Resultat 2018 71
3.2 Frie inntekter 72
3.3 Eigedomsskatt 74
3.4 Generelle statstilskot 74
3.5 Finansområdet 75
3.6 Investeringar 79
3.7 Diverse nøkkeltal 81
3.8 Fondsmidlar 83
3.9 Risikovurdering 84
3.10 Disponering av årets resultat 85
3.11 KOSTRA- tal 85
4 PERSONALPOLITIKK 88
4.1 Stillingsressursar og tilsette 88
4.2 Sjukefråvær 89
4.3 Helse, miljø og tryggleik (HMT) 90
4.4 Medarbeidarundersøking 10-faktor 90
4.5 Etikk, likestilling og tiltak mot diskriminering 91
5 BEREDSKAP 92
6 VEDLEGG 93

1 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR

Volda kommune har høgt aktivitetsnivå og leverer jamt over gode tenester. Rette tenester til rett tid og rett nivå er saman med samfunnsutvikling det viktigaste oppdraget til ein kommune. Samferdsel har stått høgt på agendaen med prosess knytt til bompengeprosjekt for Voldatunnelen, planprogram for Voldsfjordkryssing og vegbygging med m.a Botnavegen og sambindingsvegen til Håmyra. Framleis er ambisjonsnivået for investeringar for høgt i høve til kapasitet for gjennomføring. Kommunen har god økonomistyring. På landet har ekstraordinære høge skatteinntekter utover prognosane i statsbudsjettet og låg rente gitt jamt over gode rekneskapsresultat, sjølv om netto driftsresultat er litt lågare enn året før. Dette gjeld også for Volda. Ved at kommunen også har eigedomsskatt har dette gitt høve til oppbygging av driftsfond. Det gir kommunen noko større økonomisk handlingsrom.
Samtidig ser vi at særleg utgiftene til sosialhjelp og tenestene i helse og omsorg aukar vesentleg. Færre flyktningar gir lågare inntekter, og dette skjer raskare enn ein greier å byggje ned tenestene. I 2018 passerte kommunen 1 mrd i lånegjeld. Gjelda kan kome opp i 1,6 mrd dersom dei planlagte investeringane vert realiserte.

Regjeringa si perspektivmelding som vart lagt fram rett før stortingsvalet varslar om at offentleg sektor må effektivisere og prioritere strengare som følgje av mindre inntekter frå petroleumsindustrien, auka utgifter med demografi og pensjon. Effektivisering og betre løysingar er venta å kome gjennom innovasjon og digitalisering. Denne meldinga peikar også på klima, integrering og inkludering som område der vi må lykkast for å ha berekraft. Volda kommune er både i gang med tiltak og har registrert behov for prioritering for å møte desse utfordringane. Det er m.a i gangsett innovasjonsprosjekt i helse- og omsorgssektoren, og eit tverrfagleg samarbeidsprosjekt mellom helse/omsorg og oppvekst fekk kommunen sin innovasjonspris. Kommunen er i landstoppen for bruk av digital kommunikasjon med innbyggjarane (digital postkasse), digitale læringsverktøy er innført i skulen, arkiv har vorte digitalisert og prosjekt for velferdsteknologi i helse og omsorg har starta opp. Det vert nødvendig at kommunesektoren samordnar felles innsats for klimatiltak.

Sjukefråveret gjekk litt ned. Aktiv innsats innanfor pleie og omsorg synest å ha gitt resultat. Endring i klima har auka risikoen for flaum og naturskade. Det er sett i gang planlegging med sikte på tiltak i Melshornsida i Volda sentrum. Det er avdekt behov for kraftig opprusting av infrastrukturen innanfor vatn og avløp. Dette vert ei av dei større satsingane på folkehelse i åra framover.

Volda kommune har stabile og kompetente tilsette. Vi får mange gode søkjarar til ledige stillingar og rekrutterer godt. Også i 2018 gjennomførte vi medarbeidarundersøking med systematisk oppfølging med handlingsplanar og tiltak for å utvikle leiarar og arbeidsmiljøet.

Arbeidet med kommunesamanslåingsprosessen vart intensivert utover i 2018 og kravde tid og ressursar. Det er god samarbeidsånd mellom desse to kommunane både politisk og administrativt. Dette er ein stor prosess der mange framover får doble funksjonar. Vi må bu oss på at «gamle» Volda skal avviklast, og at ny kommune frå 1. januar 2020 må ha prioritet.

Eg er stolt av å vere rådmann i ein kommune i utvikling med engasjerte politikarar som vil innbyggjarane det beste, og med flinke og arbeidsvillige tilsette som står på for det same kvar dag

gjennom året. Det er også ein styrke at vi har tillitsvalte som er ein ressurs for å ivareta formålet kommunen har som tenesteytar og samfunnsutviklar.

2 SEKTORANE

2.1 INNLEIING

Tabellen under syner rekneskap og budsjettala for 2018, samt avvik mellom budsjett og rekneskap:

Driftsrekneskapet, fordelt på sektor			
Tall i 1 kroner	**Rekneskap 2018**	**Regulert budsjett 2018**	**Avvik 2018**
Utgifter	1 699 934	2 258 602	558 668
Inntekter	-2 049	-65 984	-63 935
Rådmannen	**1 697 885**	**2 192 618**	**494 733**
Utgifter	8 007 096	9 658 518	1 651 422
Inntekter	-6 631 227	-6 995 794	-364 567
Samfunn og rådgjeving	**1 375 869**	**2 662 724**	**1 286 855**
Utgifter	31 197 283	27 441 486	-3 755 798
Inntekter	-15 481 150	-9 734 721	5 746 429
Personal og organisasjon	**15 716 133**	**17 706 765**	**1 990 632**
Utgifter	8 036 092	8 339 429	303 337
Inntekter	-2 884 741	-2 348 599	536 142
Økonomi	**5 151 351**	**5 990 830**	**839 479**
Utgifter	12 248 611	12 345 609	96 998
Inntekter	-229 933	-300 000	-70 067
NAV Kommune	**12 018 679**	**12 045 609**	**26 930**
Utgifter	270 257 703	268 298 442	-1 959 261
Inntekter	-54 064 077	-53 409 630	654 447
Opplæring og oppvekst	**216 193 626**	**214 888 812**	**-1 304 814**
Utgifter	282 626 620	273 581 436	-9 045 184
Inntekter	-81 036 077	-77 135 250	3 900 827
Helse og omsorg	**201 590 543**	**196 446 185**	**-5 144 358**
Utgifter	15 880 504	14 128 498	-1 752 006
Inntekter	-4 981 590	-2 836 953	2 144 637
Service og kultur	**10 898 914**	**11 291 545**	**392 630**
Utgifter	3 038 470	2 989 258	-49 212
Inntekter	-154 880	-	154 880
Politisk verksemd	**2 883 589**	**2 989 258**	**105 669**
Utgifter	77 737 932	77 391 937	-345 995
Inntekter	-37 898 661	-38 358 936	-460 275
Teknisk	**39 839 271**	**39 033 001**	**-806 270**
Utgifter	27 870 072	20 835 917	-7 034 155
Inntekter	-27 714 808	-20 835 917	6 878 892
Sjølvkosttenester	**155 264**	**-**	**-155 264**
Utgifter	10 135 131	10 275 840	140 709
Inntekter	-3 299 420	-3 305 418	-5 998

Driftsrekneskapet, fordelt på sektor			
Tall i 1 kroner	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Avvik 2018
Utvikling	**6 835 711**	**6 970 422**	**134 711**
Utgifter	110 812 463	101 521 033	-9 291 430
Inntekter	-110 812 463	-100 902 613	9 909 849
Barneverntenesta (vertskommune)	**0**	**618 419**	**618 419**
Utgifter	25 026 194	24 299 393	-726 801
Inntekter	-16 200	-	16 200
Barnevern Volda kommune	**25 009 994**	**24 299 393**	**-710 601**
Utgifter	50 272 924	51 599 635	1 326 710
Inntekter	-72 309 036	-72 664 778	-355 742
Kommunestyret (skjema 1B)	**-22 036 112**	**-21 065 144**	**970 968**

Nærare omtale på økonomi kjem under kvar sektor.

2.2 PERSONAL OG ORGANISASJON

Personal og organisasjon, sektorleiar Berit Lyngstad
Eining
Personal og løn
Innvandring

Personal- og organisasjonsavdelinga omfatta i 2018 løns- og personalstaben, samt seksjon Innvandring. Løns- og personalstaben har ansvar for rådgjeving og støtte til leiarane i personalspørsmål. Utvikling av arbeidsgjevarstrategiske verktøy og leiing av utviklings- og arbeidsmiljøprosessar ligg også til avdelinga. Spesialrådgjevar i seksjon Innvandring rapportera fagleg direkte til rådmannen.

Årsverk og stillingar

	Ansatte %	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Personal og organisasjon	9,85	15	14	1	*5*	*4*	*1*

	Fråvær %
Personal og organisasjon	4,37

Sjukefråværet i avdelinga har dei siste åra vore stabilt på dette nivået. Det har ikkje vore arbeidsrelatert fråvær.

Økonomi

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Avvik 2018	Rekneskap 2017
Utgifter	31 197 283	27 441 486	-3 755 798	29 089 832
Inntekter	-15 481 150	-9 734 721	5 746 429	-14 492 288
Personal og organisasjon	**15 716 133**	**17 706 765**	**1 990 632**	**14 597 544**

Budsjettert ramme var på vel 17,7 millionar. Rekneskapen for 2018 viser eit mindreforbruk på 2 million kr. Hovuddelen av mindreforbruket skuldast høge inntekter knytt til tilskot og prosjekt på busetnads- innvandringsfeltet.

Folkehelse

Personal- og organisasjonsstaben leverer interne tenester til leiarar, avdelingar og tilsette. Ved å ha fokus på Helse- miljø og tryggleik, godt arbeidsmiljø og førebygging av usemje og konfliktar, gode rutinar og retningsliner for samhandling og oppfølging, kan vi vere med på å påverke det totale arbeidsmiljøet i kommunen.

Løn- og personalstaben

I tillegg til løn og dei forvaltningsmessige oppgåvene på personalområdet, har det vore stor aktivitet knytt til organisasjonsutvikling i 2018.

Aktivitet	Forklaring
Medarbeidarundersøking 10-faktor	Undersøkinga vart gjennomført i november 2018. Personalstaben var ansvarleg for førebuing av undersøking og utarbeiding av rapportar
Internopplæring	Ansvarleg for internopplæringsprogram for leiarar, personarm med stab- og støttefunksjonar og andre som har nytte av tema. Arrangert annakvar onsdag frå 1400-1530 våren 2018. Døme på tema er rekruttering, sjukefråvær, HMS, avvik i Compilo, Konflikt og varsling. Det vart ikkje gjennomført internopplæring hausten 2018. Hausten 2018 vart det gjennomført felles opplæring i Hovudavtalen for tillitsvalde og leiarar.
Nytilsettopplæring	Nytilsettopplæring vart gjennomført 7. februar. og 10. september
Lønspolitikk	Våren 2018 vart det satt ned ei arbeidsgruppe av sektorsjefar, hovudtillitsvaldevog personal som utarbeida lønspolitikk for Volda kommune.

Aktivitet	Forklaring
HMT-plan	Våren 2018 vart overordna HMT-plan for heile organisasjonen revidert og vedteken i AMU 03.05.2018
Lønsforhandlingar	Hausten 2018 vart det gjennomført forhandlingar i kap. 3 og 5.
Prosjekt sjukefråvær	Det har vore gjennomført eit prosjekt for å redusere sjukefråværet i sektor helse og omsorg. Tiltak som er gjennomført er møter i alle STIM-gruppene, personalmøter og individuelle samtalar.
Arbeidsmiljøutval	Amu har avholdt 3 møter i 2018
Partssamarbeid	Kontaktmøte: møte med arbeidsgjevar, hovudverneombod og hovudtillitsvalde ein gong i månaden. Administrasjonsutvalet har gjennomført to møter, den 26/4 og 4/6. Frå hausten 2018 har det vore fokus på kommunesamanslåing og møter i adm.utvalet er erstatta med møter i PSU (Partssamansett utval) for ny kommune. Lokale STIM-møter: alle arbeidsplassar skal ha gjennomført møter med leiar, tillitsvalde og verneombod

Kommunesamanslåing med Hornindal

Personalstaben har vore involvert i mange aktivitetar knytt til arbeidet med kommunesamanslåing, t.d. kartlegging på personalområdet. I tillegg har personalsjefen vore med i planlegginga av og vore delaktig i ulike prosessar, som til dømes SWOT-analyse av Volda kommune, felles møte med tillitsvalde i Hornindal og Volda, og rekruttering av t.d. kommunikasjonsrådgjevar og prosessleiar digitalisering i ny kommune. Personalsjefen er møtesekretær og sakshandsamar for Partssamansett utval og sakshandsamar for Fellesnemnda på personalområdet.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Det vart og gjennomført 2 møter i STIM-gruppa i avdelinga, saman med Økonomiavdelinga.

2.3 ØKONOMIAVDELING

Økonomiavdeling, sektorleiar Kari Mette Sundgot
Eining - Økonomiavdeling

Økonomiavdelinga har fagansvar for rekneskap og økonomistyring. I tillegg har avdelinga ansvar for utadretta tenester som innkrevjing av skatt og avgifter, Husbankordninga med Startlån, bustøtte og tilskot. Som stabseining har vi eit ansvar ut i avdelingane med oppfølging innan økonomistyring og finansforvaltning. I dette ligg også ansvaret med opplæring innan fagområda. Avdelinga har vidare ansvaret med å føre rekneskapen til Volda kyrkjeleg Fellesråd. Det siste året har også avdelinga fått ansvaret med å koordinere mellom kommunen og innkjøpssamarbeidet i Ålesund.

Årsverk og stillingar

Sektor	Ansatte %	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Økonomi	8	8	7	1	*2*	*2*	

Økonomiavdelinga består pr 31.12.2018 av 9 personar (800 % stillingsheimlar). I 2018 har vi hatt ei stilling vakant. Stillinga er meldt inn som innsparingstiltak frå og med budsjett 2019.

Økonomi

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Avvik 2018	Rekneskap 2017
Utgifter	8 036 092	8 339 429	303 337	8 413 735
Inntekter	-2 884 741	-2 348 599	536 142	-2 504 906
Økonomi	**5 151 351**	**5 990 830**	**839 479**	**5 908 829**

Tildelt ramme var om lag 6,0 mill, medan rekneskapen syner eit netto forbruk på 5,2 mill kr. Avdelinga har med andre ord hatt eit mindreforbruk på 0,8 mill kr i høve budsjett. Vakanse og permisjon i stillingar, samt meirinntekter i høve til budsjettet er hovudforklaringane til mindreforbruket.

Folkehelse

Folkehelsearbeid inneber å svekke det som medfører helserisiko, og styrke det som bidreg til betre helse. Avdelinga har fokus på det psykiske arbeidsklimaet internt, gjennom utstrakt samarbeid og godt miljø mellom arbeidstakarane. Den fysiske delen vert teke omsyn til ved å kjøpe heve- og senkebord når det er behov for det, samt at kontora ligg slik til at det vert ein del gåing.

Teneste- og utviklingsmål		
➢ **Tilsette på økonomiavdelinga skal gi støtteteneste til alle einingar i kommunen som gir grunnlag for god oversikt og god økonomistyring** ➢ **Vi skal vere imøtekomne og serviceinnstilt ovanfor kundar og brukarar av våre tenester.**	➢ God finans- og økonomiforvaltning ➢ I samarbeid med leiarane i kommunen skal vi vere støtte og pådrivar for betre kvalitet i arbeidet med rapportering	➢ Leie budsjett- og økonomiplan-prosessar som sikrar brei involvering og brei kunnskap om kommunen sine rammevilkår

Rapportering på mål

SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Vere à jour med føring av rekneskapen gjennom året, og utarbeide tertialrapporter og årsrekneskap i samsvar med lov og regelverk	🟢	Ok
Innfordring av korrekte skatter og avgifter til rett tid, samt vere ajour med innfordringa av kommunale krav	🟢	Ok
Betale fakturaer til rett tid	🟢	Betre rutinar har ført til at vi i 2018 har hatt stor reduksjon i purringar.
Starte arbeidet med å etablere felles økonomifunksjon med Hornidal kommune (økonomireglement, rutinar, kontoplan m.m)	🟡	Vi er i gang med å bygge nytt økonomisystem. Det er i 2018 utvikla seg til eit særs godt samarbeid med dei tilsette i Hornindal.
Sektorane oppleve god støtte og opplæring	🟢	Det er gjennomført månadlege samlingar med opplæring på økonomi og statusarbeid med alle leiarar i kommunen
Økonomirapportering basert på gode oppdaterte rekneskapsgrunnlag, tidleg oppdaging av ev avvik og prognoser som gir god oversikt over økonomisk status	🟢	Tett dialog med einingar og sektorar har ført til god økonomistyring gjennom året.
Nærvær 97,6 %	🟢	Sjukefråværet er redusert i 2018. Nærveret i 2017 var 93,1 %
Medarbeidarsamtale med alle tilsette	🟢	Gjennomført med alle. I tillegg er det gjennomført

		kartleggingssamtale inn mot ny kommune.
Utviklingsarbeid for å auke andel elektronisk faktura (i tråd med nasjonal satsing)		Vi er i dag oppe i 78 % (50 i 2017). Arbeider også med å gjere behandlingane, spesielt konteringane meir effektiv i form av automatikk (prioritert inn mot ny kommune i 2020)

2.4 OPPLÆRING OG OPPVEKST

Opplæring og oppvekst, sektorleiar Per Ivar Kongsvik		
Eining	**Leiar**	**Ansvarseining**
Stab opplæring og oppvekst	**Per Ivar Kongsvik**	Skulesjef
		Skulesjef - logoped
		Barnehage
Helsestasjon	**Toril Høydal**	Leiande helsesøster
		Kommune-jordmor
Barnehage	**Ann Iren Ulvedal**	Styrar Sollia barnehage
	Nina Følsvik	Engeset barnehage
	Nina V. Telseth	Mork barnehage
	Veronika Hennøen	Austefjord barnehage
	Synne Buer	Folkestad barnehage
	Evy Ulvestad	Lauvstad barnehage
	Dagny R. Wangen	Oppigarden barnehage
Grunnskule med SFO	**Inger Anne Kvamme**	Rektor Volda ungdomsskule
	Ove Tennfjord	Rektor Austefjord skule
	Tom Erik Bogen	Rektor Folkestad skule
	Per Erling Sætre	Rektor Dalsfjord skule
	Monica Ertresvåg	Rektor Mork skule
	Else Lill Riise	Rektor Øyra skule
	Norunn Velsvik	Rektor Bratteberg skule
	Eli Mette Lütchke	Rektor Vikebygda skule
Kulturskule	**Trude Rabben**	Rektor kulturskulen
Volda læringssenter	**Stian Bjerkvik**	Rektor vaksenopplæringssenteret

Årsverk og stillingar 2018

Eining	Ansatte årsverk	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Stab opplæring og oppvekst	5,00	5	3	2	*0*	*0*	*0*
Helsestasjon	9,35	11	10	1	*1*	*1*	*0*
Barnehage	67,06	79	73	6	*1*	*0*	*1*
Grunnskule med SFO	168,61	200	157	43	*14*	*11*	*3*
Kulturskule	6,73	11	8	3	*3*	*3*	*0*
Volda læringssenter	16,38	19	11	8	*1*	*1*	*0*
Opplæring og oppvekst	**273,13**	**325,00**	**262,00**	**63,00**	**20**	**16**	**4**

Sjukefråvær

Sektor	Fråvær %
Opplæring og oppvekst	7,94

Særleg innan barnehagedrifta er det grunn til uro over sjukefråværet. Trass auke merksemd og tett oppfølging frå leiarane har det vist seg vanskeleg å redusere fråværet. Det er innleiar eit samarbeid med Stamina Helse for å auke merksemda enno meir for å finne tiltak som verkar positivt inn på nærværet.

Folkehelse

Sektoren ønsker å bidra til at barn og unge får ein aktiv og helsefremjande oppvekst, med leik og moro, fellesskap og glede. Fokus på glede over fysisk aktivitet saman med sunt kosthald må starte tidleg. Ved å ha eit helsefremjande fokus kan ein danne grunnlaget for gode vanar og livslang læring.

Henta frå kvalitetsplanen for sektoren.

Alle i sektoren skal bidra til at barn, unge og vaksne har tru på framtida og mogelegheitene som ligg der: At dei meistrar sjølve livet.

I dette ligg det at fysisk og psykisk helse har stor merksemd i alt arbeid i sektoren.

Godt kvalifiserte og engasjerte vaksne på helsestasjonen, i barnehagar og skular og er ein av dei viktigaste ressursane kommunen har for å medverke til god psykisk og fysisk helse hjå barn og unge.

Klima

Haldningar og kunnskap om klima er integrert i fagområda i rammeplanen for barnehagane sitt innhald, og barnehagane driv haldningsskapande arbeid gjennom heile året. I det faglege arbeidet i skulane er haldningar og kunnskap om klima integrert i fleire av kompetansemåla i skulen.

Etikk

Dei etiske retningslinjene er kjende for dei tilsette i sektoren og vert følgde.

Innkjøpspraksis

Alle som gjer innkjøp i sektoren kjenner til regelverket om offentlege innkjøp og det er ein føresetnad at dette vert følgt.

Omtale av 2018

Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistrar og lærer. Dette er visjonen i kvalitetsplanen i sektoren. Planen skal verke samlande for sektoren og ein felles plattform som på tvers av ulikt lovverk knyter tenestene saman.

Dei ulike tenesteområda samhandlar særleg i det førebyggande arbeidet retta mot psykisk helse og overgangar. Det er i 2018 også oppretta eit kommunalt innsatsteam mot mobbing med representasjon frå ulike faggrupper. Innsatsteamet skal vere til støtte og hjelp for skular som har krevjande elevsaker.

Det har teke tid å etablere gode og tenlege strukturar og rutinar, og sektoren justerer framleis der oppvekstsjefen ser det er formålstenleg.

Helsestasjon

Det vart tilsett ny fast kommunejordmor i 80% stilling. I tillegg vart 20% prosjektstilling for jordmor vidareført. Ca 90% av fødande har fått heimebesøk av jordmor innan 48timar etter heimreise.

2018 var også eit år med stor arbeidsbelasting. Høge fødselstal både i -17 og -18 medførte ekstra mange spebarnskonsultasjonar. Det vart starta opp konsultasjonsgrupper ved 1mnd, 4mnd og 10mnd med tema om samspel, motorisk utvikling, førstehjelp til barn, vold, filleristing, tannhelse, etter tilrådingar i dei nye *«Nasjonale retningslinjene for det helsefremmande og forebyggande arbeidet i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom.»*

Dalsfjord helsestasjon har delvis vore open for småbarnskonsultasjonar. Konsultasjonar med vaksinering/lege har vore gjennomført i Volda.

Helsestasjonen fekk nasjonale styrkingsmidlar og tilsett helsesjukepleiar. Vi styrka skulehelsetenesta med dette, men enkelte skular har enno for lite helsesjukepleiedekning i høve barnetalet. Det har vore gjennomført jentegruppe og gruppe for barn med 2 heimar, ved fleire skular. Psykisk helse er ei aukande utfordring frå barneskule til vidareg.skule.

Helsestasjon for ungdom og studentar har fungert godt på Øyra skule med 917 kons/tlf. i 2018.

Psykologen har svært stor pågang med tilvisingar og må prioritere. Han har gjennomført undervisningar og vegleiingar, og ser fordelar med større medverknad knytt til systemarbeid.

Prosjektmidlar til foreldrerettleiaren vart ikkje vidareført, og arbeidet vart avslutta 01.09.18.

Det har vore 40 plassar ved EMA mottaket i 2018, 31 ankomstar og 44 avreiser. Der har vore faste møte kvar mnd, kursrekke vår og haust samt lågterskel psykisk helse med oppfølgingssamtalar. Busetting av flyktningar og familieforeina krev i tillegg spesiell oppfølging.

Smittevernarbeidet er ressurskrevjande. Tilbod om vaksine mot humant papillomavirus (HPV) til jenter 20 -25 år, skal fortsette til sommar 2019. Influensevaksinering krevde 4 tilsette x 3 dagar. Tilsette i Volda kommune fekk Hepatitt B vaksine ved behov.

Kompetanseheving har vore sentralt. 8 helsesjukepleiarar vart sertifisert for COS-P kurs(foreldrerettleiing). 2 helsesjukepleiarar er kursa i ICDP for minoritetar, i samarbeid med Volda læringssenter. Dei har gjennomført 4 kurs(ulike språk) på 12 samlingar kvar. Ressurskrevjande men godt og nødvendig arbeid.
3 helsesjukepleiarar har starta NBO utdanning(tidleg samspel-ferdig april-19)

Utfordringar for 2019:

- Gjennomføre ein god prosess rundt kommunesamanslåing
- Auke jordmorressurs
- Nok ressursar til skulehelsetenesta
- Gjennomføring av digitaliseringsprosjekt innan 7-stjerna helsestasjon
- Utvikle gode samarbeidsrutinar for barn og unge i kommunen

Barnehage

Kommunen har god barnehagedekning. Det er auka press på Mork/Egset, og ikkje alle barn i nærområdet får barnehageplass i Mork barnehage.

Voldaprosjektet 2013-2018 er ein del av studien *Barn i Midt-Noreg*. Alle barnehagane i kommunen har vore med i prosjektet, og målet er å gje personalet meir kunnskap om psykisk helse hos barn. Det blir samtidig gjennomført forsking for å sjå effekten av opplæringa, og for å få meir informasjon om psykisk helse om barn i barnehagealder. Dette året har tilsette fått opplæring i observasjonsmetoden «Med blikk på barnet». Metoden er utvikla for å heve kvaliteten i barnehagen. Gjennom forsking veit ein at gode relasjonar er den mest sentrale faktoren når det kjem til god barnehagekvalitet. Alle yrkesgrupper i barnehagen har fått tilbod om å kompetanseheving i regi av Volda kommune.

Den første fagsamlinga mellom barnehage og helsestasjon *Saman for barna i Volda* vart gjennomført i mai. Målet med samlinga var å få innsikt i kvarandre sine arbeidsområder og etablere eit tettare samarbeid mellom helsestasjon og barnehage.

Det er etablert nettverk for spesialpedagogane og støttepedagogane. Ein av spesialpedagogane nyttar delar av stillinga si som koordinator. Koordinator har ansvar for nettverksmøta og gje rettleiing og råd til barnehagane.

Dei to eldste barnegruppene får også i år tilbod om vasstilvenning. Opplæringa er eit samarbeid mellom Volda kommune og VTI- Symjegruppa. 12 av 13 barnehagar er med på opplæringa. Barnehagen som ikkje var med har eige opplegg.

Det siste året er det satsa på å få bygd ut infrastruktur i barnehagane som gjer det mogleg å møte barn og tilsette sine behov for å nytte teknologiske hjelpemidlar i det daglege arbeidet. Ein vil framover prioritere kompetanseheving til dei tilsette i pedagogisk bruk av IKT-verkty.

Satsingsområda skal bidra til at ein når målet om å tilby gode barnehagar med høg kvalitet. Kompetansehevinga som er sett i gong vil på sikt lette arbeidet for dei tilsette og samtidig sikre kvaliteten overfor barn og føresette.

Særleg i sentrumsbarnehagane er det behov for å betre det fysiske miljøet ute og inne for å stette krava til ein moderne barnehage. Oppvekstsjefen er glad for at kommunestyret ser behova og bede administrasjonen greie ut ei eventuell strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum, og at administrasjonen legg fram ei slik utgreiing med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.

Nytt oppvekstadministrativt program er innført, som mellom anna skal effektivisere prosessen kring opptak og fakturering.

Det er innført lovendringane om auka pedagogtettleik og lovfesta bemanningsnorm er naudsynt for at barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Det er likevel ei utfordring at plantid ikkje er kompensert økonomisk frå statleg hald.

Grunnskule

I skrivande stund ser det ut til at Volda Campus Arena vert ein realitet. Det vil gje elevane ved Øyra skule og Volda ungdomsskule etterlengta gode kroppsøvingsfasilitetar.

På same tid er det knytt uro til at elevane i sentrum manglar basseng som er tilrettelagt for byrjaropplæring for elevane ved Mork, Øyra, Bratteberg og Vikebygda skule i tillegg til Volda ungdomsskule. Avtalen med Høgskulen i Volda gir skulane noko tid i bassenget på Idrettsbygget, men oppvekstsjefen skulle gjerne sett at elevane hadde meir tid i basseng for å kunne sikre at dei tileignar seg gode symjeferdigheiter og at ein elles har tilstrekkeleg tid til at elevane når dei nye kompetansemåla i læreplanen.

Også ved Volda ungdomsskule er det behov for utbetringar/rehabilitering for å kunne møte dei krava til standard og funksjonalitet ein set i dag. Oppvekstsjefen er glad for at arbeidet med å planlegge rehabilitering/utviding av skulen er i gong og at planane ser ut til å ha god politisk oppslutnad.

Seks lærarar byrja i 2018 på vidareutdanning gjennom den statlege satsinga på vidareutdanning for lærarar: *Kompetanse for kvalitet.*

Det er etablert gode nettverk mellom skulane innan spesialundervisninga, språkopplæringa for elevar frå språklege minoritetar og psykisk helse.

I 2016 vart det utarbeidd ein IKT-strategi for grunnskulane. Strategien har elevane si læring som mål, der Ipad skal nyttast som verkty i grunnleggande lese-, skrive-, og rekneopplæring i 1.-4. klasse. Ein har som mål å styrke den ordinære undervisninga for å femne om fleire av elevane for slik redusere behovet for spesialundervisning.

I 2018 har det vorte arbeidd intensivt vidare med den digitale satsinga i barnehagar og skular. Volda kommune har etter måten mange einingar innan barnehage- og skuledrifta, og det har vore krevjande å få på plass naudsynt infrastruktur.

Alle elevar i grunnskulen har no si eiga digitale eining/device, anten i form av iPad eller chromebook/PC.

Parallelt har det vorte sats på kompetanseheving mellom lærarane, og det er gjort avtale med høgskulen i Volda om vidareutdanning for alle lærarar og leiarar innan digitaldidaktikk.

Skuleleiarar tek del i felles kompetansehevande tiltak saman med dei andre kommunane i Sjustjerna.

Innføring av oppvekstadministrativt program har vore ressurskrevjande. Programmet vil gje høve til digital handsaming av elevopplysningar, timeplanlegging, fråværsregistrering og det vil gje høve til nye digitale kanalar i samarbeidet mellom heim og skule.

I samband med kommunesamanslåinga er det oppretta god kontakt med Hornindal skule, og rektor der har teke del i skuleleiarsamlingar.

I 2018 vart det innført lærarnorm i grunnskulen. Enkelt forklart skal det i 1.-4 klasse vere ein lærar pr 16 elevar og ein lærar pr 21 elevar i 5.-10. klasse. I 2019 vert norma høvesvis 15 og 20.

Vaksenopplæring inklusiv introduksjon og busetting

Etter to hektiske år med høg busetjing kom ein forventa reduksjon i 2018.

Det vart busett 20 flyktningar i 2018:

- 17 vaksne/familiar derav:
    - 3 einslege vaksne, inkl. 1 EM o/18 år
    - 3 barnefamiliar, derav 5 vaksne og 8 barn
- 3 EM i alderen 16-18 år der 1 vart busett av Volda læringssenter.

Det kom 7 på familiesameining til herbuande flyktningar i 2018:

- 3 vaksne og 4 barn; to barnefamiliar og 1 vaksen til herbuande flyktning

Det resulterte til ei samla busetjing på 27 personar i 2018, som er ein reduksjon på 28 personar frå 2017.

Som følgje av nedgang i busetjing i 2018 er tal deltakarar i introduksjonsprogrammet redusert frå 94 til 69. Framleis er dette eit rimeleg høgt tal samanlikna med åra før 2015. I lys av prognosane for forventa busetting dei komande åra vil ein truleg sjå at deltakarar i introduksjonsprogrammet vil fortsetje å gå noko ned.

Resultata intro i 2018 viser at **52%** har overgang til skule/arbeid etter avslutta program, noko som er ein liten oppgang frå 2017.

Dei siste åra har ein gradvis dreia kvalifiseringsløpet for fleire deltakarar over til eit utdanningsretta løp. For Volda læringssenter tyder det at fleire deltakarar gjennomfører grunnskule for vaksne med tanke på vidare skulegang. Eit av regjeringa sine satsingsområde på kvalifiseringsfeltet er kompetanse. Gjennom erfaring, tilbakemelding frå NAV lokalt og sentralt, samt bedrifter og potensielle

arbeidsplassar, ser ein at formalkompetanse er viktig for varig tilknyting til arbeidslivet. Overgongar frå introduksjonsprogram til grunnskule tel ikkje i statestikken til Imdi, og dermed ikkje i den nasjonale statistikken sjølv om deltakarane er i eit fornuftig kvalifiseringsløp. Tek Volda med desse deltakarane i resultatmålinga har kommunen eit resultat i 2018 på **86%.**

Volda læringssenter gir fortsatt tilbod til einslege mindreårige asylsøkarar som bur på EMA-mottaket. Etter at talet på mindreårige asylsøkjarar har gått ned, er mottaket i Volda eit av tre asylmottak i Noreg som fortsatt tek imot denne målgruppa, EMA-mottaket i Volda har ein kapasitet på 25 personar, og har pr.dd 21 personar som bur der, men mottaket vil avslutte i mai 2019.

Som eit resultat av færre elevar grunna avvikling av asylmottaket i 2017, har Volda læringssenter sett på løysingar for å utnytte kapasiteten i lokala betre. Oppfølgingstenesta i barnevernet vart samlokalisert med Volda læringssenter i desember 2018, og nyttar læringssenteret som base i sitt arbeidet. Det har og vore ein god prosess rundt ungdomsklubben sitt behov for nye lokale, og trulig vil dei i 2019 nytte delar av lokala ved senteret til klubbaktivitet på ettermiddag/kveld.

Volda kulturskule
Eit aktivt kulturliv på lokalt nivå er viktig for ei levande bygd, trivsel og busetnadslyst. Det er eit mål for Volda kulturskule å vere ein synleg og aktiv lærings- og kulturinstitusjon i Volda. Arbeidet i kulturskulen tek utgangspunkt i visjonen for opplæring og oppvekst:

Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistrar og lærer.

Kulturskulen har stabil tilgang på søkjarar. Det er ein liten nedgang i søkartalet og dette er også tendensen nasjonalt. Hausten -18 er det om lag 40 born og unge som står på venteliste.

Kulturskulen har lyse, fine lokale på Øyra skule. Kjerneaktiviteten for kulturskulen er undervisning, individuelt og i grupper, konsertar og utstillingar. Etter systematisk jobbing på det ulike fag får elevane tilbod om å vere deltakarar på konsertar og utstillingar.

Den eksterne aktiviteten i 2018 har vore variert:

12-konsertar i Volda kyrkje (4)

Konsertar på institusjonar i kommunen (4)

Skulekonsertar i grunnskulane (6)

Førjulskonsert og utstilling på Spinneriet (1)

Musikalsk innslag på opning av utstillingar i regi av Volda og Ørsta kunstlag (2). Dette er eit oppdrag kulturskulen deler med Ørsta kulturskule, og er nytt av året.

Musikalsk innslag på kommunestyremøter (6)

Konsertar med Sunnmøre ungdomssymfoniorkester (4). Symfoniorkesteret blir drifta av kulturskulane i Volda og Ørsta. Symfoniorkester i kulturskulesamanheng er unikt og kulturskulen er stolt over at orkesteret i 2018 tel om lag 60 medlemer. Ein av konsertane er i samarbeid med Sunnmøre Kammermusikkfestival.

Bidrag til Bandcamp i samarbeid med UKM. Dette arbeidet stimulerer born og unge til aktivitet og samspel.

Vokalelevar har deltatt på konsert med storbandet «Mixmasters». Dette er eit samarbeid med kulturskulen i Stryn og Høgskulen i Volda.

I tillegg får kulturskulen stadige spørsmål om å bidra med musikalske innslag på ulike arenaer i det frivillige lokale kultur- og organisasjonslivet. Kulturskulen klarer diverre ikkje å stille på alt, men bidreg så langt som råd. Bidrag til dirigentteneste til Volda skulekorps er vidareført også i 2018.

Volda kulturskule fekk våren 2018 nytt datasystem. Saman med leiarskifte hausten -18 har dette prega haustsemesteret. Kulturskulen ser no framover og ynskjer å halde fram arbeidet med pedagogisk

utviklingsarbeid som Rammeplan for kulturskulen, Norsk Kulturskoleråd legg føringar for. Kulturskulen må vere ein del av den digitale kvardagen til elevane, og dette vil vere eit langsiktig mål.

Innanfor dei rammene som er sett, vil kulturskulen halde fram med å vere bidragsytar for å skape trygge born og unge som deltek, meistrar og lærer. Slik kan alle elevar få muligheit til å utvikle kunnskapar og ferdigheiter i kunstfag.

Økonomi

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Avvik 2018	Rekneskap 2017
Utgifter	270 257 703	268 298 442	-1 959 261	267 213 888
Inntekter	-54 064 077	-53 409 630	654 447	-60 391 363
Opplæring og oppvekst	**216 193 626**	**214 888 812**	**-1 304 814**	**206 822 524**

Opplæring og oppvekst fekk tildelt ei ramme på kr. 214 888 812,- for 2018. Rekneskapen viser eit forbruk på kr. 216 193 626,- Sektoren har med andre ord hatt eit meirforbruk på kr. 1 304 814.- som tilsvarar 0,6 % av tildelt ramme.

Generelt er det god økonomistyring og budsjettdisiplin som pregar sektoren.

Løns- og driftsbudsjetta i sektoren er stramme, og oppvekstsjefen ser ikkje at ein no kan hente ut meir gevinst i drifta av barnehagane og grunnskulane. Det er gjennom samordningar i drifta sektoren kan effektivisere.

Reduksjon i inntektene knytt til norskopplæring ved Volda læringssenter har halde fram i 2018, og drifta er redusert. Det er likevel ikkje mogeleg å redusere drifta i same takt som reduksjonen i inntekter. Mellom anna er det oppseiingstid på lokale senteret måtte ta i bruk då asylmottaket for einslege mindreårige vart etablert. Desse lokala er no aktuelle for ungdomsklubb. Vidare har Volda læringssenter funne plass til oppfølgingstenesta for EM-tenesta.

Både innan barnehage- og skuledrifta får ein utfordringar med å halde dei økonomiske rammene når ulike behov dukkar opp i løpet av året. Det skjer at born og elevar får sakkunnige tilrådingar som gir dei lovfesta rettar til tenester det i utgangspunktet ikkje er budsjettert for. I allereie stramme budsjett er det svært krevjande å finne inndekning for uførsette utgifter.

MÅL 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Utarbeide ***Plan for helsestasjon i Volda 2018-2020***		Det er naudsynt å revidere gjeldande plan
Etablere/vidareføre gruppetilbod ✓ For barn som opplever skilsmisse ✓ Jentegrupper i ungdomsskulen – 2 pr år ✓ Gruppetilbod psykisk helse for minoritetsungdom		
Barselomsorga skal følgje nasjonal fagleg retningslinje.		Fyl ikkje norma som tilseier besøk av jordmor innan 48 t etter heimreise
Kunne gje tilbod om foreldrerettleiing.		Er tildelt prosjektmidlar til 50 % stilling fram til 31.07.18. Ei varig styrking er

MÅL 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
		naudsynt for å kunne vidareføre denne funksjonen.Vartilsett til 01.09. Kan gje førebyggandeforeldererettleiing. Ikkje behamdlande
Etablere felles helsestasjon for ungdom og studentar ved nye Øyra skule		
Gjennom tverrfagleg samhandling styrke foreldre sin kunnskap om kosthald og aktivitet		
Vidareutvikle formalisert samhandling mellom helsestasjon og barnehage		
Oppretthalde minst 50 % pedagogtettleik i barnehagane		
Utarbeide ***Plan for barnehagane i Volda 2018 - 2020***		
Utarbeide plan for tilsyn av barnehagar 2018 – 2020 og gjennomføre etter oppsett plan.		
Evaluere og vidareutvikle rutinane kring overgang barnehage-barneskule/SFO-ungdomsskule		
Ei styrking av det ordinære og tilpassa tilbodet skal redusere behovet for støttetiltak og spesialpedagogisk hjelp i barnehage, og spesialundervising i grunnskule		Viss det ordinære og tilpassa tilbodet gir utbyte for fleire barn og elevar, vil behovet for støttetiltak og spesialundervisning bli mindre.
Innføre nettbrett/PC som pedagogisk verkty i barnehage og grunnskule og sikre naudsynt kompetanse mellom dei tilsette		Målet er 1 nettbrett/PC pr 2 barn i dei to eldste årskulla i barnehage, og 1 til 1 i grunnskule
Innføre oppvekstadministrativ programvare for barnehage og skule/SFO		
Tidleg oppdage barn og elevar som treng ekstra hjelp og støtte og utarbeide rutinar for tiltak og oppfølging		Det skal utarbeidast system/tiltak som skal sikre at rett tiltak vert sett inn på rett tidspunkt. Kartleggingar og ressursteamet er døme på dette
Grunnskulepoeng og resultata på eksamen skal vere høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet.		Her har Volda også i 2018 gode resultat å vise til
Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse, skal reduserast med 15 % samanlikna med skuleåret 15/16		På denne indikatoren er det til dels svært god måloppnåing i dei fleste faga
Skulefritidsordningane skal støtte den språklege og sosiale utviklinga til elevane.		

MÅL 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
70 % av deltakarane i introduksjonsprogram skal gå over til skule eller arbeid etter avslutta program.		86 % har overgang til skule eller anna arbeid etter avslutta program. Då er grunnskule medrekna
Alle busette einslege mindreårige flyktningar skal gå ut med greidd grunnskuleeksamen		1 EM fullføret ikkje
Utarbeide rammeplan og mål for kulturskuledrifta		
Identifisere og styrke tiltak som reduserer sjukefråværet		Einingar som har fått særskilt merksemd
Informasjon på kommunen sine heimesider skal vere oppdatert.		

2.5 HELSE OG OMSORG

Helse og omsorg, sektorleiar Svein Berg Rusten		
Eining	**Leiar**	**Ansvarseining**
Stab helse og omsorg (inkl. service)		Felles kommuneoverlege Volda-Ørsta Pleie- og omsorgsleiar Kjøkenavdelinga Driftsavdelinga
Sjukeheim 2.etasje	**Lise Charlotte Ekros**	Hasletunet/ Seljetunet Piletunet/ Kleppetunet
Sjukeheim 3.etasje	**Ann Sølvi Heltne**	Ottastova/ Karvestova Kapteinstova/ Klokkarstova
Heimetenester	**Elsebeth Goodell Melle**	Dagavdeling Heimetenester Leiar sone 1
Heimetenester omsorgsbustader	**Astrid Dimmen**	Barstadtun Fjordsyn Mork bustader Leiar heimetenester, omsorgsbustader
Rus og psykisk helseteneste	**Elin Høydal Vatne**	Koordinerande psykososialt kriseteam Leiar rus og psykisk helseteneste Leiar Gnisten dagsenter Leiar døgntilbod psykisk helse Styrk arbeid
Tenesta for funksjonshemma	**Ingunn Gjengedal**	Hamna dagsenter Avlastning born og unge/Barnebustadar
Butenesta for funksjonshemma	**Oddbjørg Langøy**	Kleppevegen Bømarka Severinhaugen
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	**Mona Kile**	Helsesjef Leiar Frisklivssentralen/Folkehelsekoordinator Sjefs-fysioterapeut Kommune-ergoterapeut Interkommunal nattlegevaktordning Legetenesta, kommunal del (frå 2014) Legetenesta, privatpraktiserande del (frå 2014)
Tildelingskontor og stab	**Malene Rovde**	Tildelingskontor og stab

Årsverk og stillingar/Organisering

	Ansatte %	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Administrasjon og service	21,63	42	31	11	*1*	*1*	
Sjukeheim 2. etasje	30,12	39	37	2	*6*	*6*	
Sjukeheim 3. etasje	35,85	69	61	8	*31*	*27*	*4*
Heimetenester	28,66	38	34	4	*1*	*1*	
Heimetenester omsorgsbustader	45,3	65	64	1	*8*	*8*	
Rus og psykisk helseteneste	27,67	38	27	11	*3*	*3*	
Tenesta for funksjonshemma	22,57	34	30	4	*18*	*18*	
Butenesta for funksjonshemma	42,38	57	40	17	*38*	*29*	*9*
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	17,53	32	25	7	*14*	*9*	*5*
Helse og omsorg	**271,7**	**414**	**349**	**65**	**114**	**97**	**17**

Faste tilsette som fekk auka stilling i 2018:

Tal tilsette	Kjønn K/M	Gjennomsnitt % auke	Samla omgjering til faste stillingar
18	17 K / 1 M	16 %	2,9 årsverk

STAB OG TILDELING

Stab og tildeling omfattar ulike tenesteområder. Dette er tildelingskontoret, kreftkoordinator, bustadkoordinator, koordinerande eining, datakonsulent, økonomi og resepsjon. Vi har til saman 7,75 årsverk knytt inn mot eininga stab og tildeling. Kontinuerleg utviklingsarbeid pregar kvardagen på dei fleste områder. Dette gjeld både i høve tenesteutfordringar, samhandlingsreforma, teknologiske løysingar, økonomiforvaltning og organisering av sektoren. Tildelingskontoret har mest all forvaltning av plassar og fullført sakshandsaming med tildeling av tenester. Det er fatta 955 tenestevedtak i 2018. Av desse har 31 fått avslag.

Kreftkoordinator

Prosjektmidlar frå Kreftforeininga frå oktober 2012 medførte oppretting av *kreftkoordinatorstilling* i 50 %. Tilskotet frå Kreftforeininga har gradvis blitt fasa ut. Ein er no inne i siste år med tilskot, men stillinga vert vidareført med opptrapping av kommunale midlar. Pasientar, pårørande og tilsette kan få råd, rettleiing, støttesamtalar og kreftkoordinator skal vere med å sikre trygg og heilskapleg omsorg gjennom heile sjukdomsforløpet.

Årsverkadministrasjon/fellestenester:

Her ligg resepsjon/ sakshandsaming/ økonomi/ etterberekning/ vederlagsberekning, leiar og nestleiar i sektoren, sakshandsaming på tildelingskontor, kreftkoordinator, bustadkoordinator, sjåfør, teknisk drift og hjelpemiddel, datakonsulent og vaskeri.

Elektronisk samhandling over Helsenett gjennom Gerica Elink er vidare utvikla i 2018 og slik kommunikasjon har blitt sentralt og viktig i forvaltninga. Vi ser ein sterk vekst i denne kommunikasjonsforma. I 2015 var det avgrensa statistikk ein fekk ut, i 2016 og 2017 var statistikken betre og viste samstundes stor auke. På grunn av endringar på registrering av meldingar i databasen i 2018, er det meir tidkrevjande å ta ut statistikk for vår kommune og derfor ikkje gjort. Det er god grunn til å tru at bruken av elink er svakt aukande sidan 2017.

	Volda sj.hus		Volda legesent.		Apotek		Ålesund sj.hus		Hornindal legesent		Samla	
	Fått	**Sendt**	**Fått**	**Sendt**	**Fått**	**Sendt**	**Fått**	**Sendt**	**Fått**	**Sendt**	**Fått**	**Sendt**
2015			1281	1602							5082	2151
2016	3185	1023	2130	2400	854	5	447	120			7272	3855
2017	3244	971	2685	2737	1063	0	459	0	42	15	7493	3723

Kompetanseheving
Det er høgt fokus på kompetanseheving, både for dei med høgskuleutdanning frå før og for dei med grunnutdanning på lågare nivå.

Gjennom "*Kompetanseløftet 2020*" har vi fått tilskot til fylgjande tiltak frå Fylkesmannen i Møre & Romsdal:

- To personar starta på yrkesopplæring i helsefag.
- Ein tilsett har fullført fagskule i velferdsteknologi.
- Ein tilsett har fullført bachelor i sosialt arbeid.
- Ein tilsett har fullført vidareutdanning i kreftomsorg/ lindrande behandling.
- To personar er i gang med tverrfagleg vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge og er ferdig våren 2020. Ein tilsett har starta på 2 års vidareutdanning i habilitering og miljøarbeid.
- 1 person tek vidareutdanning i psykisk helse- og rus.
- 1 person tek mastergradsutdanninga «meistring & myndiggjering».
- Midlar til ein person, vidareutdanning i leiing. Totalt gjekk 3 av einingsleiarane på vidareutdanning i leiing hausten 2018, 1 av dei er ferdig til våren 2019.
- I sektoren har 30 personar gjennomført læringsverktyet demensomsorgas ABC. 5 personar har tatt eldreomsorgas ABC. Tretti personar har gjennomført ABC-opplæring i velferdsteknologi.
- Ein fekk i tillegg tildelt midlar til kompetanseheving på BPA. Dette ser ein føre seg å nytte i 2019.

Det vart dessverre ikkje prioritert noko tilskot til innovasjonsprosjekt i 2018.

I 2018 nytta sektoren avtalen om e- læring med Norsk Helse Informatikk godt. Det vart fullført meir enn 1800 kurstimar av våre tilsette. Dette er eit viktig supplement for kompetanseheving.

Fagdag i sektoren
Kommunestyret løyvde midlar til satsing på fagutvikling gjennom innføring av fagdagar. Frå etablering i 2017 rullerer desse jamt i dei ulike einingane. Kvar eining har blitt samde om korleis dei ynskjer organisering av fagdag. Det ligg fast på turnus for nokre, der alle med 40% stilling eller meir er med.

Folkehelse
Å kunne bu heime i eigen bustad så lenge som råd, er eit definert mål og satsingsområde for innsatsen til helse- og omsorg. Både omsorgsplan og demensplan omtalar dette. Sektoren har mange lågterskeltilbod, fleire ulike dagtilbod/aktiviseringstilbod for ulike målgrupper. På ulike måtar set ein fokus på folkehelsearbeid, der både kropp, sjel og lekam har fokus.

Den kulturelle spaserstokk, rullatormaraton, kvardagsrehabilitering, førebyggande heimebesøk til alle som fyller 80 år, allsidig kulturtilbod med filmar, konsertar, sangstunder, balansetrening, sykkeltrim med motiveiw syklar, frivillegkoordinatorar som legg til rette for både hundebesøk, lesestunder, aktivitetsvennar, barnehagebesøk, skuleelevar som engasjerer eldre på ulike vis og etter kvart omlegging av matproduksjonen til kok- server, er alle eksempel på måtar å drive folkehelsearbeid på.

Klima
Sektoren har hatt to elbilar i snart 6 år, ved neste avtaleperiode for leasingbilar, vil kommunalsjef ta med i vurderinga om fleire bilar med elektrisk framdrift. Plastforbruk, system for papirinnsamling og andre aktuelle og forbrukssaker blir ofte tema på ulike nivå i sektoren. All plast frå innkjøpsemballasje til sentralkjøkkenet vert samla inn, dagleg omkring ein storsekk til resirkulering. I 2018 har ein sett opp sorteringsdunkar for ulike typar avfall på strategiske plassar for å betre miljøsatsinga i det daglege forbruket av batteri, lyspærer, elektriske artiklar mm.

Store forflytningsbehov og dårleg tid utfordrar klimafokuset! Ein har likevel forbruksfokus, f.eks på mat og medisinsk forbruksmateriell. Ved store innkjøp lagt ut på Doffin er miljøperspektivet alltid eit tildelingskriterium.

Etikk
Dei etiske retningslinene er tema både i leiarmøte og personalmøte i dei ulike einingane. Retningslinene er kjende og vert følgde.

Innkjøpspraksis
Kommunale innkjøpsrutinar er gjennomgått på dei ulike arbeidsplassane, for at innkjøparar skal kjenne regelverket for offentlege innkjøp. Store innkjøp på vegne av sektoren vert styrt av sektorleiinga. Mindre innkjøp av andre kan oppstå pga 24/7 tilbod og faste bestillarar ikkje er på jobb eller småinnkjøp/ bruk av gåvemidlar.

Omtale av 2018

Sentralkjøkkenet
Sentralkjøkkenet har jamn leveranse til ca 180 porsjonar fullkost dagleg til sjukeheimen og omsorgsbustader. Kommunestyret har vedtatt omlegging av produksjon frå kok- kjøl til kok- server. I forbindelse med dette skal kjøkkenet byggast om/renoverast. Det er forventa oppstart av ombygginga i løpet av sommar/haust 2019.

Hjelpemiddelformidling
Arbeidet er i hovudsak montering, utlevering, gi opplæring i bruk, innhenting og reparasjon av hjelpemiddel, som forlenga arm til hjelpemiddelsentralen i Møre og Romsdal. I tillegg har ein ansvar for internkontroll og dokumentasjon på kommunalt medisinsk- teknisk utstyr. Det er reduksjon i talet aktive brukarar i 2018, men talet hjelpemiddel inn og ut aukar likevel samanlikna med 2017. Gode og tilgjengelege hjelpemiddel er ofte nøkkelen til å kunne gi teneste på lågast mogleg nivå, og at folk dermed kan bu lenger i eigen heim.

Årstal Volda	Folke-Tal	Tal aktive brukarar	Brukarar i % av folketal	Brukarar med utlån	Nye brukarar	Hjelpe-middel utlevert	Innlevert hjelpe-middel	Samla verdi for utlevering
2011	8573	798	9,3	247	66	1651	461	5.154.062
2012	8650	782	9,0	265	72	1774	656	6.382.866
2013	8827	734	8,3	278	84	1607	1283	4.810.025
2014	8909	912	10	249	59	1522	746	4.833.667
2015	8990	997	11,1			2588	1525	5.066.335
2016	9060	1051	11,5		81	1676	814	5.967.236
2017	9178	1026	11,2	288	82	2218	1267	5.910.788
2018	9188	992	10,3	283	59	2440	1055	6.779.697

Nav Hjelpem.sentral Møre og Romsdal - kommunestatestikk for Volda 2011, 2012, 2013,2014, 2015, 2016, 2017 og 2018. Kjelde: Fylkesstatistikk

Bygg, bueiningar og planar

Målgruppe	Type bustad	Tal plassar/ bustader	Planar budsjett/ øk.plan
Alle	Sjukeheim/ institusjon	74 + 3	
Utviklingshemma	Omsorgsbustader	23	
Eldre	Omsorgsbustader	104	2019: Oppstart utfasing av Mork bustader 2018 + 19 oppgradering kjøkken Folkestadtun
Diagnosar innan rus/ psykisk helseteneste	Omsorgsbustader	23	2018: +7
Avlasting barn/ unge	Omsorgsbustader	4	
Barnebustader	Institusjon	2	
Andre	Kommunal utleigebustad	83	
Legesenteret	Legekontor		2019 + 20: planlegging, ombygging/ utviding
Tilsette	Kontor		2019: Innreie 4 etg

Sjukeheimen 2. og 3. etg
Sjukeheimen har 74 pasientrom med 77 plassar i døgnkontinuerleg teneste.

I 3.etg er 4 bugrupper. Klokkarstova er ”forsterka” bugruppe der ein tek imot utskrivingsklare pasientar og øyeblikkeleg hjelp(KAD/ØH) pasientar. Kapasiteten på Klokkarstova er 9 rom med 12 plassar, derav ei KAD-seng, 4 rehabiliteringssengar og eit palliativt rom. (smitterom på Karvestova vert nytta til faste avlastningstilbod , og smitte v/behov).

2 etg. har 37 plassar for aldersdemente (18 av dei skjerma), fordelt på fire bugrupper. Felles for alle 4 bugrupper at miljøarbeid og å sjå kvar enkelt pasient står i fokus. Personalet jobbar med ein tanke om at augneblinkens gleder er viktig. God informasjonsflyt og godt samarbeid mellom institusjon og pårørande er viktig for at kvar enkelt bebuar skal få det best mogeleg.
Etter tilsyn frå fylkesmannen i 2016, med fokus på rutinar og prosedyrar knytt til bruk av tvang og makt til personar utan samtykkekompetanse, har det vore jobba målretta både på systemnivå, men ikkje minst også på kompetansehevande tiltak. Ein fekk lukka alle avvik, like viktig har fokuset på rett kompetanse og rutinar/ kultur vorte del av kvardagen.

85% av dei tilsette på avdelinga har tatt demensomsorgens ABC 1 og 2. Vidare satsingar er Psykiske lidingar i eldre år ABC der 9 stykker har meldt seg på i 2018. Det vert starta opp med internundervisning frå 01.02.19 med internundervisning 1 dag i veka i ca ein ½ time. Det er også per 2018 internundervisning på avdelingsmøter og sjukepleiemøter.

Det har vore fokus på nærvær og fråvær 2.etg. Sjukefråværet har gått ned. Tal i frå RS(ressursstyringsverkty) viser at gjennomsnittsfråværet i 2018 i 2etg var 7%. Tiltak på å få ned sjukefråvær er tilrettelegging i turnus, samtalar med tilsette med eller utan lege og NAV. Ved utgangen av 2018 steig sjukefråværet ved tungpleiebugruppene. Årsakene er fleire, men bl.a. krevjande jobbkvardag og slitent personal pga utfordringar med å rekruttere inn sjukepleiarar i vikariat. Ei viktig brikke framover for å få ned sjukefråværet, er forflytningskoordinator som kan kurse dei tilsette i rett bruk av kroppen ved pasientforflytning.

Ei viktig utfordring framover for sjukeheimen vil vere å behalde fagpersonell og rekruttere nye inn. Årsverka ein har og behova ein skal stette, gjer det utfordrande å dekke heile døgnet utan bruk av kortvakter. Kommunen vil truleg få større utfordringar framover med nye oppgåver, endra sjukdomsbilete og nye grupper som kjem inn i sjukeheim og treng behandling. Terskelen for tildeling av sjukeheimsplass er høg. Behovet for teknisk hjelpemiddel er aukande, pasientane som får plass på sjukheimen utfordrar både på utstyr, kompetanse og kvalitet. Etter anbudsrunde i 2018 fekk eit firma tilbodet på å levere takheiser på sjukeheimen. Ein starter med montering av takheiser april 2019.

Stillinga for sjukeheimslege har vore 80 % + 10% ein av fastlegane, har vore krevjande. Mange pasientar inn og ut, spesielt knytt til Klokkarstova, utfordrar legekompetansen og kapasiteten.

Bruken av institusjonsplassane i 2018 er oppsummert med anna hjelpemiddel i 2018 enn praksis tidlegare, her kan derfor vere noko samanlikningsfeil. Tala viser at det er færre som har budd fast på institusjonen samanlikna med 2017. Dette påverkar inntekta til institusjonsdrifta, men viser samstundes trenden ein opplever med auka bruk av korttidsplassar og utfordringar med å ta imot alle utskrivningsklare pasientar frå sjukehuset. Dette har også konsekvensar for etterspurnad på heimebaserte tenester og kva utfordringar dei heimebaserte tenestene må løyse.

Type teneste	**2018**	**2017**	**2016**	**2015**	**2014**	**2013**	**2012**
Langtidsopphald	21.890	23.365	23091	22.660	23.503	23.096	23.282
Korttidsopphald	3680	3229	2867	2416	2.641	3.144	2.866
Avlastingsopphald	339	168	212	162	186	305	163
Øyeblikkeleg hjelp(ØH)	68	72	127	142	104	99	
Samla beleggsprosent	96,2	98,8	97,36	93,96	97,86	98,64	97,41
Liggedøgn totalt	25977	26834	26297	25.380	26.434	26.644	26.311

Matematisk kapasitet liggedøgn på sjukeheimen i høve tal rom er 27.010 pr. år, med full bruk av dei tre dobbeltroma, 28105. Kommunen måtte betale for 76 døgn utskrivingsklare pasientar frå sjukehus i 2018.

Øyeblikkeleg hjelp
Statistikken viser var KAD- tilbodet vart nytta av 28 (27) personar/ 72 (68) døgn i 2017. Nedgangen har vore pga mangel på plassar/ auke i korttidsopphald. Årsaker til innlegging har vore:

	Fall	Smerte	Rus	Sosialt	Infeksjon	Palliasjon	Demens	Anna	Samla
2014	13	5	2	4	9	2	3	2	40
2015	9	8	6	8	15	2		1	49
2016	8	5	0	4	14			16	47
2017		8	3		5			12	28
2018	7	1	3	1	8		1	6	27

Heimetenestene

Eininga sitt ansvarsområde er:

- Ambulerande heimetenester
- Heimetrenarar i kvardagsrehabilitering
- Folkestadtun
- Legeloftet
- Demensteam
- Dagsenter for eldre
- Prosjektleiar i velferdsteknologi (frå 01.01.2019)

Statistikken viser at utetenestene har hatt ei lita auke i talet brukarar i 2018 samanlikna med 2017. Helsetenester i heim aukar, praktisk bistand og matombering ligg relativt stabilt gjennom heile året, medan det stadig minkar på talet tryggleiksalarmar. Talet brukarar med tenesta tryggleiksalarmar vil ta seg opp ein heil del i 2019, då det er kjøpt inn nye digitale alarmar og alarmtelefonar som er tilrettelagde for mobilt vaktrom.

Ein hadde gjennom heile fjoråret eit snitt på ca 220 brukarar av dei ulike tenestene. Gjennom heile 2018 har ein ytt tenester til ca 330 brukarar. I eininga merkar ein godt at fleire og fleire brukarar har tyngre og meir komplekse hjelpebehov og at tenesteytinga aukar i takt med strategien om at alle skal få bu lengst mogleg i eigen heim. Ambulerande heimetenester er ei uføreseieleg teneste og eininga har ikkje «tak» på brukarar ein skal yte teneste til.

Heimetenesta har gitt palliativ pleie til fleire pasientar, fleire av dei har valt heimedød. Det vart sett i verk dei tiltak som er naudsynte for at pasient og pårørande skal vere ivaretekne på ein trygg og forsvarleg måte i sin eigen heim. Dette krev ressursar og kompetent personell, mellom anna bakvakt på natt for sjukepleiarar i terminalfasen, ettersom heimetenestene ikkje har full sjukepleiedekning på natt. Det vert arbeidd i sektoren for å danne eit tverrfagleg ambulant team på natt.

Det har vore stort fokus på fråvær og nærvær i eininga og sjukefråværet har vore gjennomsnittleg på 10% i 2018, dette er ein liten nedgang frå 2017. Det er utarbeidd rutinar for tettare oppfylging av sjukmelde og nye rutinar for innleige ved sjukdom.

Det er etablert fagdag i eininga kvar 6. veke, der ulike kompetansehevande tiltak er tema, ein nyttar også NHI sine e-læringskurs og VAR

I Eininga har 10 tilsette teke Demensomsorgens ABC perm 1, 4 tilsette er i gang med velferdsteknologiens ABC, 1 tilsett er i gang med vidareutdanning i kreftomsorg og 1 tilsett har gjennomført utdanninga, Politikk, helse og livsløp. Vidare satsing på kompetanseheving i eininga er Avansert klinisk sjukepleie.

Eininga er i ein prosess med ny grunnturnus der ein med anna vil prøve ut langvakter på helg, dette vil løyse ein del av helgeproblematikken med for få faste tilsette på helg.

Demensteam

Demensteamet har i 2018 hatt regelmessig drift med fast teamdag på måndagar. Teamet har 2 sjukepleiarar i 20%, 1 ergoterapeut i 20% og 1 lege i 5%

Frå hausten 2017 har teamet og lege hatt regelmessige møter der ein har diskutert aktuelle problemstillingar kring t.d. utgreiing, enkeltsaker, medisinering og samarbeid med fastlegane. Dette har vore ei viktig vidareutvikling av teamet, både fagleg og for det tverrfaglege samarbeidet i demensutreiinga.

Teamet har hatt 58 personer med tildelt teneste i 2018 det er til saman tildelt 63 tenester. Dei fleste sakene har handla om utgreiing av demensdiagnose i samarbeid med fastlege. Fleire av sakene har medført tett oppfølging av pårørande og vegleiing angåande omsorgsnivå. Dei fleste sakene vi har avslutta gjennom året skuldast at brukar har fått plass på sjukeheim eller omsorgsbustad. Nokre få er avslutta då dei ikkje har fått demens-diagnose som resultat av utgreiinga. Heimebuande har fått tilbod om oppfølgingsbesøk 1-2 gongar i året, og dei fleste tok i mot dette tilbodet.

Demensteamet fekk tildelt midlar frå Fylkesmannen i 2017 til arbeid med oppfølging av personar med demens etter diagnose. Midlane er brukt til deltaking på kurs/konferansar. Ein har spesielt velt kurs med tema kring oppfylging. Ein har m.a. fått kunnskap om eit pågåande prosjekt som søker å sette oppfølging av ny-diagnostiserte personar i system. Prosjektet drives av Nasjonalforeningen for folkehelsen. Ein reknar med at teamet vil kunne ta i bruk arbeidsmetodane som blir anbefalt. Deltaking på kurs har gitt både fagkunnskap og moglegheit for nettverksbygging og erfaringsutveksling med andre kommunar.

Dagsenteret for eldre

Gjennom året har Dagsenteret hatt 47 brukarar. Ved utgangen av 2018 var det 36 brukarar med innvilga plass, fordelt på to avdelingar, dette er ei lita auke frå 2017. Salsinntektene er forholdsvis lave, då «produksjonsaktiviteten» blir redusert i takt med helse og interesse. Personalet arbeider målretta med å utvikle nye og tilrettelagde aktivitetar, der fokuset er retta mot ernæring, fysisk trening og tilbod om aktivitetar ute i frisk luft. Det er tilbod om «gradert» vanskegrad på trim, slik at ein både skal ha lavterskeltilbod og litt meir utfordringar, i takt med funksjonsnivået til brukarane. Dette er i tråd med målsetjinga om at personar skal ha høve til å bu i eigen heim lengst mogleg, best mulig. Avdelinga har kjøpt eigen motiview-sykkel og har bygd utandørs trimpark, og har samstundes «oppgradert» uteområdet og gjort det meir veleigna og brukarvennleg til alle årstider.

Personalet lagar ein del mat ilag med brukarane der målet er og skape eit løft for betre ernæring, samt halde vedlike praktisk kunnskap om matlaging.

Alle tilsette har starta på Geriatriens ABC i haust 2018.

Velferdsteknologi

Helsedirektoratet har vore tydelege overfor kommunane på denne satsinga i fleire år. Velferdsteknologi må verte ein integrert del av kommunal helse- og omsorgsteneste. Dette er ei stor og viktig tenesteovergripande satsing i kommunen og frå 01.01.19 er det tilsett prosjektleiar knytt til dette arbeidet. Satsinga framover vil fyrst og fremst vere på digitale alarmar, e-lås og Room-mate.

Heimetenestene, omsorgsbustader

Denne eininga har ansvar for Fjordsyn, Barstadtun og Mork bustader. Kvar av bustadane har ein teamleiar. Eininga har 45 årsverk og er den eininga med flest tilsette i sektoren. Til saman har dei tre bustadane 71 husvere. I nokre av leilegheitene bur ektepar, slik at talet brukarar kan variere.

Dei tilsette er veldig fornøgd med at fagdag er etablert i drifta. Dette er ein velfungerande arena for felles kompetanseheving og samarbeid i avdelingane. I tillegg har ein av helsefagarbeidarane fullført vidareutdanning i Velferdsteknologi. Tre av assistentane held på med helsefagutdanning. To medarbeidarar frå kvar bustad er med i kompetansehevingsprogrammet Velferdsteknologiens abc. Eininga har sett ned ei arbeidsgruppe som ser på langvakter på helg som alternativ turnusløysing.

Ei utfordring eininga står overfor er å sørgje for at bebuarane får dekka sine behov for å vere aktive i kvardagen. Det har vore godt samarbeid med ulike frivillige lag og privatpersonar, i tillegg til tiltak i regi av frivilligkoordinatorane for å få meir aktivitet inn i avdelingane. Dei tre bustadane har også ein Motiview-sykkel som rullerer mellom bustadane. Den er i dagleg bruk og gir mykje aktivitet og glede.

Det har vore arbeidd mykje med fråvær og nærvær gjennom heile året. Det vart utarbeidd nye retningslinjer for oppfølginga av fråvær, og retningslinjer for innleige av vikarar. Tema har vore oppe på mange fagdagar, og hatt fokus i det daglege. Barstadtun har redusert sjukefråvær med 19 % samanlikna med året før. Fjordsyn er redusert med 45 %, medan Mork bustadar har redusert med 44 %.

Butenesta for funksjonshemma

Eininga består av tre samlokaliserte bukompleks med fleire omsorgsbustader. Desse er godt samkøyrde og ein nyttar personal både på tvers av bustadane og på Hamna/avlastinga. Dei fleste tilsette tykkjer det er positivt. Nye brukarar med omfattande hjelpebehov har ført til utfordringar for å nytte ressursane mest mogleg effektivt.

<u>Kort omtale av arbeidsområdet</u>

Talet på brukarar i butenesta har ikkje endra seg siste året sjølv om det har vore 2 dødsfall og ein som flytta ut av kommunen. Det har si årsak i at «nye» brukarar kjem til og har behov for tenester. Det vert ytt teneste til 36 brukarar.

Omfanget på tenestetilbodet er frå få timar i veka til 24/7. Arbeidet omfattar det meste frå økonomisk bistand, drift av hushald, hjelp til gjennomføring av daglege gjeremål, fritidsaktivitetar, kontakt med andre tenesteområde, familie o.s.b.

Det er fatta vedtak om å nytte langvakter på 2 av arbeidsstadane. Vedtaka er godkjente av arbeidstilsynet. Den eine arbeidsstaden nyttar langvakter berre i samband med ferieavvikling. Arbeidet vil fortsette framover då det viser å vere positivt både for brukarar og personale.

Hamna dagsenter
Ei målsetting ved Hamna dagsenter er å tilrettelegge for eit godt kommunikasjonsmiljø. Å bli sett og forstått, er heilt grunnleggande for opplevinga av livskvalitet og verdigheit.

Tilbodet til brukarane ved Hamna dagsenter blir individuelt tilrettelagt utifrå den einskilde sine behov for aktivisering, trening og meistring. For mange er dagsenteret ein arbeidsplass der tilpassa arbeidsoppgåver gir auka sjølvkjensle, glede og meining i kvardagen.

Det er i 2018 starta eit arbeid med å opprette eit alternativt sysselsettingstiltak for nokre av brukarane ved dagsenteret i samarbeid med Styrk arbeid og Volda opplæringssenter.

Menneske med utviklingshemming er ofte inaktive grunna nedsett fysisk funksjonsevne og treng difor ekstra motivasjon og tilrettelegging. Ved dagsenteret tilbyr ein følgjande fysiske aktivitetar; vedproduksjon, riding, symjing, turar i skog & mark, postrunder, fotball, trening inne og ute samt eiga sanseavdeling.

Brukartalet fordeler seg slik; 10 brukarar frå Ørsta og 18 frå Volda.

Avlasting for barn og unge, samt barnebustader
Hovudmålsettinga ved avlastinga for barn & unge er å gi avkopling og kvile til foreldra.
For at foreldre skal oppleve at det er godt for dei at barna er på avlastning er det viktig at innhaldet i avlastinga er tilrettelagt slik at borna trivast og på dette viset gjere foreldra trygge på at borna blir tatt godt vare på.

Tilbodet til brukarane av avlastingstenester blir individuelt tilrettelagt utifrå den einskilde sine behov for aktivisering, trening og meistring.

I 2018 var det 9 born som nytta avlastingstilbodet.

Barnebustad er heimla etter Helse- og omsorgstenestelova, § 3-1, § 3-2 c, og er eit omsorgs- og oppvekstilbod til born og unge i alderen 0-18 år. Tilbodet kan bli gitt til born som er så omsorgskrevande, til trass for omfattande avlastningstiltak, at dei må ha eit tilbod utanfor heimen.

Borna i barnebustad må forhalde seg til mange tenesteytarar, og det er ofte fleire personalbytte i løpet av ein dag. I 2017 innleia ein samarbeid med Voldaskulen om utveksling av personale knytt til barn med samansette behov. Dette har synt seg å vere eit vellykka prosjekt og ein har per i dag samarbeid i høve 3 born.

I 2018 bur 4 born permanent i avlastingsbustaden.

Rus- og psykisk helseteneste
Eininga består av utetenester (psykisk helseteneste og rustenesta), 23 døgnbemanna omsorgsbustader, Møteplassen Gnisten og arbeidstilbodet STYRK. Denne eininga gav totalt tenester til 290 brukarar i 2018. Frå 2017 til 2018 har vi hatt ein nedgang 1 brukarar med vedtak om teneste etter helse og omsorgstenestelova. Tenesta har i løpet av 2018 flytta dagsenteret Gnisten til gamle Prestegarden og jobbar med å dreie behov for tenester over til lågterskeltilboda, Gnisten og Styrk-arbeid - som er meir bærekraftig på lang sikt.

Døgnbemanna bustader
I endringane som gjeld frå 01.01.19 i forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar, ligg forventning om adekvat bustad i form av bustad med bemanning for å kunne ta i mot utskrivingsklare pasientar rask og hindre nye innleggingar. I 2018 gav tenesta døgntenester frå

Sevrinhaugen 7 til 28 brukarar. Av desse var 12 heimebuande og 16 bebuarar i omsorgsbustader. Dette er ein auke på 2 brukarar frå 2017, alle desse er heimebuande. Ein varig bustad kan førebyggje risiko for tilbakefall og redusere behovet for opphald i institusjon. I mars 2018 vart 7 omsorgsbustader ferdigstilt i Myravegen 35 og i løpet av året har 4 bebuarar flytta inn. I tillegg har 2 heimebuande fått tenester av personalet i myravegen.

Utetenestene

I løpet av 2018 gav Psykisk helseteam tilbod til 122 brukarar og Rustenesta gav tilbod til 62 brukarar. Vi opplever stort press på tenestene på tampen av året med ei markant auke i tilvisingar. Lengre ventelister på poliklinikk og eit mindre nålauge i spesialisthelsetenesta er sannsynlegvis årsaka til dette.

Dagsenter

Møteplassen Gnisten hadde 25 aktive brukarar i 2018. Gnisten har i mange år vore midlertidig plassert på legeloftet. Lokala var små og kapasiteten sprengt. 2018 har vore prega av flytting og klargjering av Prestegarden. Det har vore ein meir tidkrevjande prosess enn venta, med tanke på at bygget er verna. IKT løysing er fortsatt ikkje på plass, og begrensar bruken noko. I månadskiftet november/desember 2018 flytte dagsenteret omsider ut av Legeloftet og inn i Prestegarden. I desse store og flotte lokala og tilhøyrande uteområde, med dei moglegheitene det gir, kan Gnisten tilby tenester til langt fleire og setje Rus og psykisk helseteneste betre i stand til å møte utfordingar vi opplever å ha allereie og ventar meir av i framtida.

Lågterskel arbeids- og kvalifiseringstiltak

Styrk Arbeid er eit lågterskel arbeid- og aktivitetstilbod fordeltakarar som ikkje klarer å nyttiggjere seg andre NAV-tiltak. Det er NAV som tilviser deltakarar til tiltaket. Styrk-arbeid gav tilbod om arbeidstrening til 29 (31 i 2017) personar i 2018. Vi fekk 10 (16) nye deltakarar i 2018. 13 (10) vart avslutta i løpet av året. 4 (3) vart avslutta på grunn av overgang til ordinært arbeid eller lønstilskot, 3 (3) ved overgang til andre NAV-tiltak, 1 til høgskulestudier og 6 (3) avslutta av andre årsaker.

Styrk Arbeid har hatt 10 deltakarar i praksisplass i 2018. (Tal frå 2017 føreligg ikkje)

Styrk- arbeid opplever stor velvilje og godt omdømme og har i 2018 hatt eit godt samarbeid om praksisplassar med aktørar som Felleskjøpet, Bertel O. Steen, Murbygg AS i tillegg til kommunale verksemder som Volda Omsorgssenter og barnehagesektoren.

Aktivitetsnivået i Styrk Arbeid har halde seg på nivå med 2017. For å greie det har vi teke på oss større arbeidsoppgåver. Vask, skraping og maling av Austefjord Kyrkje har vore det største enkeltoppdraget i 2018. Skogryddingsprosjekt i Elvadalen vart ferdig innan omsøkt tidsramme ved utgangen av 2018. Samarbeidet med Volda Sogelag og Sunnmøre Museum har halde fram, og utvida med slått og stell av Brudavolltunet i Ørsta i tillegg til Volda bygdetun. Faste oppdrag til Sanitetskvinnene, avtale med kyrkjekontoret om gravminneoppretting og oppdrag til privatpersonar som tek kontakt for mindre flytteoppdrag, enklare vaktmeister- og hagearbeid er arbeid som bidreg til å halde aktivitetsnivået. Styrk-arbeid har etter kvart blitt kjent rundt om i regionen, både gjennom media og sosiale media. Stryk Arbeid har eiga facebookside som får god merksemd og bidreg til styrka omdømmebygging av Styrk Arbeid. I tillegg har ein jamn dialog med Ørsta kommune, då dei søkjer erfaringar korleis dei kan byggje ut småjobbsentralen og ta i mot deltakarar på aktivitetsplikt på lik line med Styrk-arbeid.

Forankra i partnerskapet kommunen har med den statlege delen av NAV har ein vidareført avtalen frå 2017 om gjennomføring av aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar under 30 år. Styrk-Aktiv gav tilbod til 18 sosialhjelpsmottakarar i 2018. I tråd med erfaringane frå oppstartsåret 2017 fekk ein oppmelde dei fleste i sommarferien, mellom 20. juni og 20. August. Men i 2018 var oppmøte av dei oppmelde sporadisk. Som ein del av avtalen melder Styrk aktiv ifrå om fråvær, men har ikkje oppfølging av desse, så ein har ikkje eksakte data på kva manglande oppmøte skuldast. Jamt over har 1 til 3 personar møtt til aktivitetsplikt.

Førebygging, rehabilitering og legeteneste

Eininga består av folkehelsekoordinator, Frisklivssentralen Aktiv i Volda, ergoterapiteneste, fysioterapiteneste; kommunalt fastløna og avtalefysioterapeutar, kvardagsrehabilitering, legeteneste: fastlegar, sjukeheimsoverlege, legevakt og interkommunal legevakt.

Folkehelse- og frisklivskoordinator

01.05.18 fekk Volda kommune ny frisklivs- og folkehelsekoordinator. Denne funksjonen har eit overordna ansvar knytt til folkehelsearbeidet i kommune og drifting av Frisklivssentralen Aktiv i Volda. 1.september opna Frisklivssentralen Aktiv i Volda ordinær drift igjen.
FLS tilbyr basistilbodet jf. Helsedirektoratet sine tilrådingar i «Veileder for kommunale frisklivssentraler». FLS har opent måndag, onsdag og fredag. Det er pr i dag tilbod til den vaksne befolkninga. Det vil bli vurdert utvida til målgruppa barn og unge, men det må utførast ei kartlegging i forhold til reelt behov. Mykje tid har gått med på å reetablere tilbodet, rekruttere og profilere. Det er lite stillingsressurs pr i dag, og det byr på fleire utfordringar.

Antall tilvisingar 2018: 23 (14 kvinner og 9 menn), snittalder 45, 6 år (22-75 år).

Folkehelsekoordinatoren har jobba systematisk og strukturert med bl.a å sette seg inn i God Helse partnerskapet i fylket, Sunne kommunar- det norske nettverket til WHO, etablere nettverk i kommuna og utover kommunegrensene, nøste i kva og korleis han skal jobbe.

Fysio- og ergoterapitenesta

<u>Kommunale fastløna fysio/ergoterapeutar</u>

Satsingsområde 2018**:** Skulehelseteneste, rehabilitering, fallførebygging, velferdsteknologi**.**
Det er totalt 4.8 årsverk i den kommunale fysio-/ergoterapitenesta. Det har vore 40% vakanse i fysio/ergo likt fordelt grunna ulønna permisjon frå september 2018. Det har ikkje vore tilsett vikar.

Antall konsultasjonar for perioda 01.01.18 - 31.12.18: 841 kvinner og 804 menn, totalt **1 655 konsultasjonar.** Antall behandla i perioda 01.01.18 - 31.12.18: **155 kvinner og 108 menn.**
Aldersfordeling: 0- 12 år: 41, 13- 18 år : 68, 19 - 67 år : 48, 68 - 99 år : 106.

2018 har vore eit år der ressursane og fagkompetanse har vorte nytta inn i mange ulike prosjekt og arbeidsgrupper. Dette er viktig utviklingsarbeid, der ein er med på å påverke framtida og skape bærekraftige tenester. Prosjekta terapeutane har vore delaktig i er: velferdsteknologiprosjektet, læringsnettverk pasientforløp og Helseplattforma.

<u>Avtalefysioterapeutane:</u>

Frå 01.07.18 har alle 5 avtalefysioterapeutane 100% tilskot. 01.02.18, oppstart psykomotorisk fysioterapeut. Det er 4 terapeutar knytt til Aarflot fysikalske og 1 til Brautaset fysioterapi. Ein av avtalefysioterapeutane driv og ridefysioterapi. Ventetid har vore mellom 1 veke til 3 mnd. Hos

psykomotorisk fysioterapeut har det vore 2 veker til 1-2 år. Dette kan forklarast med bl.a stor pågang også frå andre kommunar og få med denne kompetanse i distriktet.

Statistikk: Det er totalt behandla **941 personar**. 632 kvinner og 309 menn. 41 av desse personane fekk ridefysioterapi. 26 kvinner og 15 menn. Aldersfordeling: 0 - 12 år : 69, 13-18 år : 59, 19-67 år : 582. 68-99 år : 231

Skulehelsetenesta: eit tverrfagleg samarbeid med helsestasjonen og er elevane si eiga bedriftshelseteneste. Fysioterapeut og helsesjukepleiar er no tilgjengeleg på skulane nokre dagar i veka.

Rehabilitering: prosjektrapporten til Agenda Kaupang avdekker fleire utfordringsområde innan rehabilitering i Volda kommune. Tenesta er i dag ikkje dimensjonert for å dekke opp eventuelle nedleggingar av rehabiliteringsplassar i Spesialisthelsetenesta. Eksisterande tilbod må vidareutviklast og det kan verte tøffe prioriteringar framover slik tenesta er dimensjonert.

Kvardagsrehabilitering(KDR) er no å sjå på som ei veletablert teneste i Volda kommune. I perioden 01.01.18 – 31.12.18 har totalt 37 personar søkt eller blitt vurdert som aktuelle for kvardagsrehabilitering. 9 av desse har vore kartlagt, men av ulike årsaker vore vurdert som ikkje aktuelle kandidatar. 28 personar har mottatt kvardagsrehabilitering. Av desse er det 13 menn og 15 kvinner. Gjennomsnittleg alder er 81,8 år. KDR er eit teneste i vekst, og etterspørselen har auka.

Førebyggande heimebesøk Det er gjennomført førebyggande heimebesøk til eldre. Målgruppa er dei som fylte 80 år i 2018 som ikkje har omfattande helse- og omsorgsteneste frå før.
Eldretrimmen er eit veletablert førebyggande treningstilbod for eldre i regi av pensjonistlaget der fysioterapitenesta stiller med instruktør 1x i veka. Dette tilbodet samlar mellom 20-30 deltakarar. Det er også fallførebyggande grupper på Omsorgssenteret, ei i regi av fysioterapeut, 2 dagar i veka, og ei i regi av Dagsenteret for eldre i samarbeid med fysioterapitenesta.

Kompetansebygging
Kurs og kompetanseheving i tenesta har gjenspegla satsingsområda for 2018. Fagdagar og kompetanse er satt i system med årshjul og prioriterte satsingsområder.

Sjukefråveret har stabilisert seg i positiv retning frå føregåande år.

Kommunal legeteneste
Arbeidsmengda på sjukeheimsoverlegen har auka etter samhandlingsreforma. Bebuarane på sjukeheimen har no eit meir komplekst sjukdomsbilete med tilhøyrande utfordringar knytt til medisinsk behandling og pleie. Sjukeheimsoverlegen har på dette grunnlag spelt inn behov auka legeressurs.

Det er tilplikta og frikjøpt fastlegeressurs til kommunal helseteneste slik : 30% legeressurs inn i helsestasjonen, 5% demensteam, 5% smittevern, 30% til dagleg leiar av legesenteret knytt til ikt og legevakt, 20% nattlegevaktssjef, 10% tilsynslege sjukeheim (korttidsavdeling) og 5% LIS1 rettleiar.

LIS1- lege i spesialisering del 1 (tidlegare turnuslege). Det er nye læringskrav til dette forløpet som krev meir systematisk oppfølging og meir ressursar enn tidlegare. Dette har kommuneoverlegen jobba konstruktiv med å få på plass.

Privatpraktiserande legeteneste

Kommunestyret vedtok hausten 2018 å opprette ny legeheimel, med tiltreding 2019. Heimelen er tildelt. I same vedtak blei det vedteke og bygge ut legesenteret for å kome framtida i møte.

Økonomi

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Avvik 2018	Rekneskap 2017
Utgifter	282 626 620	273 581 436	-9 045 184	269 186 438
Inntekter	-81 036 077	-77 135 250	3 900 827	-78 835 996
Helse og omsorg	**201 590 543**	**196 446 185**	**-5 144 358**	**190 350 442**

Helse- og omsorgssektoren har etter revidert budsjettramme kr. 196 446 185,- for 2018. Nettoforbruket etter siste korrigert utrekning på ressurskrevjande brukarar kr. 201 590 543,-, som gir eit meirforbruk 5 144 358,-, eit avvik på vel 2,6 %.

Sektoren har hatt eit sterkt fokus på forvaltning gjennom 2018, men nokre områder har hatt utfordringar som har medført innleige utover tildelt lønsramme. Tilflytting av personar med særskild hjelpebehov utgjer om lag 1,5 mill av meirforbruket, nattlegevakta vart 0,5 mill dyrare enn budsjettert. Både institusjonsteneste, heimebaserte tenester, omsorgsbustader for eldre og butenesta for funksjonshemma har meirforbruk, med henholdsvis 1,8 mill, 850.000, 900.000,- og 900.000,-.

For eksempel i Heimetenestene omsorgsbustadar for eldre skuldast omlag 650.000 av meirforbruket høgare sosiale utgifter enn budsjettert. 230.000 kr er løn til ein sjukepleiar frå vikarbyrå på grunn av forsvarleg fagdekning i ferieavviklinga. Resten er meirforbruk på grunn av brukar med behov for forsterka bemanning, der ein måtte gå inn med ekstra ressursar på natt på ein bustad i perioden frå mai til november.

Høgt sjukefråvær påverkar bruk av variable lønskostnader, då ein ofte må gjere forskyvingar og innleige som er kostnadsdrivande. Til grunn for å måtte gjere dette, ligg eit krav om naudsynt sjukepleiefagleg kompetanse ein må ha.

Resultatmål

Inkludert definerte mål, både frå helse og omsorg, helseavdeling og Hamna dagsenter

SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Medarbeidarsamtale med alle fast tilsette		Helse- og omsorg har innarbeidd gode rutinar for medarbeidarsamtalar. Gjennom året skal alle tilsette ha gjennomført dette.
Utnytting av moderne velferdsteknologi.		Velferdsteknologi må verte ein integrert del av kommunal helse- og omsorgsteneste. Dette er ei stor og viktig tenesteovergripande satsing i kommunen der oppretta prosjektleiarstilling i november er avgjerande for å lukkast.

SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Omorganisering av nattevaktsressursane i sektoren.		Det er sårbart med berre ein person på natt i ambulerande heimeteneste. Det er difor iverksett arbeid med omorganisere dei eksisterande nattressursane på ein betre og meir effektiv måte.
Nærvær på 91 %		I 2018 har nærværsprosenten vore 90,2 %.
Månadleg økonomirapportering med fokus på å halde økonomisk ramme på alle nivå i sektoren.		Rutine i høve månadleg rapportering skal fortsette med enda meir tilpassa opplæring i høve økonomistyring. Einingsleiarane har etablert kunnskap om budsjett og rekneskap og skal etablere og handheve interne rutinar/ system for betre styring av variabel løn.
Styrking av heimebaserte, rehabiliterande og førebyggjande tenester		Arbeidet med dreiing av tenester mellom tenesteområda må halde fram
Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus får kommunalt tilbod i tråd med samarbeidsavtalen, og kommunen skal ikkje betale for liggjedøgn på sjukehus. Vurdering av kapasiteten på kortidsavdelinga.		Kommunen har etablert system og rutinar som sikrar optimal utnytting av tverrfaglege fagressursar knytt til korttidsavdelinga. Tildelingskontoret si rolle og mandat på utnytting av tilgjengelege plassar er godt innarbeidd i sektoren.
Aktiv omsorg og frivillig koordinering i eldreomsorga. Deltaking i kulturelle aktivitetar. Frå prosjekt til implementering av Frivilligkoordinatorar i eldreomsorga ved sjukeheim og døgnbemanna bustad		Tal frivillege som engasjerer seg i høve brukarane. Tal kulturelle arrangement.
Brukarutval er etablert og/ eller opne informasjonsmøter på tenestenivå er avholdt x 2 pr. år.		Brukarmedverknad er ein lovfesta rett og gode system på dette er eit virkemiddel for å forbetre og kvalitetssikre tenestene.
Fokus på leiarkompetanse		Helse- og omsorgssektoren skal ha tydelege og endringsdyktige leiarar. Godt leiarskap skal dyrkast for å nå krav og mål som ligg til sektoren. Leiarane har god kunnskap om budsjett og rekneskap.
Etablere arena og program for kompetanseutvikling og for å drive utviklingsarbeid.		Kompetanseplanar på einingsnivå og sektornivå er utarbeidde. Fagdagar er oppstarta i alle einingar og skal mellom anna bygge på behova som kjem fram i kompetanseplanane.

SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
God rekruttering av fagkompetanse		Sektoren har utfordringar knytt til å rekruttere og behalde sjukepleiekompetanse. Iverksetting av rekrutteringstiltak vil vere avgjerande for å sikre fagleg forsvarlege helsetenester i åra framover.

2.6 SERVICE OG KULTUR

Service og kultur, sektorleiar Inger-Johanne Johnsen

Eining

Kultur

Servicekontor

Årsverk og stillingar

Sektor	Ansatte %	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Service og kultur	11,11	15	14	1	*5*	*4*	*1*
Politisk	1,3	2	1	1	*1*	*1*	

Omtale av 2018

Biblioteket hadde 35 000 besøk. Dette er ein nedgong frå året før, noko som truleg har samanheng med at kulturskulen no er flytta til Øyra skule, og at det er færre besøk av kulturskuleelevar.

Biblioteket arrangerte «Lån ein volding» 30 gongar og hadde 11 besøk frå skuleklassar. Det blei gjennomført 12 arrangement for vaksne og to arrangement for barn, i tillegg til fem utstillingar og eit animasjonsfilmkurs. Volda kommune blei vertskommune for Hornindal folkebibliotek frå februar 2018, og det har blitt brukt forholdsvis mykje ressursar i 2018 på å rydde og omorganisere dette biblioteket.

Frivilligsentralen har som si primære oppgåve og funksjon å bidra til møteplassar, som t.d. «Mat og prat», «Lån ein volding» og kulturbyggingsgruppa. Frivilligsentralen arbeider for å styrke mangfald og inkludering, og gjer ein innsats for å redusere følgjande av barnefattigdom, gjennom t.d. klesbyttedag, sommaraktivitetane med i alt 903 deltakarar, Mosaik og Habil (i samarbeid med Røde Kors). Frivilligsentralen har også ein koordinering- og samordningsfunksjon, som t.d. tv-aksjonen og ryddedugnad, i tillegg til å yte service for frivillig sektor, som hjelp til å søke midlar og tilrettelegging for besøk i «kaffistova».

Volda filmteater hadde i 2018 10410 besøkende. Dette er 5000 færre besøkende enn snittbesøket 2012-2016. Talet på førestillingar og innkjøpte titlar var i 2018 høgare enn for 2017, men lågare om ein tek omsyn til talet på driftsveker. Snittbesøk pr. førestilling held seg om lag på same nivå som for 2017. Trass i den totale nedgangen i besøkstala har publikum i 2018 hatt fleire titlar å velje i, og fleire førestillingar å gå på, enn snittet for dei seks føregåande åra. Kiosksalet har hatt ei positiv utvikling med fleire salskroner pr. besøkande enn nokon gong før.

I 2019 vil Volda filmteater framleis gi voldingane eit godt kinotilbod, med fire kinodagar og i snitt ni førestillingar i veka. Samstundes vert det gjort grep for å redusere utgiftene, men auke snittbesøket pr. førestilling og halde på auken i kiosksalet.

Årstal	Besøk	Førestillingar	Snittbesøk	Titlar	Kiosksal pr. besøkande
2012	15 918	362	44	75	23,60
2013	17 588	520	34	102	26,50
2014	13 307	471	28	93	28,90
2015	15 288	461	33	107	24,20
2016	14 737	514	27	124	26,30
2017	8 904	400	22	113	29,10
2018	10 410	489	21	140	31,95

Mål:

2019	**12000**	**460**	**26**	**130**	**32**

Ungdomsklubben/Ung i Volda samarbeida med Kaihuset og kulturskulane i Ørsta og Volda om å arrangere BandCamp, og 75% av dei som deltok på UKM var også med på BandCamp. Fleire band har holdt saman sidan bandcamp i fjor og har meldt seg på på eiga initiativ UKM 2019. UKM (Ung kultur møtast) blir kvart år arrangert i samarbeid med Ørsta kommune.

Ungdomsklubben prøvde ein siste gong å arrangere faste klubbkveldar i Salongen (2. etg) på samfunnshuset på vårsemesteret 2018. Dette er eit lite lokale – berre eit rom – og gir lite moglegheit til mangfald i tilbodet. Oppslutninga om klubben i dette lokalet var ikkje veldig stor, og dalande mot sommaren. Det vart samstundes utarbeidd ein rapport om ungdomsaktivitetstilbodet i Volda kommune basert på kva fagfolk som jobbar med ungdom og kva ungdom sjølv meiner. Rapporten blei politisk handsama hausten 2018.

Det vart laga et diskusjonsarrangement som blir kalla PratOm på biblioteket, kor leiar for Ung i Volda samarbeidde med nyleg oppstarta Skeiv Ungdom Volda/Ørsta. Det var interesse blant ungdomen for å halde fram med dette prosjektet. Det vart også arrangert kurs i scenekamp på slutten av året.

Hovudområda for servicekontoret er informasjon mot publikum, sentralbord, sekretariat for dei politiske utvala og arkiv. I tillegg har servicekontoret mellom anna systemansvar for fleire datasystem, redaktøransvar for kommunen si heimeside og for kommunen sine kontoar på Facebook, Twitter og Instagram, arkivansvar, postføring, ansvar for praktisk oppfølging av den overordna informasjonssikkerheita, gjennomføring av val, sal av eigedomsopplysningar og tenester etter alkohol- og serveringslova. Frå 1. oktober 2018 inngjekk Volda ein vertskommuneavtale med Vanylven kommune, for at Vanylven skulle overta drifta av sentralbordet for Volda. Omlegginga av sentralborddrifta har gått utan problem.

Hausten 2016 tok Volda kommune i bruk digital kommunikasjon til innbyggjarar og bedrifter, og i november 2018 tok også den interkommunale barnevernstenesta i bruk digital kommunikasjon. Dette har fått god oppslutning blant innbyggjarane i Volda kommune, og kommunen ligg no i toppsjiktet i fylket når det gjeld prosentvis oppslutnad blant innbyggjarane. Omsyn til miljøet, lågare portoutgifter og sikker oppbevaring er både kvar for seg og til saman gode grunnar for at innbyggjarane tar i bruk digital postkasse. For Volda kommune har bruken av digital kommunikasjon betydd effektivisering og omkring 160.000 kr mindre i portoutgifter, samanlikna med 2016.

Det vart totalt halde 92 møte og handsama 529 saker i dei ulike utvala, dette er ei auke i antal møte samanlikna med 2017, men ei nedgang i antal politiske saker som har blitt handsama. Totalt har servicekontoret ansvar for 13 utval.

Samanslåing av Hornindal og Volda kommunar frå 1.1. 2020 vil ha store konsekvensar for kommunen sin dokumentsjon, og administrasjonen har sett i verk fleire tiltak for å unngå informasjonstap og legge til rette for effektiv forvaltning i den nye kommunen. Arbeidet med å avslutte og etablere nye arkiv er ressurs- og arbeidskrevjande og servicekontoret har i 2018 halde fram med å avlevere eldre arkivmateriale til depot hos Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal. I arbeidet har det vore fokus på å sikre arkiv med rettigheitsdokumentasjon og å få redusert ordningsetterslepet til Volda kommune. Parallelt pågår arbeidet med å få sikra dokumentasjonen som fins i fagsystema som har arkivverdig informasjon, det er viktig at desse blir godt ivaretatt ved overgang til ny kommune og at sakshandsamarane er sikra nødvendig tilgong til denne informasjonen også etter 1.1.2020.

Arbeidet med innkjøp og implementering av nytt sak-arkivsystem starta for alvor i 2018. Acos er valt som leverandør, og Volda kommune skal ta i bruk det nye systemet frå 27. mai 2019. Dette prosjektet er svært omfattande og krevjande, og det gjennomført i tett samarbeid med dei andre kommunane på søre Sunnmøre.

Heimesida til Volda kommune blei oppgradert og fornya hausten 2018, også dette prosjektet skjedde i samarbeid med resten av Søre Sunnmøre.

Økonomi

Tall i 1 kroner	Regnskap 2018	Regulert budsjett 2018	Avvik 2018	Rekneskap 2017
Utgifter	3 038 470	2 989 258	-49 212	3 343 463
Inntekter	-154 880	-	154 880	-149 076
Politisk verksemd	**2 883 589**	**2 989 258**	**105 669**	**3 194 387**
Utgifter	15 880 504	14 128 498	-1 752 006	14 605 530
Inntekter	-4 981 590	-2 836 953	2 144 637	-4 173 623
Service og kultur	**10 898 914**	**11 291 545**	**392 630**	**10 431 907**

Politisk verksemd hadde ei ramme på 2.989.258,- og rekneskapen viste eit mindreforbruk på 105.669. Hovudårsaka til mindreforbruket er mindre utbetalt i godtgjersle til politikarane.

Service og kultur fekk tildelt ei ramme på kr.11.291.545,- for 2018. Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr. 392 630. Det er fleire årsaker til mindreforbruket:

- Reduserte portoutgifter på grunn av digitalisering/effektivisering gjennom bruk av SvarUt (Digital postkasse).
- Auka inntekter
- Liten aktivitet i regi av ungdomsklubben

Generelt er det god økonomistyring og budsjettdisiplin som pregar sektoren.

Innkjøpspraksis
Innkjøpa som sektoren gjer, er i tråd med innkjøpsavtalane Volda kommune og innkjøpssamarbeidet har gjort.

Etikk
Dei etiske retningslinjene for Volda kommune er kjende for dei tilsette i sektoren og vert følgde.

Rapportering på mål

SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda		Gjennomsnittleg antal nyhendeoppslag pr veke på Facebook, Twitter og heimesida.
Elektroniske skjema på heimesida skal gi forenkla tenester for brukarane og frigjorde ressursar i administrasjonen.		Antal tenester det vert utvikla skjema for. Anslag på effekt for brukar og frigjort tid.
Ingen negativ omtale av avdelinga i media		
Avklare lokale for ungdomsklubben og ta ein gjennomgang av behovet for bemanning samanlikna med opplegg i samanliknbare klubbar i andre kommunar. Ungdomsklubben skal opparbeide eit fungerande crew i rett aldersgruppe		Ungdomsklubben har ikkje vore i drift sidan mai 2017.
Arrangere fire debattmøter i biblioteket		Biblioteklova seier mellom anna at *"Folkebibliotek skal være en møteplass og arena for offentlig samtale og debatt".*
Volda filmteater skal ha eit besøkstal på minimum 14000.		Kinoen hadde 10410 besøkande og nådde dermed ikkje målet.
Frivilligsentralen skal arrangere minimum eit opplæringstiltak/kurs for frivillig sektor		
Alle institusjonane i kommunen få tilbod om eit variert kulturtilbod frå den kulturelle spaserstokken.		

2.7 TEKNISK

Teknisk og Sjølvkost, sektorleiar Rune Totland		
Eining	**Leiar**	**Ansvarseining**
Sentralt teknisk	**Rune Totland**	Leiar kommunalteknisk avdeling
		Maskindrift teknisk sektor
		Teknisk sektor, ingeniørløn til fordeling
		Personal- og lagerbygg (Myrtun)
Veg og park	**Edvin Løfoll**	Kommunale vegar
		Kommunale veglys
		Gartnarområdet
		Kyrkjegardar
Brann	**Roy Inge Heltne**	Brannsjef
		Seksjon brannvern
		Feiing (sjølvkost)
Eigedom	**Kjell Magne Rindal**	Leiar eigedomsavdelinga
		Eigedomseininga, ingeniørløn til fordeling
		Eigedom utleigebygg med frivilleg momsreg.
		Eigedoms-eining, skule og barnehage
		Eigedoms-eininga, pleie og omsorg
		Eigedoms-eininga, administrasjon, kultur og idrett
		Eigedoms-eininga, utleigebustader
Vatn og Avløp	**Lars Fjærvold**	Vassforsyning
		Avløpsområdet

Årsverk og stillingar

Eining	Ansatte %	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Sentralt teknisk	16,2	13	11	2	1	1	0
Brann	2,92	43	1	42	40	1	39
Eigedom	34,59	38	20	18	0	0	0
Sjølvkost	12	12	0	12	0	0	0
Teknisk og Sjølvkost	**65,71**	**106**	**32**	**74**	**41**	**2**	**39**

	Fråvær %
Teknisk	10,35
Sjølvkosttenester	6,48

Økonomi

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Avvik 2018	Rekneskap 2017
Utgifter	77 737 932	77 391 937	-345 995	78 416 571
Inntekter	-37 898 661	-38 358 936	-460 275	-39 861 486
Teknisk	**39 839 271**	**39 033 001**	**-806 270**	**38 555 086**
Utgifter	27 870 072	20 835 917	-7 034 155	27 210 504
Inntekter	-27 714 808	-20 835 917	6 878 892	-27 210 504
Sjølvkosttenester	**155 264**	**-**	**-155 264**	**-**

Samla sett for teknisk sektor viser regnskapet for 2018 eit meirforbruk på 806 270 kroner.

For ansvar 500 sentralt teknisk og 501 brann er der eit samla mindreforbruk 465 008 kroner.

Der ligg eit mindre meirforbruk på ansvar 503 veg og park på 243 712 kroner. Meirforbruket kan i hovudsak relaterast til auke i straumutgifter.

For ansvar 502 eigedom er der eit vesentleg meirforbruk 1 027 566 kroner. Det har i 2018 vore utfordringar med rett fordeling av ulike budsjettpostar innanfor ansvarsområdet. Hovudårsak til avvik kan relaterast til at det er fleire av dei tilsette som har vore budsjettert på 190 og med fordelt lønn som inntekt. Mykje av denne inntekta kjem av at timane vert fordelt ut på vedlikehald bygg. Inn mot 2019 er dette korrigert, slik at løn vert lagt direkte på funksjon og bygg. Endringa medfører at ein ikkje belastar vedlikehaldsbudsjettet i 2019.

Veg og park
Veg og park har gjennomført svært mange driftsoppgåver. Vi har oppgradert anlegget på Årneset med ny flytebrygge og sikringsanlegg for barn/ikkje symjekyndige. Det har vore laga oversikt over areal for plenklipping som syner at vi vedlikehald om lag 143 mål med plen, i tillegg til parkanlegg med tilhøyrande vekstar. Det har til tider vore svært utfordrande å kome i mål med sommarvedlikehaldet generelt. Vi har bidrege til ulike satsingar lokalt, både i høve «rydde dagar» og lokale tilstellingar. Alt av offentleg søppel og vedlikehald av plassar med tilhøyrande vekstar har vore prioritert. Vi har innført eit FDV system som effektiviserer og gjev god styring og oversikt over arbeidsoppgåver.

Vi har utført fleire oppdrag for Eigedoms og VA einingane for å avhjelpe dei med ulike ting. I tillegg har vi delteke på fleire tverrfaglege oppdrag i kommunen som har vore gjennomført. Vi gjennomførte opprusting av turvegen mellom Årneset via stadion og til E39.

Fleire av sentrumsvegane har blitt reasfaltert. I tillegg har vi asfaltert i overkant av 15km grusveg, dei fleste av desse har vore på bygdene. I forkant av dette vart det gjennomført eit omfattande arbeid med klargjering, grøfting, skifte av stikkrenner, samt grusing og planering. Dette har vore vellukka og vi har forventning til at dette skal medføre innsparingar. Nokre grusvegar har blitt grusa opp att med tilhøyrande oppgradering av grøfter og stikkrenner. Vi har gjennomført eit omfattande arbeid med kantslått. I tillegg har vi som alltid gjennomført ei lang rekkje større og mindre arbeid og oppgåver. Også på veg har FDV systemet vore til stor nytte.

Vi har halde planen for utskifting av veglys (til LED lys) og vi har fått bygd nokre nye mindre lysanlegg. Vi har vore i dialog med straumleverandør då vi ikkje nådde dei innsparingane som var forventa i høve utskiftingar. Her har vi forventningar til at dette vert retta opp/justert vedkomande kostnader.

Vi har hatt eit godt samarbeid med kyrkjekontoret vedkomande drift av gravstadane. Vi har faste oppdrag med alt vedlikehald på kyrkjegardar. I tillegg står vi for arbeidet med graving av graver og urner. Dette er oppgåver som naturleg nok er lite føreseielege og kan til tider vere utfordrande å gjennomføre då andre oppgåver må vike.

Vi får veldig mange meldingar inn frå publikum. Mykje er klager og oppmodingar om å utføre meir og fleire oppdrag. Vi har svart på spørsmål frå publikum og kome ajour med svarfristen på 3 veker. Vi fekk gjennomført fleire tiltak knytt til skiltplanar og handsama mange saker knytt til graveløyver og arrangement av ulike slag. Vi har arbeida målretta med å ha ei god servisehaldning. Dette har medarbeidarane erfaring med, men det er viktig å utvikle dette vidare.

HMS og trafikktryggleik
Det har vore gjennomført fysiske utbetringar etter avvik meldt inn frå tidlegare vernerunder. Vi har gjennomført 10-faktor med litt betre resultat enn året før. Det har vore gjennomført oppfrisking av fotgjengar felt og skifta ein del skilt som var gamle og slitne.
Vi har halde fram med å skifte ut ein del manuelle bommar (fysisk sjølvlukkande) slik at dei ikkje vert ståande opne i brøytesesongen. Vi har investert i 2 nye fjernstyrte bommar, då dei tidlegare hadde mange feil.

Satsingar 2019
Vi gjennomfører lovpålagd opplæring for tilsette for bruk av farleg reiskap. Det vert lagt opp til eit omfattande program for reasfaltering av kommunale vegar. Dette vil ta ein heil del av våre ressursar. Vi skal bygge ekom anlegg til Folkestad og til Grodås. Vi skal ruste opp taket på Myrtun, samt

investere i noko ny reiskap. Vi held fram med det målretta arbeid med servise haldninga vår til publikum/bebuarar og andre einingar i kommunen.

Brann og redning 2018

Beredskapsavdelinga
Beredskapsavdelinga hadde totalt 91 utrykkingar og 51 andre oppdrag i 2018. Branndepota på bygdene deltok i 5 av aksjonane.

Det har ikkje vore bygningsbrannar i Volda i 2018, men vi har ytt bistand til Ørsta ved 3 brannar. Det har vore ei lita auke i talet på trafikkulukker, brannhindrande tiltak og bistand ved andre ulykker og helseoppdag. Antal unødige alarmar er redusert frå 39 i 2017 til 28 i 2019 og viser at forebyggande arbeid er viktig.

Øvingar har vore gjennomført etter oppsett plan både i sentrum og på bygdene. Det har også vore samøving med Hornindal og andre nødetatar. I sentrum vart innført vaktskifteøvingar, noko som har vore svært positivt motteke og gitt gode resultat. Røykdykkarane har gjennomført lovpålagd fysisk test og helsekontroll. Dette er noko som må gjerast årleg for at dei skal vere sertifisert for slikt arbeid. Det same gjeld for utrykkingskøyring, som må sertifiserast minst kvart 5 år. 8 mann gjennomførte dette i 2018.
Kurs og opplæring: Førstehjelpskurs for Straumshamn og sentrum, Elveredningskurs, 2 mann på isredning, 2 utrykkingsleiarutdanning og 1 utrykkingsførarkurs og sertifisering for hjertestartar. Mannskapet på Dravlaus har gjennomført opplæring i bruk av frigjeringsutstyr.

Førebyggande avdeling
Branningeniøren har ansvar for tilsyn med særskilde brannobjekt og bustadtilsyn/feiing. Godt førebyggande brannvernarbeid er svært viktig og vi må ha høg fokus på dette framover, særskilt i dei utsette gruppene i samfunnet.

Feiinga vart i 2018 utført av kommunal tilsett feiar, i tillegg til at vi har leigt inn 30% feiar frå Hornindal. Å ha to feiarar som kan samarbeide har vist seg svært positivt og vi har kunne prioritere risikoutsette objekt mykje meir enn før. Mellom anna har dei utført beksotfjerning frå om lag 40 skorsteinar, noko som er eit særs godt brannførebyggande tiltak, og heilt i tråd med intensjonane med tenesta. Vi har, i tråd med den nye førebyggande forskrifta, jobba med ei omlegging i rutinar for feiing. Tidlegare har feiing vore utført med faste intervall. No skal ein gå over til behovsbasert feiing der intervalla vert fastsatt ut frå behov, fyringsmønster, risiko og fleire andre faktorar. Ein ser at dei aller færrast treng feiing anna kvart år. Intervall på mellom 4 og 6 år vil oftast vere rikelig nok, og dermed frigjere resursar til innsats der behovet er størst.

Utfordringar 2018
Vi ser at brannvernet oftare og oftare vert kalla ut til oppdrag som tradisjonelt ikkje har ligge til brannvernet sitt arbeidsområde . Særskilt helseoppdrag er utfordrande for brannmanskapa sidan dei ikkje har god nok opplæring og som det heller ikkje er system eller resursar for å ivareta. Det kan vere at brannvernet på sikt skal kunne handtere meir helseoppdrag, men det betyr at det må vesentleg meir opplæring og resursar til, og eit godt system for utdanning og vedlikehaldstrening. Brannvernet sjølv har ikkje kunnskap om dette og vi må ikkje risikere at dei kommunale brannverna utan vidare vert satt til oppgåver som ligg til ambulansetenesta. Dette vil i så fall kunne resultere i at innbyggarane får

vesentleg dårligare teneste. Ein bør vurdere å utruste og sertifisere depotmannskapet med hjertestartar. Brannavdelinga er under minimumskrav til dimensjonering, noko som er alvorleg sidan kommunen både har utfordrande topografi, over dobbelt så mange i beredskap som normalt, langt over gjennomsnittleg med brannobjekt og mange studentar som også skal ha teneste frå oss. Vi ser at med lite resursar til førebyggande arbeid vert det vanskeleg å fylgje opp dei nasjonale målsetjingane. Det er klare føringar for at kommunen skal ha system for brannførebygging for risikoutsette grupper, men dette rekk vi ikkje å ta tak i med dagens resursar. Etter kvart må kommunen også ta til med både feiing og tilsyn med fritidsbustadar. Skal vi ha sjanse til å nå over alt så vil det vere heilt naudsynt å tilsette ein feiar til.
Bygningsmassen i Volda vert stadig større og høgare. Brannvernet har ikkje utstyr for å kunne evakuere personar frå bygg meir enn 3 etg, eller kome til for brannslokking. Kommunen må såleis vurdere å prioritere brannstigebil for å ha god nok beredskap for slike bygg.
Det vil vere naudsynt å forsterke resursane i brannavdelinga i samanheng med kommunesamanslåinga.

Vatn og avløp

Vatn
Volda kommune har ståande pålegg frå Mattilsynet om å få plangodkjent og godkjent alle dei 10 vassverka kommunen har. Dette vart ikkje gjennomført i 2017 eller 2018 og vert forskyvd vidare inn i 2019 og truleg lenger grunna ressursmangel. Kvaliteten på vatn var gjennom heile 2018 god på alle vassverka.

Kommunen fekk spesifikt vedtak om å ferdigstille ROS analyse for Volda vassverk, noko som vart starta i 2018 og ferdigstilt i 2019. Ein var nær ved å få dagsmulkt grunna sen innlevering, men ein klarte å unngå dette.

Kommunen fekk også pålegg om å utarbeide ei realistisk framdriftsplan for godkjenning av Volda vassverk. Kravet på utarbeiding av plan vart satt til Mars 2019. Ressursmangel gjer at det blir krevjande å få fylgt opp alle krav og vedtak.

Porsemyrvegen var det største VA prosjektet i 2018 som vil halde fram til sommaren 2019. Her skal vatn og avløp i heile Porsemyrvegen skiftast ut og heile gata skal reetablerast med fortau og gatelys. Det er også inkludert utskifting av VA leidningar frå Porsemyrvegen til Storgata, samt ned til Anders Vassbotnvegen gjennom Kylnevegen.

Av utfordringar ser administrasjonen at få ressursar skal gjennomføre store, mange og omfattande prosjekt samstundes som dei daglege driftsutfordringane og oppgåvene blir større og fleir. Ressursane på VA står ikkje i stil med dei oppgåvene eininga har.

Ein har som mål og få starta prosessen med kommunal overtaking av Høydal vassverk.

Avløp
2018 vart eit utfordrande år for avløpssektoren i kommunen. Hovudreinseanlegget på Vikeneset stod meir eller mindre stille heile året. Mot slutten av 2018 vart det tilsett ingeniør som starta januar 2019 med hovudoppgåve og få framdrift på hovudreinseanlegget.

Det vart også starta opp prosjektering av nytt reinseanlegg på Søre Bjørkedalen. Når dette arbeidet er ferdig vil oppgraderinga og opprydding av private anlegg kring heile Bjørkedalsvatnet være ferdig.

Satsinga for 2019 er å få oppstart på mellombels anlegg på Vikeneset, samt å ferdigstille nytt avløpsanlegg på Søre Bjørkedalen og ferdigstille oppryddingsarbeidet på Folkestad.

Eigedom

Eigedom arbeidar i bredt område med ansvar for investering, FDVU og reinhald. Alle fagområda må handle godt saman frå planlegging og bygging, til driftsfasen i kommunale bygg.

Gjennom 2018 har det vore arbeidd med mange store investeringsprosjekt. Øyra skule har vore igjennom prøvedrift og garanti. ROP – bustadar på Rotset vart tatt over frå entreprenør, eit innovativt prosjekt for spesialtilpassing av brukargruppe. EPC-prosjektet fikk stopp når entreprenør gikk konkurs, det har vore svært mykje administrativt arbeid i samband med dette. Konkursbu valde å ikkje tiltre kontrakten. Kommunen har gjennomført registreringsforretning og gjennomført dokumentering, prosjektet vil bli sluttført i eigen regi. I 2018 har det vore gjennomført innkjøp og gjennomføring av ei moglegheitsstudie av Volda ungdomsskule. Arbeidet med moglegheitsstudiet har kartlagt arealbehova skulen har, samt vurdert bæresystem, oppbygning av bygningskropp og utforming av areal opp mot arealbehovet og gjeldande lover og krav. Resultatet av moglegheitsstudiet har vidare blitt brukt til vurdering av om skulen skal rivast, renoverast og/eller byggast på.

FDV og reinhald har vore tett på i gjennomføring/overtaking av investeringsprosjekta. I tillegg til dette er det gjennomført 4277 aktivitetar gjennom FDV på dei kommunale bygga. Dette er store og små oppgåver knytt til ansvarsområdet. Dette tilsvara ca.20 ulike tiltak pr. arbeidsdag i 2018.

Alle kommunale bygg vart i 2018 kategorisert i A, B, C etter tilstand på bygg, samt korleis administrasjonen ser på framtida til bygget. Kategori viser blant anna til nivå og frekvens for framtidig tilstandsanalyse pr. bygg. Alle bygg vart tatt tilstandsanalyse på i 2018 med fokus på vedlikehald.

HMS: Avdelinga har strukturert årshjul med medarbeidarsamtalar, ROS analyse i avdelinga og vernerunde med meir.

Folkehelse: Eigedom har gjennom sine prosjekt fokus på tilrettelegging for gode og funksjonelle bygg for sine innbyggarar. Kommunale bustadar som er blitt ledige har i stor grad blitt renovert til god standard. Det er gjort ei rekke inneklimatiltak i kommunale bygg som skular og barnehagar.

Klimaplan/miljø: Eigedom deltek i nettverk for bærekraftige bygg, med fokus på auka kunnskap kring kutt i klimagass og bruk av massivtre.

Innkjøpspraksis: Eigedom har fokus på gjennomføring av innkjøp i tråd med god innkjøpspraksis gjennom handtering av lovverket for offentlig anskaffing. Fagområdet er komplisert og med dei store tunge prosessane som kommunen har er det naudsynt med ekstern kompetans, dette har eigedom sikra seg gjennom eksterne rammeavtalar.

Utfordringar eigedom

Eigedom har stadig ansvar for meir kommunal bygningsmasse utan tilførsel av arbeidskraft og driftsmidlar, nye bygg er meir krevjande FDVU med stadig større og meir tekniske anlegg, samt større areal å reingjere. For å sikre godt vedlikehald på eksisterande og nye bygg bør ein tilføre meir arbeidskraft i avdelinga.

Vi ser at bruken av kommunale bustadar er krevjande med hard bruk av bustadane, eigedom er einaste kommunal teneste som kan krevje tilgang til bustaden for kontroll. I bustadsosial handlingsplan er det

foreslått å tilsette ein person i eigedom som skal drive med oppsøkande HMT arbeid ut i den enkelte bu eining. Gjennom systematiske besøk og opplæring/oppfølging av bebuar meina vi å kunne få ned vedlikehaldskostnaden til kommunen, samstundes som ein gjer den enkelte person i stand til å kunne leige ekstern bustad, eller ta vare på eigen bustad i framtida. Det er ikkje satt av midlar til dette i budsjett og økonomiplan.

Folkehelse
Gjennom førebyggande tiltak, som tilsyn med piper, eldstadar og særskilte brannobjekt, samt informasjon og kurs/opplæring, legg vi til rette for at innbyggarane i Volda skal få den informasjon som trengs for å bu trygt, og at dei skal kunne opphalde seg i offentlege bygg utan fare for liv og helse med tanke på brann. I samarbeid med dei andre naudetatane har vi ei redningsteneste som sikrar at innbyggarane får naudsynt hjelp om dei vert råka av brann eller ulukke.

Vatn og avløp er i høgste grad folkehelse. God kvalitet på drikkevatn og god kvalitet på avløpsreinsing bidrar til ein sunn og frisk befolkning. Folkehelseinstituttet gjennomfører frå og med 2017 eit forskingsprosjekt kor ein prøver å sjå på samanheng mellom drikkevatn og sjukdom. Når svara frå dette prosjektet kjem er framleis uklart, men vil kunne være med på å betre og endre måten vi tenker på drikkevatn på.

Gode og robuste barrierar og system for å sikre reint drikkevatn er høgt oppe på prioriteringslista til vatn og avløp.

God reinsing av avløpsvatn er svært viktig særleg der ein slipp avløpsvatn ut i ferskvatn og stadar kor folk badar og oppheld seg for å forhindre bakteriespreiing og sjukdom.

Klimaplan
Alle tiltak på vatn og avløp bør være robuste og framtidsretta, med lågt energiforbruk. Materiala ein nyttar bør også være klimavennlege og resirkulerbare.

Innkjøpspraksis
Vatn og avløp har varierande innkjøpspraksis ut i frå kva som skal kjøpast inn. Er innkjøpet komplekst eller kan by på problem har ein nytta seg av innkjøpsavtalen ein har med Odin prosjekt og nytta denne til å gjennomføre innkjøp. Ved enklare og meir definerte innkjøp har administrasjonen sjølv gjennomført konkurranse utan assistanse.

Administrasjonen skal forsøke å gjennomføre meir opne anbodskonkurransar med definert behov i staden for produkt og løysingar. Men det er ikkje alle innkjøp som er eigna til dette, og administrasjonen har liten erfaring med slike innkjøp.

Etikk
Ein forsøker å følgje dei etiske retningslinjer kommunen har til ein kvar tid.

Rapportering på mål

SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Alle skriftlege førespurnadar skal gjennomgå ein mottakskontroll og få tilbakemelding innan 4 veker		Teknisk sektor har stort sett kontroll på mottakskontroll og gir tilbakemelding innan fristane. Innanfor enkelte områder kan det vere utfordrande, men ein arbeidar systematisk for å rette dette.
Tilpasse standard på tenestene og gjere tiltak for å halde budsjettramma		Ein arbeidar systematisk og godt og har tilfredstillande kontroll med omsyn til økonomi. Ein arbeidar tett med økonomiavdeling for å forbetre og rette opp feil løpande. På områder der ein har utfordringar er det iverksatt tiltak for å minimere risiko for overskriding av budsjettramme.
Behalde og rekruttere personell		Ein vurderer dette som tilfredstillande
Nærvær på min 90 %		Ein vurderer dette som tilfredstillande, men der er rom for forbetringar
Brannberedskapen skal opplevast som god		Ein vurderer dette som tilfredstillande
Brannberedskap som tilfredsstiller dimensjoneringsforskrifta og vurdert risiko i heile kommunen		Har gjennomført ROS analyse. Analysen viser ingen behov for strakstiltak, men nokre utfordringar dei komande åra.
Lukke avvika brannvernet fekk i 2016 etter tilsyn frå Arbeidstilsynet og DSB.		Ikkje utført rein/skitten sone i stasjon og branngarderobe. Tiltak vert utført første halvår 2019.
Risikobasert tilsyn i særskilte brannobjekt		Ein arbeidar systematisk med omsyn til tilsyn på slike objekt.
Feiing etter behov og tilsyn kvart 4 år i alle bustadar.		Ein vurderer dette som tilfredstillande

SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Brannmannskapa gjennomført opplæring, øving/kurs og tryggleiksutstyr slik at dei kan utføre redningsinnsats på ein trygg måte		Ein vurderer dette som tilfredstillande, men stadig nye krav gjer at det er viktig å halde kontinuitet i opplæringa.
Førebyggande brannvernsopplæring for alle 6. klassingar i kommunen		Alle skulane deltok. Til saman opplæring for 9 6.klasser. Prosjekt i samarbeid med eltilsynet.
Vedlikehald, rehabilitering og oppgradering for å gi brukarane brukarvenlege lokale så langt det er mogleg innanfor den kommunale bygningsmasse		Ein vurderer dette som tilfredstillande.
God prosjektstyring ved koordinering og planlegging med rett progresjon i høve regulering, finansiering og grunnkjøp.		Ein har hatt utfordringar med omsyn til kapasitet. Området er prioritert i ny organisering av ny kommune og ein forventar ei heving av dette fagområdet framover.
Fokus på miljø, sørgje for gode tiltak blir gjennomført i tråd med kommuneplan med satsing på klima og miljø.		Ein har hatt utfordringar med EPC programmet, men ser på moglege løysingar for å kome i mål med prosjektet.
Starte arbeidet med å etablere ein oppgradert eller ny base for driftsoperatørane ved Myrtun i samsvar med arbeidsmiljølova.		Arbeid med Myrtun er ikkje starta. Kapasiteten på garderobe er utfordrande og det er ikkje tilrettelagt for herre/damegarderobe.
Regelmessige møter med alt personell og rutine på enkeltvis samtalar /medarbeidarsamtale med alle tilsette etter avtalt intervall.		Ivaretatt
Utarbeide rutinar og standarar for arbeidet som vært gjennomført ved drift og vedlikehald av kommunale vassverk og avløpsreinseanlegg		Området er utfordrande, men vil ha fokus framover. Det vil fortsatt ta litt tid før ein kan seie seg nøgd.
Få på plass eit FDV system tilpasse drift og vedlikehald av vassverk og avløpsreinseanlegg og leidningsnett.		FDV systemer vert nytta, men ein ser at systemet må vidareutviklast.
Utvikle kompetanse på innovative innkjøp etter modellen i Leverandørutviklings-programmet. Gjennomføre alternative innkjøpsmodellar med fokus på innovasjon		Vert vurdert løpande

SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
og betre oppfølginga av leverandørar og entreprenørar som utførar oppdrag for kommunen.		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		Området har fokus framover, men det vil fortsatt ta litt tid før ein kan seie seg nøgd.

2.8 UTVIKLING

Utvikling, sektorleiar Jørgen Vestgarden
Eining
Plan
Landbruk
Kart, oppmåling og byggesak

Årsverk og stillingar

Eining	Ansatte %	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Kart, oppmåling og byggesak	9,00	9	4	5			
Utvikling	**9,00**	**9,00**	**4,00**	**5,00**	**0,00**	**0,00**	**0,00**

Dei 9 stillingsheimlane er fordelt på 1 leiar, 1,5 på bygge- og delesak, 2 på kart/oppmåling, 1 kommuneplanleggjar/miljø og 3 planleggjarar.

Økonomi

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Avvik 2018	Rekneskap 2017
Utgifter	10 135 131	10 275 840	140 709	10 151 723
Inntekter	-3 299 420	-3 305 418	-5 998	-4 185 950
Utvikling	**6 835 711**	**6 970 422**	**134 711**	**5 965 774**

Sektoren har hatt ei ramme på kr 6 970 422. Rekneskapen viser eit forbruk på kr 6 835 711 som betyr at eit mindreforbruk på kr 134 711. Hovudårsaken er at vi har hatt noko lågare utgifter på kart, oppmåling og byggesak enn budsjettert.

Omtale av 2018

Bygge- og delesak
Vi har hatt god framdrift på bygge- og delesaker. Tilsyn og oppfølging av ulovlegheiter har vore noko nedprioritert grunna generelt stor arbeidsmengd på byggesak.

Omfanget av byggesøknadar for 2018 (2017 i parantes).

	I alt	Ramme-søknad	Eit-trinn	Søknad utan ansvar	Dispensasjons-søknadar
Tal på mottekne søknadar	66 (82)	10 (9)	33 (47)	23 (26)	23 (20)
Tal på handsama søknadar	67 (97)	11 (16)	34 (52)	22 (29)	22 (26)

	Igangsetting	Mellombels bruksløyve	Ferdigattest
Tal på handsama søknadar	17 (20)	16 (23)	58 (72)
Gjennomsnittleg handsamingstid (dagar)	10 (10)	7 (7)	13 (12)

Kart og oppmåling
Det vart gjennomført 41 oppmålingsforretningar 2018 og det er ein auke frå 33 gjennomførte oppmålingsforretningar i 2017. Det er god framdrift på oppmålingsavdelinga, men det var nokre få saker som vi tapte gebyrinntekter grunna lang sakshandsamingstid.

Plan
Planarbeidet i 2018 har framleis hatt stort fokus på kommuneplanarbeidet, der ein no i april vil ha klart første utkast til arealdelen for utlegging til offentleg ettersyn.

Kommunedelplanar godkjende i 2018:

- Godkjenning av planprogram – Voldsfjordkryssing- kommunedelplan

Reguleringsplanar godkjende i 2018:

- Detaljregulering Studentbustader -Langvatn-Heltne (privat plan)
- Områdereguleringsplan E39-Volda Furene ("Volda-tunellen") (Statens vegvesen/Volda kommune)
- Detaljreguleringsplan Idrettshall m.m Volda Campus Arena (Privat/kommunal plan)

Det er totalt handsama 22 dispensasjonar frå plan.

Landbruk

Vi har felles landbrukskontor i saman med Ørsta kommune der Ørsta er vertskommune. Dei lagar til ein felles årsmelding, sjå vedlegg

Folkehelse
Vi har fleire prosjekt som skal medverke for å ivareta eller førebyggje innbyggjarane si helse:

- Fullført kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde i kommunen og integrert denne i Naturbase
- Bygging av bruer og turveganlegg mellom Volda sentrum og Presteholmen i Elvadalen med tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune og spelemidlane. Ferdig 2018.
- Innløyst eit ca 20 mål sentrumsnært friluftsområde - Andaneset, med tilskot frå Miljødirektoratet
- Gjennomført fleire prosjekt med merking og skilting av turstiar i kommunen i samarbeid med Friluftsforeninga Volda og andre.

Klimaplan
I høve til klimaplan er rutine for oppfølging og kontroll av avfallsplanar i byggesaker etablert og følgjast opp. Elles er vi med i eit interkommunalt klima- og energinettverk med andre kommunar her på Sunnmøre der deling av kompetanse og erfaringar om klimatiltak skjer jamleg.

Innkjøpspraksis
Alle som gjer innkjøp ved sektoren kjenner til regelverket om offentlege innkjøp og det er ein føresetnad at dette verte følgd.

Etikk
Dei tilsette på sektoren er kjent med dei etiske retningslinene til Volda kommune og det vert forventa at desse vert følgde.

Resultatmål

SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Folkehelseperspektivet skal vere med i all planlegging	🟢	Høgt fokus
Søke om tilskot til minst eit friluftstiltak jf kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (KIFF-planen)	🟢	
Rullering av KIFF-planen (både rullering av hovedplanen og handlingsdel)	🟡	Handlingsdel er rullert. Arbeidet med rullering av hovudelen er starta på, men ikkje avslutta sidan vi skal lage til ein felles plan for nye Volda kommune.
Halde den økonomiske ramma	🟢	Mindreforbruk
Medarbeidarsamtale med alle tilsette	🟢	
Kritikkverdige forhold skal varslast i samsvar med kommunen sine rutinar etter arbeidsmiljølova	🟢	
Initiere innovative/nytenkjande tiltak	🟢	Søkte og fekk støtte til el-syklar for rådhustilsette. Desse er på plass.
Nærver skal aukast i høve til 2017 (ambisjonsnivå på min 95 %)	🟡	Auke frå 2017, men grunna langtidssjukemelding i starten av året vart ikkje ambisjonsnivået nådd heilt. Det vart 93,35 %
Sjukefråver pga av arbeidsmiljø skal ikkje forekome	🟢	

SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Rett kompetanse i alle stillingar		
Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk		
Alle som vender seg til Volda kommune skal få svar i samsvar med krava i forvaltningslova		
Koordinering av gjennomføring av planar saman med teknisk sektor		Vi har fått til dette på nokre prosjekt, men vi kan framleis verte betre på dette.
Ferdigstilling av kommuneplanen sin arealdel med ROS-analyse og konsekvensutgreiing (KU)		Delvis nådd. ROS-analyse og KU er på plass, men planen no er å ha klar høyringsforslag til arealdelen før sommaren 2018
Rullering av handlingsprogrammet til klimaplanen		Nedprioritert grunna arbeid med ny arealdel til kommuneplanen. Vi tenker å ta rulleringa i samband handlings-delen til ny samfunnsdel i 2020.
Revisjon av overordna ROS-analyse frå 2013		Utsatt grunna arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen har vore prioritert. Vi har fått inn konsulent på dette no og vil vere ferdig i løpet av hausten 2019.

2.9 BARNEVERN

Barnevernstenesta sine hovudmål er gitt i Lov om Barnevernstenester. Tenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid og bidra til at barn og unge får gode oppvekstvilkår.

Sidan 2014 har Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta stått saman om ei interkommunal barnevernsteneste, med Volda kommune som vertskommune. I mars 2017 vart Hornindal også ein del av vår teneste.

Leiar for tenesta i 2018 var Aina Øyehaug Opsvik.

Barnevernstenesta			
Eining	**Leiar**	**Ansvarseining**	
Barnevernstenesta Hareid **Hornindal Ulstein Volda Ørsta**	**Aina Øyehaug Opsvik**	**4700**	Barnevernstenesta
		4711	Hareid tiltak i heimen
		4712	Hareid tiltak utanfor heimen
		4721	Ulstein tiltak i heimen
		4722	Ulstein tiltak utanfor heimen
		4791	Volda tiltak i heimen
		4792	Volda tiltak utanfor heimen
		4731	Ørsta tiltak i heimen
		4732	Ørsta tiltak utanfor heimen
		4741	Hornindal tiltak i heimen
		4742	Hornindal tiltak utanfor heimen
Einsleg mindreårige	**Anette Hauger**	**4739**	EM Ørsta
		4799	EM Volda

Eining	Ansatte %	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Barneverntenesta (vertskommune)	34,70	37	35	2	2	2	1
Enslige Mindreårige EM	25,78	29	16	13	8	6	1
Barnevern	**60,48**	**66**	**51**	**15**	**10**	**8**	**2**

	Årsverk	Antal	Kvinner	Menn
Kontorfagleg	2	3	3	0
Fagstillingar	32,7	34	32	2
EM Ørsta	8,95	11	6	5
EM Volda	9,99	11	5	6
Oppfølgingstenesta EM	5,04	6	4	2

ORGANISERING

Personalet er organisert og oppdelt i fagteam, der ein arbeider etter fasane i ei barnevernssak. Kvart team har sin leiar.

Vi har sett inn tiltak for å sikre at tenesta er *ei teneste*, der personalet for eksempel ikkje er tilsett på teamet, men i tenesta. Vi har faglege rettleiingsgrupper på tvers av teama, teamet følgjer sakene så lenge barna treng det i overgangen til ny fase, vi bidreg inn i kvarandre sine problemstillingar, og teamleiarane har felles overføringsmøte kvar veke.

Når det gjeld omsorga for einslege mindreårige flyktningar har vi det vi kallar "Fagteam EM". Her har Volda og Ørsta etablerte bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar, med eige personale som går i døgnturnus. Det er også etablert ei "oppfølgingsteneste"; personale som følgjer opp dei som har flytta ut av bufellesskapen.

Organisasjonskartet vårt frå 2018 ser slik ut:



Fagteamleiarane

Melding og undersøking: Mette Kjalnes Sørvik

Hjelpetiltak: Torill Osborg Vinjevoll

Hjelpetiltak einslege mindreårige flyktningar: Anette Hauger

Omsorg: Fram til mars 2018 Ann Reidun Vik, frå mars 2018 Siv Dimmen

Omtale av 2018

I 2018 har ein fullført å ta i bruk økonomidelen av fagprogrammet, som ein nyttig reiskap for å få oversikt over kostnadane ved kvart enkelttiltak. Vi starta arbeidet med dette i andre halvdel av 2016.

I andre halvdel av 2018 starta tenesta opp arbeidet med å få elektronisk arkiv, Svar ut og digitalisere fagprogrammet. Dette var eit krevjande prosjekt for alle tilsette, men vi kom i mål. Vi ser at dette har gjort kommunikasjonen med brukarane meir effektiv.

Vår barnevernsteneste er Mitt Liv kommune og har eit tett samarbeid med Forandringsfabrikken og deira barnevernsproffar. Som mange andre barnevernstenester i Noreg, har vi forplikta oss til å følgje deira anbefalingar for forsvarleg barnevernspraksis. Mitt Liv sitt barnesyn og deira verdiar, openheit, kjærleik, audmjukheit og medverknad, er styrande for arbeidet vårt. Dette er nyttige direktiv for å trygge at barn og familiane deira møter eit barnevern der barnet er i fokus, og der barnet sin stemme vert høyrt og teke sterkt omsyn til. Mitt-Liv-prosjektet har også ført til at vi har tatt i bruk råda deira om «Klokhet mot vold» og «Trygg foreldreinfo».

Dei siste åra har det vore ein markert auke i saker som gjeld vald. Vi har erfart at vi grunna mellom anna dette får eit aukande tal henvendingar som krev akuttvurdering på dagtid. For å få til god og effektiv ivaretaking av desse sakene har vi etablert ei akuttvaktordning innafor arbeidstida. På dagtid har den interkommunale tenesta fått 109 akutte henvendingar i 2018. Den interkommunale tenesta var involvert i saker der barn var til avhøyr på barnehuset vedkomande 37 barn i 2018.(Hareid 2 barn, Ulstein 8 barn, Volda 12 barn, Ørsta 15, Hornindal 0 barn) Desse tek mykje tid og ressursar. Anna arbeid må leggast til side og fleire tilsette må som regel involverast.

For å tilfredstille kravet om ei forsvarleg barnevernsteneste i kommunen må ein ha ei teneste som er tilgjengeleg for brukarane heile døgnet. Dei sju kommunane på Søre Sunnmøre har ikkje det og våren 2018 vart det søkt om skjønsmidlar frå Fylkesmannen for å utgreie og etablere felles vakt i desse kommunane. Kommunane fekk kr 750 000 til dette. I august 2018 starta ein med møter om barnevernsvakt mellom barnevernsleiarane i dei sju kommunane og hovudtillitsvald for FO i den interkommunale barnevernstenesta. I løpet av hausten fekk vi vite at Ålesund kommune var i ferd med å utgreie barnevernsvakt for Nye Ålesund der dei la opp til å kunne ta ansvar for ei barnevernsvakt også for omliggande kommunar. Etter dette vart det lagt fram eit forslag for rådmannsgruppa om å vente med å arbeide vidare med ei eiga barnevernsvakt i Sjustjerna til Ålesund var ferdig med si utgreiing. Det vart bestemt å vente slik at ein kunne vurdere om det kunne være ei løysing å gå inn i samarbeid med Ålesund om vakta. Dette har ein som mål å avgjere i løpet av våren 2019.

Vi har ført saker vedkomande 13 barn i nemnds og rettssystemet i 2018, av desse vart fleire handsama som samtaleprosess. Desse sakene krever mykje av dei tilsette si tid og påverkar kapasiteten på dei ulike teama.

Vidare har vi delteke på ulike typar kurs og fagsamlingar, og vi har hatt interne fagdagar. Kurs arrangert av Fylkesmannen og elles lokale kurs vert prioritert. Kvart team har arrangert eigne fagdagar i tillegg til at vi har hatt interne fagdagar for heile tenesta der vi sjølv har stått for innhaldet. Hausten 2018 vart det starta opp Læringsnettverk for barnevernstenestene i Møre og Romsdal i regi av Fylkesmannen. Dette er eit prosjekt som er ein del av Bufdir si kompetanseheving av barnevernstenestene i Norge og skal vare i seks år. I 2018 har heile tenesta, inkl. EM, vore med på opplæring knytt til vald og trugslar, både med bevisstheit kring sikkerheit i saker, og fysiske øvingar knytt til dette.

Alle fagtilsette har faste tider for saksrettleiing med sin teamleiar og har tilbod om fagleg rettleiing i grupper. Det er også gjennomført medarbeidarsamtalar. Vi har arbeidd med organisasjonsutvikling og vårt eige arbeidsmiljø, og vil halde fram med dette som ein kontinuerleg prosess i målet om å vere ein lærande organisasjon.

Barnevernstenesta hadde tilsyn frå arbeidstilsynet i februar 2018 med fokus på vald og truslar. Dette medførte pålegg om tiltak for å utbetre situasjonen i tenesta vedkomande dette. Tenesta arbeidde med desse tiltaka i 2018 og tilsynet vart avslutta hausten 2018.

I Volda og Ørsta driftar den interkommunale barnevernstenesta bustadar for einsleg mindreårige flyktningar. Barna har vore fordelt på to einingar i Volda og to i Ørsta samt ei felles oppfølgingsteneste som fyl opp dei som er flytta ut til eit sjølvstendig tilvære på hybel. Det er bygt opp eit godt fagmiljø i tilbodet til einsleg mindreårige og barna får god omsorg og oppfølging.

Tilskot frå staten har vore vesentleg for drifta av desse bustadane, denne har siste åra vorte redusert og reduserast no ytterlegare. Talet på einsleg mindreårige som kjem til landet har gått ned og kommunane får tilbod om færre barn til busetjing. På grunn av desse endringane starta ein i 2018 ein prosess med

å bygge ned tenesta i eit tett samarbeid mellom tillitsvalde, verneombod og arbeidsgivar. Ved utgongen av året 2018 var det att ein bustad for einsleg mindreårige i Ørsta og ein i Volda.

Tenesta arbeidar stadig med å evaluere eige arbeid for å bli meir effektive og for å finne gode metodar for å arbeide kreativt og målretta. Individuell rettleiing og drøftingar i teamet er derfor viktig. Vi erfarer at tilsette i tenesta har eit høgt fagleg fokus, og kontinuerlig arbeidar for å gjere tenesta betre. Tenesta har over tid hatt eit høgt sjukefråvær. Dette har også prega 2018. I barnevernstenesta er det ikkje muleg å leige inn vikarar for kortids fråvær då ein har behov for ein viss fagleg kompetanse og kunnskap om korleis arbeidet vert utført. Det er derfor ei utfordring å stette dei krava lova stiller til oss når det er mange tilsette som er sjukmelde.

Tverrfagleg og førebyggande arbeid

Vi har faste samarbeidsmøter med alle instansar som arbeider med barn og unge i samarbeidskommunane, samt med politiet. Vi har hatt politi og sosialarbeidarstudentar i praksis og tek i mot studentar frå høgskulen i ulike høve når dei tek kontakt. Alle barnehagane og skulane, samt andre instansar, har sin eigen kontaktperson i barnevernstenesta. Dette for at terskelen for å ta kontakt skal vere så låg som mogleg. Kontaktpersonane møter til dømes på foreldremøter, personalmøter og andre samanhengar for å informere om vårt arbeid. Vi har elles presentert og diskutert barnevernets arbeid på ulike personalsamlingar hos samarbeidsinstansar.

I mars 2018 vart det arrangert ein fagdag som barnevernstenesta tok initiativet til og sto ansvarleg for saman med fleire ulike samarbeidsinstansar i våre kommunar. Temaet var tverrfagleg samarbeid vedkomande barn med funksjonshindringar. Fylkesmannen tok del med informasjon og forfattaren Olaug Nilsen hadde innleiing. Det var godt frammøte av tilsette frå ulike tenester som arbeidar med barn og unge, frå alle kommunane i sjustjerna.

Mottaks- og undersøkingsteamet

Teamet si hovudoppgåve er mottak, gjennomgang og undersøking av meldingar. Teamet har faste møter, der ein drøftar sakene. Ein legg vekt på å snakke med borna i alle undersøkingar, og det skal kome tydeleg fram i vårt arbeid, kva borna seier om sin situasjon. Vi har fokus på å fylgje dei endringane som lover og føreskrifter legg opp til.

Tabell meldingar 2018 :

	2014	2015	2016	2017	2018	Fristbrot undersøkingar 31.12.2017	Fristbrot undersøkingar 31.12.2018
Hareid	61	72	63	62	51	7 %	7,14%
Ulstein	55	44	66	74	89	6 %	6,1%
Volda	90	61	64	75	101	11 %	11,11%
Ørsta	75	78	102	118	98	14 %	5,8%
Hornindal				2	4	0 %	0%
Samla	281	255	295	331	343		16,3%

Talet på meldingar har auka. I 2014 fekk tenesta 281 meldingar om bekymring for barn og i 2018 343 meldingar. Dei fleste meldingane vert undersøkt og det stillast store krav til den faglege kvaliteten i

undersøkinga. Vi ser at samla fristbrot for den interkommunale tenesta har gått opp. I 2018 16,3% mot 11,6.% i 2016. Nokre saker er kompliserte, og treng meir tid. Vi har fleire familiar der ein av foreldra har arbeidet sitt på sjøen, det gjer at det kan vere krevjande å rekke undersøkingsfristen på tre månadar. Vi ser også at eit høgt sjukefråvær gir konsekvensar for moglegheita til å nå mål om minst muleg fristbrot.

Hjelpetiltakteamet

Hjelpetiltaksteamet arbeider i hovudsak med å gi friviljug hjelp til heimebuande barn og deira familiar. Hovudandelen barn som tek i mot hjelp frå barnevernstenesta får hjelp frå dette teamet. Det har vore stor utskifting i dette teamet i 2018 grunna sjukemeldingar, permisjonar og at tilsette har endra team.

Tal på barn som tok i mot hjelpetiltak i heimen ved utgangen av året:

	2014	**2015**	**2016**	**2017**	**2018**
Hareid	32	26	38	35	35
Hornindal				6	2
Ulstein	41	34	51	50	50
Volda	57	57	56	58	79
Ørsta	47	52	74	72	89
Samla	**177**	**169**	**219**	**221**	**255**

Det er eit sterkt fokus på å sikre at kvart barn har tiltaksplan og at desse tiltaksplanane vert evaluerte. Vi ser at dette fokuset har ført til at om eit barn no ikkje har aktiv tiltaksplan er det som regel grunna i at den er i ei endringsfase eller at saka er i ei overgangsfase mellom teama. I 2018 har tiltaksteamet hatt fleire tilsette som har vore sjukmelde over lang tid. Dette får også konsekvensar for framdrifta i sakene og kan være årsak til at nokre tiltaksplaner ikkje vert evaluerte til rett tid,

Omsorgsteamet

Omsorgsteamet tek seg i hovudsak av oppfølging av barn og unge som bur utafor heimen, i fosterheim eller i institusjon. Ein følgjer også opp dei som har fylt 18 år, og som har ønska ettervern. Unge vaksne som bur/har budd i fosterheim eller institusjon har krav på ettervern fram til fylte 23 år.

Oversikt over barn med tiltak utafor heimen i åra 2014 - 2018(0-18 år):

Barn under omsorg					
	2014	**2015**	**2016**	**2017**	**2018**
Hareid	15	15	13	*13*	*13*
Ulstein	14	16	17	17	18
Hornindal			0	0	0
Volda	14	12	12	11	11
Ørsta	17	16	9	9	13
Samla	**60**	**59**	**51**	**49**	**55**

Unge vaksne med ettervernstiltak (18-23 år):

	2014	**2015**	**2016**	**2017**	**2018**
Hareid	0	1	0	2	3
Ulstein	12	7	8	9	12
Volda	7	12	9	9	8
Ørsta	4	4	10	8	7
Samla	**23**	**24**	**27**	**28**	**30**

Som tabellen viser, er talet på barn i ulike omsorgstiltak varierande frå år til år, der nokre saker blir avslutta og nye kjem til. Dei fleste av dei bur i fosterheim. Pr. 31.12.2018 budde 5 barn i institusjon. Desse høyrer til; Hareid kommune 3, Hornindal 0, Ulstein kommune 0,Volda kommune 1 og Ørsta kommune 1.

Kravet i barnevernslova, om at alle barn i fosterheim skal ha sin eigen omsorgsplan, er oppfylt 100 % i 2018. Målet om at alle fosterbarn og fosterforeldre skal ha inntil to/fire besøk/samtaler per år med barnevernstenesta er også oppfylt. Dette har vore eit fokusområde dei siste åra og det ser ein no resultat av. Det er laga nye rutinar som vil ha høg prioritet også i åra som kjem. Dette gjeld også oppfølging av biologiske foreldre.

Famileteamet arbeidar direkte med endringstiltak inn i familiane og tilbyr familieterapi og anna familierettleiing, til dømes PMTO og Marte-Meo, som er manualbaserte rettleiingsformer. I 2018 har dette teamet fått tilmeldt 61 barn. (12 Hareid, 9 Ulstein, 20 Ørsta, 17 Volda.)

Vår erfaring er at mange av dei familiane som får hjelp har behov for styrking av foreldrekompetansen. Dette er ei utfordring for kapasiteten til familieteamet. Barn med stort skulefråvær, dårleg eller manglande foreldresamarbeid mellom skilde foreldre, er andre problemstillingar vi arbeidar med.

Vi har også saker der problemstillingane er knytt opp mot at eit barn i ei familie har funksjonshemming og/eller psykiske vanskar, dette verkar inn på heile familien og det kan være ei utfordring for foreldra å orientere seg om kva hjelpetiltak kommunen har å tilby. I arbeidet med alle barna og familiane er det eit samarbeid med andre tenester. Vi er særs merksame på dette, og ser at eit godt tverrfagleg samarbeid er avgjerande for at barnet og familien skal få god hjelp.

Dette teamet har også hatt fleire tilsette som har vore sjukmeldte over tid og dette har gått utover kapasiteten til teamet.

Hjelpetiltaka for einsleg mindreårige flyktningar i Ørsta og Volda

EM tenesta har i 2018 måtte redusere drifta på bakgrunn av låg tilkomst av EM til Noreg, og færre anmodningar frå IMDi vedrørande busetting til Ørsta og Volda.

Ørsta fekk opprinneleg inga anmodning om busetting, men fekk tross dette førespurnad om å busette ein frå EMA mottaket i Volda. Dette var kommunen positiv til. Ein såg likevel som ein konsekvens av låge busettingstal, at drifta måtte reduserast. Sidekroken bufellesskap hadde tomt for ungdommar desember 2018, ved at ein ungdom vart flytta til Einehøgda bufellesskap. Sidekroken bufellesskap er nå avvikla.

Smilebakken bufellesskap fekk anmodning om busetting av to ungdommar, samt tilleggsanmodning om busetting av to EM i juni 2018. Tre ungdommar vart busett i regi av EM- tenesta underlagt barnevernet i 2018. I november vart ein del av bufellesskapet med plass til fire ungdommar avvikla, for å tilpasse drifta til det nye busettingsbehovet.

Busetjing og flyttingar i 2018:

Ørsta: Kommunen busette ein einsleg mindreårig i første halvår av 2018.

Volda: Kommunen busette tre einsleg mindreårige i 2018. To vart busett i første halvår og ein i andre halvår. Ein ungdom fekk familiegjenforeining.

Drift

Ørsta:

Sidekroken bufellesskap: Fire ungdomar har budd i bufellesskapet i 2018. I tillegg har ein hatt ein ungdom frå ordinært barnevern buande i periodar i Sidekroken, han vart flytta til Einehøgda bufellesskap i desember 2018 på bakgrunn av avvikling av bufellesskapet. Sidekroken har også heile året fylt opp ein familie med fleire born frå ordinært barnvern.

Einehøgda bufellesskap: Fem ungdomar har budd i bufellesskapet i 2018

Oppfølgingstenesta: 14 ungdomar har blitt følgt opp av oppfølgingstenesta i løpet av året.

Ingen ungdomar i Ørsta har hybel på framleige eller bur i kommunale bustadar.

Volda:

Smilebakken bufellesskap: 8 ungdomar var knytte til bemanninga i bufellesskapet ved utgangen av 2018.

Oppfølgingstenesta: 15 ungdomar har blitt følgt opp utanfor bufellesskapa i løpet av året.

Felles for Ørsta og Volda: Oppfølgingstenesta har vore interkommunal frå 2015. I 2018 har oppfølgingstenesta ikkje hatt oppfølging på oppdrag frå det ordinære barnevern

Finansiering av tiltaket

Frå 1.1.17 er refusjonsordninga avslutta og erstatta med eit EM-tilskot pr einsleg mindreårig ein buset, i tillegg til integreringstilskotet som er likt for alle flyktningar. Ein ser at denne finansieringsordninga gjer tiltaka meir sårbare for svingingane i busetjingstal, samt at også flyttingar ut av kommunen og familiesameiningar i større grad påverkar inntektene til kommunen enn det har gjort før.

Tilsynsførarordninga

Barnevernstenesta har ansvar for å føre tilsyn med barn som bur i fosterheim i våre kommunar. Barna skal ha minimum fire tilsynsbesøk pr. år.

Status barn vi har tilsynsansvar for pr 31.12.2018:.

	2016	2017	2018
HAREID	16	14	14
ULSTEIN	12	17	16
HORNINDAL		2	2
VOLDA	28	28	20
ØRSTA	19	20	18
Totalt	**75**	**80**	**70**

Gjennom året er det stadig endringar i tal barn som bur i fosterheim i våre kommunar. Nokre flyttar og nye kjem til. For 2018 var 51 krav om tilsyn oppfylt, medan 19 ikkje var oppfylt.

Vi har øyremerka ei 50% stilling til oppfølging av tilsynsførarordninga, og det har vore lagt ned eit stort arbeid med å søke å betre ordninga.

Det er fleire årsaker til at barn ikkje har fått dei tilsynsbesøka dei har krav på. Desse kan vere utanforliggande, og gjeld tilhøve som barnevernstenesta ikkje har kontroll på. Her har ein sett seg nøydd til å avslutte oppdragstakarar og finne nye tilsynsførararar. For at ordninga skal fungere, krev det jamn oppfølging i form av rettleiing og kontroll av talet på besøk, samt rapportering. Når dette blir følgt opp, viser det seg at tilsynsordninga fungere betre.

I 2018 har den som er tilsett for å følgje opp ordninga vore sjukmeldt store delar av året. Sjølv om det vert sytt for at andre tilsette fyl opp oppgåva ser ein at ein det ikkje har fungert optimalt.

Ansvaret for opplæring av tilsynsførarar er overført frå Bufetat til kommunane, og ein ser føre seg at det er naudsynt å arrangere minimum eitt slikt kurs pr. år. Grunna sjukefråvær har ein ikkje fått dette til i 2018, men det er planlagt å arrangere kurs hausten 2019.

Økonomi

I barnevernstenesta rapporterer ein til SSB etter Kostrafunksjonane 244, 251 og 252.

Kostra 244 skal innehalde *alle driftsutgifter*, og er for oss fordelt mellom samarbeidskommunane etter ein fordelingsnøkkel ut ifrå talet på barn 0-17 år i kommunen. Denne delen av verksemda er mest forutsigbar og mogleg å styre.

Kostra 251 (hjelpetiltak i heimen) og Kostra 252 (barn som bur utafor heimen) er noko mindre forutsigbare, då ein ikkje veit kva behov som vil dukke opp i løpet av eit år.

Den samla rekneskapen for samarbeidskommunane ser slik ut for 2018. (her er tala for tiltaka for einslege mindreårige flyktningar også med for Volda og Ørsta):

KOSTRA-funksjon	Hareid ansvar 471?	Ulstein ansvar 472?	Ørsta ansvar 473?	Hornindal ansvar 474?	Volda ansvar 479?	Totalt
F244 Barnevernteneste, inkl kommunen sine advokatutgifter	3 741 546	6 010 481	7 628 413	772 897	5 906 783	24 060 120
F251 Tiltak i familien	1 055 037	453 459	1 307 135	34 690	1 179 916	4 030 237
F252 Tiltak utanfor familien	10 336 679	10 010 066	9 161 674	2 066	5 407 387	34 917 872
F252 Tiltak med omplassering EM			10 429 132		12 412 215	22 841 347
Samla refusjonskrav pr. kommune	**15 133 263**	**16 474 006**	**28 526 355**	**809 653**	**24 906 301**	**85 849 576**

For EMI er der ny refusjonsordning frå 01.01.2017 der refusjonssummen vert utrekna etter ein stykkpris.
Refusjonsbeløpet vert utbetalt direkte til busetnadskommunen.
Funksjon 244 vert fordelt etter barnetal pr 01.01 i rekneskapsåret.
Utgifter til sakkyndig bistand (advokatutgifter o.a) vert likevel dekt av aktuell kommune.

Rekneskapen viser at Hareid og Ørsta får tilleggsrekningar. Bakgrunnen for dette er i hovudsak at desse kommunane har fått fleire barn under omsorg i 2018. Hareid har fleire barn i institusjon, noko som er særs kostnadskrevjande.

Kostra 251 (tiltak i heimen) og Kostra 252 (barn som bur utafor heimen)

Desse funksjonane tek føre seg utgifter for enkeltbarn og familiar, noko som kan vere svært vanskeleg å forutsjå frå år til år. Dei kan også vere vanskeleg å skilje i budsjettsamanheng, fordi eit barn kan variere mellom tiltak i og utanfor heimen i løpet av eit år.

Hjelpetiltaka kostar, men det er særleg tiltaka for barn som bur utafor heimen som er kostnadskrevjande. Dette gjeld i hovudsak når barn må flyttast i fosterheim eller institusjon: Når Fylkesnemnda har vedteke omsorgsovertaking for eit barn, har det statlege barnevernet, BUF- etat avgjerande innverknad på kva tilbod barnet skal få og kvar i landet det skal bu. Ei handsaming i Fylkesnemnda er ressurskrevjande på fleire område, også økonomisk. Når barn så får ein annan plass å bu, ofte i andre delar av landet, fell i stor grad også utgiftene til samværsreiser for familien/foreldre/søsken på barnevernstenesta. I tillegg skal ein representant frå barnevernstenesta besøke barnet /fosterheimen/institusjonen fleire gonger pr år. I mange høve krev situasjonen for barnet

at barnevernstenesta må stille på samarbeidsmøter langt oftare enn dette minimumskravet, noko som fører til auka kostnadar.

Viss barn ikkje lenger kan bu ilag med sine foreldre er det langt rimelegare viss vi finn ein fosterheim i staden for at barnet må bu i institusjon. I nokre høve må likevel fosterforeldra "kjøpast fri" frå sin ordinære jobb for å vere heime med barnet på heil tid. Då kan ei fosterheimsplassering verte nesten like kostnadskrevjande som ein institusjonsplass.

BUF-etat refunderer i dei fleste høve kommunane sine utgifter som overstig kr 34 040pr månad. Imidlertid har BUF-etat kutta ned på kva dei refunderer og ikkje, og kommunen sin eigenandel ved plasseringar av barn i institusjon har gått kraftig opp dei siste åra. Dette er ein ønska politikk frå statlege styresmakter, der ein ser at færrast mogleg barn bur i barnevernsinstitusjonar. I nokre tilfelle er dette ikkje til å unngå, særleg når vi snakkar om ungdomar som ein ikkje klarer å finne eigna fosterheim til.

Den kommunale eigenandelen for ein institusjonsplass var i 2013 på kr 30 000 pr månad. I 2014 vart den auka til kr 50 000, og i 2018 var den på kr 72 290 pr månad. Når reiser og andre utgifter kjem i tillegg, kan ein rundt rekne at ein institusjonsplass kostar kommunen omlag 1 million kroner pr år. Likeeins har det vore ein kraftig auke i den kommunale eigenandelen for opphald i senter for foreldre og barn, MST (multisystemisk terapi) og andre nødvendige hjelpetiltak som BUF-etat driftar.

Det er også viktig å vere merksam på at det kan vere omfattande tiltak inne i ein familie, som til dømes foreldrerettleiing eller familieterapi, men utan at dette belastar Kostra 251 eller 252. Det dekkast over lønnsutgiftene på Kostra 244, då vi nyttar våre eigne tilsette i Familieteamet. I nokre tilfelle vert det også sett inn omfattande tiltak i heimar som eit alternativ til plassering.

Kostra tal

	Volda 2017	Volda 2018	Hornindal	Ulstein	Hareid	Ørsta	Kostragruppe 11
Prioritet							
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten(B)	11 967	12 848	1 092	8 657	13 096	6 166	11 166
Produktivitet							
Andel netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (f.252)(B)	70,7 %	71,5 %	0,0 %	58,0 %	67,8 %	39,1 %	60,4 %
Andel netto driftsutgifter til barn som ikke er plassert av barnevernet (f.251)(B)	5,5 %	4,7 %	0,0 %	3,9 %	7,0 %	8,9 %	11,4 %
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244)(B)	23,8 %	23,7 %	100,0 %	38,2 %	25,2 %	52,0 %	28,2 %
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (f. 252)(B)	375 568	379 149		303 758	430 708	469 833	414 663
Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251)(B)	16 882	19 032		21 182	21 100	13 202	38 448

	Volda 2017	Volda 2018	Hornindal	Ulstein	Hareid	Ørsta	Kostragruppe 11
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak(B)	148 400	174 312	0	127 148	153 946	162 306	169 949
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn (0-22 år) med tiltak(B)	194 667	228 560	45 333	196 466	205 108	100 422	195 452
Dekningsgrad							
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år(B)	4,0 %	4,6 %		4,2 %	4,8 %	4,0 %	4,6 %
Kvalitet							
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år(B)	4,9	4,4		4,4	4,5	4,3	4,9
Andre nøkkeltall							
Effektivitet Barnevern	248	76	0	108	107	196	0

	Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn i barnevernet
Volda	3,0 %	139 179
Kostragruppe 11	3,6 %	130 051
Ørsta	3,5 %	70 632
Ulstein	2,1 %	113 000
Hareid	4,9 %	140 537
Hornindal		38 857

	Volda	Kostragruppe 11	Ørsta	Ulstein	Hareid	Hornindal
Indeks innb. 0-1 år (3%)	100,4 %	89,6 %	95,8 %	96,9 %	104,3 %	76,3 %
Indeks innb. 2-5 år (6%)	89,5 %	94,5 %	100,0 %	100,1 %	110,9 %	80,6 %
Indeks innb. 6-15 år (14%)	103,1 %	101,2 %	105,7 %	112,5 %	107,6 %	106,3 %

	Volda	Kostragruppe 11	Ørsta	Ulstein	Hareid	Hornindal
Indeks innb. 16-22 år (11%)	118,4 %	105,4 %	105,2 %	109,9 %	100,4 %	122,5 %
Indeks barn med enslig forsørger (41%)	82,0 %	99,1 %	90,8 %	87,0 %	105,9 %	69,2 %
Indeks lavinntektskriteriet (26%)	78,2 %	78,2 %	44,8 %	82,1 %	96,1 %	62,8 %
Utgiftsbehov - Barnevern (sum)	88,7 %	94,1 %	83,2 %	92,8 %	103,3 %	79,2 %



Rapportering på mål

Teneste og utviklingsmål 2018

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status 2018
OMDØMME			
Sikre eit kvalitativt godt barnevern med fokus på medverknad frå barnet og familien.		Nytte familieråd og nettverksmøter der det er tenleg og familien samtykkar til dette.	I gang
	Eiga Mitt-Liv gruppe i tenesta som har ansvar for framdrift og implementering av arbeidsmåtar	Halde fram samarbeidet med Forandringsfabrikken og Mitt Liv.	I gang
Tilby gode møteforhold for brukarar i våre kommunar	Ha tilgang til PC i møterom, samt kunne booke rom direkte i kalender	Få tilgang til tenelege møtelokale i alle kommunane	Samarbeid med personalavdelinga etablert
MEDARBEIDARAR			
Sikre involvering, medverknad og engasjement frå medarbeidarane		Nærvær på 90%	Nådd
		Medarbeidarsamtale med alle tilsette i november/desember	Nådd
		Følgje opp 10-faktor planen	Nådd
		Utarbeide kompetanseplan	Under arbeid
		Lage plan for opplæring av nye tilsette og implementere fadderordning for desse.	Nådd
		Utarbeide stillingsomtalar for alle tilsette	På veg

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status 2018
Trygge medarbeidarar med sikker arbeidskvardag	ROS kartlegging og temadagar	Gjennomføre ROS tiltak i tenesta innan juni 2018.	Nådd
TENESTER			
Sikre eit kvalitativt godt barnevern i alle faser av sakene.	Styrke arbeidet med skriftleg dokumentasjon	Stette krava som Lov om barnevernstenester set for sakshandsaming.	
	Gjennomgang og oppdatering av malar i fagprogrammet, Familia.		I gang
Sikre eit godt tverrfagleg samarbeid med samarbeidspartar		Ta initiativ til og gjennomføre tverrfaglig fagdag i høve barn og foreldre med funksjonshindringar.	Gjennomført februar 2018.
		Ta del i tverrfaglege samarbeidsfora i kommunane.	Gjennomført
Barnevernsvakt i samarbeid med Sande, Vanylven og Herøy	Kartlegge behov og kva form for vakt som er tenleg for vår teneste.	Sette i gang drift av barnevernsvakt	Vil bli nådd i 2019.
Styrke fagleg samarbeid med Høgskulen i Volda m. fleire		Ta del i forskningssamarbeid	I gang
	Ha møte hausten 2018 om korleis ein kan samarbeide slik at begge partar har fagleg nytte av dette.	Inngå avtale om fruktbart fagleg samarbeid for begge partar.	Nådd
God økonomisk styring	Avvik mot budsjett skal vere minimalt.	100 %	Ikkje nådd
	Samarbeide med tillitsvalde og personalavvdelinga.	Redusering av drift i EM-tenesta	Prosess i gang

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status 2018
	Implementere digital løysing av fagprogrammet.	Digitalisering av tenesta med elektronisk arkiv og post.	Gjennomført
	Dra nytte av økonomiprogrammet i fagprogrammet.	Sikre oversikt over kostnadar i den einskilde saka	Gjennomført

Sjukefråvær

For den samla tenesta hadde vi eit sjukefråvær på 8,38 % i 2018 (mot 7.85 % i 2017). Alle fagtilsette har fulle stillingar, men nokre er sjukemeldt i delar av stillinga pga kroniske sjukdomar. Nokre sjukemeldingar, over kortare eller lengre tid, kan også skuldast stort arbeidspress, stress og tøffe påkjenningar ved det å jobbe i barnevernet. Det vert lagt stor vekt på å følgje opp dei sjukemeldte, og det vert søkt å finne gode løysingar for den enkelte.

Folkehelseperspektivet
Barnevernstenesta si verksemd bidreg i all hovudsak til å betre folkehelsa. Det er eit mål å kunne kome tidleg inn for å hjelpe barn og familiar slik at problema ikkje veks seg for store, særleg med tanke på barn si psykiske utvikling. Samarbeid med andre som arbeider med barn og unge er derfor ein høgt prioritert del av verksemda vår.

Etikk
Brukarmedverknad er viktig for arbeidet vårt. Vi nyttar familieråd og nettverksmøter som viktige metoder for vårt arbeid og legg vekt på å sikre oss tilbakemeldingar frå barna og foreldra vi samarbeidar med. Det er viktig for oss å strebe etter å møte barnet og foreldra med respekt og vi er opptekne av at dei skal kjenne seg ivaretekne i møtet med oss.

3. VOLDA KOMMUNE SIN ØKONOMISKE SITUASJON

3.1 Resultat 2018

Tabellen under viser hovudtala i rekneskapen for 2018:

Økonomisk oversikt - Drift			
Tall i 1 kroner	**Regnskap 2018**	**Regulert budsjett 2018**	**Avvik 2018**
Brukarbetalingar	-27 394 471	-27 289 411	105 060
Andre sals- og leieinntekter	-55 860 377	-55 385 315	475 062
Overføringar med krav til motytingar	-238 018 166	-191 573 872	46 444 294
Rammetilskot	-279 024 168	-279 100 000	-75 832
Andre statlige overføringar	-68 712 988	-65 111 103	3 601 885
Andre overføringar	-1 050 687	-1 410 500	-359 813
Inntekts- og formuesskatt	-222 531 549	-218 850 000	3 681 549
Eigedomsskatt verk og bruk	-3 852 535	-4 200 000	-347 465
Eigedomsskatt annen fast eigedom	-15 051 127	-14 800 000	251 127
Andre direkte og indirekte skatter	-753 804	-700 000	53 804
Sum driftsinntekter	**-912 249 872**	**-858 420 201**	**53 829 671**
Lønnsutgifter	487 587 962	488 986 551	1 398 589
Sosiale utgifter	122 693 551	124 985 321	2 291 770
Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tenesteprod.	98 247 811	87 947 846	-10 299 965
Kjøp av tenester som erstattar kommunens tensteprod.	91 633 157	90 428 493	-1 204 664
Overføringar	80 925 177	65 207 932	-15 717 245
Avskrivingar	45 307 035	45 307 035	0
Fordelte utgifter	-15 522 015	-44 294 539	-28 772 524
Sum driftsutgifter	**910 872 678**	**858 568 640**	**-52 304 038**
Brutto driftsresultat	**-1 377 195**	**148 439**	**1 525 634**
Renteinntekter og utbytte	-9 552 282	-8 424 000	1 128 282
Gevinst finansielle instrumenter	-2 349 463	-1 500 000	849 463
Mottatte avdrag på lån	-119 598	-230 000	-110 402
Sum eksterne finansinntekter	**-12 021 343**	**-10 154 000**	**1 867 343**
Renteutgifter og låneomkostningar	20 968 948	23 555 483	2 586 535
Tap finansielle instrumenter	1 376 652	0	-1 376 652
Avdrag på lån	28 800 301	28 656 128	-144 173
Utlån	162 391	130 000	-32 391
Sum eksterne finansutgifter	**51 308 292**	**52 341 611**	**1 033 319**
Resultat eksterne finanstransaksjoner	**39 286 949**	**42 187 611**	**2 900 662**
Motpost avskrivingar	-45 307 035	-45 307 035	0
Netto driftsresultat	**-7 397 280**	**-2 970 984**	**4 426 296**
Bruk av tidlegare års regnskapsmessige mindreforbruk	-41 399 712	-41 399 712	0
Bruk av disposisjonsfond	-2 880 000	-2 880 000	0
Bruk av bundne fond	-17 505 398	-9 493 922	8 011 476
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0

Økonomisk oversikt - Drift			
Tall i 1 kroner	Regnskap 2018	Regulert budsjett 2018	Avvik 2018
Sum bruk av avsetningar	**-61 785 110**	**-53 773 634**	**8 011 476**
Overført til investeringsregnskapet	8 016	0	-8 016
Avsett til dekning av tidlegare års r.messige meirforbruk	0	0	0
Avsett til disposisjonsfond	54 377 781	54 377 781	0
Avsett til bundne fond	10 166 046	2 366 837	-7 799 209
Avsett til likviditetsreserven	0	0	0
Sum avsetningar	**64 551 842**	**56 744 617**	**-7 807 225**
Regnskapsmessig meir-/mindreforbruk	**-4 630 549**	**0**	**4 630 549**

Volda kommune sitt rekneskap for 2018 viser eit mindreforbruk på 4,6 mill kroner. Kommunen brukte oppsparte midlar (disposisjonsfond) på 2,8 mill for å få dette resultatet.

Mindreforbruket kan forklarast ved at kommunen har hatt ei auke i både skatte- og finansinntekter. Meirinntektene her er på 6,5 mill kr.

Netto driftsresultat

Brutto driftsresultat inkluderer ikkje finansområdet. Netto driftsresultat er difor den beste resultatindikatoren når ein skal vurdere den økonomiske situasjonen til ein kommune.

I 2018 vart netto driftsresultat 7,4 mill kr for Volda kommune, noko som er om lag 4,4 mill kr betre enn budsjettert.

Netto resultatgrad
Netto resultatgrad illustrerer kor stor del av driftsinntektene som kan nyttast til finansiering av investeringar og avsetningar. Vi får netto resultatgrad ved å sjå netto driftsresultat i % av driftsinntektene. Tabellen under viser netto resultatgrad for 2015-2018:

Netto resultatgrad				
År	**2018**	**2017**	**2016**	**2015**
Netto driftsresultat	7 397 280	43 607 332	22 435 362	24 602 765
Sum driftsinntekter	912 249 872	875 839 787	826 203 122	765 080 146
Netto resultatgrad	**0,81 %**	**4,98 %**	**2,72 %**	**3,22 %**

Teknisk beregningsutvalg tilrår at netto resultatgrad bør vere 1,75%, mellom anna for å ha eigenfinansiering av investeringar, og for å kunne møte hendingar som ein ikkje har tatt høgde for.

3.2 Frie inntekter

Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. For å oppnå dette målet vert det ved fordelinga av rammetilskotet

teke omsyn til strukturelle ulikskapar i kommunane og fylkeskommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning). Rammetilskottet utgjer saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane fritt disponerer innanfor dei gjeldande lover og forskrifter. Det vert også gitt eit skjønnstilskott for å korrigere for forhold som ikkje blir ivaretekne godt nok i fordelingssystemet elles. Inntektssystemet inneheld i tillegg verkemiddel som utelukkande er grunngjevne med regionalpolitiske målsetjingar.

Tabellen under viser kor mykje Volda kommune fekk i frie inntekter i 2018:

	KS - prognose	**Rekneskap 2018**	**Budsjett 2018**
Brutto innbyggjartilskott	215 266 000		
Utgiftsutjamning	10 610 000		
Overgangsordning INGAR	-648 000		
Saker med særskilt fordeling	1 720 000		
Regionsentertilskott	3 392 000		
Overgangsordning - kommunar som skal slås saman	640 000		
Ordinært skjønn	1 360 000		
RNB 2018 - endringar i rammetilskott	3 772 000		
Tilskot kommunesamanslåing			
Inntektsutjamning	42 584 000		
Sum rammetilskot	**278 696 000**	**279 024 168**	**279 100 000**
Skatt på inntekt og formue	**215 933 000**	**222 531 549**	**218 850 000**
Sum frie inntekter	**494 629 000**	**501 555 717**	**497 950 000**

Under følgjer omtale av dei mest sentrale punkta:

Brutto innbyggjar- tilskot
Alle kommunar fekk kr 23 726,- pr innbyggjar (etter folketal pr 1 juli 2017), og dette utgjorde kr 215 266 000 for Volda kommune.

Utgiftsutjamning
Skilnadene mellom kommunane i Norge er til dels store når det gjelder kostnadsstruktur og demografisk samansetning. Både etterspørselen etter kommunale tenester og kostnadene ved produksjonen vil difor variere kommunane imellom. Målet med utgiftsutjamninga er å fange opp slike variasjonar. Ein tar frå dei relativt sett lettdrivne kommunane og gir til dei relativt sett tungdrivne. Volda kommune blir definert som ein tungdriven kommune, og fekk kr. 10 610 000,- i netto utgiftsutjamning. Utgiftsindeksen vår var 1,019. Det vil seie at i 2018 var Volda kommune 1,9 % dyrare å drive enn ein gjennomsnittskommune.

INGAR
Føremålet med inntektsgarantiordninga (INGAR) er å gi kommunane ei meir heilskapleg skjerming mot brå nedgang i rammetilskotet, og dermed gjere inntektssystemet meir fleksibelt og føreseieleg. Ordninga sikrar at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som

er lågare enn 300 kroner per innbyggjar under berekna vekst på landsbasis, før finansiering av sjølve ordninga. I 2018 vart volda trekt kr 648 000 gjennom denne ordninga.

Skatt på inntekt og formue
Dess større skatteinntektene er, til mindre vert inntektsutjamninga.
Skatteinngangen på vel 222,5 mill kr utgjorde 78,4 % av landsgjennomsnittet pr innbyggjar.
Tilsvarande tal for 2017 var 77,2% av landsgjennomsnittet.

Inntektsutjamning
Kommunar med låg skatteinngang får kompensasjon for dette. Volda kommune sin skatteinngang i 2018 var 78,4 % av landsgjennomsnittet pr innbyggjar. Vi har som eit resultat av dette blitt tilført kr. 46 694 109,- netto i inntektsutjamning, mot 42,6 mill kr som var forventa gjennom KS si prognose.

Inntektsutjamninga blir finansiert ved at skattesterke kommunar får eit netto trekk i sine skatteinntekter.

Skjønnstilskot
Volda kommune fekk kr. 3 392 000 i skjønnstilskot. 1 mill av desse er knytt til kommunesamanslåinga.

3.3 Eigedomsskatt

Eigedomsskatten vart vidareført på all eigedom i heile kommunen i 2018. Det vart gitt fritak for ideelle organisasjonar og lag. Nyoppførte bustadar fekk også fritak første året etter at dei vart tatt i bruk. Det vart bestemt å framleis nytte seg av bustadverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskatten.

Det er inntektsført kr. 18 903 662,- i eigedomsskatt for 2018.

3.4 Generelle statstilskot

Tabellen under viser dei generelle statstilskota for 2018:

Andre generelle statstilskot	Rekneskap 2018	Budsjett 2018
Integreringstilskott flyktningar	48 907 201	47 411 103
Grunnskolereform 97/Investering skulebygg	363 615	
Kompenasjonstilskott omsorgsbygg	2 676 589	
Kyrkjebygg	27 020	3 790 000
Sum	**51 974 425**	**51 201 103**

Integreringstilskott flyktningar

Kommunen fekk 48,9 mill kr i integreringstilskot for busetjing av flyktningar i 2018. 16,2 mill kr av desse er tilskot knytt til einslege mindreårige. I 2018 vart det busett 20 flyktningar. I 2017 og 2016 var det busett 38, i 2015: 40 og i 2014: 31. Dvs. at tal flyktningar for busetjing er halvert i 2018, samanlikna med dei tre føregåande åra.

Grunnskulereform 97/Investering i skulebygg
Det er ei statleg finansieringsordning vedkommande investeringane som vart gjort i samband med grunnskolereform 97 (både rente- og avdragskompensasjon). I 2001 blei det vedtatt ei ordning med rentekompensasjon for skulebygg, med ei total ramme for heile landet på 15 milliardar over 8 år. Volda kommune investerte for 24,5 millionar, og fekk kr. 363 615,- i rentekompensasjon i 2018.

Sjukeheim/omsorgsbustader
Vi får både avdrag og rentekompensasjon ved bygging av sjukeheim og omsorgsbustader. Dette utgjorde kr. 2 676 589,- i 2018.

Kyrkjebygg
Rentekompensasjonen på kr. 27 020,- inkluderer investeringsprosjekt som er utført av kommunen på vegne av kyrkjeleg fellesråd og/eller er utført i regi av fellesrådet.

3.5 Finansområdet

Gjeld og låneportefølje
Volda kommune har ei slik samansetjing av langsiktig gjeld pr 31.12.2018:

Langsiktig gjeld	2018	2017	2016	2015
Pensjonsforpliktingar	973 986 304	955 450 551	889 864 072	848 548 841
Lånegjeld (inklusive sertifikatlån)	1 182 483 828	932 105 809	904 704 685	779 692 344
Sum langsiktig gjeld	**2 156 470 132**	**1 887 556 360**	**1 794 568 757**	**1 628 241 185**

Dei kommunale rekneskapsreglane vedkommande pensjon blei endra i 2002. Som eit resultat av dette er pensjonsforpliktingar nå definert som langsiktig gjeld i balanserekneskapen til kommunen, jamfør tabellen ovanfor.

Ein kan grovt sagt seie at den langsiktige lånegjelda til kommunesektoren kan delast inn i 2 kategoriar, sjå tabellen under. Vi har ordinære lån som vert nytta til å finansiere investeringane til kommunen. Desse utgjer omlag 1,1 mill kr ved slutten av året. Den andre kategorien er Startlån (Husbanklån) på om lag 54,1 mill kr, som etter bestemte vilkår vert lånt ut vidare til innbyggjarane. Avdrag og renteutgifter som vi betalar til Husbanken, skal i prinsippet vere lik avdrag og renter vi mottar frå låntakarane.

Langsiktig lånegjeld	2018	2017	2016	2015
Ordinære lån	1 128 353 930	875 697 850	851 002 851	724 061 311
Startlån	54 129 898	56 407 959	53 701 834	55 631 033
Sum langsiktig lånegjeld	**1 182 483 828**	**932 105 809**	**904 704 685**	**779 692 344**

Ved inngangen til 2018 fekk Volda kommune ny låneforvaltar, Bergen Capital Management. Fleire av låna i låneporteføljen er slått saman og refinansiert i nye lån.

Låneporteføljen er slik samansett pr 31.12.2018:

Lån:	Saldo 31.12.18	Rente 31.12.18	Neste rentereg.	Forfall
SEB obl.lån	- 194 448 000	1,19	23.01.2019	23.07.2020
Sertifikatlån Danske bank	- 180 136 000	1,01	01.03.2019	01.03.2019
Sertifikatlån KBN	- 174 691 380	1,21	21.06.2019	21.06.2019
SEB sertifikat 6 mnd NO 0010831639	- 41 878 850	1,10	01.03.2019	01.03.2019
Kommunalbanken (BULL. 17.12.25)	- 170 000 000	2,25	22.12.2023	22.12.2025
Kommunalbanken FRN lån	- 100 000 000	1,62	20.03.2019	01.01.1900
Kommunalbanken FRN lån	- 106 000 000	1,51	21.03.2019	22.03.2021
Kommunalbanken (BULL. 19.03.31)	- 11 199 699	1,85	pt	03.04.2031
Kommunalbanken (BULL. 19.06.41)	- 150 000 000	2,25	21.12.2023	21.06.2041
Husbank 2008 (form.lån)	- 923 232	1,57	01.03.2021	01.04.2033
Husbank 2009 (form.lån)	- 3 309 004	1,57	01.03.2021	01.07.2033
Husbank 2010 (form.lån)	- 5 216 815	1,57	01.03.2021	02.04.2035
Husbank 2011 (form.lån)	- 1 537 959	1,41	01.01.2019	01.04.2036
Husbank 2012 (form.lån)	- 10 973 504	1,16	01.03.2021	01.04.2037
Husbank 2013 (form.lån)	- 5 727 964	1,16	01.03.2021	01.04.2038
Husbank 2014 (form.lån)	- 4 772 022	1,57	01.03.2021	01.08.2039
Husbank 2015 (form.lån)	- 3 667 308	1,57	01.03.2021	01.01.2041
Husbank 2016 (form.lån)	- 8 250 237	1,57	01.03.2021	03.06.2041
Husbank 2017 (form.lån)	- 4 835 460	1,57	01.03.2021	01.07.2042
Husbank 2018 (form.lån)	- 4 916 393	1,45	01.01.2019	01.06.2043
	- 1 182 483 827			

I tillegg til låna over har Volda kommune to renteswappar (rentebyteavtaler)
Renteswap/rentebyteavtale er ein kontrakt mellom ein bank og kommunen om byte av rente. Den eina av renteavtalen gjekk ut i desember 2018:

1) Rentebytteavtale med Sparebank 1 SMN inngått i juli 2011. Starttidspunkt var desember 2013. Volda kommune betaler fast rente på 4,33% til banken (av eit beløp på 50 mill kr). Banken betaler flytende rente (3mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill kr til Volda kommune. Denne rentebytteavtale gjekk ut i desember 2018.
2) Rentebytteavtale med DNB NOR inngått i august 2011. Starttidspunkt var desember 2013. Volda kommune betaler fast rente på 4,47% til banken (av eit beløp på 50 mill kr). Banken betaler flytende rente (3mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill til Volda kommune. Denne rentebytteavtalen har sluttidspunkt juni 2021.

Nøkkeltal låneportefølje

	31.12.2018	31.12.2017
Rentebindingstid	1,67 år	2,38 år
Vekta gjennomsnittsrente	1,67 %	2,09 %
Rentebinding under 1 år	63,19 %	54,27 %
Rentebinding over 1 år	35,32 %	39,70 %
Flytende rente (pt)	1,49 %	6,03 %
Rentesensitivitet om 1 % auke	**7 648 083 kr**	**5 620 242 kr**

Det er ikkje heile den ordinære langsiktige lånegjelda som belastar økonomien til kommunen. Vi kan vise det ved å ta utgangspunkt i tabellen under:

Ordinære langsiktig lånegjeld	2018	2017	2016
Omsorgssatsing	34 827 662	37 147 993	39 468 328
Sjølvkost (vatn og avlaup)	109 545 839	91 892 672	78 522 429
Investering i skulebygg	35 547 265	37 186 797	38 826 329
Kyrkjebygg	2 641 590	2 883 989	3 126 827
Lån som belastar kommunen sin økonomi	948 791 574	706 586 399	691 058 938
Sum	**1 128 353 930**	**875 697 850**	**851 002 851**

Det er abonnentane som gjennom avgiftene betaler finanskostnadene innanfor VAR-området. Av den ordinære lånegjelda er om lag 109,5 mill kr knytt til VAR (Vann, Avløp Renovasjon)- lån.

Når det gjeld investering knytt til omsorgssatsing, skulebygg og kyrkjebygg får vi rentekompensasjon. Dette er omtala tidlegare i årsmeldinga.

Kapitalkostnadar

Tabellen under viser kapitalkostnadar knytt til låneporteføljen for 2018:

Kapitalkostnad	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik
Avdragsutgifter	28 800 301	28 656 128	-144 173
Renteutgifter startlån	997 164	800 000	-197 164
Renteutgifter ordinære lån	19 478 619	22 450 468	2 971 849
Sum kapitalkostnad	**49 276 084**	**51 906 596**	**2 630 512**

NAV har også i 2018 jobba mot ovannemnde hovudmål og delmål. Prioriterte målgrupper har vore ungdom, personar med nedsett funksjonsevne, innvandrar utanfor EØS-land og langtidsledige. Til grunn for arbeidet vårt ligg verksemdstrategien for Arbeids- og velferdsetaten og styringsdokument frå Arbeids- og velferdsdirektoratet. Både Mål – og disponeringsbrev for den statlege delen av NAV og Nasjonale mål, hovedprioriteringar og tilskott innanfor dei sosiale tenestene i arbeids- og velferdsforvaltninga (Kommunebrevet), gir retning og val av satsingsområder. Kommunen sine satsingar og prioriterte områder har vore styrande på lik line med statlege føringar.

Gjennom også dette året har vi hatt auka fokus på arbeidslina, marknadskompetanse og samarbeid med arbeidsgjevarar og næringsliv. Dette er avgjerande for å få fleire av våre brukarar ut i arbeid og aktivitet, og for at færre vert gåande på stønad.

Vi fekk innvilga, prosjektmidlar til styrking av dei sosiale tenestene i NAV. Desse vart retta mot bustadsosialt arbeid. Prosjektleiar tilsett frå 010118. Det vart utarbeidd to prosjektrapportar med tema «kartlegging av det bustadsosiale arbeidet i Ørsta kommune»og «samarbeidet mellom Ørsta Kommune og NAV i det bustadsosiale arbeidet». Det er søkt om vidareføring av prosjektet for 2019.

Mykje av våre ressursar har gått til råd/rettleiing og økonomisk bistand. Stor ressursbruk på flyktningar. Arbeid med gjeldsrådgjeving og bustadproblematikk (midlertidig bustad) har også dette året vore gjeldande.

Opplæring/kurs m.a.i regi av Fylkesmannen har vore prioritert for tilsette også i 2018.

NAV flytta til Tindebygget 010218. Kontoret hadde offisiell opning 19.03.18 med besøk frå huseigar, fylkesdirektør, rådmenn og ordførarar.

NAV Ørsta-Volda har gjennomført arbeidsmiljøundersøking hausten 2018. Grunna tekniske problem sentralt i NAV, vil det ikkje føreligge resultat av undersøkninga.

Utvikling, sosialhjelp:

Samla sum er inkludert forskott på trygdeyting

Utbetaling av sosialhjelp	**2014**	**2015**	**2016**	**2017**	**2018**
Overføring til andre (norske)	2.072.654	2.328.485	2.743.583	1.856.795	2.702.506
Overføring til spesielle grupper (flyktning)	2.014.285	2.486.885	2.529.875	2.896.612	4.074.267
Lån **-norske** **-flyktning**	10.000 9.674	85.321 6.500	49.845 34.346	32.536 118.184	144.302 22.270
Samla:	4.106.613	4.907.190	5.357.650	4.904.126	6.943.345

Utvikling, tal sosialhjelpsmottakarar:

	2014	**2015**	**2016**	**2017**	**2018**
Tal klientar	154	168	180	174	186
Unge u/25 år	27	37	47	52	56

Det er aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar under 30 år. NAV nyttar ordinært arbeidsliv, dei statlege arbeidsmarkedstiltaka samt Styrk i Volda for å oppfylle aktivitetskravet.

Landbrukskontoret Ørsta Volda

ÅRSMELDING 2018

RESSURSAR

Ørsta og Volda kommunar har hatt vertskommuneavtale om felles landbrukskontor, der Ørsta er vertskommune, sidan 1. september 2014. Landbrukskontoret er organisert som ei eining i seksjon kultur og landbruk. Kontoret har hatt 4,2 årsverk fordelt på 5 tilsette. Fram til 01.09 har det vore leigd inn vikar pga. sjukmelding, i deltidsstilling. Kontoret har sidan mai 2017 og ut 2018 leigd ut tenester til Hornindal kommune, desse er fakturert med timepris. Leiar har delteke i prosess med kommunesamanslåing Volda – Hornindal.

Dei tilsette har delteke på aktuelle kurs og konferansar for landbruksforvaltninga i fylket og lokalt. Det har vore sendt ut to infoskriv til aktive gardbrukarar og andre interesserte, i begge kommunane. Kontoret har vore med på å arrangere landbrukskonferanse ilag med Ørsta næringskontor (25.01.18) for 3. gong. Kontoret har bidrege i biogassprosjektet til VØR.

LANDBRUKSMYNDE

Ørsta har landbruksnemnd og vilt- og innlandsfiskenemnd, medan Volda har forvaltningsutval med begge desse funksjonane. Dei tilsette har vore sakshandsamarar i aktuelle saker.

Omdisponering av jord 2018 (tal rapportert i Kostra):

	Ørsta	Volda
Jordlova	3,2 da dyrka	0,2 da dyrka
	1,0 da dyrkbar	0 da dyrkbar
Plan- og bygningslova	1,0 da dyrka	38,9 da dyrka
	26,5 da dyrkbar	29,3 da dyrkbar

Jegerane i Ørsta fekk i 2018 pålegg om å ta ut hjerneprøver av alle felte hjort over 2 år, for undersøking av CWD – «skrantesjuke» (Chronic Wasting Disease). Landbrukskontoret organiserte opplæring og utdeling av utstyr. Det vart ikkje funne positive prøver.

I Ørsta var det utdeling av ærespris og jordbrukspris frå Aarsætherlegatet, som hadde 100-års jubileum. Utdelinga skjedde på siste kommunestyre før sommarferien.

JORDBRUK

Dei økonomiske verkemidlane i landbruket som kommunen har avgjerdsmynde på, vert handsama som delegerte saker. Landbrukskontoret handsama søknader som gav ein total sum tilskot på 43,5 mill. kr til gardbrukarar i Ørsta, og 20,2 mill. kr til gardbrukarar i Volda. Dette er ein auke frå 2017. Tal bruk/føretak i drift i 2018 var 173 i Ørsta, 102 i Volda. Dette er ein nedgang på 1 bruk i begge kommunane.

Det var fatta vedtak i 7 saker med godkjenning av plan for nydyrking på totalt 49,3 daa, dette året alle frå Ørsta kommune.

Marknaden for sal og leige av mjølkekvote har stramma seg til med høge prisar, og det er vanskeleg å få tak i kvote for dei som ønskjer å utvide produksjonen. Det var i 2018 ikkje mogleg å kjøpe kvote frå staten. Total leveranse og kvotefyllinga gjekk litt opp då forholdstalet var høgt.

2018	Hentestader:	Liter mjølkekvote:	Levert mjølk:
Kumjølk: Samla aktiv kvote/produsentar	85	14.941.391	12.748.054 (85,3%)
Geitmjølk: Samla aktiv kvote/produsentar	7	816.091	767.721 (94,1%)
Samdrifter (andel av henteplassane)	13		

Tabell: Mjølkekvoter

Kommunane har no 12 aktive beitelag som organiserer beiting i utmark for sau, geit, storfe og hest. Det kom til eitt nytt lag i 2018.

År	Aktive medl.	Vaksne sauer sleppt	Vaksne sauer tapt	Taps% Vaksen sau	Lam sleppt	Lam tapt	Taps% lam	Geit sleppt	Geit tapt	Taps% geit	Storfe sleppt	Storfe tapt	Taps% storfe
2018	92	3.021	97	3,21	4.725	271	5,73	170	6	3,52	627	1	0,15

Tabell: Organisert beitebruk - samla oversyn for Ørsta og Volda.

Til SMIL-tiltak fekk Ørsta kommune ei ramme på kr 440.000 og Volda kommune kr 260.000, i tillegg kom inntrekte midlar. Handsama 37 søknader med kostnadsramme på ca. 2,7 mill. kr totalt for begge kommunane.

Til dreneringstiltak fekk Ørsta kommune ei ramme på kr 300.000 og Volda kommune kr 150.000. Rammene vart auka grunna stor pågang av søknadar året før, men grunna tørken vart det færre søknader enn forventa, og midlar vart returnert til Fylkesmannen. Det vart handsama og løyvd til 21 søknader.

Ørsta fekk ei ny tilskotsordning i 2018, Norangsdalen – Hjørundfjorden fekk status som UKL-landskap (Utvalde kulturlandskap). Det er fylkesmannen/fylkeskommunen som handsamar søknadane og løyver tilskot, landbrukskontoret har vore med på infomøte og arbeidsgruppemøte, samt landssamling i Bodø.

Det var ein turr vår og sommar, og pga. dette eit dårleg avlingsår, med store lokale variasjonar. Det kom inn 16 søknader om avlingsskadeerstatning, 11 frå Ørsta og 5 frå Volda. Dette er ei ordning vi vanlegvis ikkje har søknader på.

Hausten vart desto våtare. Difor vart det handsama 21 søknader om dispensasjon for spreiing av husdyrgjødsel på eng etter frist. Særleg frå Volda vart det søkt meir enn vanleg. Fordeling med 8 søknader frå Volda og 13 frå Ørsta.

Rekruttering og fornying av driftsapparatet er viktig for utviklinga i landbruksnæringa. I 2018 vart det sendt inn 8 søknader på finansiering gjennom Innovasjon Norge. Søknadene fordeler seg på nye næringar (2), nye fjøs for mjølk/framfôring (3), tilbygg/ombygging/gjødsellager (2) og sauefjøs (1). Dei fleste søknadane fått investeringstilskot, og tilgangen til midlar ser ut til å ha betra seg. Det vert ikkje lengre gitt støtte til bygningar for sau.

SKOGBRUK

Det var gode prisar på tømmer og massevirke i 2018, ein fikk også ein ny tømmerkjøpar i Ørsta, Nortømmer som avvirka ca. 10.000 m^3. Totalt vart det avvirka 10.813 m^3 i Volda og 17.423 m^3 i Ørsta.

140.000 planter vart sett ut i 2018 (68.000 i Volda og 72.000 i Ørsta). Det vart også utført 20 dekar med ungskogpleie i Ørsta.

4.257 m^3 tømmer i Volda og 7.874 m3 i Ørsta vart teke ut med taubane og fekk tilskot.

Det vart gitt løyve til å bygge skogsbilvegar på Moene og på Sæbø. Desse vegane vert ferdigstilt i 2019.

I 2018 vart det starta opp eit skogprosjekt i Ørsta og Volda. Hensikta med prosjektet var å sjå på tilstanden til eldre plantefelt, med eit særleg fokus på voksa granplanter. Voksa planter vert nytta for å beskytte plantene mot gransnutebillene, som er eit stort problem på ferske hogstflater. Prosjektet er finansiert av Volda og Ørsta kommunar, med 100.000 kr kvar, NMSK-midlar frå fylkesmannen og rentemidlane frå skogfondet. Prosjektet vil halde fram i 2019. Felt med voks som ein har sjekka tidlegare vil bli følgt opp i 2019. Ein har også plukka ut nye felt som ein ynskjer å sjå nærmare på.

I Volda har ein i 2018 starta arbeidet med å fornye skogbruksplanane. Planane er forhåpentlegvis klare til 2022.

Ørsta, 04.04.2019

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar kultur og landbruk

Peder Magnussen
Fagansvarleg skogbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

ÅRSOVERSIKT

over jordbruket i Ørsta kommune for året 2018 og 2017

Tal bruk, areal, arealfordeling og husdyrtal bygg på data frå søknader om produksjonstilskot pr. 1.1. og 31.7. og talkodene i parantes refererer seg til desse søknadane.

		Kode	2018	2017
Bruk i drift (= > 10 daa (søknader)			173	174
Jordbruksareal i drift: daa		299	33.891	33.862
Bruken av jorda:				
ENG	Fulldyrka jord til slått og beite	210	21.170	21.031
	Overflatedyrka jord, til slått og beite	211	433	432
	Innmarksbeite	212	12.281	12.390
	Andre grovforvekstar	213	5	3
	Grøngjødsling	223	0	0
KORN OG ANNA FRØ TIL MOGNING	Vårkveite	240	0	0
	Haustkveite	247	0	0
	Rug	241	0	0
	Rugkveite	249	0	0
	Bygg	242	0	0
	Havre	243	0	0
VEKSTHUS OG DRIVBENKAR	Veksthus og drivbenkar oppvarma pr. 1.3.	251	0	0
	Andre veksthus og drivbenkar pr.31.7.	250	0	0
GRØNNSAKER OG POTETER	Poteter	230	2	3
	Grønnsaker på friland inkl. urter	264	0	1
FRUKT, BÆR, PLANTESKULE OG BLOMSTER	Epler	272	0	0
	Pærer	273	0	0
	Planteskuleareal	285	0	0
BÆR	Jordbær	280	0	0
	Andre bær	281	0	0
EVENTUELT ANNA	Jordbruksareal i drift, brakk (sjå rettl.)	290	0	0
	Jordbruksareal i drift, ikkje rett til tilskot	294	0	2
JORDBRUKSAREAL UTE AV DRIFT	Fulldyrka/overflatedyrka	292	43	72
	Innmarksbeite	293	158	311
SUM JORDBRUKSAREAL (kode 210 - 299) = eige + leigd - bortleigd jordbruksareal)		299	33.891	33.862

HUSDYRTAL (MEDEL 1.3. OG 1.10.) ØRSTA		2018	2017
Hest	(P115 – 116)	113	116
Mjølkekyr	(P120)	1.360	1.399
Ammekyr	(P121)	106	64
Andre storfe	(P119)	2.567	2.512
Voksne sauer og verer over 1 år	(P145, 146)	2.487	1.974
Sauer under 1 år	(P138)	-	760
Mjølkegeiter over 9 mnd.	(P140)	604	585
Ammegeiter for kjøttproduksjon	(P142)	6	8
Bukkar og ungdyr, medrekna kje	(P144)	317	344
Avlspurker	(P155)	125	130
Avlsråner	(P156)	1	0
Ungpurker (over 6 mnd. bestemte for avl)	(P158)	24	27
Ungråner (over 6 mnd. bestemte for avl)	(P159)	1	1
Smågriser under 2 mnd.	(P154)	1.128	1.276
Griser selde, slakt og livdyr	(P184)	3.031	3.421
Verpehøner over 20 veker	(P160)	6.384	6.402
Ender, kalkun og gjess for slakt	(P174)	4	16
Livkyllingar, påsett til verpehøns	(P175)	10	11
Slaktekyllingar	(P176)	10	23
Ender, gås og kalkun. Bruksproduksjon	(P168)	6	13
Livkyllinger, selde	(P185)	0	5
Kyllingar, ender, kalkuner, gjess, slakta	(P186, 187, 188, 189)	0	14
Minktisper	(P170)	1010	1.280
Revetisper	(P171)	387	335
Hjort	(P178, 179)	49	28
Kaniner (meir enn 1 kull)	(P180)	4	6
Bikuber	(P194)	36	0
Lama	(P196)	1	2
Alpakka	(P197)	6	0

		2018	2017
Kyr av bevaringsverdig rase	(P720)	1	1
Oksar av bevaringsverdig rase	(P721)	1	0
Sauer av bevaringsverdig rase	(P722)	87	15
Verer av bevaringsverdig rase	(P723)	7	0
Unghestar bevaringsverdig rase	(P725)	23	15

Diverse produksjonar m.m.		**2018**		**2017**
Meierleveranse *) liter		9.573.767		9.615.126
Her av økologisk		776.740		758.613
Slakteleveranse kg		710.375		700.008
Fordeling kumjølk/geitmjølk:				
Kumjølk 66 produsentar	66*	9.171.937	66*	9.207.667
Geitmjølk 4 "	4*	401.830	4*	407.459

*Henteplassar

YMSE TILSKOT, UTBETALT ØRSTA	Tal søknader		Tilskot kr	
	2018	2017	2018	2017
Innovasjon Norge	5	8	473.000	2.839.000
BU-midlar, frå fylkesmannen	0	1	0	15.000
Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	18	18	273.842	441.970
Organisert beitebruk, investeringstilskot	0	0	0	0
Tilskot til drenering	9	10	140.425	73.715
Erstatning for avlingssvikt	11	0	1.029.283	0
Produksjonstilskot:				
Produksjonstilskot	173	176	34.377.436	31.373.760
Regionalt miljøprogram:				
Eiga seter Fellesseter	2 9	2 9	60.000 32.666	60.000 30.952
Bratt areal 1354 da (1394 da)	54	49	176.000	181.220
Automatisk freda kulturminne 1 stk. (15)	10	10	15.000	15.000
Utsett jordarbeiding, eittårig raigras 0 da (0 da)	0	0	0	0
Tilskot til fôring sau som går ute heile året, skjøtsel av kystlynghei 83da (83)	1	1	3.320	3.320
Areal i soner m/særleg verdifullt kulturlandskap Fulldyrka/overflatedyrka 1296 da (1300) Innmarksbeite 886 da (682) Gjødselspreiing vår/haustsesong 8815 da (8946) Bruk av slangespreiiar/gylleanlegg 628 da (537)	 12 10 57 5	 13 10 53 4	 168.480 27.440 405.490 43.960	 169.000 27.280 429.408 37.590
Tilskot til beitelag: Sau/lam 3870 dyr (3433) Storfe/hest 481 dyr (420)	8 7	7 6	56.700 9.620	51.495 8.340
Trekk	0	0	0	0
Avløysarordning ferie og fritid	118	118	5.635.468	5.832.174
Avløysing under sjukdom	15	7	619.200	186.324
Sum			43.547.350	41.775.548

ÅRSOVERSIKT
over skogbruket i Ørsta
for året 2018

SKOGRESSURSAR:

		daa
Produktivt skogareal	Høg bon. (G17 og høgre)	59.426
	Middels " (G11 til G14)	23.889
	Låg " (G 8 og lågare)	3.149
	SUM	86.464

		m3
Stående kubikkmasse	Furu	32.800
	Gran	625.300
	Lauv	281.000
	SUM	939.100

		m3
Tilvekst	Furu	1.350
	Gran	35.950
	Lauv	12.750
	SUM	47.750

HOGST:

		2018 m3	2017 m3
Skur og spesialtømmer	Furu	18	
	Gran	10 981	15 096
Massevirke	Furu		58
	Gran	6 361	10 162
Bartrevirke (Industrivirke, flis, o.l.)		63	95
Sum tømmer		17 423	25 411
Ved (lauv og bartre)		0	39
Sum hogst av ved og tømmer		17 423	25 450
Bruttoverdi i kr		6 650 093	8 082 098
Juletresal 500 Bruttoverdi i kr 156.000		156 000	145 00

INVESTERINGAR OG TILSKOTT I ØRSTA 2018 :

	Tal	Areal da	Kostnad kr	Statstilskot Kr		Kommunalt tilskot, kr 2014
				2018	2017	
Flaterydding						
Plantekjøp og Plantearbeid	71 710	289	474 680	197 196	156 292	
Mekanisk etterrydding						
Markbered-ning						
Avstands-regulering		20	20 000	8 000	630	
Gjødsling fast-mark						
Grøfting Nyanlegg	-		-		-	-
Drift i vanskeleg terreng	7 874 m3	145	2 602 921	708 390	707 670	
Hogst energivirke						-
Bilv.bygging: Nybygg Opprusting						
Traktorveg-bygging						
Juletreplanting						

FORVALTNINGSSAKER ELLES ØRSTA		2018	2017
Søknader til Innovasjon Norge og Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga, Kommunen		45	34
Av dette:			
Våningshus		0	0
Gardkjøp/tilleggsjord	- Rentelån	0	0
Tradisjonelt jordbruk	- Vanleg ordinær bruksutbygging	6	5
	- Etableringstilskot	0	1
	- Bedriftsutviklingstilskot	2	0
Organisert beitebruk, investering i beitefelt		0	2
SMIL-søknader	- Kulturlandskapstiltak	19	16
	- Forureiningstiltak	4	0
	- Stell av kulturlandskap	0	0
Drenering		13	10
Tilleggsnæring	- Stipend	0	0
	- Investering	0	0
	- Idèavklaring	0	0
Anna	- Turisme	0	0
	- Tidlegpensjon	1	0
Pantefråfall, prioritetsvik, debitorskifte		0	0
Landbruksnemndsaker, i alt		51	50
Av dette:			
Delegerte saker		18	14
Saker etter			
Odelslov		0	0
Konsesjonslov		5	16
Jordlov, Skoglov		19	13
Høyringssaker etter plan- og bygningslov m.m.		3	2
Andre saker		6	5
Tal møter landbruksnemnda		6	6

ÅRSOVERSIKT

over jordbruket i Volda kommune for året 2018 og 2017

Tal bruk, areal, arealfordeling og husdyrtal bygg på data frå søknader om produksjonstilskot pr. 1.3. og 1.10. og talkodene i parantes refererer seg til desse søknadane. Areal og dyr som ikkje er med på desse søknadane er heller ikkje med i oversynet. (Særleg aktuelt for areal ute av drift.)

		Kode	**2018**	**2017**
Jordbruksforetak, kvalifiserte til produksjonstilskot			102	103
Jordbruksareal i drift: daa		299	15.473	15.597
Bruken av jorda:				
ENG	Fulldyrka jord til slått og beite	210	11.243	11.355
	Overflatedyrka jord, til slått og beite	211	266	282
	Innmarksbeite	212	3.961	3.957
	Andre grovforvekstar	213	0	0
	Grøngjødsling	223	0	0
KORN OG ANNA FRØ TIL MOGNING	Vårkveite	240	0	0
	Haustkveite	247	0	0
	Rug	241	0	0
	Rugkveite	249	0	0
	Bygg	242	0	0
	Havre	243	0	0
VEKSTHUS OG DRIVBENKAR	Veksthus og drivbenkar oppvarma pr. 1.3.	251	0	0
	Andre veksthus og drivbenkar pr.31.7.	250	0	0
GRØNNSAKER OG POTETER	Poteter	230	1	1
	Grønnsaker på friland inkl. urter	264	0	0
FRUKT, BÆR, PLANTESKULE OG BLOMSTER	Epler	272	0	0
	Pærer	273	0	0
	Planteskuleareal	285	0	0
BÆR	Jordbær	280	0	0
	Andre bær	282	2	2
PLANTESKULE-AREAL		285	0	0
EVENTUELT ANNA	Jordbruksareal i drift utan rett til tilskot t.d. brakka areal	290 og 294	0	0
JORDBRUKSAREAL UTE AV DRIFT	Fulldyrka/overflatedyrka	292	55	27
	Innmarksbeite	293	324	306
SUM JORDBRUKSAREAL (kode 210 - 299) = eige + leigd - bortleigd jordbruksareal)		300	15.473	15.597

HUSDYRTAL (MEDEL 1.3. OG 1.10.) VOLDA		2018	2017
Hest	(P115, 116)	66	70
Mjølkekyr	(P120)	488	526
Ammekyr	(P121)	49	22
Andre storfe	(P119)	928	946
Voksne sauer og vêrer	(P145, 146)	2.512	1.955
Sauer under 1 år	(138)	-	753
Mjølkegeiter over 9 mnd.	(P140)	714	684
Ammegeiter for kjøttproduksjon	(P142)	1	2
Bukkar og ungdyr, medrekna kje	(P144)	196	305
Avlspurker	(P155)	24	25
Avlsråner	(P156)	1	1
Ungpurker (over 6 mnd. bestemte for avl)	(P158)	1	2
Ungråner (over 6 mnd. bestemte for avl)	(P159)	0	0
Smågriser under 2 mnd.	(P154)	105	85
Griser selde, slakt og livdyr	(P184)	2.235	2.673
Verpehøner over 20 veker	(P160)	40	57
Livkyllingar, påsett til verpehøns	(P175)	0	0
Slaktekyllingar	(P176)	0	0
Ender, gås og kalkun. Bruksproduksjon	(P168)	0	0
Kyllingar, ender, kalkuner, gjess, slakta	(P186, 187, 188, 189)	0	0
Minktisper	(P170)	0	0
Revetisper	(P171)	0	0
Bikuber	(P194)	12	20
Lama	(P196)	4	1
Kyr av bevaringsverdig rase	(P720)	25	27
Oksar av bevaringsverdig rase	(P721)	0	3
Unghest under 3 år av bevaringsverdig rase	(P725)	2	1
Sauer av bevaringsverdig rase	(P722)	62	0
Verer av bevaringsverdig rase	(P723)	2	0

Diverse produksjonar m.m.	2018	2017
Meierleveranse *) liter	3.950.067	4.137.100
Slakteleveranse kg	364.313	333.715
Fordeling kumjølk/geitmjølk: Kumjølk 24 produsentar Geitmjølk 3 "	 24 * 3.584.176 3 * 365.891	 25* 3.775.839 3* 361.271

*Henteplassar

YMSE TILSKOT, UTBETALT VOLDA	Tal søknader		Tilskot kr	
	2018	2017	2018	2017
Innovasjon Norge	3	1	796.500	50.000
Bu-midlar, frå fylkesmannen	0	1	0	3.750
Spesielle spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	11	11	315.760	421.125
Organisert beitebruk, investeringstilskot	0	0	0	0
Tilskot til drenering	11	1	187.100	21.000
Erstatning for avlingssvikt	5	0	598.292	0
Produksjonstilskot:				
Produksjonstilskot	103	103	15.148.512	14.789.940
Regionalt miljøprogram:				
Eiga seter Fellesseter	0 1	0 1	0 3.333	0 3.333
Bratt areal 1192 da (1184)	35	34	154.960	153.920
Automatisk freda kulturminne 9 stk (7)	4	1	9.000	3.000
Skjøtsel av slåttemark 2 da (2)	1	1	2.000	2.000
Gjødselspreiing vår/haustsesong 2991da (3144) Bruk av slangespreiiar/gylleanl. 752 da (840)	21 6	22 6	137.816 52.640	150.912 58.800
Tilskot til beitelag: Sau/lam 2635 (2391) Storfe/hest 108 (70)	3 3	3 3	39.525 2.160	35.865 1.400
Trekk	0	0	0	0
Avløysarordning ferie og fritid	69	69	2.379.612	2.498.940
Avløysing under sjukdom	8	10	398.651	231.796
Sum			20.225.859	18.425.781

ÅRSOVERSIKT
over skogbruket i Volda
for året 2018

SKOGRESSURSAR:

		da
Produktivt skogareal	Høg bon. (G17 og høgre)	37.800
	Middels " (G11 til G14)	31800
	Låg " (G 8 og lågare)	2300
	SUM	71.900

		m3
Stående kubikkmasse	Furu	211.000
	Gran	340.000
	Lauv	237.000
	SUM	788.000

		m3
Tilvekst	Furu	6.200
	Gran	18.500
	Lauv	9.800
	SUM	34.500

HOGST:

		2018 m3	2017 m3
Skur og spesialtømmer	Gran og Furu	6335	6 809
Massevirke	Furu	220	456
	Gran	4 158	4 401
Bar – og lauvtrevirke (Industrivirke, flis, vrak o.l.)		91	44
Sum tømmer		10 804	11 712
Ved (lauv og bartre)		9	39
Sum hogst av ved og tømmer		10 813	11 751
Bruttoverdi i kr		3 722 730	3 715 067
Juletresal Bruttoverdi i kr			

INVESTERINGAR OG TILSKOTT I VOLDA I 2018:

	Tal Planter/ m3/ meter veg	Areal da	Kostnad kr i alt	Statstilskot Kr		Kommunalt tilskot, kr 2015
				2018	2017	
Flaterydding						
Plantekjøp og Plantearbeid Naturleg forynging	67670	274	410 467	156 290	235 670	
Mekanisk etterarbeid						
Mark-beredning						
Avstands-regulering		4	1200		4150	
Gjødsling fast-mark						
Grøfting Nyanlegg						-
Drift i v.terreng	4257 m3	94	1 358 738		383 130	
Energitilskot						
Bilvegar Nybygg Opprusting					66 000	
Traktorvegar						
Juletreplanting	Planter -	Areal				

FORVALTNINGSSAKER ELLES VOLDA	2018	2017
Søknader til Innovasjon Norge og Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga	23	19
Av dette: Våningshus	0	0
Gardkjøp/tilleggsjord - Rentelån	0	0
Tradisjonelt jordbruk - Vanleg ordinær bruksutbygging - Etableringstilskot	0 0	1 0
Organisert beitebruk, investering i beitefelt	1	2
SMIL-søknader - Kulturlandskapstiltak - Forureiningstiltak - Stell av kulturlandskap	12 2 0	11 0 0
Drenering	8	5
Tilleggsnæring - Stipend - Investering	0 0	0 0
Anna - Turisme - Tidlegpensjon	0 0	0 0
Pantefråfall, prioritetsvik, debitorskifte	0	0
Forvaltningsstyret, i alt	30	34
Av dette: Delegerte saker	13	12
Saker etter Odelslov Konsesjonslov Jordlov, Skoglov	 0 4 10	 0 3 15
Høyringssaker etter plan- og bygningslov m.m.	3	3
Andre saker	0	1
Tal møter forvaltningsstyret	10	11

Søre Sunnmøre IKT

Årsmelding 2018

Om samarbeidet

Søre Sunnmøre IKT er eit interkommunalt samarbeid med utgangspunkt i §27 i kommunelova. Vi leverer tenester innan IKT-drift og utvikling til kommunane i samarbeidet. Driftssenteret og kontorlokala knytt til drifta er lokalisert i rådhuset på Hareid. Målsettinga til selskapet er å levere stabile og kostnadseffektive IKT tenestar, samt å ha fornøygde brukarar.

Vi er eit eige rettssubjekt og alle dei tilsette er tilsett i selskapet. Selskapet vert ofte omtala som SSIKT, som er ei forkorting for Søre Sunnmøre IKT. 2018 er det fyrste året som Søre Sunnmøre IKT er organisert som eit eige selskap.

Kommunane som er med i samarbeider er: Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta. Det er til saman ca. 49.000 innbyggjarar i desse kommunane.

Selskapet vart skipa 17.10.2017, men formelt starta 01.01.2018 då dei fleste tilsette frå kommunane sine IKT avdelingar vart ført over til det nye selskapet.

Samarbeidet på IKT mellom deltakar kommunane strekker seg tilbake til 2005, då det vart kjøpt nytt sak/arkiv system på eit felles anbod. Sidan dette har samarbeidet utvikla seg til eit eige selskap som no leverer alle dei IKT tenestane i kommunane som tidlegare var ivaretatt av lokale IKT avdelingar.

Selskapet har per 31.12.2018, 25 årsverks heimlar, med 23 tilsette fordelt på 22 årsverk. Dei tilsette er fordelt på 8 kvinner og 17 menn.

Sjukefråværet i 2018 var på 4,3 %, fordelt på 2,4 % langtid og 1,9 % korttid.

Selskapet har ikkje aktivitet som påverkar det ytre miljøet.

Styret

Styret til Søre Sunnmøre IKT består av ein representant frå kvar av eigarkommunane

Styremedlemar per 31.12.2018:

Dag Vaagen - Sande kommune (styreleiar)

Ane Malene Søvik Nygård - Vanylven kommune

Arnulf Goksøyr - Herøy kommune

Knut Erik Engh - Ulstein kommune

Egil-Andre Ness Mortensen - Hareid kommune

Asbjørn Moltudal - Volda kommune

Eldar Rune Øye - Ørsta kommune

Det har vært halde 8 styremøter i 2018.

Aktivitetar

I 2018 har det vært arbeida mykje med å få på plass den nye organisasjonen. Det er 23 personar frå 7 forskjellege kommunar/organisasjonar som no er samla i eit nytt selskap og vi må jobbe fram eigne rutinar og prosedyrar.

Lokala våre på Hareid er ikkje lenger store nok som felles kontorlokale, då vi treng meir plass for å samlast og bygge ein eigen organisasjons kultur. Vi har også behov for å sitte samla for å sikre kompetanseoverføring mellom dei tilsette som kom frå forskjellege kommunar. Frå 01.01.2019 flyttar vi inn i større lokalar på Reiten bygget i Ulsteinvik, servera og anna sentral infrastruktur vert fortsatt plassert i rådhuset på Hareid.

Hareid kommune har i 2018 hatt ansvaret for rekneskap, løn, personal og arkiv tenester.

Organisasjons kartet ser slik ut:



Leiargruppa består av Guttorm Rimstad, Guro Gausemel og Odd Arild Djupvik.

Vi har organisert oss i tre avdelingar:

- Driftssenteret
- Brukarstøtte / prosjekt
- Fagområder

Kvar avdeling presenterer sine aktivitetar i eigne avsnitt seinare i årsmeldinga.

For å gje informasjon om status i selskapet, vert det kvar månad sendt ut ein rapport om økonomi, brukarstøtte og andre styringstal. Fyrste slike rapport vert levert i juni 2018 og vert publisert på intranetta til kommunane.

Gjennom 2018 har Guttorm Rimstad og Evelyn Haram Larsen vært med i to forskjellege referansegrupper for Helseplattformen. Dette er eit prosjekt som er initiert av helse Midt-Norge og har som mål å skaffe eit felles IKT system innanfor helseområdet for heile regionen. Dette vil gje tilgang på alle nødvendige helseopplysningar på tvers av fagområda i regionen. Vi deltek i desse referansegruppene for å sikre at kommunane sine interesser vert ivaretekne.

Etiske retningslinjer:
Selskapet har ikkje utarbeida eigne etiske retningslinjer, men jobbar ut i frå etikk reglementet til Hareid kommune. Med tanke på arbeidsoppgåvene vi har, er teieplikta eit av dei områda vi har mest fokus på, dette kjem også inn under den nye GDPR regelverket som trådde i kraft i 2018. Det er også eit fokusområde å sikre at innkjøp av varer og tenester vert gjort innanfor regelverket om offentleg innkjøp. Vi tek ikkje imot gåver av verdi frå leverandørar og utgifter til seminar og liknande vert betalt sjølve.

Økonomi/rekneskap

Drift

Selskapet har for 2018 eit driftsbudsjett på Kr. 32.471.319.-

Rekneskapet viser eit mindreforbruk på Kr. 4.547.844.-

Av mindreforbruket vert Kr.2.000.000.- satt av til fond, Kr. 2.547.844.- vert betalt tilbake til kommunane etter fordelingsnøkkelen for 2018.

Tilbakebetalinga vert slik:

Hareid	Herøy	Ørsta	Volda	Sande	Vanylven	Ulstein
12,50 %	16,40 %	18,30 %	16,60 %	9,80 %	10,50 %	15,90 %
307 230,50 kr	403 086,42 kr	449 785,45 kr	408 002,10 kr	240 868,71 kr	258 073,62 kr	390 797,20 kr

Fult rekneskap ligger ved som vedlegg til årsmeldinga.

Oversikt over rekneskap pr. avdeling:

Vedlegg 2

Regnskapsskjema 1B - Driftsregnskapet

Tall i 1 kroner	Regnskap 2018	Regulert budsjett 2018	Reguleringer 2018	Opprinneli g budsjett 2018
Netto driftsutgifter pr Ansvar				
Driftsenteret	-20 820 418	-19 429 298	-1 923 000	-17 506 298
Brukarstøtte/prosjekt	8 919 854	10 051 020	455 000	9 596 020
Strategi	432 824	805 200	-53 000	858 200
Fag-Omsorg	2 563 843	2 625 738	1 131 000	1 494 738
Fag-Økonomi og lønn	3 087 302	3 606 540	210 000	3 396 540
Fag-Sak/arkiv og web	915 569	1 145 400	90 000	1 055 400
Fag-Oppvekst	405 818	1 180 400	75 000	1 105 400
Netto for Avdeling	**-4 495 208**	**-15 000**	**-15 000**	**0**

Investering

Investerings budsjettet var for 2018 på Kr. 18.239.480.- (inklusiv mva). Selskapet aktiverer ikkje investeringane i balansen, men vidarefakturerer deltakar kommunane etter vedteke fordelingsnøkkel.

Følgande prosjekt var planlagde for 2018:

Prosjekt	**Budsjett, inkl mva**
Gjenståande prosjekt 2017	kr 2 383 230,00
Maskinvare driftsenterer	kr 5 375 000,00
Programvare driftsenteret	kr 3 125 000,00
IP telefoni	kr 1 875 000,00
GDPR teknisk	kr 625 000,00
Antivirus	kr 437 500,00
Egenkapitaltilskot	kr -
Gerica/omsorg	kr 400 000,00
Velferdsteknologi	kr 1 200 000,00
Agresso M7 oppgradering	kr 437 500,00
ID-Porten	kr 125 000,00
System for utfasa program	kr 125 000,00
Sak/arkiv	kr -
Tieto skule system	kr 2 131 250,00

Frå 2017 vart det vidareført Kr 4.504.480,- for prosjekt som ikkje vart avslutta.

P.g.a. blant anna mindre bemanning en planlagt i 2018, har vi ikkje fullført alle prosjekta som var planlagt dette året.

Alle summane i investerings budsjettet for 2018 er inklusiv mva, då kostnadane vart vidarefakturert kommunane i samarbeidet. Ingen investeringar er aktivert i Søre Sunnmøre IKT.

Frå 2019 vert dette endra slik at investeringane vert gjort i eige selskap. Investeringane som kommunane har aktivert i eige rekneskap i perioda 2012-2018, vert også kjøpt tilbake i 2019.

Det vert vidareført Kr. 7.766.932.- (inkl mva) til investerings budsjettet i 2019, fordelt på følgande oppstarta prosjekt:

12001	Maskinvare driftsenterer	kr 2 499 256,00
12003	IP telefoni	kr 1 241 470,00
12002	Programvare driftsenteret	kr 1 433 324,00
12302	Velferdsteknologi (helsestasjon)	kr 1 200 000,00
12401	Agresso M7 oppgradering	kr 646 650,00
12503	Sak/arkiv (2019)	kr -669 202,00
12601	Tieto skule	kr 1 415 434,00
		kr 7 766 932,00

Dei andre prosjekta vert avslutta.

Fordeling av kostnadar:

Kostnadane til selskapet vert fordelt på kommunane via ein fast fordelingsnøkkel. For 2018 er den nøkkelen 50% på antal deltakar kommunar og 50% på innbyggjar talet i kommunane.

Prosentvis fordeling vert som følger:

Hareid	Herøy	Ørsta	Volda	Sande	Vanylven	Ulstein
12,5 %	**16,4 %**	**18,3 %**	**16,6 %**	**9,8 %**	**10,5 %**	**15,9 %**

Enkelte områder vert ikkje fordelt på alle deltakar kommunane, so den eksakte summen vil avvike litt frå desse % tala.

Brukarundersøking

Vi har i 2018 utført brukarundersøking for tredje året. Resultatet viser ei lita auke på den samla brukartilfredsheten. Dette er ei viktig undersøking for oss, då det gjer oss tilbakemelding på korleis brukarane opplever tenestane våre.

Spørsmål	**Snitt SSIKT 2016**	**Snitt SSIKT 2017**	**Snitt SSIKT 2018**
IKT-avdelingen er imøtekommende når jeg tar kontakt	4,8	5	5
IKT-avdelingen yter god service ved henvendelser	4,5	4,8	4,8
IKT-avdelingen har evne til å sette seg inn i aktuelle problemstilling	4,6	4,8	4,7
IKT-avdelingen viser tilstrekkelig fleksibilitet i forhold til mine behov	4,3	4,5	4,5
IKT-avdelingen er løsningsorientert	4,6	4,8	4,7
IKT-avdelingen leverer tjenester med god kvalitet	4,4	4,6	4,7
IKT-avdelingen gir svar/tilbakemelding innen det tidspunktet de har lovet	3,9	4,3	4,5
IKT-avdelingen er tilgjengelig i arbeidstiden	4,1	4,4	4,7
IKT-avdelingen er tydelige på hva de kan hjelpe meg med	4,4	4,5	4,5
IKT-avdelingen har tilstrekkelig kapasitet/tid til å imøtekomme mine behov	3,5	3,8	4,2
Alt i alt, jeg er fornøyd med tjenesten jeg får fra IKT-avdelingen	4,3	4,6	4,7
Snitt	**4,3**	**4,5**	**4,6**

Medarbeidarundersøking

Vi har også i år hatt medarbeidar undersøking. Dette gjer os verdigfull informasjon om korleis dei tilsette er fornøgd med arbeidsforholda. Frå 2017 til 2018 ser vi at tala for heilhets vurderinga og samla snitt er stabile, enkelte andre områder har variert litt opp og ned. Vi tek tak i dei områda med svakast resultat og vil jobbe med å forbetre desse områda.

Medarbeidarundersøking	**2017**	**2018**
Organisering av arbeidet	5,0	4,6
Innhold i jobben	5,1	5,1
Fysiske arbeidsforhold	4,4	4,3
Samarbeid og trivsel med kollegene	4,9	5,1
Mobbing diskrimenring og varsling	4,8	4,9
Nærmeste leder	4,9	4,9
Overordnet ledelse	4,1	4,4
Faglig og personlig utvikling	4,8	4,9
Systemer for lønns- og arbeidstidsordninger	4,8	4,8
Stolthet over egen arbeidsplass	5,1	4,9
Helhetsvurdering	5,2	5,1
Snitt	**4,8**	**4,8**

Driftssenter

2018 vart eit hektisk fyrsteår med alle saman formelt tilsette i Søre Sunnmøre IKT. Vi har på denne avdelinga vore underbemanna, og det gjer også sitt til at vi ikkje kom i mål med alt vi hadde tenkt å gjennomføre i 2018. Særleg gjeld dette oppstart med overgang til sentralt levert IP telefoni, slik at vi kan kutte stort i linjekostnaden ute i kommunane, og prosjektet med å etablere backuplokasjon for alle våre løysingar i Volda.

Nettverk

Det mest ressurskrevjande gjennom året har vore opprydding, vekst og planlegging for ny vekst innan nettverk. I tidsromet juni 2018 - desember 2018 hadde vi ei heil stilling oppteken med dette arbeidet, og vi opplevde ein større vekst i nettverket i 2018, enn det vi gjorde i 2017. I tillegg nytta vi også gjennom året om lag 160% stillingsressursar frå brukarstøtteavdelinga til arbeidet med utbetring av nettverk i kommunane. Skular og omsorg er dei store drivarane bak dette. Innan skule opplever vi at stadig fleire kommunar siktar seg inn på 1:1 forhold mellom eining og elev, noko som krev ein solid trådlaus infrastruktur. Ingen kommunar har hatt skulebygg som har vore dimensjonerte eller korrekt sett opp for å handtere veksten i talet på einingar på ein god måte, men vi opplever å ha ein god dialog med kommunane på dette no. For omsorgssektoren er det velferdsteknologi som driv utbygginga framover. Vi opplever forståing for at det er viktig å budsjettere med infrastrukturtiltak før ein investerer i nye einingar, og at kommunane vert stadig flinkare til å melde inn og be om råd frå oss på dette feltet. Det er veldig bra og gjer opplevinga ute hos brukarane langt betre, når ein kjem med nye einingar og løysingar som skal takast i bruk.

Annan sentral infrastruktur:

I løpet av våren 2018 gjorde vi også eit bytte av ytre brannmurcluster. Der hadde vi rett og slett vekse ut av maskinvaren om lag eit år før vi hadde rekna med. For lite maskinvareressursar på ein slik sentral komponent fører til mykje misnøye og ikkje minst ei dårleg brukaroppleving. Reint teknisk måtte vi også slå av fleire viktige tryggleiksmekanismar i dei siste månadane dei gamle boksane var i sving, slik at trafikkmengda skulle flyte gjennom i ei akseptabel fart. Det er eit omfattande arbeid å gjere arbeid på slike sentrale komponentar, då kravet om oppetid berre aukar og aukar. Så planlegging og gjennomføring av dette var arbeidskrevjande.

Vidare gjennom året bytta vi også ut ein annan sentral maskinvarekomponent, Citrix Netscaler clusteret for interne soner. Dette er eit nav i leveransen av våre tenester og 100% oppetid er heilt avgjerande for at personar i det heile teke skal kunne logge på svært mange av tenestene vi leverer. Her gjorde vi eit gradvis skifte, sette opp ny maskinvare, og deretter flytta teneste for teneste over til det nye clusteret. Det tok litt tid å gjere det på denne måten, men samstundes så er det ein trygg måte og brukarane opplever ikkje nedetid.

Nye fagsystem:

På vårhalvåret tok Tieto Education ein god del tid. Leveransen viste seg å ikkje vere klar frå Tieto si side, og det vart mykje aktivitet for å få dette i fungerande stand til skulestart. Det er eit system som har mange trådar, mellom anna får ikkje ein gong elevane logga inn på systema våre, eller nytte Feide-integrerte tenester dersom ikkje alt er korrekt her. Tieto Education er det systemet som skal

levere grunnlagsdata om elevar, som trengs for å mellom anna generere konto for dei lokalt hos oss, og hos Feide.

Etter sommaren var det oppsett og konfigurasjon av Sensio. Dette er plattformproduktet som kommunane har valt for overvaking og drift av velferdsteknologi, som til dømes tryggleiksalarmar i bustadar, pasientvarslingsanlegg i institusjon i tillegg til ein god del andre sensorar til overvaking av pasientar. Her viste det seg, at alt for mykje kring kommunikasjonen som trengs mellom serverane i Sensio, dei ulike sensorane og mobile terminalar for mottak av alarmar, ikkje var godt nok dokumentert og testa frå leverandør. Vi brukte særs mykje tid og ressursar på å få opp dette på ein måte som vi kan kalle trygg, både med tanke på teknisk tryggleik i kommunikasjonen og at løysinga er robust nok til å handtere så viktige funksjonar. Til jul kom vi så langt, at vi kunne ta til med utrullinga av alarmar og sensorar i januar/februar.

Brukarstøtte

Det er 12 IKT-tilsette som tek seg av brukarstøtte for dei 7 kommunane tilknytt Søre Sunnmøre IKT. Det er sett opp ein vaktplan der det er 3-4 tilsette som jobbar dedikert med brukarstøtte kvar dag. Vi har etablert eit eige rom for brukarstøttefunksjonen på Reiten der dei som har vakt sit samla. Vi ser at dette har stor verdi i forhold til kunnskapsdeling og det å danne eit fagmiljø. I tillegg har det ein verdi i forhold til å få sitje samla med resten av dei tilsette i organisasjonen og få bygge arbeidsmiljø og samarbeid på tvers av avdelingane.

Det er no innarbeidd ein praksis der dei tilsette i kommunane er flinke til å nytte seg av SSIKT si brukarstøtte og melder i all hovudsak inn saker i rette kanalar. Skillet mellom kommunane vert stadig svakare, sjølv om det framleis er nokre lokale skilnader. I løpet av 2018 har vi løyst i overkant av 10 000 supportsaker i vår avdeling, det utgjer omlag 90% av alle innkomne saker. Vi har hatt fokus på at flest mogleg saker skal løysast ved fyrste kontakt og meiner vi leverer eit godt resultat på det området. Tala frå 2018 viser at vi løyser 66% av sakene same dag som dei vert meldt inn med ei gjennomsnittleg løysingstid på under ein time. Tilbakemeldingane frå dei tilsette rundt om i kommunane er positive, noko som syner igjen i resultata frå brukarundersøkinga.

I løpet av året har vi arbeidd med å etablere «team» på kryss av avdelingane i SSIKT. Vi har etablert team innan nettverk, klient og velferdsteknologi. Dette gir dei tilsette høve til å fordjupe seg innan eit område samstundes som vi kan arbeide meir strukturert med ulike prosjekt som kjem inn til Søre Sunnmøre IKT. Fokus framover vil vere å utnytte ressursane der det er mest hensiktsmessig. Det vil gjerne vere å løyse oppgåver på tvers av kommunegrensene i endå større grad enn i dag og då særskilt med tanke på dei oppgåvene som ikkje gjeld brukarstøtte.

Fagområda

Fagområde – omsorg

Gerica har hatt stabil drift og samarbeidet mellom SSIKT og lokale systembrukarar fungerer godt. Det er lite feil. Programmet vart oppgradert i mai og november. Det er rundt 3000 tilsette som regelmessig brukar systemet, for dokumentasjon av helsehjelp ytt til litt over 5000 pasientar. Tal på elektroniske meldingar til og frå systemet, har auka betydeleg siste året. (58821 meldingar inn/ut mot 36842 i 2017)

eRom:

Sande var pilot knytt til bustad med heildøgns omsorg frå mai og tok ansvar for opplæring ved Myrvåg, 2 sjukeheimsavdelingar etter sommarferien. Dei brukar IPAD. Erfaringane frå pilotane vil vere avgjerande for korleis andre kommunar tek i bruk eRom i 2019/2020. Hovudinntrykket er at ein får dokumentere helsehjelp fortløpande og har verktøyet for hand. Det fungerer betre for langtidsbuarar, enn dei med korte og intensive opphald på sjukeheim.

Skifte av leverandør for medisin og multidose:

Norsk Medisinaldepot overtok leveranse frå Apotek 1 frå 01.01.2019. Det medførte mykje ekstraarbeid i desember med oppsett og test av elektroniske ordinasjonskort til Gerica. Leverandør har kjøpt tenester frå eksterne for det som gjeld elektronisk samhandling og brukar ikkje vedteken standard. Det har dei lovd skal på plass vår 2019.

Rapportering til Kommunalt Pasientregister (KPR, tidlegare IPLOS-rapportar)

Helsedirektoratet endra rapporteringsmåte frå IPLOS-rapportering via SSB/ Skatteetaten til ny løysing via NHN og sending til KPR-registeret. Endring, test og gokjenning var på plass i januar 2019.

Helsestasjonsprogram:

5 kommunar brukar HsPro med meldingstenar Visma Link, medan 2 kommunar brukar CGM helsestasjon med Dips meldingstenar. CGM kontora vart oppdatert i november og alle stasjonane samhandlar no etter godkjent standard for elektroniske meldingar, så langt det er teknisk mulig. I løpet av året er det etablert meir samhandling mellom tenestene og eksterne.

Begge leverandørar har hatt tekniske utfordringar for at meldingsflyt skal gå som forventa. Fagkonsulentane har også dette året brukt om lag 15 % ressurs i oppfølging. Det er ingen frikjøp i kommunar for systemansvar lokalt, men nokre av leiarane har noko administrativ tid som dei prøver å bruke til oppfølging av fag/program, meldingsflyt og rutinar.

Fagprogramma ved helsestasjonane er pr.i dag ikkje tilknytt godkjent arkivkjerne, noko som er lovpålagt. Dette medfører ekstraressurs til scanning /utskrifter ved arkivering av journalar og utsending av brev. Godkjent arkivkjerne er med i kravspesifikasjon for anbod i 2019.

Fagkonsulentane i SSIKT møter faggruppa av helsesjukepleiarar regelmessig, knytt opp til nytt felles prosjekt for digital helsestasjon, møter omkring samhandling og rutinar, samt anbod nytt helsestasjonsprogram. Prosjektmidlar i høve til digitalisering av helsestasjon er kanalisert til Ulstein som vertskommune og sjustjerna helse og omsorg som styringsgruppe. Inge Pettersen vart tilsett som prosjektleiar frå oktober 2018. Han har fått hovudansvar saman med faggruppa for utarbeiding av kravspesifikasjon for ny felles programvare for helsestasjonstenestene. Anbodsarbeidet vart vedteke i strategigruppa i juni. Arbeid med kravspesifikasjonen starta etter sommarferien og levert til strategigruppa i desember 2018. Anbod skal lysast ut vår 2019.

Fagområde – oppvekst

I slutten av 2017 signerte SSIKT kontrakt om innkjøp av nytt oppvekstadministrativt system, på vegne av Hareid, Herøy, Ulstein, Sande, Vanylven og Volda. Dette skal vere ei fullstendig administrasjonsløysing for både skule, SFO og barnehage, samt eit verkty for kommunikasjon mellom føresette og den enkelte eining.

I løpet av første halvår i 2018 rigga kommunane seg for å ta i bruk systemet - utarbeiding av malar, registrering av grunndata og kursing av superbrukarar og skuleleiarar.

Løysinga for skule vart tatt i bruk ved skulestart i august, til tross for store manglar i høve til kontrakta. I slutten av august vart det tilsett ny prosjektleiar/systemansvarleg, som har hatt som hovudoppgåve å halde kontakt med leverandøren (Tieto) og sjå til at det vert framdrift i prosjektet.

Tieto har gjennom hausten oppgradert med nye funksjonar og feilrettingar med 3-4 vekers mellomrom, noko som viser at systemet framleis er under utvikling.

Samla sett har ein likevel fått på plass mykje ved årsslutt:

Administrasjonsløysing med opplysningar om alle einingar, i tillegg til register over tilsette, barn og føresette.

«Lærarmodul» der ein kan føre fråvær, merknadar og karakterar.

Integrasjon mot Agresso - personalimport kvar natt, i tillegg arbeider ein med fil for fakturagrunnlag for SFO. Herøy vert første kommune ut.

Sikker arbeidsflyt der ein handterer sensitive dokument som til dømes IOP'ar og melding til barnevernet.

App for føresette der det er mogleg å melde fråvær og sjå barnet sin timeplan i skulen.

TimeEdit – ekstern timeplanleggar som synkar mot lærarmodulen og appen for føresette.

Import av folkeregisteruttrekk. Frå 1.1.2019 vert det manuelt importert endringsuttrekk kvart kvartal, noko som sikrar oss oppdaterte opplysningar om barn og deira familier.

I november heldt Tieto oppfriskingskurs i barnehageløysinga som skal ha oppstart 1.1.19. SFO har til no vorte nytta i liten grad, grunna manglane i leveransen.

Prosjektet har så langt vore prega av store forseinkingar frå leverandøren, men elles eit svært godt samarbeid mellom dei involverte kommunene. Målet frå dag ein har vore å halde på eit likt oppsett for å lettare kunne støtte kvarandre og det har ein lukkast med.

Fagområde – Økonomi og løn

Hege Nærum Wold vart tilsett som vikar for Elisabet Aklestad i første del av 2018. Hege hadde systemansvar for økonomi og lønnsområdet i 60-70 % stilling fram til august 2018, då Elisabet kom tilbake frå svangerskapspermisjon. Etter dette fekk Søre Sunnmøre IKT tilsette Hege på permanent basis i 60 % stilling, med fagansvar for lønnsområder, medan Elisabet har hatt 80 % stilling med fagansvar for økonomi.

Pågåande prosjekt i 2018 har vore innføring av ny, heilelektronisk reiserekning, koordinering av faggrupper, integrasjon mot Tieto Education og oppgradering til Unit4 Business World (tidlegare kalt Agresso) versjon Milestone 7.

Ny, heilelektronisk reiserekning: i desember 2017 blei det inngått avtale med Evry om innføring av Unit4 Travel & Expenses (Current Reise og Utlegg). Førespeila driftsstart for Vanylven og SSIKT var

datert april 2018. Pga. ei rekke uføresette hendingar hos leverandør, kom ikkje desse i produksjon før i slutten av desember 2018. Avtalen er inngått for alle kommunane i samarbeidet, og resten vil kome i drift primo 2019.

Koordinering av faggrupper: det har blitt gjennomført faggruppemøter for både økonomi- og lønnsområdet i løpet av 2018. Hege og Elisabet har vore til stade på desse, og har ansvar for innkalling, referat og koordinering.

Integrasjon mot Tieto Education: seks av kommunane på Søre Sunnmøre har teke i bruk nytt, oppvekstadministrativt system i løpet av 2018. Hege og Elisabet har bistått med å sette opp personalimport frå UBW til TE, filimport av kundefiler og ordrefiler for SFO og oppsett for filimport av variable lønnstransaksjonar innan skule- og førskule. Dette prosjektet vil halde fram i 2019.

Oppgradering til M7: avtale om oppgradering til nyaste versjon av Unit4 Business World vart inngått i september 2018. Bakgrunnen for oppgraderinga var spesielle systemkrav i samband med nytt refusjonsreglemet som ikkje vart stetta i gammal versjon. Grunna forseinka leveranse av ny refusjonsmodul, vart gjennomføring av oppgradering utsett til januar 2019.

I slutten av 2018 tok systemansvarlege innanfor dei ulike fagområda i bruk Søre Sunnmøre IKT sitt felles system for innmelding av supportsaker. Vi har hatt fokus på å få brukarane til å nytte dette systemet for innmelding av feil og endringsynskje. Dette vil bli eit godt verkty for oversikt over innmeldte saker og tidsbruk per sak, og vil bli rapportert på i komande år.

Fagområde – Sak/arkiv og portal

Stillinga som systemansvarleg for sak- arkiv og portal for dei 7 medlemskommunane kom på plass frå 1. februar 2018.

Oppgradering og redesign heimesider:
Alle kommunane sine Internettportalar vart samla i ein felles installasjon i prosjektet for oppgradering og redesig av heimesidene til kommunane. Ørsta kommune hadde allereie siste versjon av Internettportalen og var ikkje med i det felles oppgraderingsprosjektet. Ørsta måtte likevel gjere nokre tilpassingar til heimesidene for å vere med i den felles installasjonen. Sande kommune hadde ikkje heimesider frå Acos frå før, slik at for dei vart dette også eit innføringsprosjekt for ny Internettportal.
Prosjektet var i praksis å bygge opp heimesidene for kommunane på nytt heilt frå grunnen av. Prosjektet vart gjennomført av kommunane på ein svært god måte, og grunnstrukturen på heimesidene til kommunane er no lik og brukarane kjenner seg igjen på heimesidene til alle kommunane på Søre Sunnmøre. Ved vidare oppgraderingar går no kommunane i takt, alle er på same versjon og ved oppgradering av Internettportalen blir alle kommunane oppgradert til same versjon samstundes. Dei nye heimesidene vart lansert 16. oktober 2018.

Nytt sak- arkiv system anbodskonkurranse:
Våren 2018 vart det oppretta ein prosjektstruktur for anskaffing av nytt sak- arkiv system. Prosjektgruppa vart satt saman av arkivleiarane i kommunane og rådmannsgruppa vart styringsgruppa. I tillegg vart det oppretta ei referansegruppe der saksbehandlarar frå dei fleste saksområda var representert.
Prosjektgruppa og arbeidsgruppa jobba etter ein stram tidsplan for å få lyst ut konkurransen i god tid før sommaren. I praksis vart arbeidet med kravspesifikasjonen gjennomført på rundt 2 mnd. Det vart

halde leverandørdialog med tre leverandørar. Det vart gjennomført ei anbodskonkurranse med prekvalifisering og forhandlingar. Konkurransegrunnlaget for prekvalifiseringa vart kunngjort i byrjinga på mai. I byrjinga av september var det klart at Acos vann anbodskonkurransen.

Innføring av Acos WebSak:
Arbeidet med innføring av Acos WebSak starta raskt etter kontraktskriving med Acos. Prosjektgruppa danna strukturen for innføringsprosjektet og starta opp med arbeidsgrupper for dei største fagområda som nytta sak- arkiv systemet til saksbehandling.
Før utgangen av 2018 var det gjennomført oppstartsmøte med Acos, ein prosjektplan var på plass med tidfesta datoar for alle kurs for saksbehandlarane. Den tekniske installasjonen av programmet var på plass og systemet var klart til kursing rett over nyttår.

GDPR og databehandlaravtalar:
Våren 2018 var SSIKT også aktivt med i den interkommunale gruppa for GDPR. Denne gruppa jobba for å få på plass rutinar i kommunane knytt til den nye personvernforordninga. Arbeidet resulterte i ei «Personvernhandbok» med rutinar knytt til alle relevante punkt i personvernforordninga, samt eit sett med malar som kommunane kan nytte.

Som følgje av GDPR var det også naudsynt å revidere alle eksisterande databehandlaravtalar for kommunane og inngå nye databehandlaravtalar der dette ikkje var på plass. SSIKT var med i ei nedsett gruppe som skulle vurdere databehandlaravtalane før kommunane skreiv under på dei. Dette viste seg å vere eit svært omfattande og arbeidskrevjande arbeid. Resultatet var at kommunane ved nyttår vedtok å tilsette ein jurist i eit vikariat i 6 mnd for å ta hand om dette for kommunane.

Guttorm Rimstad

Dagleg leiar

Søre Sunnmøre IKT

Ulsteinvik 12.03.2018

SØRE SUNNMØRE IKT

ssikt.no

REKNESKAP 2018

INNHALD

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT	**2**
REKNESKAPSSKJEMA 1A – DRIFTSREKNESKAPEN	**3**
REKNESKAPSSKJEMA 1B – DRIFTSOMRÅDET	**4**
ØKONOMISK OVERSIKT INVESTERING	**5**
REKNESKAPSSKJEMA 2A – INVESTERINGSREKNESKAPEN	**6**
REKNESKAPSSKJEMA 2B – INVESTERINGSREKNESKAPEN FORDELT PÅ PROSJEKT	**7**
BALANSEREKNESKAPEN	**8-9**
NOTE 1: KRETSLØP 1 – ARBEIDSKAPITALEN	**10**
NOTE 2: KRETSLØP 2 – EIGENKAPITALEN	**11**
NOTE 3: FORDRINGAR	**12**
NOTE 4 GJELD	**13**
NOTE 5 EGENKAPITALTILSKOT	**14**

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT

Søre sunnmøre IKT Økonomisk oversikt - Drift				
Tall i 1 kroner	Regnskap 2018	Regulert budsjett 2018	Reguleringer 2018	Opprinnelig budsjett 2018
DRIFTSINNTEKTER				
Brukerbetalinger	0	0	0	0
Andre salgs- og leieinntekter	0	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	-33 053 812	-32 471 319	0	-32 471 319
Rammetilskudd	0	0	0	0
Andre statlige overføringer/Sjukelønn	-403 792	0	0	0
Andre overføringer	-2 908 218	0	0	0
Inntekts- og formuesskatt	0	0	0	0
Eiendomsskatt verk og bruk	0	0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom	0	0	0	0
Med unntak av likviditetslån etter kommuneloven §50 nr.5 er gjeld oppteke til formål som nemnt i kommuneloven §50 langsiktig gjeld. Anna gjeld er kortsiktig gjeld.

Alle obligatoriske oversikter og informasjon frå eksterne partar (til dømes pensjonsleverandørar) er på bokmål.

Note 2 Endring i arbeidskapital

Balansen	Saldo 01.01	Saldo 31.12	Endring
Omløpsmidler	281 718 833	446 891 817	165 172 984
Kortsiktig gjeld	143 333 051	153 672 720	10 339 669
SUM ENDRING I BALANSEN			154 833 315
Endring mem.konti ubrukte lånemidler			-150 491 503
Sum endring for avstemming mot drifts- og investeringsregnskapet			**4 341 812**

Drift og investering:	Fra drift	Fra investering	
Sum inntekter	912 249 873	63 426 931	
Sum utgifter	910 872 679	191 218 529	
Avskrivninger	45 307 035		
Eksterne finansieringsinnt.	12 021 343	141 144 214	
Eksterne finansieringsutg.	51 308 292	16 408 084	
SUM DIFF. DRIFTS/INVESTERINGS	**7 397 280**	**-3 055 468**	**4 341 812**

Note 3 Pensjon

Pensjonskostnad spesifisert:	KLP	SPK	Sum
Noverdi av årets pensjonsopptening	41 421 162	8 421 807	49 842 969
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktingar	31 754 960	5 190 251	36 945 211
Brutto pensjonskostnad	**73 176 122**	**13 612 058**	**86 788 180**
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	31 225 229	3 869 738	35 094 967
Netto pensjonskostnad (ekskl. adm.)	**41 950 893**	**9 742 320**	**51 693 213**
Sum amortisert premieavvik	5 036 277	251 890	5 288 167
Administrasjonskostnad	3 008 859	286 266	3 295 125
Samla pensjonskostnad (inkl. adm.)	**49 996 029**	**10 280 476**	**60 276 505**

Pensjonsmidlar, pensjonsforpliktingar og beregnet akkumulert premieavvik:	KLP	SPK	Sum
Brutto pensjonsmidlar 31.12.18	739 636 984	100 656 389	840 293 373
Brutto pensjons-forpliktingar 31.12.18	814 096 767	143 368 325	957 465 092
Netto pensjonsforpliktingar (før aga)	**74 459 783**	**42 711 936**	**117 171 719**
Arbeidsgivaravgift av netto pensjonsforpliktingar	10 498 829	6 022 383	16 521 212

Akkumulert og amortisert premieavvik (inkl. arbeidsgivaravgift)	Sum
Akkumulert premieavvik 01.01.18	30 514 549
Årets premieavvik 2018 (positivt)	10 532 951
Sum amortisert premieavvik	-5 975 437
Akkumulert premieavvik 31.12.18	35 072 063

Økonomiske føresetnadar KLP	2018	2017
Årlig avkastning	4,50 %	4,20 %
Diskonteringsrente (risikofri rente)	4,00 %	4,00 %
Årlig lønnsvekst	2,97 %	2,97 %
Årlig vekst i folketrygdens grunnbeløp (g-regulering)	2,97 %	2,97 %
Årlig vekst i pensjonsreguleringa	2,20 %	2,20 %

Estimerte størrelsar, faktiske størrelsar, estimatavvik	KLP	SPK
Faktisk forpliktingar 01.01.18	763 984 988	129 756 268
Estimert forpliktingar 01.01.18	788 261 163	145 136 714
Årets estimatavvik forpliktingar	-24 276 175	-15 380 446
Faktiske pensjonsmidlar 01.01.18	679 376 194	87 486 592
Estimerte pensjonsmidlar 01.01.18	674 800 710	102 195 218
Årets estimatavvik pensjonsmidlar	4 575 484	-14 708 626

Spesifikasjon av estimatavvik, planendring og tariffendring	KLP	SPK
Endra forpliktingar - planendring	0	0
Endra forpliktingar - ny dødligheitstariff	0	0
Endra forpliktingar - øvrige endringar	24 276 175	15 380 446
Endringar forpliktingar - totalt	24 276 175	15 380 446

Premieavvik og amortisering Volda kommune 2018		
Årets premieavvik	Pensjon KLP fellesordninga	-9 602 394
Årets premieavvik	Pensjon Statens Pensjonskasse	371 601
Årets premieavvik	Arbeidsgjevaravgift	-1 301 542
Årets premieavvik		**-10 532 335**
Amortisering av tidlegare års premieavvik	Pensjon KLP fellesordninga	567 902
Amortisering av tidlegare års premieavvik	Pensjon Statens Pensjonskasse	181 768
Amortisering av tidlegare års premieavvik	Pensjon Storebrand	4 411 232
Amortisering av tidlegare års premieavvik	Arbeidsgjevaravgift	796 535
Amortisering av tidlegare års premieavvik		**5 957 437**

Volda kommune hadde i 2018 eit samla positivt premieavvik på 10,5 mill kr. Amortisering av tidlegare års premieavvik er rekneskapsført med ein kostnad på 5,9mill kr. Samla sett påverkar dette rekneskapen til Volda kommune med ei inntekt på 4,6 mill kr.

Volda kommune brukte i 2018 kr. 12 752 213 av premiefondet.

Pr 31.12.2018 er det kr. 4 728 138 på premiefondet.

Note 4 Kommunens garantiansvar

Låntakar	Långivar	Beløp 31.12.18	Beløp 31.12.17	Innfriing eller utløp
Øyra barnehage	Sparebank 1 Søre Sunnmøre	10 445 151	11 147 379	07.11.2033
Volda Turn og Idrettslag Allid	Sparebank 1 Søre Sunnmøre	1 013 164	1 125 738	20.04.2027
Volda Turn og Idrettslag Allid	Sparebank 1 Søre Sunnmøre	2 000 000	1 000 000	13.10.2026
Volda Turn og Idrettslag Allid	Sparebank 1 Søre Sunnmøre	1 508 778	2 536 675	20.10.2026
Volda Turn og Idretteslag Fotball	Sparebanken Møre	0	7 049 689	2018
Volda Turn og Idretteslag Fotball	Sparebanken Møre	0	1 455 177	2018
Volda Turn og Idretteslag Fotball	Sparebanken Møre	0	2 025 809	2018
Volda Turn og Idretteslag Fotball	Sparebank 1 Søre Sunnmøre	6 818 362		15.12.2038
Volda Turn og Idretteslag Fotball	Sparebank 1 Søre Sunnmøre	1 308 786		15.08.2026
Volda skisenter AS	Sparebank 1 Søre Sunnmøre	0	248 713	25.04.2020
Volda Rideklubb	Sparebank 1 Søre Sunnmøre	0	233 452	25.07.2025
Volda Rullarlaug AS	Sparebank 1 Søre Sunnmøre	1 140 845	1 310 065	31.12.2024
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	KLP	947 927	1 218 759	15.03.2022
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	KLP	708 750	911 250	27.03.2022
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	KLP	984 375	1 265 625	25.04.2022
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	KLP	1 050 000	1 150 000	25.04.2029
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	KLP	340 000	380 000	27.03.2027
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	KLP	4 255 000	4 485 000	27.03.2037
Volda Kyrkjelege Fellesråd	KLP	1 657 896	1 703 948	02.11.2054
Volda Kyrkjelege Fellesråd	KLP	415 514	456 032	19.05.2029
Volda Kyrkjelege Fellesråd	KLP	1 459 648	1 571 928	19.11.2031
Volda Kyrkjelege Fellesråd	Kommunalbanken	7 660 670	7 885 990	21.06.2052
Volda KFUK-KFUM	KLP	9 987 804	10 500 000	12.06.2038
Vestsida Idrettslag	Sparebank 1 Søre Sunnmøre	0	175 548	2018
Hjellbakkane Barnehage Stiftelse	Sparebank 1 Søre Sunnmøre	690 640	724 332	01.05.2033
Hjellbakkane Barnehage Stiftelse	Sparebank 1 Søre Sunnmøre	0	76 216	
Fyrlykta Kulturhus SA	Sparebank 1 Søre Sunnmøre	184 960	212 114	11.09.2024
Kvakk AS (Bratteberg barnehage)	Husbanken	41 001 000	42 227 457	
Garantiar for husleigedepositum 62 stk	Volda kommune (gjennom NAV)	974 691	937 350	
Garantiar for husleigedepositum 28 stk (22 stk)	Private bustadar (gjennom NAV)	346 150	244 650	
Sum garantiar		**96 900 111**	**104 258 896**	

Volda kommune har ikkje hatt tap på garantiar i 2018.

Note 5 Aksjar og andeler i selskap

Selskap	Verdi
7718 eigenkapitalbevis i Sparebank1 Søre Sunnmøre	802 672,00
Eigenkapitalinnskot KLP	19 757 602,00
484 stk. Tussa Kraft AS (B-aksjar)	138 101 525,00
Folkestad Vassverk BA	7 500,00
166 stk. Furene as	31 500,00
45 stk Sunnmøre Kulturnæringshage AS	60 210,00
14 stk. Dag og Tid AS	1 902,00
2040 stk. Volda Skisenter AS	209 000,00
104 stk Bygderadio Vest AS	25 823,20
3 stk. Høydal Vassverk LL	6 000,00
50 stk. AV-Senteret AS	50 000,00
2 stk. LL Dalsbygd Vassverk	12 720,00
16,89 stk. LL Dalsbygd Kloakklag	160 000,00
40 stk. Muritunet AS	40 000,00
4 stk. Rovdefjordbrua as	20 000,00
85 stk. Hareid Fastlandssamband as	45 806,00
10 stk Fefast as	30 632,00
300 stk Voldsfjordkryssing AS	300 000,00
	159 662 892,20

Note 6 Avsetningar og bruk av avsetningar

Tall i 1 kroner	*Regnskap 2018*	*Revidert budsjett*	*Opprinnelig budsjett*	*Regnskap 2017*
DISPOSISJONSFOND				
Disposisjonsfond pr. 1.1	59 893 744	59 893 744	59 893 744	60 043 333
Avsett til driftsregnskapet	54 377 781	54 377 781	0	21 489 982
Forbruk på investeringsregnskapet	-130 498	-2 000 000	-2 000 000	-802 672
Forbruk på driftsregnskapet	-2 880 000	-2 880 000	-24 441 737	-20 836 898
Disposisjonsfond pr. 31.12	**111 261 027**	**109 391 525**	**33 452 007**	**59 893 744**
UBUNDNE INVESTERINGSFOND				
Ubundne investeringsfond pr. 1.1	60 454 883	60 454 883	60 454 883	62 488 914
Avsett til ubundne investeringsfond	9 467 278	0	0	3 625 277
Bruk av ubundne investeringsfond	-10 283 515	-21 570 000	-20 000 000	-5 659 308
Ubundne investeringsfond pr.31.12	**59 638 646**	**38 884 883**	**40 454 883**	**60 454 883**
BUNDNE INVESTERINGSFOND				
Bundne investeringsfond pr. 1.1	8 968 000	8 968 000	8 968 000	2 136 158
Avsett til bundne investeringsfond	2 609 377	0	0	6 831 841
Bruk av bundne investeringsfond	-4 710 107	0	0	0
Bundne investeringsfond pr. 31.12	**6 867 270**	**8 968 000**	**8 968 000**	**8 968 000**
BUNDNE DRIFTSFOND				
Bundne driftsfond pr. 1.1	45 038 402	45 038 402	45 038 402	22 000 451
Avsett i driftsregnskapet	10 166 046	2 366 836	1 889 357	40 035 814
Bruk i driftsregnskapet	-17 505 398	-9 493 922	-2 822 201	-16 997 862
Bundne driftsfond pr. 31.12	**37 699 050**	**37 911 317**	**44 105 558**	**45 038 402**

Note 7 Transaksjonar mot kapitalkonto

År 2018	DEBET	KREDIT
INNGÅENDE BALANSE - Kapitalkonto		**248 850 132,00**
Aktivering anlegg		191 208 630,60
Avskriving anlegg 2018	45 307 036,60	
Kjøp av aksjar og andelar		2 123 260,55
Mottatte avdrag på utlån	5 298 922,25	
Utlån *	301 755,43	7 167 056,36
Bruk av lån	135 964 876,95	
Avdrag lån		36 078 370,63
Aktivering av pensjonsmidlar		63 297 445,00
Endring pensjonsforpliktingar	18 535 752,90	
Bevegelse gjennom året	**205 408 344,13**	**299 874 763,14**
UTGÅENDE BALANSE - Kapitalkonto		**343 316 551,00**

Det er i 2018 tapsført eit startslån med kr 301 755,43. Det er sendt søknad til Husbanken for erstatning på dette tapet.

Note 8 Interkommunale samarbeidstiltak med Volda kommune som kontorkommune

Følgjande interkommunale samarbeidstiltak har kontoradresse i Volda:

- Hamna dagsenter (organisatorisk plassert under Helse- og omsorg)
- Nattlegevakta for Søre Sunnmøre (organisatorisk plassert under Helse- og omsorg)
- Felles kommuneoverlege Volda-Ørsta (organisatorisk plassert under Helse- og omsorg)
- Barneverntenesta Hareid – Ulstein – Volda – Ørsta

Hamna dagsenter	2 018
Sals- og leieinntekter	-279 559,69
Refusjonar	-1 132 429,00
Lønnsutgifter	7 012 558,81
Sosiale utgifter	2 289 009,99
Kjøp av varer og tj. inngår i komm. tj.prod.	1 895 285,81
Kjøp av tj. som erstattar kommunens tj.prod.	20 800,00
Netto kostnad Hamna dagsenter	**9 805 665,92**
Overføringar frå Ørsta kommune	-4 770 433,00
Kostnad Volda kommune	5 035 232,92

Interkommunal nattlegevaktordning	2 018
Sals- og leieinntekter	-231 452,61
Refusjonar	-464 977,00
Overføringar med krav til motytelse	-438,75
Lønnsutgifter	3 170 653,26
Sosiale utgifter	1 024 449,35
Kjøp av varer og tj. inngår i komm. tj.prod.	253 399,07
Kjøp av tj. som erstattar kommunens tj.prod.	1 513 575,57
Overføringar	15 869,50
Netto kostnad nattlegevakt	**5 281 078**
Overføringar frå deltakarkommunane	2 018
HERØY	-1 048 072,81
SANDE	-294 546,95
ULSTEIN	-1 000 802,95
HAREID	-601 216,34
ØRSTA	-1 263 038,13
Sum overføring frå deltakarkommunane	-4 207 677,18
Kostnad Volda kommune 2018	1 073 401

Felles kommuneoverlege Volda og Ørsta	2 018
Lønnsutgifter	1 173 061
Sosiale utgifter	376 639
Kjøp av varer og tj. inngår i komm. tj.prod.	38 036
Netto utgift felles kommuneoverlege	1 587 737
Overføringar frå Ørsta kommune	- 793 868
Kostnad Volda kommune	793 868

Barneverntenesta 2018	Hareid	Ulstein	Ørsta	Hornindal	Volda
Barnevernteneste	3 741 546	6 010 481	7 628 413	772 897	5 906 783
Tiltak i familien	1 055 037	453 459	1 307 135	34 690	1 179 916
Tiltak utanfor familien	10 336 679	10 010 066	9 161 674	2 066	5 407 387
Tiltak med omplassering EM			10 429 132		12 412 215
Kostnad pr. kommune	**15 133 263**	**16 474 006**	**28 526 355**	**809 653**	**24 906 301**

Note 9 Finansielle omløpsmiddel

Porteføljе Storebrand	01.01.2018	Bevegelse	31.12.2018
Aksjar Storebrand Global Kreditt	8 461 705	-140 140	8 321 565
Aksjar Storebrand Likviditet	21 886 827	785 257	22 672 084
Aksjar Storebrand Norsk Kreditt IG 20	12 543 081	-1 236 512	11 306 569
Aksjar Storebrand Rente+	10 126 684	1 233 549	11 360 233
Aksjar Storebrand Eiendomsfond Norge KS	7 276 083	159 983	7 436 066
Forvaltningskonto Storebrand	111 472	181 297	292 769
Verdi protefølje 31.12.	**60 405 852**	**983 434**	**61 389 286**

Samla netto gevinst på porteføljen i Storebrand i 2018 var kr 983 434.

Note 10 Vesentlege postar

Sjukepengerefusjon

Volda kommune betalar løn i sjukemeldingsperioden og krev refusjon for dette frå NAV trygd. I 2018 har Volda kommune motteke kr 33 832 916 i sjukepengerefusjon frå NAV Trygd. Dette er ei auke på 9,96 % i forhold til 2017.

Sjukepengar	2018	2017	%vis endring
Refusjon sjukeløn	22 803 755	22 334 766	3,50 %
Refusjon fødselspengar	7 670 250	6 747 338	14,94 %
Refusjon feriepengar	2 961 448	1 686 986	75,55 %
Sum	**33 435 453**	**30 769 090**	**9,96 %**

Driftstilskot til private barnehagar

I 2018 har Volda kommune betalt ut kr 32 212 037 i driftstilskot til private barnehagar i kommunen.

Tap på krav

Volda kommune har i 2018 ført vekk kr 191 775 i realiserte tap. Det er satt av kr 500 000 i delkrederavsetning som skal dekke framtidige forventa tap på krav.

Avtale om overføring av justeringsretten for mva

- I 2012 inngjekk Volda kommune avtale med utbyggaren av Smiebakken 4 (bustad for einslege mindreårige innvandrarar) om overføring av justeringsretten for meirverdigavgift. Denne avtalen tilfører Volda kommune kr 743 165 pr år netto i momskompensasjon fordelt over 8 år rekna frå og med 2012.
- I 2015 inngjekk Volda kommune tilsvarande avtale med utbyggaren av byggefeltet Myragjerdet II i Dravlausbygda. Denne avtalen tilfører Volda kommune kr 141 544 pr år netto i moms-kompensasjon fordelt over 10 år rekna frå og med 2015.
- I 2018 har Volda kommune inngått avtale med utbyggaren av byggefelt Håmyra. Avtalen tilfører kommunen kr 281 914 pr år netto i moms-kompensasjon fordelt over 10 år frå og med 2018

Periodiseringar

- Lånerente påløpt, men ikkje betalt per 31.12.2018, er utgiftsført med kr 3 979 938 i 2018-rekneskapen. Totalt lånerente for 2018 vart kr 17 120 402.
- Forventa krav frå tilflyttarkommunar for integreringstilskot for innvandrarar som har flytta til andre stader i Norge, er avsett med kr 399 800.
- Løn som er påløpt i rekneskapsåret 2018, men utbetalt først i januar 2019 er kr 5 505 364. Dette er periodisert tilbake til 2019 rekneskapen.
- Refusjonskravet til Helsedirektoratet som gjeld særleg ressurskrevjande brukarar er kr 21 458 000,- i 2018.

Note 11 Anskaffingskost og opptakskost for balansepostar

Vesentlege overføringar Volda kommune har motteke til finansiering av investeringar

- Volda kommune har motteke kr 8.411.000,00 frå Husbanken i investeringstilskot til bygging av ROP-bustadar.
  Dersom føresetnad for tildeling vert endra i løpet av dei første 30 årene etter utbetaling, skal Husbanken krevje at kommunen betalar att investeringstilskotet. Døme på endring av tildelingsføresetnad er sal av bustad til andre og / eller endring av bruksformål.
- Volda kommune har motteke kr 1.982.013 frå Møre og Romsdal fylkeskommune som gjeld tilskot til utbygging av breiband fase VIII.

Note 12 Anleggsmidlar

	5 år	10 år	20 år	40 år	50 år	Tomter	Sum alle anlegg
Anskaffelseskost	41 111 839	47 297 033	82 453 539	764 786 519	426 507 819	99 186 682	1 461 343 432
Avskriving	-24 695 873	-15 873 971	-20 895 874	-103 930 002	-63 535 696	0	-228 931 416
Netto verdi 01.01.2018	16 415 967	31 423 062	61 557 665	660 856 517	362 972 123	99 186 682	1 232 412 016
Tilgang i rekneskapsåret	6 059 334	6 886 403	15 739 393	124 797 164	19 480 891	18 245 443	191 208 629
Avskrivingar i rekneskapsåret	-5 001 363	-4 531 113	-4 273 788	-21 906 197	-9 594 573	**0**	-45 307 035
Netto verdi 31.12.2018	**17 473 938**	**33 778 352**	**73 023 270**	**763 747 484**	**372 858 440**	**117 432 126**	**1 378 313 610**

Vurderingsreglane for balanseføring av verdiar står i §8 i *Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner)*.

- 5 år: EDB utstyr, kontormaskinar og liknande
- 10 år: Anleggsmaskinar, maskinar, inventar og utstyr, verkty og transportmidlar og liknande
- 20 år: Brannbiler, parkeringsplassar, trafikklys, teknisk anlegg (VAR), reinseanlegg, pumpestasjonar, forbrenningsanlegg og liknande
- 40 år: Bustadar, skular, barnehagar, idrettshaller, vegar og leidningsnett og liknande
- 50 år: Forretningsbygg, lagerbygg, administrasjonsbygg, sjukeheim og andre institusjonar, kulturbygg, brannstasjonar og liknande.

Tomter vert ikkje avskrivne.

Industritomter i Volda kommune

Byggefelt	Ledig 01.01.2019	Klargjort i 2018	Selt i 2018	Ledig 31.12.2018	Prisar per 2018	
	Tomter	Tomter	Tomter	Tomter	Areal	Verdi
Furene		0		1		475 000
Rotset (Vest for E39)	P.t. Ikkje delt i tomter, om lag 14,5 da	1		1	Pris ikkje fastsett	
Rotset (Aust for E39)	P.t. Ikkje delt i tomter, om lag 11,4 da				Pris ikkje fastsett	
Rotset (Aust for kommunelageret)	P.t. Ikkje delt i tomter, om lag 44 da				Pris ikkje fastsett	
Totalt		1		2		475 000

Industritomter er ikkje oppdelt på same måte som i bustadfelt. Arealet kan ved førespurnad delast i fleire tomter avhengig av kva kjøpar og seljar (kommunen) ynskjer. Pris Rotset vert fastsett våren 2019. Verdien er truleg rundt 50 mill kroner totalt.

Tomter i kommunale byggefelt

Byggefelt	Ledig 01.01.2018		Klargjort i 2018		Selt i 2018		Ledig 31.12.2018		Prisar per 2018	
	Tomter	K-areal	Tomter	K-areal	Tomter	K-areal	Tomter	K-areal	Tomter	Verdi
Engeset/Klepp Byggesteg II+III		1				0		1	284 590	284 590
K-10	**2**						2		845.900	1 691 800
Heltne/Bratteberg	0									
Bratteberg, austre del	7						7		350 000	2 450 000
Dalsbygd/Myraskogane	6						6		131 430	788 580
Steinsvik, Treneset	7						7		97 280	680 960
Hjartåbygda	1						1		57 950	57 950
Folkestadbygd,Steinhaugen	14						14		126 255	1 767 570
Straumshamn	7						7		131 430	920 010
Bjørkedal, Røvsholen	1						1		117 780	117 780
Lid, Gotene	8						8		122 890	983 120
Fyrde, Gjerdeplassen	3	1					3	1	226 500	937 600
Totalt	**56**	**2**	**0**	**0**	**0**	**0**	**56**	**2**		**10 679 960**

Tomteprisane vert indeksregulert.
Byggeaktiviteten på kommunale tomter er liten for 2018, og det kommunen har å tilby i sentrum er svært lite.
Vi har i løpet av året hatt 2 tomter som vart skøyta tilbake til kommunen, og desse vart selt igjen like fort. Dette kjem ikkje fram i oppstillinga.

Rundt om i 8 ulike bygder var der til saman 47 byggeklare tomter ved inngangen av 2018, dette har vore uendra dei siste åra.

Volda kommune har mange byggeklare tomter rundt om i dei ulike bygdelaga, men diverre er det ikkje der folk vil bo.

Sidan 2001 har Volda kommune hatt ei ordning der kommunen betalar ein kronesum til dei som vil bygge i krinsar der det ikkje er tilgjengeleg kommunale tomter. Den lokale forskrifta for denne ordninga er formulert slik at utbetaling av tilskot fyrst skjer då det vert gitt bruksløyve for tiltaket. Då ordninga vart innført, vart tilskotssummen sett til kr. 80.000,- (pr. 15.02.2001), og er sidan justert opp til kr. 100.000,- frå 2014, med indeksregulering pr. 15.07.2014.

I 2018 vart det utbetalt 1 slik tilskot, pålydande kr. 108.392,-.

Note 13 Langsiktig gjeld

Lån	Saldo 31.12.18	Rente 31.12.18	Neste rentereg.	Forfall
SEB obl.lån 194.488.000,-	-194 448 000	1,19	23.01.2019	23.07.2020
Sertifikatlån Danske bank	-180 136 000	1,01	01.03.2019	01.03.2019
Sertifikatlån KBN/174 691 380=ref. 75'+87 683 000+nytt lån 12 008 380	-174 691 380	1,21	21.06.2019	21.06.2019
SEB sertifikat 6 mnd NO 0010831639	-41 878 850	1,10	01.03.2019	01.03.2019
9900.201.00854 Kommunalbanken (BULL. 17.12.25)	-170 000 000	2,25	22.12.2023	22.12.2025
20180086 Kommunalbanken FRN lån	-100 000 000	1,62	20.03.2019	01.01.1900
20180094 Kommunalbanken FRN lån	-106 000 000	1,51	21.03.2019	22.03.2021
9900.201.10110 + 771 Kommunalbanken (BULL. 19.03.31)	-11 199 699	1,85	pt	03.04.2031
9900.201.60297 Kommunalbanken (BULL. 19.06.41)	-150 000 000	2,25	21.12.2023	21.06.2041
9914.63.13531 D.N.S. Husbank 2008 (form.lån)	-923 232	1,57	01.03.2021	01.04.2033
9914.63.20734 D.N.S. Husbank 2009 (form.lån)	-3 309 004	1,57	01.03.2021	01.07.2033
9914.63.26855 D.N.S. Husbank 2010 (form.lån)	-5 216 815	1,57	01.03.2021	02.04.2035
9914.63.33166 D.N.S. Husbank 2011 (form.lån)	-1 537 959	1,41	01.01.2019	01.04.2036
9914.63.38827 D.N.S. Husbank 2012 (form.lån)	-10 973 504	1,16	01.03.2021	01.04.2037
9914.63.45343 D.N.S. Husbank 2013 (form.lån)	-5 727 964	1,16	01.03.2021	01.04.2038
9914.63.52315 D.N.S. Husbank 2014 (form.lån)	-4 772 022	1,57	01.03.2021	01.08.2039
9914.63.67826 D.N.S. Husbank 2015 (form.lån)	-3 667 308	1,57	01.03.2021	01.01.2041
9914.63.71131 D.N.S. Husbank 2016 (form.lån)	-8 250 237	1,57	01.03.2021	03.06.2041
9914.63.78468 D.N.S Husbank 2017 (form.lån)	-4 835 460	1,57	01.03.2021	01.07.2042
Husbank 2018 lånnr. 14638287 4 (form.lån)	-4 916 393	1,45	01.01.2019	01.06.2043
Lånegjeld pr. 31.12.	**-1 182 483 827**			

Avdrag	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Rekenskap 2016
Betalt avdrag	28 800 301	28 656 128	25 305 001	21 475 931
Beregnet minimumsavdrag	28 800 301	28 800 301	25 305 001	21 475 931
Avvik	**0**	**-144 173**	**0**	**0**

Avdrag formidlingslån (Husbank)	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Avdrag på innlån ordinære avdrag	2 577 963	2 293 875
Avsetning til fond nedbetaling Husbanken	2 601 361	4 595 887
Betalt avdrag og avsetning til fond for nedbetaling	**5 179 324**	**6 889 762**
Avdrag på utlån ordinære avdrag	-2 102 493	-2 059 140
Avdrag på utlån ekstrarodinære avdrag	-3 076 831	-4 830 622
Mottatt avdrag på utlån	**-5 179 324**	**-6 889 762**
Avvik	**0**	**-**
Fond nedbetaling Husbanken	**Rekneskap 2018**	**Rekneskap 2017**
Inngåande balanse per 01.01	-4 700 107	-104 220
Ekstraordinært avdrag (nedbetaling lån)	4 700 107	
Avsetning til fond nedbetaling Husbanken	-2 601 361	-4 595 886
Utgåaande balanse 31.12.	**-2 601 361**	**-4 700 106**

Bokføring av avdraga for formidlingslån frå Husbanken, både innlån og utlån, ordinært og ekstraordinært skjer i investeringsrekneskapen. Fondsavsetjing nedbetaling Husbanken skal brukast til ekstraordinært avdrag på innlån.

Rentebytteavtale (rente-SWAP)
Ein rentebytteavtale er ei avtale om å bytte vilkår på lån eller innskot. Den eine parten byter flytande mot fast rente, og den andre parten byter fast rente mot flytande rente. Rentebytteavtalen er uavhengig av dei underliggande låna.

Volda kommune har ein aktive rentebytteavtaler (renteswapper) pr 31.12.2018. Rentebytteavtale med DNB NOR inngått i august 2011. Starttidspunkt var desember 2013. Volda kommune betaler fast rente på 4,47% til banken (av eit beløp på 50 mill kr). Banken betaler flytende rente (3mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill til Volda kommune. Denne rentebytteavtalen har sluttidspunkt juni 2021. I tillegg har en i 2018 hatt en rentebytteavtale med Sparebank 1 SMN inngått i juli 2011. Starttidspunkt var desember 2013 der Volda kommune har betalt fast rente på 4,33% til banken (av eit beløp på 50 mill kr) og banken har betalt flytande rente (3mnd Nibor) tilbake til Volda kommune. Denne rentebytteavtale gjekk ut desember 2018.

Note 14 Langsiktige bindingar utover langsiktig gjeld

Leigeavtalar for hus (husleigeavtalar)

I 2018 hadde Volda kommune kr 7 147 600 i leigeutgifter der kommunen er leigetakar.
Kr 1 939 477 av betalt husleige gjeld leigde lokale for det interkommunale barnevernet.

Leigeavtalar for grunn (festeavgift)

Volda kommune betalte kr 885 541 i grunnleige (festavgift) i 2018 basert på 37 ulike avtalar.

Finansiell leasing
Leasingavtalar som vert definerte som finansielle, skal førast i investeringsrekneskapen under føresetnad av at dei har ein totalverdi på kr 100 000 eller meir. Volda kommune har ikkje hatt finansielle leasingavtalar i 2018.

Operasjonell leasing
Leasingavtalar som ikkje vert definerte som finansielle, er operasjonelle og skal førast i driftsrekneskapen.

Volda kommune har registrert 32 leasingsavtalar med restverdi pr. 31.12.2018. 15 avtalar gjeld leasing av bilar, 15 gjeld leasing av kopimaskinar og 2 gjeld leasing av kaffemaskinar.

Note 15 Resultat for gebyrfinansierte kommunale sjølvkosttenester

Sjølvkostkalkylen for 2018 er utarbeidd i samarbeid med EnviDan Momentum AS som har meir enn 15 års erfaring med sjølvkostproblematikk og brei erfaring rundt alle problemstillingar knytt til sjølvkost. Sjølvkostmodellen Momentum Sjølvkost Kommune blir brukt av fleire enn 280 norske kommunar.

Drift 2018	Vann	Avløp	Feiing	Totalt
Gebyrinntekter	11 898 489	6 871 751	1 408 332	20 178 572
Øvrige driftsinntekter	89 184	29 674	177 307	296 165
Driftsinntekter	**11 987 673**	**6 901 425**	**1 585 639**	**20 474 737**
Direkte driftsutgifter	9 554 056	4 712 880	1 491 852	15 758 788
Avskrivningskostnad	2 591 629	1 699 748	0	4 291 377
Kalkulatorisk rente (2,37 %)	1 412 645	920 335	0	2 332 980
Indirekte netto driftsutgifter	421 339	288 071	202 117	911 527
Driftskostnader	**13 979 669**	**7 621 034**	**1 693 969**	**23 294 672**
Resultat	**-1 991 995**	**-719 609**	**-108 330**	**-2 819 934**
Kostnadsdekning i %	85,8 %	90,6 %	93,6 %	87,9 %
Selvkostfond 01.01	**2 078 577**	**404 826**	**993 700**	**3 477 103**
-/+ Bruk av/avsetning til selvkostfond	-1 991 995	-719 609	-108 330	-2 819 934
+/- Kalkulert renteinntekt/-kostnad selvkostfond (2,37 %)	25 657	1 067	22 267	48 991
Selvkostfond/fremførbart underskudd 31.12	**112 239**	**-313 716**	**907 637**	**706 160**

Note 16 Ytingar til leiande personar, tilsette årsverk m.m

Tekst	2018	2017	2016	2015	2014
Godtgjersle ordførar (100% still, 50% lønn)	453 464	453 464	453 464	885 500	865 100
Godtgjersle varaordførar (30%)	272 078	272 078	272 078	88 550	86 510
Løn rådmann (100%)	1 218 900	1 188 000	1 154 000	1 131 000	1 100 000
Søre Sunnmøre Kommunerevisjon	496 984	487 616	427 190	412 312	371 658
Søre Sunnmøre Kontrollutvalssekr.	347 149	331 496	323 305	298 500	285 658

Lønsopplysningane for ordførar, varaordførar og rådmann er pr 31.12. i rekneskapsåret. Løna til ordførar og varaordførar er knytt til Stortingsrepresentantane si årlege godtgjersle. Noverande ordførar har avtale om 50% godtgjersle i 100% stilling, og varaordførar har difor 30% godtgjersle.

Sektor	Ansatte årsverk	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Personal og organisasjon	9,85	15	14	1	*5*	*4*	*1*
Økonomi	8,50	9	8	1	*0*	*0*	*0*
Opplæring og oppvekst	273,13	325	262	63	*20*	*16*	*4*
Helse og omsorg	242,14	326	274	52	*52*	*37*	*15*
Service og kultur	11,11	15	14	1	*5*	*4*	*1*
Politisk verksemd	1,30	2	1	1	*1*	*1*	*0*
Teknisk og sjølvkost	65,11	90	32	58	*26*	*2*	*24*
Utvikling	9,00	9	4	5	*0*	*0*	*0*
Barneverntenesta (vertskommune)	57,12	64	51	13	*3*	*1*	2
Volda kommune	**682,96**	**861**	**661**	**200**	**112**	**65**	**47**

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til kommunestyret i Volda

6100 VOLDA

REVISJONSMELDING 2018

Uttalelse om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda kommune som viser kr. 521.968.748,- til fordeling drift, eit positivt netto driftsresultat på kr. 7.397.280,- og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 4.630.549,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse pr 31.desember 2018, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr denne dato og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillingen til Volda kommune pr 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter ihht disse standardane er beskreve i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av kommunen slik det vert krevd i lov og forskrift, og har overheldt våre øvrige etiske forpliktelsar i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Rådmannen er ansvarleg for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsmelding, men inkluderar ikkje årsrekneskapen og revisjonsberetninga. Vår uttalelse om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje øvrig informasjon, og vi attesterar ikkje den øvrige informasjonen.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese øvrig informasjon med det som formål å vurdere korvidt det foreligg vesentleg inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller korvidt den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir eit rettvisande bilde i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Rådmannen har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som fylgje av misligheiter eller utilsikta feil, og å avgi ei revisjonsberetning som inneheld vår konklusjon. Betryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterar. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misligheiter eller utilsikta fil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimeligheit kan forventast å påvirke økonomiske beslutningar som brukarane foretek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserar og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misligheiter eller utilsikta feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misligheiter ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misligheiter kan innebære samarbeid, forfalskning, beviste utelatelsar, uriktige framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeidar vi oss ein forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendigheitene, men ikkje for å gi uttykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerar vi om dei anvendte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimat og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege
- evaluerar vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, inkludert tilleggsopplysningane, og korvidt årsrekneskapen gir uttrykk for dei underliggande transaksjonane og hendelsane på ein måte som gir eit rettvisande bilde.

Vi kommuniserar med kontrollutvalet og rådmannen blant anna om det planlagte omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Balanse og note til årsrekneskapen vedkomande pensjonskostnad viser eit premieavvik. Dette er ei rekneskapsteknisk anordning av betalte pensjonskostnader og inga reell fordring.

Uttalelser om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av rekneskapen som beskreve ovanfor, meiner vi at regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak. Beløpa i årsrekneskapen er rimeleg i samsvar med regulert budsjett.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Konklusjon om årsmelding

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskreve ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Volda kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Larsnes 15/4-2019

Halldis Moltu

Halldis Moltu

-reg. revisor-

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2018/898
		Arkivkode:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
62/19	Formannskapet	14.05.2019
42/19	Kommunestyret	23.05.2019

KJØP AV TOMT - ØVRE ROTSET NÆRINGSOMRÅDE

Handsaming:
Assisterande rådmann Asbjørn Moltudal møtte.

Røysting:
Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:
Volda kommunestyre godkjenner vedlagde opsjonsavtale og kjøpekontrakt mellom Volda kommune og Retail Eigedom AS.

Administrasjonen si tilråding:
Volda kommunestyre godkjenner vedlagde opsjonsavtale og kjøpekontrakt mellom Volda kommune og Retail Eigedom AS.

Vedleggsliste:
1. Opsjonsavtale mellom Volda kommune og Retail Eigedom AS
2. Kjøpsavtale mellom Volda kommune og Retail Eigedom AS

Samandrag av saka:
Retail Eiendom AS og Volda kommune har i om lag eitt år forhandla om opsjon og kjøp av deler av næringsarealet på Øvre Rotset.

Ein har no kome fram til framlegg til avtale som rådmannen ynskjer å fremje for formannskapet og kommunestyret til førehaving og eventuelt godkjenning.

Saksopplysningar/fakta:
Tidleg på året 2018 vende Retail Eiendom AS seg til Volda kommune med tanke på å få drøfta om det var mogleg å få kjøpe deler av gbr. 30/196 og 30/184. Dette for å starte utviklinga av næringsområdet på Øvre Rotset. M.a. orienterte verksemda om planane i møte med formannskapet 08.05.2018.

Opprinneleg ynskte Retail Eigedom AS kjøpe arealet F/K/I 4 (ref reguleringsplanen Øvre Rotset). I tillegg kunne dei vere interesserte i deler av 30/427 om kommunen ynskte det.

Volda kommune har hatt ei rekkje møter og kommunikasjon med Retail Eigedom AS både før og etter presentasjonen i formannskapet.

Under forhandlingane har Volda kommune v/rådmannen heile tida hatt som utgangspunkt og vore klare på at kommunen ynskjer ein heilheiteleg plan for heile området irekna også nabotomtene (Rotset AS v/Gjelsvik og Brændes rørleggerforretning) og 30/335. Heilskapeleg utbygging har også vore eit ynskje frå det politiske miljøet i kommunen.

I den samanheng har det m.a. vore synt til det kommunen sa i samband med saka om opsjon av areal til Brænde Rørleggerforretning AS,

Heilskapeleg utvikling av området har også vore eit viktig poeng frå kommunen si side i høve til **sakleg vurdering** om direktesal. Eit evt. sal av areal til Retail Eiendom, AS må utgjere ein forskjell i høve til andre aktuelle kjøparar. Og i den samanheng vil forpliktande planar og avtalar med nærliggjande aktuelle «partnarar/eigarar» kunne spele ei rolle. Dette er også innarbeidd i dei avtalane som fylgjer denne saka.

Framlegget til opsjonsavtale er vidare inngått innanfor rammene for gjeldande reguleringsplan sist endra 6.februar 2019. Dersom **Retail Eiendom AS** ynskjer endringar i reg.planen/ føresegner må dette gjennomførast på vanleg måte gjennom reg.planprosess.

Det er elles viktig å merke seg at kjøpsavtalen er avhengig av signert opsjonsavtale og utbyggingsavtale for det totale arealet som inngår i opsjonsavtalen (jfr. Opsjonsavtalen pkt. 11. Dersom kjøper ikkje tiltrer opsjonen, fell opsjonsavtalen og kjøpsavtalen etter pkt. 2.6 i kjøpsavtalen automatisk bort etter utløpet av opsjonsperioden,jf.pkt.6.

Vurdering og konklusjon:

Samfunnsplanen:
I samband med ny arealdel for heile kommunen har Volda formannskap godkjent eit strateginotat «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda», som skal leggast til grunn for arbeidet med arealdelen. I dette dokumentet ønskjer ein å sikre at handel på Øvre Rotset vert etablert etter eit typisk storhandelkonsept, og ikkje som småbutikkar som ein ønskjer etablert i indre sentrumssone.

Det er gangavstand frå sentrumskjernen og ein kan nå tak i alle kvardagsfunksjonar utan bruk av bil.

«Mellom den framtidige Voldatunnelen og Rotsethorntunnelen er det store areal som kan vere egna som **suppleringssente**r når det gjeld handel. Her bør det kunne etablerast ein handelspark med høve til handel med både plasskrevjande varer og enkelte utvalsvarer som hushaldningsapparat, verktøy og sportsutstyr som kjem under definisjonen av detaljhandel.

Ein bør derfor kunne vurdere etablere detaljhandel med totalt bruksareal opp til 6000m2 i denne midtre sona.»

Økonomiske konsekvensar:
Det vert synt til eiga sak om prisfastsetjing på næringsarealet på Øvre Rotset.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Er drøfta i samband med utarbeiding av reg.plan.

Rune Sjurgard	Asbjørn Moltudal
Rådmann	Ass.rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Retail Eigedom AS, Postboks 7543 Spjelkavik, 6022 Ålesund

Opsjonsavtale

mellom:

Volda kommune, kommune NO 939 760 946 (Heimelshavar)
Stormyra 2, 6100 VOLDA

nedanfor samla kalla

Seljar og

Retail Eiendom AS
Postboks 7543 Spjelkavik, 6022 Ålesund
Føretaksnummer NO 917 863 377 MVA

nedanfor kalla **Kjøpar**

Seljar og Kjøpar vert i fellesskap uttrykt som **Partane**.

1. Bakgrunn for avtalen

Kjøpar ynskjer å utvikle og stå for ei heilskapleg utbygging på austsida av næringsområdet på Rotset. Dette samsvarar også med Seljar sitt formål.

Heilskapleg utbygging inneber som eit vilkår for denne avtalen at Kjøpar får avtale med eigarane av gnr. 30/240, 30/347, 30/338, 30/390, 30/330 og 30/381. Med bakgrunn i dette får Retail Eiendom AS opsjon på å kjøpe areala på gnr. 30/ 184, 30/ 196, 30/427 og 30/ 335 slik vist på ***vedlegg 1*** . Samla tomteareal (Opsjonsarealet) er på ca. 12.204 m2.

Kjøpar vil ha dialog med seljar for å avklare rammevilkåra for utbygging og etablering på området, og Kjøpar er klar over at det vil være ein føresetnad for endeleg kjøp at det er semje om ein kjøpsavtale mellom Seljar og Kjøpar ved forpliktande vedtak og underskrifter samtidig med denne opsjonsavtalen. Kjøpsavtalen er her vedlagt som ***vedlegg 2.***

Kjøpar vil ha dialog med moglege marknadsaktørar for å få etablert nye aktørar til Volda. Kjøpar ynskjer derfor ei realistisk opsjonsperiode for å avklare alle forhold for å kunne innfri intensjonen med denne avtalen. Seljar er innforstått med dette og har ingen innvendingar mot at Kjøpar startar ein slik dialog med Seljar og eventuelle aktørar som kan vere aktuelle for etablering på området .

Opsjonsavtalen er inngått innafor rammene for gjeldande reguleringsplan, sist endra 6. februar 2019.

2. Opsjon

2.1 Seljar gir Kjøpar opsjon på å kjøpe Opsjonsarealet til en pris på 796,- pr. m2, justert for konsumprisindeksen frå underskriven avtale til oppgjer finn stad.
Stein som Volda kommune har liggjande på tomta gnr. 30/196 og 30/184 inngår ikkje i Opsjonen, og kommunen har rett til å ha liggjande steinen på tomta fram til Kjøpar skal ta arealet i bruk til utbygging.

2.2 Kjøpar og seljar pliktar i opsjonsperioden å arbeide aktivt med å planlegge arealet slik som skissert i pkt. 1. Partane dekker sine eigne kostnader i denne perioden . Utøver Kjøpar opsjonen (ref. punkt 6), har Kjøpar ansvar og risiko for alle avgjerder i dette arbeidet, og skal dekkje alle kostnader ved dette, herunder offentlege gebyr for søknadar om dispensasjon/reguleringsarbeid mv.

2.3 Seljar skal ved signering av denne avtalen gi Kjøpar naudsynte, skriftlege fullmakter til marknadsføring/dialog med moglege interessentar, avgrensa til formålet med avtalen slik skissert i pkt. 1.

2.4 Seljar forpliktar seg i Opsjonsperioden til ikkje å selje Opsjonsarealet, eller starte dialog med forhandlingar til andre eller etablere rettar eller plikter på Opsjonsarealet, eller til å etablere avgrensingar eller avtale opphøyr/endring av desse utan Kjøpar sitt samtykke. Vidare forpliktar Seljar seg til å avstå frå å stille Opsjonsarealet som sikkerheit, medrekna å tinglyse hefte av økonomisk art på Opsjonsarealet. Seljar skal i Opsjonsperioden ikkje gi andre rett til å starte med/gjennomføre utvikling eller omregulering av Opsjonsarealet.

2.5 Denne Opsjonsavtalen er gjensidig bindande og uoppseieleg mellom Partane, for Kjøparen ved underskrift og for Kommunen ved ordføraren si underskrift etter nødvendig politisk godkjenning .

2.6 Kjøpar skal innan to månader i forkant av utløpet av opsjonsavtalen varsle Seljar om ein vil tiltre opsjonen eller ikkje. Dersom Kjøpar ikkje tiltrer Opsjonen, fell denne Avtalen og Kjøpsavtalen automatisk bort etter utløpet av opsjonsperioden, jf. pkt. 6.

3. Oppgjer

Utøver Kjøpar Opsjonen i samsvar med pkt. 2, skal Kjøpar og Seljar i samarbeid med advokat førestå gjennomføringa av oppgjeret i samsvar med denne avtalen og kjøpsavtalen, vedlegg 2.

Eit eventuelt oppgjer vil bli utført av Advokatfirmaet Judicia DA v/advokat Reidar Andresen.

Kjøpesummen forfell til betaling 14 dagar etter at Kjøpsavtalen er signert, dog seinast tre månader etter utøving av Opsjonen. Opsjonsarealet skal ved overtaking vere fri for hefte.

4. Konfidensialitet

Volda kommune er ein open kommune som praktiserer meiroffentlegheit. Spørsmål knytt til konfidensialitet vert å handsame i samsvar med offentleglova og forvaltningslovas reglar. Ved tvil omkring dette vert fylkesmannen eller juridisk ekspertise konferert.

5. Overdraging av partane sine rettar og plikter

Kjøpar sine rettar og plikter etter denne avtalen kan etter samtykke frå Seljar overdragast til anna føretak i Kjøpar sitt konsern . Samtykke kan ikkje nektast utan etter sakleg grunn.

6. Opsjonsperiode

Opsjonsperioden gjeld frå avtaledato for denne avtalen og i inntil 15 månader.

7. Tvist

Usemje om tolking eller gjennomføring av denne avtalen skal avgjerast ved dei ordinære domstolar med Søre Sunnmøre som rett verneting, dersom ikkje frivillige forhandlingar fører fram.

8. Vedlegg

1. Kart over opsjonsarealet
2. Kjøpsavtale

9. Signaturar

Dato/stad, Ålesund 8/4-19

Jan Petter Larsen
Retail Eiendom AS

Dato/stad, _____

Jørgen Amdam
Ordførar i Volda kommune

Dato, stad, Ålesund 08.04.19

Magne Jan Vik
Retail Eiendom AS

Vedlegg 1



VEDLEGG 2

KJØPEKONTRAKT

for fast eigedom utan bygningar

Seljar: Volda kommune
Org.nr. 939 760 946
Adresse: Stormyra 2, 6100 Volda
E-post: rune.sjurgard@volda.kommune.no

Kjøpar: Retail Eiendom AS
Org.nr. 917 863 377
Postboks 7543 Spjelkavik, 6022 Ålesund
Representant: Jan Petter Larsen
Tlf.: 406 04 200
E-post: jpl@wka p.no

1. Formalia

1.1 Salsobjektet som er omhandla i denne kontrakten er eigd av Volda kommune. Alle opplysingar er formidla av Asbjørn Moltudal/Volda kommune.

1.2 Oppgjersansvarleg for salet er Advokatfirmaet Judicia DA v/advokat Reidar Andresen, som ikkje overtek noko ansvar for partane sine plikter eller rettar, eller opplysingar som er gjeve i og i samband med inngåing av denne avtalen.

2. Salsobjektet

2.1 Seljar avhendar til Kjøpar gnr. 30 bnr. 184, gnr. 30 bnr. 196 og del av gnr. 30 bnr. 427 i Volda kommune (Eigedomen), jf. kart innteke som vedlegg til denne kontrakten. Eigedomen har nemninga F/K/1-4 og F/K/1-3 i gjeldande Reguleringsplan for Øvre Rotset Næringsområde, vedteken av Volda kommunestyre den 14. november 2014, med endringar 6. februar 2019.

2.2 Arealet er mellombels utrekna til 12204m^2. Eigedomane skal opprettast som ei eiga matrikkeleining før overdraging til Kjøpar. Endeleg areal vert fastsett i tinglyst matrikkelbrev. Kjøpar og Seljar aksepterer difor at arealavvik kan førekome så lenge dette ikkje endrar salsobjektets identitet.

3. Kjøpesum, oppgjer og overtaking

3.1 Kjøpesummen skal reknast ut frå oppmålt areal til kr 796,- pr. m2, justert for konsumprisindeksen frå underskriven avtale til oppgjer finn stad.

Føresetnader for prisen er at naudsynt infrastruktur ligg fram til tomtegrense. Det vil seie vatn, avlaup, overvatn, straum og data/tele.

Stein som Volda kommune har liggjande på tomta gnr. 30/196 og 30/184 inngår ikkje i kjøpsavtalen, og kommunen har rett til å ha liggjande steinen på tomta fram til Kjøpar skal ta arealet i bruk til utbygging.

3.2 I tillegg dekkjer Kjøpar kostnadene knytt til delingssaka, inklusive gebyr og nabovarsling samt kostnader knytt til oppmåling og tinglysing av målebrev. Kjøpar dekkjer også dokumentavgift og tinglysings- og attestgebyr for skøyte og eventuelle andre dokument som skal tinglysast på eigedomen.

Utgifter til oppgjersansvarleg skal betalast av Seljar og Kjøpar med ein ½ part på kvar .

3.3 Samla kjøpesum er i samsvar med punkt 2 stipulert til kr 9.714.384,- justert for konsumprisindeksen frå underskriven avtale til oppgjer finn stad.

Kjøpesummen skal betalast ved to deloppgjer.

Første deloppgjer er kr 4.857.192- , som utgjer 50 % av mellombels utrekna vederlag for arealet etter punkt 3.1, justert for konsumprisindeksen frå underskriven avtale til oppgjer finn stad. Denne summen forfell til betaling 2 – to – veker etter utløyst opsjon.

Endeleg kjøpesum og storleik på andre deloppgjer vert fastsett etter oppmåling. Forfallsdato for andre deloppgjer er 2 – to – veker etter at etter Seljar har gjeve skriftleg melding til Kjøpar om at tinglyst matrikkelbrev er motteke, slik at salet kan gjennomførast .

3.4 Vederlaget skal betalast til oppgjersansvarleg sin klientkonto nr. 1503.68.06211. Innbetalinga skal merkast «Betaling - Vederlag næringsareal Øvre Rotset Næringspark».

3.5 Ved forseinka innbetaling skal det svarast morarenter i samsvar med lov om renter ved forseinka betaling m.m. av 17.12.1976 nr. 100 (forsinkelsesrenteloven)

3.6 Skøyte vert tinglyst når betaling i samsvar med punkt 3.1 og 3.2, jf. punkt 3.3 tredje avsnitt, er registrert på oppgjersansvarleg sin klientkonto. Kjøpesummen skal ikkje utbetalast til Seljar før oppgjersansvarleg har fått stadfesta heimelsovergang til Kjøpar.

3.7 Alle dokument som skal tinglysast på eigedomen, må snarast overleverast oppgjersansvarleg i underteikna og tinglysingsklar stand.

4 Overtaking

4.1 Eigedomen vert overteken når første deloppgjer er registrert på oppgjersansvarleg sin klientkonto i samsvar med pkt. 3.3. andre avsnitt.

4.2 Seljar har rett til den avkastning eigedomen gjev frem til og med den dagen Kjøpar overtek Eigedomen. Til same tid svarer Seljar for kostnadene ved Eigedomen.

5. Hefte

5.1 Eigedomen vert overdregen fri for pengehefte.

5.2 Grunnboksutskrift over eigedommane er lagt fram for Kjøpar, og Kjøpar har gjort seg kjent med innhaldet i denne.

6. Seljar si opplysingsplikt/Kjøpar si granskingsplikt

6.1 Eigedomen vert seld «som den er», jf. avhendingslova § 3-9.

6.2 Seljar har plikt til å opplyse om skjulte og/eller openberre feil og manglar som han kjenner eller måtte kjenne til.

6.3 Kjøpar vert oppmoda å gjere grundig synfaring og ein gjennomgang av salsobjektet før inngåing av denne kontrakten. Kjøpar kan ikkje gjere gjeldande som ein mangel noko han vart kjent med eller burde ha blitt kjend med ved synfaring. Det same gjeld andre tilhøve som Kjøpar kjende eller måtte ha kjend til då kontrakten vart inngått .

6.4 Kjøpar er kjend med reguleringsplan for området og har risikoen for eigne føresetnader med omsyn til utnytting.

7. Tilbakekjøpsrett/forkjøpsrett

7.1 Dersom det ikkje er sett i gang tiltak i samsvar med gjeldande plangrunnlag innan 3 – tre – år frå overtaking av eigedomen, har Seljar for eigen kostnad rett til å kjøpe attende eigedomen til same sum som Kjøpar har betalt etter punkt 3.1, og utan kompensasjon for Kjøpar sine kostnadar. Med «tiltak» er ikkje meint søknader, grunnarbeid eller liknande, men etter at grunnarbeid er fullført, det er gitt igangsetjingsløyve og bygget er igangsett.

Seljar sin rett etter dette punkt fell bort dersom den ikkje vert gjort gjeldande med skriftleg varsel til den andre parten seinast tre månader etter ovannemnde endepunkt i tid.

Utover det som her er nemnt kan ingen av partane rette krav om kostnadsdekning eller andre mot den andre part . Denne fråsegna skal kunne ting lysast som hefte på eigedommane.

8. Konsekvens av misleghald – reklamasjon

8.1 Dersom tomta har ein mangel eller Seljar ikkje til rett tid oppfyller pliktene sine etter avtalen (forseinking), kan Kjøpar på dei vilkår som følgjer av avhendingslova kapittel 4 krevje oppfylling, retting, prisavslag, erstatning, heving og/eller halde attende ein forholdsmessig del av kjøpesummen.

8.2 Dersom Kjøpar ikkje betalar kjøpesummen eller ikkje oppfyller andre plikter etter avtalen, kan Seljar på dei vilkåra som følgjer av avhendingslova kapittel 5, krevje op fylling, heving, erstatning, renter og/eller nekte å overlevere skøyte eller overlate disposisjonsretten av tomten til Kjøpar.

8.3 Dersom ein av partane meiner at det ligg føre mangel eller forseinking ved den andre parten si oppfylling av pliktene sine etter avtalen, må han gje motparten melding om at avtalebrotet vert gjort gjeldande og kva avtalebrot det gjeld, innan rimeleg tid etter at han oppdaga eller burde ha oppdaga misleghaldet, jf. avhendingslova § 4-19 og §5-7.

9. **Særlege vilkår**

9.1 Det er Partane sin føresetnad at området skal nyttast i samsvar med føremålet i gjeldande reguleringsplan for Øvre Rotset næringsområde, godkjent av kommunestyret 13. november 2014 og sist endra av formannskapet 6. februar 2019.

9.2 Dersom Kjøpar sine tiltak på eigedomen gjer det naudsynt å leggje om kommunal infrastruktur på tomta, skal kostnadane til dette dekkjast av Kjøpar.

Seljar har elles rett til å ha liggjande naudsynt infrastruktur, som rør, kablar og liknande.

9.3 Seljar gjev med dette Kjøpar naudsynte fullmakter til å disponere over eigedomen, avgrensa til å gjelde faktiske disposisjonar, dette knytt til arbeid med planlagd tiltak som søknad om dispensasjonar og rammeløyve, samt marknadsføring/dialog med mogelege interessentar innafor føremålet med avtalen slik skissert i pkt. 1. Fullmakta skal gjelde frå det tidspunkt denne avtalen er signert av begge partar.

10. **Overdraging av rettar og plikter**

Kjøpar sine rettar og plikter etter denne avtalen kan etter samtykke frå Seljar overdragast til anna føretak i Kjøpar sitt konsern. Samtykke kan ikkje nektast utan etter sakleg grunn.

11. **Opsjon**

Denne kjøpekontrakten gjeld berre når det ligg føre ein signert opsjonsavtale og utbyggingsavtale for det totale arealet som inngår i opsjonsavtalen.

12. **Tvisteløysing**

Einkvar tvist som måtte oppstå med tilknyting til denne avtalen, skal avgjerast ved ordinær rettargang ved Eigedomen sitt verneting som eksklusivt verneting. Kretsen av kompetente domstolar etter reglane om mellombels åtgjerd.

13. **Kontraktdokument/vedlegg**

Kjøparen har fått seg førelagt kopi av, samt har lest og gjort seg kjend med, følgjande vedlegg til denne kontrakten:

13.1 Situasjonskart/skisse/masterplan med bransjenamn på dei ulike areala.

13.2 Reguleringsplan for næringsområde på Øvre Rotset Næringspark, vedteken av Volda kommunestyre den 13. november 2014 og sist endra av formannskapet 6. februar 2019.

13.3 Grunnbokutskrift over eigedomane.

13.4 Opsjonsavtale

14. Underskrifter

Avtalen er utferda og signert i 2 – to – eksemplar:

Kjøpar:	Seljar:
Dato/stad, Ålesund 8/4-19	Dato/stad, _____
Jan Petter Larsen Retail Eiendom AS	Jørgen Amdam Ordførar Volda kommune
Dato/stad, ÅLESUND 08.04.19	Dato/stad, _____
Magne Jan Vik Retail Eigedom AS	Rune Sjurgard Rådmann Volda kommune

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2019/127
		Arkivkode:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
63/19	Formannskapet	14.05.2019
43/19	Kommunestyret	23.05.2019

ØVRE ROTSET NÆRINGSOMRÅDE - FASTSETJING AV PRIS.

Handsaming:

Assisterande rådmann Asbjørn Moltudal møtte.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:

1. ***Volda kommunestyre vedtek at prisen på tomter på Øvre Rotset næringsområde vert sett til kr. 790,- pr. m2 inkludert grunnkjøp.***
2. ***For det arealet som ligg lengst aust og som i reguleringsplanen og føresegnene er omfatta av avgrensing i høve til potensiell skredfare (om lag 32,4 da) vert prisen sett til kr. 675- pr. m2 inkludert grunnkjøp.***
3. ***Prisen skal justerast i samsvar med SSBs konsumprisindeks med utgangspunkt i 31.12.2018.***
4. ***I tillegg kjem tilknytingsavgifter for vatn og avlaup og kostnad med oppmåling/tinglysing. Salsvilkår og reguleringsvedtekter skal tinglysast som hefte.***

Administrasjonen si tilråding:

5. **Volda kommunestyre vedtek at prisen på tomter på Øvre Rotset næringsområde vert sett til kr. 790,- pr. m2 inkludert grunnkjøp.**
6. **For det arealet som ligg lengst aust og som i reguleringsplanen og føresegnene er omfatta av avgrensing i høve til potensiell skredfare (om lag 32,4 da) vert prisen sett til kr. 675- pr. m2 inkludert grunnkjøp.**
7. **Prisen skal justerast i samsvar med SSBs konsumprisindeks med utgangspunkt i 31.12.2018.**
8. **I tillegg kjem tilknytingsavgifter for vatn og avlaup og kostnad med oppmåling/tinglysing. Salsvilkår og reguleringsvedtekter skal tinglysast som hefte.**

Vedleggsliste:
Ingen

Uprenta vedlegg:
Rekneskap medgått kostnader
Budsjettprisar opparbeiding grunn

Samandrag av saka:
Rådmannen legg med dette fram sak om prisfastsetjing på det kommunale næringsområdet på Øvre Rotset.

Saksopplysningar/fakta:
I samband med at Volda kommune no står framfor å ta avgjerd om tildeling av næringstomter på Øvre Rotset må kommunestyret fastsette prinsippa for tildeling og tomteprisen /m2-prisen i området. Prinsipp for tildeling vil verte omtala i eiga sak.

Det kan innleiingsvis og nemnast at AS Brændes Rørleggerforretning ved tidlegare vedtak i formannskapet (seinast 10.01.2017 PS 6/17) fekk forlenga opsjon på eit område om lag 1.1 da inntil si eiga tomt. Prisen for det arealet *«vert å fastsetje til den pris kommunestyret på oppgjerdstidspunktet har vedteke for tomter i området»* (pkt. 2 i vedtaket).

Ved fastsetjing av tomtepris har det vore eit prinsipp og utgangspunkt at kommunen skal ha refundert dei kostnader som kommunen har hatt i samband med tilrettelegging av det aktuelle området. Dette gjeld direkte og indirekte kostnader som regulering, ervervs-kostnader, skjøn , opparbeiding m.v. På same vis er det rimeleg at kommunen også sjølv tek del i kostnadene for dei areala kommunen sjølv skal disponere.

Ei anna side ved fastsetting av tomteprisen er at kommunen ved sal av kommunalt areal må ta omsyn til EØS-reglane om offentleg støtte dvs. at eigendom ikkje kan seljast veldig rabattert.

Dette framlegget til prisfastsetjing er bygt på dei faktiske kostnadene som er bokført fram til hausten 2018. I tillegg har ein bygt på grunnprisane fastsett i Lagmannsrettskjøna for området, budsjettpris for opparbeiding av veg lagt fram i Lagmannsretten 17-115928SKJ-FROS (Aust for Myrtun)(29.11.2017) og vedteke anbod og PS-sak 106/18.

Område for prisfastsetjing:
Rådmannen ser det som naturleg at tomteprisen som vert fastsett gjeld for heile det **kommunalt eigde næringsområdet** som er vedteke i reguleringsplanen for Næringsområdet på Øvre Rotset.


Reguleringsplan Øvre Rotset Næringsområde slik det går fram av planomtale, plankart, datert 14.05.2014 og føresegner datert 15.10.2014 vert godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.
For Administrasjonsjefen
Per Helline, Plansjeggjar
e.f.m.
VOLDA KOMMUNE
UTVIKLING
Vegsystem
Grenseinnhøgning mot annan regulert
Grenseinnhøgning mot ikkjeregulert
Gang/sykkelveg (vil bli)
Gang/sykkelveg
Gang/sykkelveg kun ved bru
Kollektivfelt
Vegbane
Vegbane i tunnel
Vegbane/tunnel
Gang/sykkelveg kun ved bru
Gang/sykkelveg kun
Gang/sykkelveg
Annen samferdsel
Trikkeforbjeving vegbane
Bil
Reguleringsplan-Bygningar og anlegg
Bustad- eller tettbygande strøk
Bustad- eller tettbygande
Industri
Bensinstasjon/vegverksemd/vegg
Kontorbygg
Kontorbygg/vegverksemd/vegg
Kontorbygg og anlegg
Kontorbygg og anlegg. Ny gjer og omdisponering
Forretningsbygg/kontor/industri
Industribygg
Samferdsellanlegg og tekniske infrastruktur
Kaiområde
Ferjeleie
Gang/sykkelveg
Gang/sykkelveg/gang/sykkelgjelde
Annan veggrøft - tekniske anlegg
Annan veggrøft - grøftanlegg
Parkeringsplasser
Grønnstruktur
Vegetasjonsskjerm
Landbruks-, natur- og friluftsformål
LNF(Areal for naturvoldgjer iflø 11-LNF)
Fritt fjølbrøvd
Reguleringsplan-Omsynssoner
Sikringssone - Flomfare (gjeldande inn. hoggsmetodet)
Faresone - Ras og skredfare
Sikringssone - Fare
Sikringssone - Frisikt
Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PBL2008
Sikringsbestemmelsesone
Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008
Planen er ungjenning
Formålsgrense
Formålsgrense
Eigedomsgrense
Eigedomsgrense som skal opphevast
Byggegrense
Byggelinje
Byggelinje som skal fjernast
Byggelinje/fasadelinje
Frisikttlinje
Vegbane/vegrøft fjernsyn
Midlertidig/provisorisk linje
Anlegner
N
REGULERINGSPLAN
Øvre Rotset Næringsområde
SKJ: FLÅRØYVEGEN/GEISLEGJERDSVEGEN/FYRSLØYE
Kartblad:
Plansid: 2012008
Arkivnr.: 2012/2412
SAKSHEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN
SAKS-NR
DATO
SIGN.
Kunngjering: 14.05.2014 (avsnitt, Industri/Lager)
14.05.2014
PM
Kommunestyrets vedtak:
Kommunestyret - oppstartsplanvedtak
14/018
15.11.2014
2. gjeng behandling i det første utvalget for planarbeid
27.05.2014
Offentlig ettersyn frå 23.12.2014 til 23.02.2015
1. gjeng behandling i det første utvalget for planarbeid
5/14
21.01.2014
Kunngjering av oppstart av planarbeid
2011/2012
2011/2012
Oppstartsvarsel
PLANEN UTARBEIDET AV:
Volda kommune
PLANNR.
TEGNNR.
SAKSBEH.
2012008
PM
VF1
VS1
VS2
VS3
VS4
VS5
VS6
VS7
VS8
VS9
VS10
VS11
VS12
VS13
VS14
VS15
VS16
VS17
VS18
VS19
VS20
VS21
VS22
VS23
VS24
VS25
VS26
VS27
VS28
VS29
VS30
VS31
VS32
VS33
VS34
VS35
VS36
VS37
VS38
VS39
VS40

5. Vegareal for regulert veg som kommunen opparbeider er 9,670 m2 og er med grunnlag i budsjettpris for arealet aust for Myrtun (følger 17-115928SKJ-FROS) utrekna til kr. 11.921.512,-

Kostnader bearbeiding/opparbeiding/tekniske anlegg kr. 44.484.000,-

Totale kostnader næringsarealet kr. 65.739.000,-

6. Når det gjeld fordeling av arealkostnader vil ein leggje seg på prinsippet om at kostnadene med hovedvegar (17.205m2) i området vert belasta med 50% på næringsområdet og 50% på kommunen då vegane også er å sjå på som samlevegar for områda. (Sum pkt.4 + pkt.5)/2 kr. 16.186.000,-

Totale kostnader som næringsarealet skal dekke (pkt.5 – pkt. 6) kr. 49.553.000,-

7. Nyttar ein same gjennomsnitts råtomtpris for arealet aust for E39 som kommunen kan selje som næringsareal (11.495 m2 x 240) kr. 2.758.800,-

Kommunen skal såleis ha totalt dekning for kr. 52.311.000,-

«Grunnpris» netto tomter fordelt likt på heile det kommunalt eigde området vert såleis;

Kr. 52.311.000,- /70.950 m2 (næringsareal som kommunen kan selje) **kr. 737,30 /m2**

For eit areal lengst aust er det i reguleringsplanen (sjå skravert areal på kartet over) knytt avgrensingar i reguleringsplanen på korleis ein kan utnytte arealet p.g.a potensiell skredfare. Dette arealet utgjer om lag 32.4 da og rådmannen ser det som rimeleg at det arealet vert solgt noko billegare enn det resterande kommunale arealet som ikkje har dei avgrensingane (om lag 39.55 da).

Det betyr at sel ein det arealet t.d. kr. 62,- pr. m2 billegare vil ein måtte auke prisen med kr. 53,- pr. m2 for å få same inndekning. Differansen på m2-prisen på dei to områda vil då bli kr. 115,- pr. m2. Med tanke på arealattraktivitet vil truleg ein slik pris-skildnad ikkje vere urimeleg.

Med ovanståande som grunnlag vil rådmannen rå til at prisen på tomter på Øvre Rotset næringsområde vert sett til kr. 790,- pr. m2 inkludert grunnkjøp.
For det arealet som ligg lengst aust og som i reguleringsplanen og føresegnene er omfatta av avgrensing i høve til potensiell skredfare (om lag 32,4 da) vert prisen sett til kr. 675- pr. m2 inkludert grunnkjøp.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass.rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Aina Øyehaug Opsvik	Arkivsak nr.:	2018/1671
		Arkivkode:	026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
66/19	Formannskapet	14.05.2019
44/19	Kommunestyret	23.05.2019

Interkommunalt barnevernsvaktsamarbeid på Sunnmøre

Handsaming:
Barnevernssjef Aina Øyehaug Opsvik orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:
Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:

Volda kommune takkar ja til tilbod om å ta del i interkommunal barnevernsvakt på Sunnmøre med Ålesund som vertskommune.

Det vert lagt fram eiga sak for fellesnemnda om godkjenning av samarbeidsavtale med Ålesund kommune om interkommunal barnevernsvakt etter vertskommunemodell jmf kommunelova § 28.

Administrasjonen si tilråding:
Volda kommune takkar ja til tilbod om å ta del i interkommunal barnevernsvakt på Sunnmøre med Ålesund som vertskommune.

Det vert lagt fram eiga sak for fellesnemnda om godkjenning av samarbeidsavtale med Ålesund kommune om interkommunal barnevernsvakt etter vertskommunemodell jmf kommunelova § 28.

<<Skriv innstilling ovanfor denne teksten – ikkje slett denne meldinga – den kjem ikkje med på utskrifta>>

Vedleggsliste:
1. Prosjektskisse

2. Prosjektskjønn søknad
3. Prosjektskjønn rapport
4. Tildeling skjønsmidlar 2018
5. Tildeling prosjektskjønn 2018
6. Utredning barnevernsvakt Ålesund
7. Tilbod til kommunane interkommunal barnevernsvakt Ålesund
8. Referat ordførar og rådmannsmøte 07.02.19.

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Det kommunale barnevernet har ansvar for at barn som oppheld seg i Norge får nødvendig hjelp og beskyttelse. Det er eit krav at alle kommunar skal ha tilstrekkeleg og riktig barnevernsfagleg kompetanse tilgjengeleg også utanom kontortid, som kan utøve mynde etter lov om barnevernstenester. Pr. i dag har kommunane Hareid, Herøy, Hornindal, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta ikkje ei ordning som stettar krava i lova utanom kontortid. Lov om barnevernstenester § 1-4 seier at tenester og tiltak etter lova skal vere forsvarlege.

I brev av 11.06.2016 frå Barne- ,ungdoms- og familiedirektoratet til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane kjem det fram følgjande :

> «*Dersom barnevernlovens formål skal oppfylles, må barnevernstjenesten kunne håndtere alle situasjoner hvor barn befinner seg i en krisesituasjon og står i fare for å bli vesentlig skadelidende på grunn av forholdene i hjemmet»*
>
> «*Det er urealistisk å tenke seg at en i Norge skal ha barnevernsvakt tilgjengelig i alle kommuner. Vi mener imidlertid at alle kommuner bør ha beredskapsordninger som sikrer tilstrekkelig og riktig kompetanse til å gi barn og familier i akutt krise nødvendig hjelp til rett tid. Et eksempel kan være samarbeidsavtale med en barnevernsvakt for å kunne ha tilgang til denne kompetansen når akutte situasjoner oppstår*»
>
> «*Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet vurderer imidlertid at kravet til forsvarlige tjenester i barnevernloven tilsier at alle kommuner må ha tilstrekkelig og riktig kompetanse tilgjengelig utenfor vanlig kontortid. Kompetansen kan være tilgjengelig i kraft av en bakvaktsordning pr.telefon. Selv om håndteringen av mange akuttsituasjoner forutsetter et tett samarbeid med politiet og andre hjelpeinstanser, kan barneverntjenesten ikke overlate ansvaret for disse situasjonene til andre alene. En bakvaktsordning må være formalisert slik at noen faktisk har ansvar for å bidra med barneverntjenestens kompetanse, og samarbeide med andre hjelpeinstanser dersom det oppstår alvorlig situasjon utenfor kontortid. En bakvaktsordning som baserer seg på at barnevernsledere eller ansatte i varierende grad kan kontaktes på privat telefonnummer i krisesituasjoner er ikke en forsvarlig organisering barneverntjenestens akuttberedskap»*
>
> *«Barnevernloven er ikke til hinder for at flere kommuner samarbeider om akuttberedskap. Et slikt samarbeid vil være særlig aktuelt for små kommuner»*
>
> *«Kravene til internkontroll i barnevernloven §2-1 annet ledd tilsier at alle kommuner*

må være i stand til å redegjøre og dokumentere hvordan de oppfyller kravene barnevernloven stiller til akuttberedskap»

Våren 2018 søkte kommunane i den interkommunale barnevernstenesta saman med dei andre kommunane i sjustjernesamarbeidet om skjønsmidlar frå fylkesmannen til etablering av ei felles vakt. (vedlegg 2) Ein fekk midlar til dette og det vart sett i verk arbeid med å finne den beste løysninga for våre kommunar. (vedlegg 4)

Ålesund kommune har hatt barnevernsvakt sidan tidleg på 90-talet. I samband med at Ålesund kommune skal slåast saman med fleire kommunar har dei utgreia ny organisering av barnevernsvakta i kommunen. Dei inviterer omliggande kommunar inn, slik at vakta vert interkommunal. (vedlegg 6)

Fleire av kommunane har no vedteke å gå inn i vaktsamarbeidet og andre arbeider med å førebu saker der det vert foreslått å vedta å gå inn. Slik det ser ut no vil alle kommunane på Sunnmøre vere med på ei slik vakt om kommunane i Sjustjerna vedtek å gå inn.

Ålesund kommune har som mål å starte opp vakta frå tidlegast september 2019, men vakta er framleis under arbeid og det er usikker når tidspunktet for oppstart vil vere.

Saksopplysningar/fakta:
Den interkommunale barnevernstenesta og kommunane Herøy, Sande og Vanylven har i dag ikkje vaktordning utanom kontortid. Det fører til at det er barnevernsleiarane som i praksis tek i mot henvendingar på ettermiddag, kveld, natt, helger og høgtider. Det varierer kor mykje det vert tatt kontakt, og det er som regel politiet som tek kontakt. Fleire av kommunane har tidlegare hatt samarbeid om barnevernsvakt som baserte seg på at tilsette hadde vakt på toppen av eiga stilling i barnevernstenesta. Dette viste seg å ikkje kunne vare over tid, dei tilsette vart slitne og vegra seg etter kvart for å ta vakter. Avspasering skapte vanskar i den ordinære tenesta og vaktene vart etter kvart avvikla.

Omfang av akutte henvendingar til interkommunal barnevernsteneste i 2018

Barnevernsleiaren i den interkommunale tenesta har fått 23 henvendingar utanfor ordinær arbeidstid i 2018. Nokre av desse har vorte løyst i telefonsamtale, medan nokre har ført til utrykking. Det er då naudsynt for barnevernsleiaren å kontakte tilsette. Det kan være særs vanskeleg å få tak i tilsette som er klar til å rykke ut og dette gjer situasjonen krevjande og usikker for barna som treng hjelp.

Eit eksempel er at barnevernsleiaren fekk telefon frå politiet medan ho var på ferie i utlandet, om ein rusa forelder åleine med fleire små barn i sentrum i ei av kommunane på kveldstid. Politiet vart beden om å kontakte stadfortredande leiar. Denne var på oppdrag i Molde og måtte derifrå ringe rundt til tilsette for å finne nokre som kunne rykke ut. Slik tok det lang tid før barnevernet kunne kome dit borna var og gi naudsynt hjelp.

På dagtid har den interkommunale tenesta fått 109 akutte henvendingar i 2018. Desse tek mykje tid og ressursar. Anna arbeid må leggast til side og fleire tilsette må som regel involverast.

Den interkommunale tenesta var involvert i saker der barn var til avhøyr på barnehuset vedkomande 37 barn i 2018. Desse sakene nyttar vi mykje tid og ressursar på.

Førebuande arbeid med barnevernsvakt i sjustjerna

Barnevernsleiarane i dei sju kommunane hadde i 2017 samarbeidsmøter som førte til eit notat om saka, der det vart foreslått ei løysing med barnevernsvakt hausten 2017. Dette forslaget kom ikkje vidare. Våren 2018 vart det søkt om skjønsmidlar frå Fylkesmannen for å utgreie og etablere felles vakt i desse kommunane.(vedlegg) I juni 2018 fekk ein vite at ein fekk kr 750 000 til dette. (vedlegg 1 og 2)

I august 2018 starta ein på nytt opp med møter om barnevernsvakt mellom barnevernsleiarane i dei åtte kommunane og hovudtillitsvald for FO i den interkommunale barnevernstenesta. I første møte vart ein einige om at ein raskt skulle utgreie saka ved hjelp av andre kommunar sine erfaringar og ha klart eit forslag til løysing innan oktober 2018. I løpet av hausten fekk vi vite at Ålesund kommune var i ferd med å utgreie barnevernsvakt for Nye Ålesund der dei la opp til å kunne ta ansvar for ei barnevernsvakt også for omliggande kommunar. Denne utgreiinga var venta å være ferdig 1.desember. Venke Brandshaug som hadde ansvar for utgreiinga tok del i eit møte med barnevernsleiarane i våre kommunar. Etter dette vart det lagt fram eit forslag for rådmannsgruppa om å vente med å arbeide vidare med ei eiga barnevernsvakt i Sjustjerna til Ålesund var ferdig med si utgreiing. Det vart bestemt at ein venta slik at ein kunne vurdere om det kunne være ei løysing å gå inn i samarbeid med Ålesund om vakta. 10.01.19 fekk ein den ferdige utgreiinga frå Ålesund kommune. (vedlegg 6)

Den 4. januar 2019 kom det tilbod frå Ålesund kommune om å delta på eit orienterings- og dialogmøte der ein drøfta om det er mogleg å etablere ei stor barnevernsvakt på Sunnmøre. Møtet blei gjennomført 4. februar 2019 med deltaking av eit fleirtal av barnevernstenestene frå kommunane på Sunnmøre. I møtet var det stor semje om at tenestene ynskjer ei interkommunal vakt. I etterkant av møtet kom vart det sendt ut eit tilbod til kommunane der det vart tydeleggjort kva ei interkommunal barnevernsvakt kan tilby.(vedlegg 7)

Den 08.02.19 vart saka om barnevernsvakt drøfta på ordførar og rådmannsøte i sjustjernekommunane. I møtereferatet vert det konkludert slik (vedlegg 8):

Ein ser at ei lokal løysing på søre vil vere ei meir sårbar teneste med store krav til dei tilsette. Ein ynskjer at det vert jobba vidare med ei løysing saman med Ålesund.

Eksempler frå andre kommuner sine løysingar

Barnevernsvakta på Romerike starta opp i 1991 for fem kommunar med til saman 100 000 innbyggarar. Det har auka jamt med kommunar som har slutta seg til, og det er i dag tretten kommunar med til saman 300.000 innbyggarar som er med i vaktordninga. Kommunane sine innbyggartal varierer frå 2.900 innbyggarar til 54.000 innbyggarar.

Vakta kostar ca. 47 kr pr. innbyggar og har i dag heildøgnsdrift med 25 faste tilsette.

Vakta har ein eigen del tilsette som utøver tilsyn med barn i fosterheim for fire av kommunane, fleire vurderer å slutte seg til ordninga. Dei ser klare fordelar med at kommunar samarbeider om ei «stor» teneste då dette gir ei robust teneste som er kostnadseffektiv, har stabile tilsette med eigen kompetanse på akuttarbeid og gir moglegheit for å ta på seg tilleggsoppgåver som tilsyn.

Erfaringa er at når ein har vakt med eit telefonnummer og ei stabil opningstid aukar dette etterspørselen. Barn og foreldre i krise treng ein stad å vende seg for å kunne ta kontakt.

Molde starta opp med barnevernsvakt i 2016, vakta bestod i utgangspunktet av dei fire kommunane som var del av den interkommunale barnevernstenesta. Vakta var organisert slik at barnevernstenesta sine tilsette hadde vakter kombinert med arbeidet sitt i barnevernstenesta. Dei erfarte at dette ikkje er ei god løysing over tid. Det var stor turnover på dei som hadde vaktene. 10 tilsette hadde delstilling i vakta i 2016, når dei kom til 2018 var 2 av desse igjen i vakta. Dei tilsette vart utslitte og det gjekk utover arbeidet i barnevernstenesta. Dei så at dei med den vaktordninga ikkje oppnådde at tilsette opparbeidde seg erfaring og naudsynt kompetanse

Molde har no utvida vakta til ei interkommunal vakt med Molde som vertskommune. Det er 14 kommunar som er med i vakta. Kommunane har til saman 101 000 innbyggarar. Vakta har ein kostnad på 47 kr pr. innbyggar. Dei kommunane som ikkje er med er Surnadal og Rindal som er knytt opp mot barnevernsvakta i Trondheim og Fræna. Fræna vil antakeleg kome med i vakta når kommunen ver slått saman med Eide i 2020. Vakta 8 fast tilsette i ulike stillingsprosentar som er tilsett i til saman 4,6 stillingar, inkludert leiar i full stilling. Dei har vakt heile døgnet. Dei har kontor annakvar veke ved politistasjonane i Kristiansund og Molde.

Kommunane Giske, Sula, Sykkylven og Stranda har sidan 2016? hatt eit samarbeid om vakt utanfor kontortid. Dette har fungert bra på mange måtar, men dei har også erfart at det er krevjande for tilsette å ha vakt i tillegg til arbeid i tenesta og at det derfor ikkje er forsvarleg å oppretthalde vakta over tid. Desse kommunane er no i ferd med å vedta å ta i mot tilbodet frå Ålesund om ei interkommunal vakt. Det vert opplyst at t.d Sula kommune vil ved å gå inn i vaktsamarbeidet få 100 000 i auka utgifter i forhold til utgiftene til vaktsamarbeidet dei no er i, som i 2019 var estimert til kr 300 000.

Etablering av eiga vaktordning for sjustjernekommunene

Etter ei drøfting i gruppa som består av leiarteamet i barnevernstenesta, leiarane i kommunane Sande, Vanylven og Herøy er ein komne fram til følgande forslag til løysing:

Barnevernsvakta er ei passiv vakt som er tilgjengeleg utanom barnevernstenesta si kontortid; frå kl 15:30 -08:00 kvardagane og frå 15:30 fredag ettermiddag til måndag morgon kl 08:00 og heile døgnet i høgtider. Vakta består av to personar, ein som har ansvarsvakt og tek i mot telefonar og ein som ringast ved behov for drøft eller utrykking. Det er alltid to ved utrykking for i ivareta dei tilsette sin sikkerheit jmf. krava i arbeidsmiljølova si forskrift om utføring av arbeid § 23-A-1.

Den interkommunale barnevernstenesta har leiaransvar for tenesta og delegert mynde frå Sande, Vanylven og Herøy i eit samarbeid etter vertskommunemodellen jmf kommunelova § 28-1.

Det vil være behov for leige av lokale som vakta kan nytte seg av ved eventuell utrykking. Å ha kontor i den interkommunale tenesta sine lokalar vurderast ikkje som sikkert nok, då der ikkje er andre folk tilstade utanom kontortid. Det er foreslått at dette kan være anten i politiet sine lokalar i Ørsta eller i legevakta sine lokalar. Evt. kan omsorgssenteret i Volda være aktuelt. Det som er viktig er at kontoret er ein stad der det er andre som også er på arbeid utanom ordinær kontortid. Det er kanskje mest nærliggande og tenke seg at kontoret ligg hjå politiet då dette vil ivareta sikkerheita best og det er politiet ein pr. i dag får flest henvendingar frå.

Det vil også være behov for tenestebil. Her tenker ein at vakta kan nytte seg av barnevernstenesta sine leasingbilar. Det må være ein eigen telefon til vakta og bærbar PC.

Ein foreslår ei vakt med ein tilsett i passiv faktor 1/5 og ein tilsett med passiv faktor 1/7. Dei tilsette i vakta må være tilsett i den interkommunale barnevernstenesta og ha vakt i ei delstilling. Om ein tek omsyn til gjeldande regelverk bør det vere 8 personar som har 25% arbeid i barnevernsvakta og øvrig del av si stilling i barnevernstenesta.

Dette utgjer ein stillingsressurs på to fulle stillingar og utgjer ein kostnad på om lag kr 1 435 000 årleg. Vakta må administrerast og leiast og om ein reknar inn ein 50% leiarressurs vil dette koste om lag kr 500 000 årleg. Til saman ein kostnad på kr 2 010 000 årleg. I tillegg kjem kostnad til overtid ved utrykking, leige av kontor, bilbruk etc.

Det vil også medføre eigne kostnadar til etablering av ei slik teneste lokalt. Det vil medføre ein omfattande tilsetjingsprosess og omstrukturering av interkommunal barnevernsteneste. Det er viktig å gjere eit grundig arbeid i startfasa for å sikre at ein etablerar ein robust teneste med naudsynt kompetanse.

Forslag til samarbeid og organisering frå Ålesund kommune

Ålesund har hatt barnevernsvakt sidan tidleg på 90-talet. Barnevernsvakta er no organisert i «Virksomhet barn og familie, barneverntjenesten». Dei har ein person på vakt. Vakta har 1,2 årsverk totalt, men berre 0,8 er besett. 0,4 nyttast til å utvide kapasiteten ved behov, ved å sette inn ein person til på vakt. Dei tilsette har turnus med fem kvardagar i strekk og så ein fri periode på sju dagar før dei har helgevakt. Vakta er først og fremst ei akuttvakt, men vert i særskilte høve nytta til tilsyn over korte periodar.

Vakta slik den er i dag har passiv vakt 16.30 – 02.00 på kvardagar. Helg: frå kl 16.30 fredag til 02.00 natt til måndag. Det er aktiv vakt fredag og laurdag frå kl 22.00 – 02.00. Politistasjonen i Ålesund er barnevernsvakta si base i dei aktive timane. Der har dei kontorplass og pc, skrivar, etc.

I samband med at Ålesund kommune skal slåast saman med fleire kommunar har dei utgreia ny organiseringa av vakta. Dei inviterer her omliggande kommunar inn, slik at vakta vert interkommunal. Utgreiinga legg vekt på at ei felles barnevernsvakt på Sunnmøre vil utvikle ein kompetanse i akuttarbeid som dekker behov for ei forsvarleg vakt.(vedlegg 6)

Etter møtet i med kommunane på Sunnmøre 04.02.19 sendte Ålesund kommune ut eit tilbod til omkringliggande kommunar om ein interkommunal barnevernsvakt med ei presisering av arbeidsoppgåver, organisering og økonomi frå Ålesund kommune, sitert under (vedlegg 7:

Arbeidsoppgavene til en ny interkommunal barnevernsvakt blir følgende:

- Beredskapsvakt 24/7 for de kommunene som er delaktig i vaktordningen
- En felles vakttelefon med ett telefonnummer til barnevernsvakta
- Barnevernsfaglig bistand til politiet
- Ansvar for barn som er på gjennomreise
- Bidra ved tilrettelagt avhør
- Tilsyn etter tilrettelagt avhør i en kort periode
- Bidra ved hasteflyttinger innenfor barnevernsvakta sitt nedslagsområdet
- Oppfølging av biologiske foreldre etter hasteflytting i en kort periode
- Informasjon om barnevernsvakta ut til ulike samarbeidsparter i hver enkelt kommune
- Rådgiving til samarbeidspartnere

- Etablering av et tettere og mer formalisert samarbeid med politiet og Helse Sunnmøre
- Faste møter med de ulike barneverntjenestene
- Akutt veiledning til fosterhjem som står i akutt-krise.
- Veiledning i akutte konfliktsaker

Barnevernvakten har en forpliktelse til å rykke ut når det er påkrevet og vil være døgnåpent og fungere som beredskapsvakt-telefon hele døgnet.
Turnus:

- Alltid to på vakt
- Mandag til fredag aktiv vakt fra kl. 0800-2200
- Passiv vakt fra kl. 2200-0800

Helg:

- Aktiv vakt fra lørdag kl. 0800-0200. Resten av helgen passiv frem til mandag kl. 0800.

Ålesund kommune er enno ikkje ferdig med å arbeide med å etablere vakta. Prosessen med Nye Ålesund kommune påverkar arbeidet og dei har ikkje klar eit forslag til avtale enno. Det vil bli lagt fram ein avtale om interkommunalt samarbeid om barnevernsvakt etter Kommunelova § 28 med Ålesund kommune som vertskommune.

Økonomi: sjå eige punkt nedanfor

Vurdering og konklusjon:

Barna i kommunane i sjustjerna har i dag ikkje eit forsvarleg tilbod om barnevernsfagleg kompetanse heile døgnet. Det er eit krav at dette vert etablert.

Å etablere ei eiga vakt for kommunane i sjustjerna vil ha den styrka at vi kjenner lokalmiljøa og at det i nokre tilfelle vil være kortare utrykkingstid. Skal ein opprette ein barnevernsvakt i kommunane i sjustjerna er det viktig å sikre at ein får på plass ei vakt som er forsvarleg og stabil over tid.

Ålesund ynskjer seg fleire inn i deira samarbeid for å kunne etablere meir forsvarlege tenester. Molde viser til at den vakta dei har hatt ikkje har klart å halde på tilsette fordi det vert for krevjande å ha vakta i tillegg til arbeid i barnevernstenesta og har etablert ei vakt med fleire kommunar med ei anna organisering for å kunne tilby ei meir forsvarleg teneste.

Ei barnevernsvakt som vert kjend for alle vil kunne sikre at barn i slike situasjonar vert ivaretekne. Slik det er i dag fører usikkerheit om kven ein skal vende seg til, til at ein kanskje ikkje kontaktar barnevernet i slike situasjonar. Akuttvakt også på dagtid vil avlaste barnevernstenesta slik at ein kan konsentrere seg om det ordinære barnevernsarbeidet. Både helsetenester og politi har behov for å ha personar med barnefagleg kompetanse med seg der det er barn involvert i deira akuttsituasjonar Å etablere ei felles barnevernsvakt med Ålesund vil gi ei vakt der dei tilsette kan ha fulle stillingar og få ei spisskompetanse på akuttarbeid. Det vil også gi kvalifikasjonar til å vurdere betre kva som krev akutt handsaming og ikkje. Det å ha berre eitt telefonnummer inn vil gjere det lettare for dei som treng å ta kontakt med vakta. Dette gjeld både samarbeidspartar som politi og helsetenester, og privatpersonar som barn og foreldre.

Ålesund peiker i si utgreiing på at det no er gitt eit handlingsrom i denne fasa når mange kommunar er i ferd med å utvikle beredskapsordningar. Her vert det sagt at det er viktig at

kommunane nyttar det handlingsromet til å utvikle ei felles barnevernsvakt i området. Dette vil styrke beredskapen, og gi eit meir heilskapleg tenestetilbod.

Barnevernstenesta er ei krevjande teneste å arbeide i og den interkommunale barnevernstenesta har utfordingar med sjukefråvær og slitne medarbeidarar. Akuttarbeid er ein vesentleg faktor i denne samanheng. At dette i stor grad vert ivaretatt av ein eigen organisasjon med fagleg styrke, fokus og kompetanse vil vere ei vesentleg lette for barnevernstenestene i kommunane. Det vil då kunne vere meir muleg å få nådd tenestemåla, noko som ein ser ein ikkje når i dag.

Kostnadane ved å etablere ei eiga barnevernsvakt i sjustjerna vil truleg bli om lag på same nivå som eit samarbeid med Ålesund og dei andre Sunnmørskommunane. Det er med andre ord andre faktorar som vil vege tyngst når vi skal ta stilling til korleis dette arbeidet bør organiserast. Dei faglege perspektiva bør ha vesentleg tyngde. Behovet for å skape ei forsvarleg ordning, slik barnevernslova krev, er også tungtvegande argument. Eit samarbeid med Ålesund vil kunne gje ei robust og fagleg sterk teneste som vil kunne fungere over tid, med eigne tilsette. Vakta vil kunne avlaste i akutte situasjonar hele døgnet, også på dagtid. Dette vil kunne bidra til at prosessarbeidet i barnevernstenestene vert betre ivaretatt. Slik det er i dag må ofte prosessarbeidet vike for akuttarbeid og dette fører til at ein ikkje får ivaretatt godt nok viktig undersøkings- og tiltaksarbeid.

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. Det er viktig for å gi rett behandling til rett tid på rett stad at det vert etablert ei barnevernsvakt som tilbyr barnevernsfagleg kompetanse til barn og familiar i akutte situasjonar.

Helse og miljøkonsekvensar:

Det er eit gode for barn i oppvekst at ein skaper robuste fagmiljø som er rusta til å kunne sette inn gode tiltak i rett tid til dei som treng det. At barn og unge får hjelp i rett tid vil gi helse, miljø og samfunnsmessige innsparing i framtida.

Økonomiske konsekvensar:

I utreiinga om barnevernsvakt har Ålesund kommune lagt fram ulike forslag til løysingar. Eit endeleg forslag vil kome seinare.

Viser til tabellen i utredninga side 18.(vedlegg 6) I denne prisen er det innlagt kostnader til overtid slik at det ikkje vert meirkostnader ved utrykking.

Dei legg opp til ulike løysningar som vert skissert med ulike alternativ.(sjå figur nedanfor) Om ein til dømes vel alternativet som fordelar kostnadane med 30 % medlemsavgift og 70% sum barnetal, gir dette ein samla sum for sjustjernekommunane på kr 2 135 526 årleg.

Ei interkommunal barnevernsvakt vil tidlegast vere etablert frå september 2019. Det fører til at utgiftene for 2019 vil gjelde for fire av årets tolv månader. Våre kommunar har fått kr 750 000 frå Fylkesmannen til å utgreie og etablere ei slik vakt. Desse pengane er sett til side og det riktige vil vere å nytte desse til å dekke desse utgiftene. Det er enno ikkje utarbeidd ein avtale om interkommunalt samarbeid om barnevernsvakt. Det er frå Ålesund kommune tenkt at medlemskommunane skal vere med på å utarbeide denne avtala og med dette også kunne påverke modell for fordeling av utgiftene. Desse utgiftene vil bli innarbeidd i budsjettet for 2020.

9.1 Forslag til bemanning av ny barnevernvakt - kostnadsoversikt:

Forslaget tar utgangspunkt i at det er to på aktiv vakt fra mandag til og med fredag fra kl. 0800-2200. I tillegg to på aktiv vakt lørdagskveld fra kl. 1800-0200.

Videre tenker en passiv vakt alle netter fra kl. 2200-0800 (med unntak av de timene lørdag natt) og passiv vakt fra lørdag 0800-1800 og søndag fra kl. fra kl. 0800-0000, dette også med to personer på vakt.

Barnevernvakta vil ha en stipulert kostnad på 5,6 mill. kroner. I beløpet ligg feriepenger, lønn til overtid, reis og kurs. Det er ikke tatt endelig standpunkt til den økonomiske fordelingen mellom Nye Ålesund og de andre kommunene i vertskommune samarbeidet. Vedlagt forslag har fordelt kostnadene med 20% eller 30% medlemsavgift og resten på folketall og barnetall for å vise ulike måter å tenke fordeling på.

Kommuner	sum barnetall 20/80	sum folketall 20/80	sum barnetall 30/70	sum folketall 30/70
Nye Ålesund	2 026 626	2 079 088	1 823 298	1 869 202
Giske	376 789	334 834	379 691	342 980
Sula	402 021	360 618	401 769	365 541
Haram	0	0	-	-
Volda	378 741	362 370	381 398	367 074
Sykkylven	316 567	316 487	326 996	326 926
Herøy	350 303	355 517	356 515	361 077
Hareid	239 477	238 272	259 543	258 488
Ørsta	410 943	412 280	409 575	410 745
Vanylven	156 393	177 944	186 844	205 701
Ulstein	359 643	342 917	364 687	350 052
Sande	145 101	157 507	176 964	187 819
Stranda	200 863	220 970	225 755	243 349
Ørskog	0	0	-	-
Sandøy	0	0	-	-
Skodje	0	0	-	-
Stordal	109 832	109 872	146 103	146 138
Norddal	126 700	131 323	160 863	164 908
Totalt	5 600 000	5 600 000	5 600 000	5 600 000

Vaktordningen vil da ha bemanning hele døgnet i en kombinasjon av aktiv og passiv vakt. Det vil være to til stede til enhver tid som er viktig for å ivareta sikkerheten til de ansatte, og være åpen på dagtid. Dette vil gjøre det mulig å tilby tilnærmet fulle stillinger med varierte vakter som også innbefatter dagtid.

18

Rune Sjurgard
Rådmann

Aina Øyehaug Opsvik
Barnevernssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Hareid kommune
Herøy kommune
Sande kommune
Ulstein kommune
Vanylven kommune
Ørsta kommune
Ålesund kommune

Interkommunal barnevernsteneste Hareid-Hornindal-Ulstein-Volda og Ørsta

Prosjektskisse felles barnevernsvakt for kommunane på Søre Sunnmøre

Barnevernslova krev at alle tenester i barnevernet skal vere forsvarlege. Det er slått fast at alle kommuner må ha personell med med barnevernsfagleg kompetanse som kan hjelpe barn i krisesituasjonar – også utanom vanleg kontortid.

Behov for ei felles barnevernsvakt på Søre Sunnmøre har vore eit tema over tid. I 2017 var det eigne møter mellom leiarane i dei ulike barnevernstenestene på Søre Sunnmøre der det vart arbeidd med ulike forslag til ei slik ordning. Det er einigheit om at det er behov for ei slik vakt då ein ser at det er sårbart at dette ansvaret no ligg på den einskilde leiar. Brev datert 11.06.2016 frå Barne-, ungdoms-og familiedirektoratet til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane slår fast at «*en ordning som baserer seg på at barnevernledere eller ansatte kan kontaktes på private telefonnummer i krisesituasjoner er ikke en forsvarlig organisering av barnevernstjenestenes akuttberedskap.*»

I lovteksta til forslaget om ny barnevernslov er krav om eit døgnkontinuerlig barnevern foreslått tatt direkte inn. Dette forslaget inneber også at påtalemakta ikkje lenger skal kunne fatte hastevedtak, slik dei kan i dag. Barnevernstenesta sine samarbeidspartar som politi og helsevesen har beredskap heile døgnet, men barnevernstenesta kan ikkje overlate ansvaret for dei barnevernsfaglege vurderingane til andre. Barn i krise har behov for barnevernsfagleg hjelp når krisa oppstår. Når eit barn er i ein krisesituasjon utanom kontortid må kommunen sine innbyggarar og andre instansar kunne vere trygge på kvar dei skal vende seg for å få rett hjelp.

Prosjektet vi søker om midlar til gjeld i perioden 01.08.2018-31.12.2019. Midlane vil ein nytte til å etablere ei felles barnevernsvakt for dei sju kommunane på Søre-Sunnmøre; Vanylven, Sande, Herøy og Den interkommunale barnevernstenesta Hareid-Hornindal-Ulstein-Volda og Ørsta som har Volda kommune som vertskommune. Ein ser for seg ulike alternativ for vaktordning. Første del av prosjektperioden vil nyttast til å utreie og velje modell for barnevernsvakta. Alternativa vil kunne vere å ha bakvakt i vekene og aktiv vakt i helgene eller bakvakt utanom kontortid på veke og helg med utrykking ved behov.

Det må utarbeidast ein samarbeidsavtale mellom dei sju kommunane på Søre-Sunnmøre. I forarbeidet til denne avtalen må det utreiast/avklarast :

- Korleis ansvaret fordelast mellom kommunane. I denne må det kome fram om ei felles barnevernsvakt skal administrerast av ei vertskommune eller om den skal fordelast mellom kommunane. Avgjerande her er kva løysning som vil sikre god kompetanse og gjere tenesta mest muleg tilgjengeleg.
- Korleis ein skal sikre seg best muleg kontakt mellom dei ordinære barnevernstenestene og barnevernsvakta.
- Korleis ein skal samarbeide på best muleg måte med andre instansar som politi og helsevesen.
- Korleis skal vakta sikre at barna i våre kommunar får best muleg hjelp i ein krisesituasjon.

- Er det muleg å knytte til seg fleire kommunar eller knytte seg opp mot ei eksisterande ordning?
- Det må også avgjerast korleis kostnadane til drift av tenesta skal fordelast mellom medlemskommunene.
- Ein søkjer om 750 000 kr som er tenkt som ei delfinansiering der kommunane må bidra med tilsvarande sum slik at den totale kostnadsramma vert i 1 500 000 kr.

  Lønnsutgifter: 1 300 000,-

  Driftskostnader: 200 000,-

  Samla 1 500 000,

Prosjektet vil verte organisert slik at ein evaluerer vaktordninga undervegs i prosjekt-perioden slik at ein kan gjere naudsynte endringar og få prøvd ut desse. Slik vil ein kunne nå målet om å etablere ei effektiv og god ordning som kan stå på eigne bein når prosjektperioden er over.

Volda 15.03.18

Venleg helsing

Aina Øyehaug Opsvik | Barnevernssjef

BARNEVERNSTENESTA

HAREID-HORNINDAL-ULSTEIN-VOLDA-ØRSTA

Prosjektskjønn Søknad

Søker

Org. nr	939760946
Navn	Volda Kommune
Adresse	Stormyra 2 6100 Volda Norge
Kontaktperson	AINA ØYEHAUG OPSVIK (aiopsvik@online.no)

Prosjekt

Prosjektnummer	15-18-0040
Prosjektnavn	Felles barnevernsvakt Søre -Sunnmøre
Søknadssum	750000 kr
Fra dato	01.08.2018
Til dato	31.12.2019
Prioritet	2

Annen finansiering

Samarbeidspartnere

Navn	Adresse	Kontaktperson
Herøy Møre og Romsdal	Herøy Kommune Postboks 274 6099 Fosnavåg Norge	Olaus-Jon Kopperstad olaus-jon.kopperstad@heroy.kommune.no
Sande Møre og Romsdal	Sande Kommune Rådhuset 6084 Larsnes Norge	Asle Giske asle.giske@sande-mr.kommune.no
Ørsta Møre og Romsdal	ØRsta Kommune Dalevegen 6 6153 ØRsta Norge	Wenche Solheim Wenche.Solheim@orsta.kommune.no
Hareid Møre og Romsdal	Hareid Kommune Rådhusplassen 5 6060 Hareid Norge	Ragnhild Velsvik Berge ragnhild.velsvik.berge@hareid.kommune.no
Ulstein Møre og Romsdal	Ulstein Kommune Postboks 143 6067 Ulsteinvik Norge	Einar Vik Arset einar.arset@ulstein.kommune.no
Vanylven Møre og Romsdal	Vanylven Kommune Rådhuset 6143 Fiskå Norge	Andreas Christian Nørve andreas.chr.norve@vanylven.kommune.no

Utfordringene det skal taes tak i:

Barnevernlova krev at alle tenester i barnevernet skal vere

Styrke kommunen innen rollene:

- Tenesteprodusent

forsvarlege. Det er slått fast at alle kommunar må ha personell med barnevernsfagleg kompetanse som kan hjelpe barn i krisesituasjonar-også utanom vanleg kontortid. Det er ei utfordring å finne gode løysingar for dette. Pr. i dag har ikkje våre kommunar ein akuttberedskap for barn i krise utanom kontortid. Det er behov for å etablere og utvikle eit tilbod som sikrar eit fagleg forsvarleg tenestetilbod slik at kommunen sine innbyggarar og andre instansar kan vere trygge på kvar dei skal vende seg for å få rett hjelp.

Mål og hvordan det skal gjennomføres:

Prosjektet skal bidra til at ein får etablert ein barnevernsfagleg akuttberedskap utanom kontortid for barna i våre kommunar. Første mål for prosjektet vil vere å avklare kva ordning som vil sikre barna i våre kommuner best muleg hjelp i ein krisesituasjon. Sjå prosjektskisse for meir informasjon.

Sektorer prosjektet omfatter:

- Administrasjon og styring
- Samfunnssikkerheit og beredskap
- Oppvekst
  - Barnevern
- Kommunehelse
- Samfunnsutviklar

Virkemidler som skal benyttes:

- Interkommunale samarbeid
- Opplæring, erfaringsdeling og diskusjon
- Styringssystemer
- Kommunikasjon og innbyggarretting
- Planlegging
- Organisatoriske

Begrunnelse for valg av virkemiddel/virkemidler:

Kommunene på Søre Sunnmøre erkjenner at det ikkje er eit forsvarleg barnevernfagleg akutttilbod utanom arbeidstid til barn i krise. Det er ei utfordring å etablere ei barnevernvakt som gir eit godt nok tilbod til barna i kommunene. Ein vil ha behov for å gjere gode og gjennomtenkte vurderingar for å finne fram til gode løysningar.

Vedlegg:

- Prosjektskisse.docx

Prosjektskjønn Undervegsrapportering

Prosjektkoordinator

Org. nr	939760946
Navn	Volda Kommune
Adresse	Stormyra 2 6100 Volda Norge
Kontaktperson	AINA ØYEHAUG OPSVIK (aiopsvik@online.no)

Prosjekt

Prosjektnummer	15-18-0040
Prosjektnavn	Felles barnevernsvakt Søre -Sunnmøre
Tildeling	750000 kr
Fra dato	01.08.2018
Til dato	31.12.2019

Samarbeidspartnere

Ulstein Møre og Romsdal	Ulstein Kommune Postboks 143 6067 Ulsteinvik Norge	Einar Vik Arset einar.arset@ulstein.kommune.no
Sande Møre og Romsdal	Sande Kommune Rådhuset 6084 Larsnes Norge	Asle Giske asle.giske@sande-mr.kommune.no
Hareid Møre og Romsdal	Hareid Kommune Rådhusplassen 5 6060 Hareid Norge	Ragnhild Velsvik Berge ragnhild.velsvik.berge@hareid.kommune.no
Ørsta Møre og Romsdal	ØRsta Kommune Dalevegen 6 6153 ØRsta Norge	Wenche Solheim Wenche.Solheim@orsta.kommune.no
Herøy Møre og Romsdal	Herøy Kommune Postboks 274 6099 Fosnavåg Norge	Olaus-Jon Kopperstad olaus-jon.kopperstad@heroy.kommune.no
Vanylven Møre og Romsdal	Vanylven Kommune Rådhuset 6143 Fiskå Norge	Andreas Christian Nørve andreas.chr.norve@vanylven.kommune.no

Mål oppnådd:

Nei

Hvordan det har gått med prosjektet:

Vi er i ein prosess der vi vurderar to ulike alternativ for vakt. Eitt alternativ er å etablere ei eiga vakt i samarbeid på Søre Sunnmøre med sjustjernekommunene. Det andre alternativet er å etablere eit samarbeid der Ålesund kommune vert gitt ansvar for ei felles barnevernsvakt og har beredskapsvakt på vegne av våre kommuner. Vi har avventa deira utreiing. Denne fekk vi tilsendt 10.01.19. Det er kalt inn til møte med omliggande kommuner 04.02.19. Etter at vi har på plass tilstrekkelege opplysningar frå begge

alternativ vil vi gjere ei vurdering av kva som vil vere den beste beredskapsordninga for våre kommuner og så snart som råd få på plass ei forsvarleg vaktordning.

Oppfølging i den ordinære driften:

Gevinstrealisering/økonomi:

Nyttige erfaringer/gode råd fra prosjektet:

Vedlegg:

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
rådgivar Espen Julnes Lia, 71 25 85 08

Vår dato
31.05.2018
Dykkar dato

Vår ref.
2018/2882/FMMRESLI/
Dykkar ref.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Tildeling prosjektskjønn Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2018 fått inn 57 søknader om prosjektmidlar for til saman 52,87 millionar kroner. Etter ein gjennomgang av søknadane er det 16 prosjekt som har fått innvilga til saman 8,75 millionar kroner i prosjektskjønnstilskot.

Tildelinga blir annonsert i dette brevet til dei kommunane i Møre og Romsdal som har søkt om midlar.

Fylkesmannen sine vurderingar tar utgangspunkt i dei føringane og kriteria som vart omtalt i vårt invitasjonsbrev til å søke på midlar, datert 18.01.2018. I år gjekk om lag halvparten av samla tildeling med til å etablere barnevernsvakt i alle kommunar i Møre og Romsdal. Det er mange gode søknadar på prosjekt som diverre ikkje fekk midlar i år. Vi vonar likevel at kommunane kan nytte seg av det gode arbeidet som er lagt ned i desse søknadane, og at heile eller delar av delar av prosjekta kan realiserast på andre måtar.

Kvart prosjekt som har fått midlar er tildelt ein kontaktperson hos Fylkesmannen. Prosjekta vil bli følgde opp tett av kontaktpersonane, og leiarane for prosjekta blir oppmoda om å halde Fylkesmannen orientert om framdrifta i prosjektet. Det er viktig at dei prosjekta som har fått tilskotsmidlar blir gjennomført. Dette sikrar også overføringsverdi til andre kommunar.

Vi tilrår at det blir oppretta ein prosjektrekneskap. Alle utgiftene i prosjektet skal vere attestert av revisor. Vi gjer såleis merksam på at overføringa er øyremerka det tildelte prosjektet. Vi har sendt brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet der vi ber om at skjønnsløyvingane blir tildelt, jf. vedlagd tabell. Kommunane må vere merksame på at pengane blir utbetalt som ein del av rammetilskotet i juni. Tildelinga vil bli spesifisert i eigen kolonne – Her av ekstra skjønn tildelt av Fylkesmannen. Det blir ikkje skilt mellom prosjekta, så kommunar som har fått støtte til fleire prosjekt vil få utbetalt ein sum i denne kolonnen.

Dersom ikkje pengane blir brukt opp i prosjektet i 2018, skal restbeløpet settast av på bundne fond ved årsskiftet, slik at prosjektet kan gå vidare i 2019. Der interkommunale samarbeid har søkt om støtte, blir pengane utbetalt til kommunen som stod som søkar. Søkarkommunen er ansvarleg for at pengane blir gitt vidare til prosjektet. Det er også

søkarkommunen som er ansvarleg for rapporteringa til oss og vidareformidling av informasjon sendt frå oss.

Det vil også bli sendt ut ein e-post med informasjon knytt til sluttrapportering. Fristen for dette vil vere 31 . august 2019. Rapporteringa skal gjerast i Isord, same database som søknadane.
Prosjektleiarane må vere førebudd på at Fylkesmannen vil nytte deira opparbeidde erfaringar i relasjon til prosjekta i ulike samanhengar.

Vi ønskjer lukke til med mange spennande og nyskapande prosjekt i kommunesektoren, og ser fram til at vi kan dele resultata av prosjekta med dei andre kommunane.

Med helsing

Rigmor Brøste
ass. fylkesmann

Espen Julnes Lia

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: tabell tildeling prosjektskjønn Møre og Romsdal
1 Vedlegg tabell tildeling prosjektskjønn Møre og Romsdal

UTREDNING

NY BARNEVERNSVAKT FOR ÅLESUND KOMMUNE

FORSLAG TIL BARNEVERNSVAKT FOR NYE ÅLESUND

FELLES BARNEVERNSVAKT FOR OMLIGGENDE KOMMUNER



Utarbeidet av

Venke Elin Brandshaug

INNHOLD

BAKGRUNN/INNLEIING

1.Om utredningen **1**
1.1 Mandat 1
1.2 Informasjons-kilder 2
1.3 Kontakt med andre kommuner 2
1.4 Avgrensing av utredningen 2

2. Statistiske forhold **3**
2.1 Avstander 3
2.2 Befolkning 3
2.3 Meldinger til barneverntjenesten i Ålesund og omliggende kommuner 4
2.4 Statistikk fra barnevernvakten i Ålesund Kommune 5
2.5 Oversikt over tilrettelagt av hør for kommunene i Nye Ålesund 5
2.6 Stillinger i barneverntjenesten i Ålesund og om liggende kommuner 5

3. Organisering av barneverntjenesten i Ålesund **6**

4. Generelt om barnevernvakt **6**
4.1 Vedtaksmyndighet 6
4.2 Informasjon fra samarbeidspartnere 7

5. Ekstra oppgaver som kan organiseres under en akuttavdeling med barnevernvakt **8**
5.1 Tilsyn 9
5.2 Tilsyn under samvær med biologiske foreldre 9
5.3 Enkel rus-kontroll 10
5.4 Ansvar for alle akutte henvendelser også på dagtid 10
5.5 Mottaksfunksjon for mottak og vurdering av meldinger 10
5.6 Veiledning i konfliktsaker 10
5.7 Bistand under tilrettelagt avhør av barn og unge/følge heim etter avhør 11
5.8 Bistand i saker med barn og unge som er tilhørende i andre kommuner 11
5.9 Barnevernfaglig bistand til politiet 12
5.10 Bistand ved hasteflytting 12
5.11 Akutt-team 12
5.12 Samtaler med fosterforeldre/fosterbarn med fare for sprekk/akutt krise 12
Hovudføremålet no i denne omgang er å sikre naudsynt avtalevilkår knytt til låneopptak og utbetaling av spelemidlar. Til dette er det tilstrekkeleg at kommunen i avtalen med VCA AS, gir løyve til å disponere grunnarealet vederlagsfritt til idrettshallen sin bygningskropp, så lenge leigeavtalen gjeld. Administrasjonen meiner at ei festekontrakt vil vere å unødig komplisere løysinga som no er utarbeidd for å finansiere prosjektet. Det er heller ikkje noko som tyder på at det er krav til festeavtale for å kunne inngå naudsynt låneopptak, jmfr. førre kommunestyrevedtak. Dersom det seinare oppstår ein situasjon der VCA vil ha behov for å pantsetje bygget og er i økonomisk posisjon til å ta opp nye lån, så får ein vurdere ev. festekontrakt på nytt.

Drift av utomhusanlegg

Adminstrasjonen tilrår at ein legg til grunn same ansvarsfordeling for drift av utomhusanlegga, som vart vedteke i førre kommunestyrevedtak. Sjølv om kommunen går inn som eigar av alt tomteareal, så er det framleis behov for at VCA AS avlastar kommunen på drift av utomhusanlegget. Kapasiteten på avdeling for park-/grøntanlegg er pressa, og ein bør ikkje legge endå meir ansvar her no då avdelinga også vil få tilført meirarbeid som følgje av kommunesamanslåinga.

Helse og miljøkonsekvensar:

Uendra sidan saksframlegg i førre vedtak 14.02.2019.

Økonomiske konsekvensar:

Sidan førre politiske vedtak i saka har prosjektet auka i kostnadsomfang, og kommunen sine samla investeringar i prosjektet vil også auke med kjøp av tomt og parkeringskjellar. Fyrst og

fremst stiller kommunen garanti for heile investeringsramma i prosjektet, og tek med dette i praksis all økonomisk risiko i bygging og drift av hallen.

Som finansieringsplanen viser så er Volda kommune, utan bygging av full parkeringskjellar, oppe i nær 70 MNOK i reine investeringar ved tilskot, utomhusarbeid og kjøp av grunn og parkeringskjellar. I tillegg kjem årlege leigekostnader, og dessutan forskottering av spelemidlar. Ein må også forvente at kommunen seinare vil få auka driftsutgifter på delar av anlegget som t.d. teknisk anlegg, infrastruktur, parkeringskjellar m.m. utover det som er gitt i driftsavtalen jmfr. pkt. 5.

Det er også verdt å understreke at dei reelle kostnadane for kommunen faktisk er ein del høgare enn det som framkjem i sjølve investeringsbudsjettet for hallen. Interne administrative kostnader er t.d. ikkje teke med. Heller ikkje det som kommunen ev. har behov for gjennom rådgiving og juridisk hjelp for eigen del. Desse kostnadane er likevel teke høgde for i samla auka låneopptak jmfr. pkt. 1 i tilrådinga, og skal såleis vere inndekt innanfor denne ramma.

I økonomiplanen er det innarbeidd leigekostnad i idrettshall med kr 1,8 mill. Leiga vert 3 350 000. Kostnaden med auka leige og kapitalkostnaden med auka investeringar i infrastruktur vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan for nye Volda.

Volda kommune set av interne ressursar for oppfølging av kommunen sine forpliktingar i prosjektet, og for å best mogleg ivareta kommune sine interesser. Denne prioriteringa vil medføre utsetjing av andre planlagde kommunaltekniske tiltak.

Politikarane må merke seg at kommunen si deltaking og risiko er todelt, der det eine omhandlar gjennomføringsfasen og det andre driftsfasen. Volda kommune vil ta over alle forpliktingar som aksjeselskapet ev. ikkje vil vere i stand til å ivareta i begge desse fasane. Dette kan påverke framtidige prioriteringar som må gjerast i kommunale årsbudsjett og økonomiplanar. I den samanheng kan det seiast at usikkerheitsmarginane frå usikkerheitsanalysen til VCA er avgrensa til 3-7 % på dei ulike delpostane i prosjektet.

Oppsummert er det to hovudmoment av økonomisk risiko i denne saka:

- Usikkerheit knytt til om VCA AS og hallen vil få inn budsjetterte inntekter i driftsfasen.
- Usikkerheit knytt til om kostnader til bygging og utføring vil halde seg innanfor investeringsbudsjettert.

Fylkeskommunen si deltaking med ei fast årleg leige på kr 2,9 mill. er også avgjerande for at prosjektet kan realiserast.

Rådmannen har vore i kontakt med Nærings- og fiskeridepartementet med omsyn til kommunen sitt eingongstilskot på 30 mill. til VCA som ideelt aksjeselskap opp mot EØS sine reglar om offentlege støtte. Departementet uttrykkjer at ein ut frå overordna nivå ikkje ser konflikt i høve til dette regelverket ettersom dette er ein hall som vert bygt til allmennyttig formål og ikkje for kommersiell drift.

Idrettshallprosjektet er eit partnarskap mellom idretten, kommune, fylkeskommune og næringsliv. Det er flott at friviljuge tek initiativ og gjer ein så stor innsats for å lyfte eit så stort prosjekt. VCA AS er eit selskap med kr 30 000 i aksjekapital (50/50-deling Volda Handballklubb og KFUM Volda Volleyball) som røyser eit prosjekt på over 200 mill. Slik det er organisert i dag, så byggjer og driftar selskapet hallen basert på bortimot full offentleg finansiering utan at kommunen er inne i styringa av selskapet. Det kan verte behov for å

vurdere ev. aksjeemisjon av selskapet der kommunen går inn på eigarsida og har styrerepresentasjon.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jarl Martin Møller
Teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Sakshandsamar for vidare oppfylging
Økonomisjefen
Ass. rådmann
Oppvekstsjefen
Utviklingssjefen
Volda Campus Arena AS
Møre og Romsdal Fylkeskommune

Volda Campus Arena AS
Gymnasvegen 2
6100 Volda

Volda, 07.05.19

Volda Kommune
Stormyra 2
6100 Volda

VOLDA CAMPUS ARENA AS

Notat i samband med rev. investeringsbudsjett og finansieringsplan

Viser til tidlegare vedtak og samarbeid om planlegging av Volda Campus Sparebank 1 Arena (VCA).

Anbodskonkurransen hadde frist 15.03.19 og av 4 innkomne tilbod har Volda Campus Arena AS gjennomført evaluering og tildeling med atterhald om finansiering og endeleg vedtak i kommunestyret 23.05.19, og innan vedståelsesfristen for tilboda som er 31.05.19.

Prosjektet er bygningsmessig uendra frå tidlegare anbodsprosess. Beskrivelsen og leveransa er utvida for utanomhusdelen og infrastruktur. Det er også lagt til at opsjon om fast pris, installering av varmepumpe/jordvarme og klatrehall med buldreanlegg vert nytta.

Møre og Romsdal Fylkeskommune har gjennom Fylkestinget av 08.04.19 fatta vedtak om å ville inngå langsiktig leigeavtale med Volda Campus Arena AS for leige til Volda Vidaregåande skule sine kroppsøvingsaktivitetar. Vedtaket gjev ei noko lågare ramme enn tidlegare kommunisert og som låg til grunn i finansieringsplan i samband med kommunestyrevedtaket av 14.02.19.

For å i møtekome fylket si ramme på kr 2.9 mill er det i revidert finansieringsplan lagt til grunn lågare kapitaliseringsrente. I leigeavtalen skal det imidlertid vere adgang til regulering av leiga ved eventuell auke i rentenivået.
Dette gjev også Volda kommune lågare årsleige med reduksjon frå 3.8 mill (jfr. k-styret 14.02.19) til 3.35 mill inkludert klatredel.

Investeringsbudsjett og finansieringsplan legg til grunn varmepumpeløysing gjennom jordvarme og bygging av klatredel med klatrevegg og buldreanlegg. Nettokostnaden etter frådrag av spelemidlar for bygging av klatredelen er om lag 3.8 mill.
Volda Campus Arena AS søkjer sponsorbidrag frå næringsliv særskilt til støtte av dette formålet.

Bygget sin underetasje har om lag 40 biloppstillingsplassar.
Det føreligg opsjon for full utbygging av underetasje i heile bygget si grunnflate for parkering. Det vil tilføre ytterlegare om lag 80 biloppstillingsplassar.
Samla kapasitet ved utløysing av opsjonen vil kunne gje om lag 120 biloppstillingsplassar

Investeringsbudsjett

Investeringsbudsjettet er basert på beste tilbod pålydande Kr 160.843.265,- inkl. utanomhus.
I budsjettet er det lagt til grunn å nytte opsjon for varmepumpe med jordvarme på kr 3.277.966, og klatrehall med buldreanlegg til kr 6.013.126,-

Samla anbodspris inkl. utanomhus, klatrehall og varmepumpe med jordvarme er kr: 170.134.357,-
I prosessen skal det vurderast å nytte opsjon på nøkkelkortssystem på kr 1.487.321,-
Avgjerda om dette kan skje på eit seinare tidspunkt og i løpet av byggeprosessen.

Den bygningsmessige kostnaden (eks utanomhus) for heile prosjektet i henhold til entreprisen vert på kr 154.848.578,- (eks mva).
Med eit samla areal på 9.080 kvm vert kvadratmeterprisen om lag kr 17.000,- (eks.mva)
Volda Campus Arena AS vurderer dette som ein god og fornuftig pris i marknaden med hensyn på bygget sitt innhald og kvalitet. Også samanlikna med andre byggeprosjekt i regionen i seinare tid. Nadderud Arena som har vore VCA sitt referanseprosjekt er veldig godt samanliknbart og hadde om lag same kvadratmeterpris i 2015 som Volda Campus Sparebank 1 Arena her får.

Med bygget sin plassering har det vore arkiteten sin klare anbefaling å gjere prioriteringar også på eksteriørdelen med hensyn til materialval og uttrykk. Dette skal kome omgjevnadane til gode og gje varig trivsel og verdi for Volda og Volda sine innbyggarar.

Investeringsbudsjett inkluderer også prosjektleiing, byggeleiing, SHA-koordinator og 3. partskontroll.

Det er sett av midlar til inventar som møteromsmøbler, informasjonsskjermar og storskjerm.

Tilknytningavgifter for vatn, avløp og andel framføring elektro/fiber/nettstasjon er med i budsjettet.
Det er gjort avsetning i budsjettet for juridisk bistand knytta til anbodsprosess, kontraktsarbeid og med hensyn for mva-refusjon.
Finanskostnader i byggetida som renter og omkostningar for byggelån er det også budsjettert for.

Opsjonspris for full parkeringskjellar er kr 9.455.667,- Dette tek styret i Volda Campus Arena ikkje stilling til då parkeringsbehovet her må sjåast i ein større samanheng med hensyn til det samla behovet for alle skulane i området og potensiell aktivitetsvekst knytt til vidare utvikling for høgskulen og symjehall.

Opsjonsprisen på kr 9.455.637 vert vurdert til å vere ein konkurransedyktig og gunstig pris. Dette utifrå pris per biloppstillingsplass, og i høve dei andre innkomne tilboda i anbodsprosessen.
Pristilboda for etablering av full parkeringskjellar blant dei 4 innkomne tilboda varierte frå kr 8.372.742 til kr 20.678.454,- med ein gjennomsnittspris på kr 13.059.317,-
Avgjerda om å nytte opsjonen må nyttast innan vedståingsfristen 31.05.19

Finansieringsplan:

Finansieringsplanen legg til grunn samla byggekostnad på kr 191.3 mill og tomtekostnad på kr 10.5 mill.
Spelemidlane utgjer kr 27.8 mill.
Volda kommune - Tilskot 30 mill.
Volda kommune - Infrastruktur kr 16.8 mill.
Volda kommune - Kjøp av parkeringsseksjon 12 mill
Volda kommune - Kjøp av tomtegrunn inkl regulering og utviklingskostnader 10 mill

Finansieringsplanen gjev framleis eit samla lånebehov for Volda Campus Arena AS på kr 95 mill som er i tråd med kommunestyrevedtak av 14.02.19 .

Driftsform/-økonomi:

Volda Campus Arena AS legg til grunn ein sunn og god driftsøkonomi der ein oppnår synergiar eigarskapet vil gje gjennom engasjementet i og rundt eigarklubbane.
Det vil verte fokus på god drift med vakthald og godt vedlikehald som skal ivareta kvalitetane til anlegget i eit langt perspektiv.
Volda Campus Arena AS vil arbeide for å skape god aktivitet til glede for innbyggarane og tilreisande, og der igjen inntekter både gjennom bruksverdi og sponsorverdi.
Volda Campus Arena legg til grunn i driftsbudsjett å forsvare kostnadar på kr 2.450.000,- som skal dekkast inn gjennom selskapets inntekter budsjettert til kr 2.700.000,- med resultat på kr 250.000,-
Inntektssida består av faste og frie inntekter der dei faste inntekter allereie no før byggestart er på kr 1.400.000,-. Dei fastlagte inntektene er gjennom leigeavtalane med eigarklubbane Volda Handball og Volda Volleyballkubb og sponsoravtale med samarbeidspartnarar til klubbane.
Dei frie variable inntektene vil i stor grad vere knytta til arrangement, både sportslege og ikkje-sportslege som til dømes messer, konsertar, kick-off, seminar m.m. Aktiviteten her vil igjen påverke moglegheitene for auka verdi og inntekter gjennom sponsoravtalar.
Vi vurderer dei etablerte faste inntektene som eit særs godt fundament, og stor realisme om å nå målet på inntektsida gjennom potensiale Volda Campus Sparebank 1 Arena vil ha for å skape inntekter frå nemnte kilder og særskilt idrettsarrangement som igjen vil styrke interessa og berekrafta til idrettslivet.
Samstundes vil det gjennom god og sunn drift vere potensiale for reduserte utgifter på kostnadssida.

Klatredel med klatrevegg og buldreanlegg:

Klatredel med klatrevegg og buldreanlegg vil være eit særs godt og viktig lavterskeltilbod til born og ungdom som ikkje er aktive i organisert idrett, samt studentar. VCA ynskjer difor også dette tilbodet inkludert som ein del av aktivitetstilbodet for både på dagtid gjennom skulekvardagen og kveldstid gjennom aktivitetstilbodet som arenaen vil gje.
Sunnmørsk klatreklubb er interessert i å leige klatrehallen til sin aktivitet og ta det praktiske ansvar for å leggje til rette for eit sikkert og godt tilbod, særskilt for barn, unge og studentmiljøet. Samt drift og vedlikehald av utstyr, kurs m.m. Utleige vert administrerast og organisert av VCA jfr. leigeavtale med Volda kommune.
Netto investeringskostnad for klatredelen etter spelemidlar vert om lag NOK 3,8 mill Driftskostnad for klatrehallen vil av den samla leigeavtalen til Volda kommune utgjere kr 190.000,-

Erverv av grunn:

Volda Campus Arena AS tilbyr Volda kommune å overta eigedomsretten til gnr 19 bnr 807.
Tomtearealet er på 3787 kvm.

Volda Campus Arena AS erverva tomta i juli 2017 for kr 8.000.000,- Inkl tinglysing kr 8.200.000,-
Utviklingskostnadar som regulering, grunnundersøking, støymåling, arkitekt og prosjektleiing er påløpt til kr 2.400.000,-
Volda Campus Arena AS sitt eige arbeid samt avtalt rabattert konsulentteneste i samband med regulering på kr 100.000,- er ikkje medrekna.
Arbeidet har då også gjeve godkjent plan for både idrettshall og symjehall på området.

Tilskot, sponsormidlar og bidrag frå private har finansiert stor del av prosjekt-/ utviklingsarbeidet.
Det øvrige gjennom forskotering av det kommunale tilskotet til prosjektet.

Føresetnad for overføring av eigedomsretten er at det vert oppretta festekontrakt med festerett for Volda Campus Arena AS, varigheit på min 40 år med rett til fornying og festeavgift til symbolsk pris. Volda kommune har hatt som god tradisjon å skaffe grunnareal til lag og organisasjonar for utvikling av idrettsanlegg og vi ser dette kan vere ei god og fornuftig løysing, både av omsyn til realisering av VCA og i eit lengre perspektiv med dei utviklingsmoglegheitene som no vert lagt til rette for på området.

Parkeringsseksjon:

Volda Campus Arena AS tilbyr Volda kommune å erverve parkeringsseksjon i bygget sin underetasje for NOK 12 mill og transporterer vidare rett til innløysing av opsjon for full parkeringskjellar.
Full parkeringskjellar vil gje omlag 120 parkeringsplassar.
Arealet for underetasjen er ca 1500 kvm. Med kvadratmeterprisen til kr 8.000,- under 50% av gjennomsnittleg byggekostnad for prosjektet (ca kr 17.000,-) gjev pris på NOK 12 mill.
I samanheng med opsjonsretten for full utbygging som ligg føre til NOK 9.5 mill vil ei samla investering for full utbygging av underetasjen til parkeringskjellar verte NOK 21.5 mill.
Dette skal vere ein rimeleg og fornuftig pris i høve dagens byggekostnadar tilgjengeleg areal i sentrumsnære strok, og kapasiteten investeringa vil gje.
Sal av byggets underetasje føreset etablering av eigarseksjonssameige der Volda kommune vil kunne eige byggets underetasje gjennom sin eigen eigarseksjon.
Det føreset avsetning av naudsynt fellesareal i delar av underetasjen som må nyttast til byggets teknisk anlegg samt bruksrett til Volda Campus Arena AS for lager til nytte for den daglege drifta av anlegget. For den dagleg drifta av anlegget og for den øvrige seksjonen tilhøyrande Volda Campus Arena AS opprettast eksklusiv bruksrett for utvendige 4 biloppstillingsplassar på areralet ved inngangsområdet.

For å legge til rette for optimal bruk av anlegget må anlegget kunne nyttast av brukarane. Idrettslaga rekrutterer brukarar langt ut over sentrumskjernen. Det er difor naudsynt at utøvarar og besøkande kan nytte anlegget sine parkeringsplassar på kveldstid og i helgar knytta til aktivietten i hallen slik at parkeringsarealet på eigedomen både innvendig og utvendig må vere tilgjengeleg for allmenta i desse tidsroma.

Avgjerda om å nytte opsjon for bygging av full parkeringskjellar må ligge føre innan 31.05.19.
Volda kommune må gjere vurdering og fatte vedtak om dette innan nemnte frist.

Med venleg helsing

Volda Campus Arena AS
Arild Bakke

Volda Campus Arena AS

INVESTERINGSBUDSJETT
Hovedoppstilling kostnader
Ihht NS 3453

Pr 05.05.2019

Kontonivå							
1	**2**	**3**	**Tekst**	**Delsum 3**	**Delsum 2**	**Sum**	
1			Felleskostnader		24 244 800		
2			Bygning		98 686 437		Innkl opsjon klatrevegg
3			VVS-installasjoner		21 371 666		Innkl opsjon varmepumpe
4			Elkraft		7 795 522		
5			Tele og automatisering		1 862 053		
6			Andre innstallasjoner		888 100		
			Sum huskostnad			**154 848 578**	
7			Utendørs arbeid		15 273 759		
			Sum entreprisekostnad			**170 122 337**	
8			Generelle kostnader				
	80		Gen BH-kostnader		100 000		
	83		Administrasjon		2 280 000		
		832	Prosjektledelse	750 000			
		833	Byggeplassledelse og byggeplasskontroll	880 000			
		834	Spes konsulenter, jus	200 000			
		835	Uavhengig kontroll	150 000			
		836	SHA-koordinator	300 000			
	84		Bikostnader		100 000		
	85		Forsikringer, gebyrer mv		1 161 000		
		851	Byggesaksgebyrer	46 000			
		852.1	Tilknytningsavgift VAV	65 000			
		852.3	Fiber	200 000			
		854	Sikkerhetsstillelse	100 000			
		855	Anleggsbidrag	750 000			
	86		Medgåtte kostnader		2 400 000		
		861	Påløpte prosjekteringskostnader i tidligfase	2 190 000			
		869	Øvrige medgåtte kostnader	210 000			
			Sum Byggekostnad			**176 163 337**	
9			Spesielle kostnader		11 500 000		
	91		Løst inventar og utstyr	1 800 000			
	92		Tomt	8 200 000			
	93		Finanskostnader	1 500 000			
10			Merverdiavgift		44 490 834		
			Basiskostnad inkl mva			**232 154 171**	
11			Forventede tillegg		10 304 466		
			Prosjektkostnad inkl mva			**242 458 637**	
12			Usikkerhetsavsetning		4 978 972		
			Kostnadsramme			247 437 609	
13			Prisregulering, inkl mva		2 500 000		
			Kostnadsramme inkl prisregulering			**249 937 609**	

Kommentarer:
I sum Huskostnad er medtatt Bergvarme og Klatrehall
Varmepumpe/bergvarme er medtatt under post VVS-installasjoner
Klatrehall er medtatt under post Bygning
For post 11, 12 og 13 er meirverdiavgift inkl og utgjer kr 3 556 688,-
Post 13 Prisregulering er tilsvarande opsjon om Fastpris

Volda Campus Arena AS

Dato: 05.05.2019

Usikkerhetsanalyse, totalentreprise

P50 er kalkyle pluss forventet tillegg, P80 er P50 pluss usikkerhetsavsetning

Post	Navn	Grunnlagssum eks mva	P50, prosent	P50, sum eks m	P80, prosent	P80, sum eks mva	Kommentarer
1	Felleskostnader	24 244 800	3	727 344			P50: Generell betraktning
					5	1 212 240	P80: Kan risikere noe krav om ekstra prosjektering ifm utenomhusarbeider
2	Bygning	98 686 437					P50: Generell betraktning
			5	4 934 322	7	6 908 051	
							P80: Generell betraktning
	VVS-anlegg	21 371 666	4	854 867			P50: Forventer ikke noen ekstrakostnader, men avsetter noe til brukertilpasning
					7	1 496 017	P80: Vurdert risiko for merkostnader vedr fremføringer etc som kan komme i konflikt med brukerønsker
4	EL-anlegg	10 545 675					P50: Generell betraktning
			4	421 827	7	738 197	
							P80: Generell betraktning
7	Utenomhusarbeider	**15 273 759**					
			7	1 069 163	10	1 527 376	P50: Forventet merkostnad til fordrøyning og inngjerding Djupegrova
							P80: Mange usikre elementer som vil kunne medføre ekstrakostnader
8	Generelle kostnader	3 641 000	**5**	182 050	**7**	254 870	
9	Inventar	1800000	3	54 000	5	90 000	

Sum eks mva	8 243 573	12 226 750
Sum innkl mva	10 304 466	15 283 438
Usikkerhetsavsetning: P80 - P50	4 978 972	

Finansiering	Volda Campus Arena	Volda Kommune	Fylket	VCA AS
Bygningskostnad	154 850 000			
Infrastruktur og utanomhus VK	16 800 000			
Inventar, finanskostn., prisreg.	15 750 000			
Prosjekt-/byggeleiing, SHA-koor, uavh.kontr. admin.	3 900 000			
Tomt/grunnervervelse	8 200 000			
Utviklingskostnadar tomt/bygg	2 400 000			
Sum investering	201 900 000			
Tilskot - Investering				
Spelemidlar	-27 800 000			27 800 000
Volda kommune, tilskot	-30 000 000	30 000 000		
VK infrastruktur	-16 800 000	16 800 000		
Sal park.seksjon VK	-12 000 000	12 000 000		
Sal tomt/grunn VK	-8 200 000	8 200 000		
Inndekning utvikl.kostn. VK	-1 800 000	1 800 000		
Egenkapital VCA	-10 300 000			10 500 000
Lånebehov	95 000 000			
Annuitetslån 40 år	95 000 000	26 000 000	40 000 000	29 000 000
Kapitalkostnad 95 mill	4 850 000	1 310 000	2 015 000	1 525 000
FDVU kostnad per m2	540	540	540	540
Driftskostnad per år	3 890 000	2 040 000	925 000	925 000
Årskostnad/leige	8 740 000	3 350 000	2 940 000	2 450 000

Inntekter	
Idrettsarrangement/sponsoravtalar	1300000
Leigeinntekter/arrangement helg	750000
Leigeinntekter kveld	650000
Sum driftsinntekter	2700000
Sum driftsresultat	250 000

Revidert 05.05.19

Driftsbudsjett VCA

Inntekter:

Leieinntekter

Utgifter

Lønnskostnad kvelds- og helgevakt	300 000
6320 Renovasjon, vann, avløp o.l.	110 000
6340 Lys, varme	650 000
6345 Ventilasjon	30 000
6360 Renhold	875 000
6370 Vaktmester tjenester	100 000
6530 Div utstyr til hallen	30 000
6600 Reparasjon og vedlikehold bygninger	20 000
6620 Reparasjon og vedlikehold utstyr	120 000
6640 Årskontroll Brann og nødlys / Brannvern	25 000
6700 Revisjons- og regnskapshonorar	120 000
6750 Administrasjon drift	500 000
6902 Internett/Data/tele	50 000
7500 Forsikringspremie	80 000
Drift og vedlikehald uteareal	75 000
Sum driftskostnader eks vedlikeh.fond	**3 085 000**
Vedlikehaldsfond ca 10 %	307 500
Risiokomargin ca 10 %	307 500
Sum driftskostnader	**3 700 000**

Revidert 03.05.19

Driftsbudsjett VCA - Klatredel

Inntekter:

Leieinntekter, leigeavtale VK	190 000

Utgifter

Lønnskostnad kvelds- og helgevakt

6320 Renovasjon, vann, avløp o.l.	10 000
6340 Lys, varme	30 000
6345 Ventilasjon	10 000
6360 Renhold	75 000
6370 Vaktmester tjenester	10 000
6530 Div utstyr til hallen	-
6600 Reparasjon og vedlikehold bygninger	15 000
6620 Reparasjon og vedlikehold utstyr	-
6640 Årskontroll Brann og nødlys / Brannvern	5 000
6700 Revisjons- og regnskapshonorar	-
6750 Administrasjon drift inkl regnskap	25 000
6902 Internett/Data/tele	-
7500 Forsikringspremie	10 000
Sum driftskostnadar	**190 000**

Resultat	**0**

Datert 03.05.2019

Avtale

REVIDERT: 08.05.2019

Avtalepartar:

Volda Campus Arena AS (VCA)

og

Volda Kommune (VK)

BAKGRUNN

Partane har felles erkjenning av behov for ny idrettshall i Volda sentrum. Idretten og kommunen har saman med Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK) over tid arbeidd med ulike alternativ. Volda Campus Arena AS har skaffa tomta Joplassen gnr. 19, bnr. 807 m.fl. i Volda Kommune. Føremålet med tomtekjøpet er å realisere ein fleirbrukshall til nytte for både dei lokale idrettslaga, i tillegg til å ivareta delar av kommunen og fylkeskommunen sine behov for lokale til kroppsøving.

FINANSIERING

VK sitt økonomiske bidrag i prosjektet er regulert i eiga kommunestyresak.

VCA pliktar å etablere førehandsgodkjenning for full mva-refusjon for prosjektet før oppstart.

HOVUDFØREMÅL

Denne avtalen skal samordne og klargjere arbeids- og ansvarsoppgåver mellom ulike aktørar i samband med gjennomføring av prosjektet Volda Campus Arena.

Den skal sikre Volda Kommune naudsynt innsyn og dessutan moglegheit for påverknad i prosjektet. Volda kommune er hovudbidragsytar til prosjektet, og ber dessutan økonomisk risiko gjennom lånegaranti.

Partane er difor svært opptekne av at kostnadsrammer og planlagd finansiering vert overhalde i gjennomføring av prosjektet. VCA pliktar å drive aktiv informasjon og vidare å gjere naudsynte tiltak for at kommunen sitt finansielle ansvar ikkje vert utvida utover det som det ligg føre avtale og politisk vedtak om.

Avtalen skal sikre Volda kommune at avtalte leveransar og kvalitetar vert levert.

OVERDRAGING AV TOMT

Volda kommune kjøper gbr. 19/807 frå VCA, slik at VK vert eigar av samla areal for grunn til idrettshall og symjeanlegg med tilhøyrande park-/grøntområde. VK kjøper tomta for

kr 8,2 MNOK, med tillegg av dokumenterte utviklingskostnader til regulering, grunnundersøkingar og diverse omkostningar, til ein samla sum på kr 1,8 MNOK.

VCA utstettar skøyte til VK og VK ber overdragingskostnadene (dokumentavgift og tinglysing).

LEIGE AV TOMTEGRUNN

Så lengje leigeavtalen mellom VCA og Volda kommune gjeld, gir Volda kommune løyve til VCA å vederlagsfritt disponere grunnarealet til idrettshallen sin bygningskropp. Leigetida er på 30 år frå underteikninga av denne avtalen med høve til fornying.

Det skal ikkje betalast leige for disponering av arealet. For å sikre avtale som er mest mogleg presis i høve faktisk bruk og faktisk behov for ansvarsdeling, kan partane ta initiativ til framlegg med ev. justeringar av avtalevilkåra.

GJENNOMFØRING

Byggherre (BH):

VK er oppdragsgivar for utomhusarbeid - teknisk anlegg og infrastruktur. Dette gjeld innhald og omfang i samsvar med kapittel for utomhus i anbodet si funksjonsbeskriving. VK vert formell eigar av desse anlegga.

VCA er byggherre for resterande i prosjektet, og har ansvaret for gjennomføringa av prosjektering, kontrahering og ferdigstilling av det totale prosjektet.

Entreprise:

Prosjektet skal gjennomførast som ei totalentreprise etter NS 8407.

VCA AS er overordna kontraktspart for samla entreprise. Forhold vedkomande det å stille økonomisk sikkerheit, fakturering og garantiansvar vert ivareteke i eigne punkt i kontrakt med entreprenør.

Volda kommune vert direkte fakturert for den delen av kontrakten som gjeld utomhusarbeid, jmfr. avklaringar i samband med momskompensasjon. Konkret gjeld dette følgjande postar i vederlagsskjema frå anbodskonkurransen:

- Post 111.6 – Utomhusarbeid, omfang i samsvar med kap. 5.6 i teknisk beskriving.
- Delpost 7 – Utomhus, under prisskjema 5.5 Elektroarbeid.

Roller og ansvar fordelt på VCA og VK:

Ein føreset at VCA innhentar tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til å kunne drive fram prosjektet i eigen regi.

VK har rett til innsyn, kontroll og medverknad i heile prosjektet, også det som ikkje gjeld utomhus. VK har rett til, men ikkje plikt til, å delta i møter og all anna form for dialog og

korrespondanse i gjennomføringsfasen. VK har også rett til, men ikkje plikt til, å føre kontroll med alle aktørar i prosjektet og deira arbeid.

VCA skal involvere VK i avgjersler som medfører konsekvensar for økonomi, framdrift og kvalitet.

Løyver og godkjenningar:

VCA har ansvar for innhenting av alle naudsynte offentlege løyver, i tillegg til ev. løyver frå privatpersonar og/eller 3. part som vert røyvde av tiltaket.

VCA har ansvar for ev. konflikt mellom med høgskulen/Statsbygg i anleggsperioden.

VCA har ansvar for å løyse utfordringar knytt til logistikk/trafikkavvikling på anleggsplass i anleggsperioden. I dette ligg også ansvar for å ivareta tilkomst til mjuke trafikantar til/frå høgskulen, ungdomskulen og barneskulen.

VCA har ansvar for å erverve ev. grunn og ev. rettar som er naudsynt for å gjennomføre prosjektet.

Prosjektadministrasjon:

VCA har ansvar for prosjektadministrasjon og koordinering av aktørane i samla prosjekt. Dette inneber også ansvar for HMS i samsvar med Byggherreforskrifta, bl.a. utarbeiding og oppfølging av SHA-plan og YM-plan.

Det er VCA sitt fulle og heile ansvar å utarbeide alle naudsynte møtereferat og protokollar i heile prosjektfasen, frå anbodsprosess til ferdigstilling. VCA skal syte for at alle gjeldande prosjektdokument til ei kvar tid er tilgjengelege for VK.

Det er krav om at alle avtalepartar i prosjektet opptrer formelt og profesjonelt. Viktige beslutningar og avklaringar må VCA handsame i styret og protokollføre. I utgangspunktet skal all formell kommunikasjon frå VCA skje gjennom selskapet sin styreleiar.

Volda kommune praktiserer prinsippet om meiroffentlegheit, og dokument eller opplysningar som ikkje er underlagt teieplikt vert gjort offentleg tilgjengeleg.

Kvalitetsplan:

Før oppstart må det ligge føre ein kvalitetsplan som skal godkjennast av kommunen. Ein må sikre at alle fag underlagt TE er tilstrekkeleg ivareteke i høve kompetanse og kvalitet, slik som t.d. dei tekniske faga.

Før oppstart må VCA ta initiativ til eit kvalitetssikringsmøte med VK og MRFK.

Kontrollplan:

Ein kontrollplan vil vere viktig for å sikre best mogleg sluttprodukt. VCA skal jamleg utføre kontrollar på utført arbeid opp imot fagleg kvalitet. Dette må systematiserast i sjekklister.

Fakturering og kostnadskontroll:

Følgjande fakturerer TE direkte til VK:

- Post 111.6 – Utomhusarbeid, omfang i samsvar med kap. 5.6 i teknisk beskriving.
- Delpost 7 – Utomhus, under prisskjema 5.5 Elektroarbeid.

For resterande prosjekt: TE fakturer til VCA.

Det vert etablert ei ordning i PA-bok som sikrar gode faktureringsrutinar der begge partar må gi godkjenning *før* kommunen utbetalar for den delen som gjeld infrastruktur.

VCA utarbeider budsjett og har ansvar for økonomistyringa innanfor dette. Likevel skal VK godkjenne fakturaer med avvik frå kontrakt, og som vil ha konsekvensar for *totalkostnad* i prosjektet.

Ved ev. regningsarbeid skal VCA innarbeide rutinar på kontroll av, og innsyn i timelister, kopi av ordresetlar osv. VCA pliktar å utføre stikk-kontrollar på marknadsprisar på materiell, sortiment og produkt som TE fakturerer.

Om det oppstår forhold som medfører overskriding av totalkostnad i prosjekt, pliktar VCA å halde tilbake innestående summar inntil forholdet er drøfta med VK.

Varsling og informasjon til 3.part:

VCA har ansvar for all varsling og handtering av ev. merknader frå publikum.

Arkivering:

VCA syter for at relevante og viktige dokument i prosessen vert arkivert, og seinare overlevert VK. VCA skal til ei kvar tid halde eit oppdatert elektronisk dokumentarkiv.

Dokumentasjon:

VCA har ansvar for at det vert innarbeidd gode rutiner for dokumentasjon på utført arbeid. I tillegg til eit oppdatert og omfattande teikningsarkiv, skal det ligge føre eit omfattande fotoarkiv av bygget, gjennom heile byggeprosessen frå oppstart til ferdigstilling.

Tvistar med TE:

VCA fører ev. tvistar med TE i byggefasen og i etterkant av overlevering, og har ansvar for å engasjere juridisk støtte om naudsynt. VK kan krevje at VCA stiller ev. erstatningskrav til TE.

Handtering av reklamasjonar o.l.:

VCA har ansvar for anlegga i prøvedriftsperioden, og skal utkvittere feil og manglar. Generelt har VCA ansvar for å følgje opp ev. reklamasjonar, sørvisavtalar, etterkontrollar,

eittårskontroll osv. opp i mot TE. Ev. manglar som brukarane påpeikar, skal rettast til VCA, som så tek ansvar for utkvittering og/eller vidare oppfølging av leverandør.

Nedtrapping av garanti frå TE til BH:

VCA har kontroll med, og styrer nedtrapping av garanti frå TE til BH.

Utbygging av infrastruktur og uteområde:

VCA utarbeider overordna utomhusplan i anbodet. Det vert lagt til grunn at Volda kommune godkjenner planen før igangsetjing av arbeidet på byggeplass. VK kan, i samband med godkjenningsprosessen, skriftleg framlegge kommentarar og føresetnader, t.d. særskilde materialkrav o.l. ved utføringa, som VCA så tek inn i anbodsdokumenta.

Offentleg vatn og avløp

VCA har ansvar for prosjektering og gjennomføring, men VK har det økonomiske ansvaret for, og ber kostnaden ved framlegging av vatn og avløp dimensjonert i samsvar med gjeldande retningsliner for idrettshall og symjehall. VK si leveranse vert terminert i kum med avsett tilkoplingspunkt, 2 stk. Kummen vert plassert etter nærare avtale innanfor byggeområdet for VCA.

Det vert lagt til grunn i konkurransegrunnlaget at framlegging av EL-kraft og data/fiber skal ivaretakast av leverandørane. VCA har ansvar for å planlegge, prosjektere, gjennomføre og koordinere dette.

For både VA-anlegg og kabelanlegg, må dette dimensjonerast og byggast mtp. seinare realisering av symjehall på tomta. Det må etablerast naudsynte stikkgrøfter og anlegg særskild til symjehallen.

Omlegging av Djupegrova

VCA har ansvar for prosjektering og gjennomføring, men VK har det økonomiske ansvaret for, - og ber kostnadene ved omlegging av Djupegrova.

VCA vil arbeide aktivt for å kunne igangsetje sine arbeid tidlegare enn lagt til grunn her, og vil ta eige initiativ til søknad om mogleg dispensasjon.

Førebuingar for symjehall

VCA tek i vidare prosjektering og utføring omsyn til ein framtidig symjehall, og det vert til ei viss grad føresett løysingar for sambruk av inngangsparti og fellesareal inkludert kafeteria. Framlegging av tilstrekkelege dimensjonar for vatn, avløp, EL og svakstraum er ivareteke slik det går fram av punkt ovanfor.

Rigg

VK legg forholda best mogleg til rette for at VCA sin totalentreprenør skal kunne ha sine riggfasilitetar plassert på tomta for framtidig symjehall. Riggplass på denne tomta må i så fall vere tidsavgrensa og vil gjelde fram til seinast 31.12.2020.

Entreprenør må i sitt tilbod ta høgde for framleiting og tilkopling av offentleg VA og straum.

ORGANISERING AV PROSJEKTET

Organisasjonskart datert 07.05.2019, viser korleis prosjektet, prosjektering og bygging av idrettshallen er organisert. Volda kommune skal vere representert med éitt medlem i besluttande organ i prosjektet i tillegg til å delta i prosjekteringsgrupper og byggemøter.

I samband med prosjektering skal VK vere jamleg orientert om pågående prosjektering. VK skal delta i prosjekteringsgruppa. Prosjekteringsgruppa vert leia av VCA fram til kontraktssignering. Prosjekteringsgruppa skal ha ansvaret for koordinering og prosjektering av heile prosjektet, også av uteområde og infrastruktur. Deretter er det TE som har ansvaret for prosjekteringsleiinga.

DRIFT AV UTEOMRÅDE

Driftsansvaret går fram av situasjonsplan datert 28.01.2019 som viser fordelinga mellom VK og VCA.

VK ivaretek driftsansvaret for Joplassvegen og parkeringsarealet nord for bygget.

VCA ivaretek driftsansvaret for resterande uteområde knytt til bl.a. internvegar, grøntanlegg, park m.m.

Slike driftskostnader vert ev. å ta inn i leigeavtalar med m.a. VK og MRFK (eller berre i avtale med MRFK). VCA kan om mogleg inngå avtale med kommunen om drift av slike anlegg, mot t.d. vederlag eller redusert husleige. Ein må i så fall vurdere nærare organisering, prioritering og ev. kapasitet dersom kommunen skal drøfte dette.

Ved ev. utbygging av symje- /badeanlegg, vil partane ta ein gjennomgang av fordeling av driftsansvar på delar av anlegga etter dette punktet.

LEIGEAVTALAR

VCA er ansvarleg for å inngå leigeavtalar med alle som brukar hallen for å sikre ein haldbar og solid driftsøkonomi.

<u>Dagtid:</u>

VK inngår leigeavtale med VCA for å kunne ivareta kroppsøving for grunnskular på dagtid. Detaljar om areal og timetal vert regulert i leigeavtalen ut frå prinsippet om at skulane sine behov skal dekkast i sin heilskap.

<u>Kveldstid:</u>

Partane har som intensjon å finne ei avtaleform som sikrar barne- og ungdomsidretten naudsynt halltid på kveldstid, uavhengig av klubbane sitt eigarskap til VCA. Dette bør ein ivareta ved at det i leigeavtalen med VK er øyremerkt eit gitt tal timar til dette føremålet.

PROSJEKTBUDSJETT

Det skal setjast opp budsjett for prosjektet i samsvar med Norsk Standard 3453. I dette budsjettet skal det gjerast avsettingar til reserve etter ei risikoanalyse. Reservane skal fordelast på P50- og P80-nivå (dvs. 50 % eller 80 % sannsyn for at prosjektet held kostnadsramma).

Budsjettet skal detaljerast i fag, postar, arbeidsoperasjonar osv.

Det må her gjerast ei grundig vurdering av reelle forventa tillegg, usikre faktorar, hendingar osv., og det må leggast ein klar plan på korleis dette vert handtert om prosjektet går mot overskriding. Ein må legge fram konkrete tiltak for å unngå overskridingar, ved t.d. kuttlister, prioriteringar o.l.

Ev. overskridingar skal dekkast av postar for marginar og reservar i budsjett. Dette gjeld også overskridingar innanfor den delen som skal fakturerast til VK.

Etter ferdig prosjekt og avslutta sluttoppgjer skal fullstendig byggerekneskap ligge føre.

RAPPORTERING

Prosjektet skal styrast av prosjektleiar etter P50-ramma. Det skal rapporterast månadleg om utviklinga i prosjektet i høve framdrift og økonomi (rapport etter NS 3454). Dersom det vert behov for å nytte P80-ramma, skal dette fyrst godkjennast av Volda kommune.

Månadsrapporten vert uoppfordra oversendt til VK innan den 15. i kvar månad. I denne skal status prosjekt gå fram klart og eintydig i høve budsjett, hittil fakturert og attståande fakturering etter kontrakt.

VK skal til ei kvar tid vite korleis prosjektet står økonomisk i høve kontrakt. Ev. avvik og årsak til avvik skal tydleg gå fram. Rapporten skal til kvar tid innehalde oppdatert prognose. Etter ferdigstilling skal VCA også utarbeide ein utfyllande sluttrapport for prosjektet, der ein evaluerer prosjektgjennomføringa på måloppnåing, kvalitet, økonomi, framdrift, HMS m.m.

SÆRLEGE VILKÅR

1. Volda kommune er i ein samanslåingsprosess med Hornindal kommune, og denne avtalen vert ivareteke av nye Volda kommune etter 1. januar 2020.

2. Volda kommune kjøper gbr. 19/807 frå VCA for 8,2 MNOK, slik at VK vert eigar av samla areal for grunn til idrettshall, symjeanlegg med tilhøyrande park-/grøntområde.

3. Dersom VCA AS vil avhende eller ikkje lenger er i stand til å ivareta drifta av hallen og hallområdet, har VK fortrinnsrett til utan vederlag å overta eigarskapen til VCA med tilhøyrende driftsavtalar og plikter. Dette gjeld også dersom det på andre måtar oppstår ein situasjon der kommunen sine garantiar vert utløyst.

4. Etter ferdigstilling av prosjekt skal parkeringskjellar slik den er prosjektert med omlag 45 biloppstillingsplassar, seksjonerast ut av VCA og kjøpast av VK for 12 MNK, slik at VK vert formell eigar av denne delen av bygget.

Det må setjast av naudsynt fellesareal i delar av underetasjen/parkeringskjellaren, til bruk for byggets tekniske anlegg (teknisk rom), i tillegg til bruksrett til lager for VCA knytt til den daglege drifta av anlegget.

5. I tillegg til den økonomiske støtta VK yter i prosjektet med lånegaranti, som leigetakar, kjøp av tomt og parkeringskjellar og dessutan som oppdragsgivar for utomhus, medverkar også VK i prosjektet ved å stille til disposisjon grunn vederlagsfritt i leigeperioden. Om det seinare vert vedteke utbygging av symjehall, skal partane samarbeide om å tilretteleggje for å binde symjehallen saman med idrettshallen for å oppnå optimale synergiar m.o.t bruk av fellesareal, garderobar, utandørs infrastruktur m.m.

6. Denne avtalen er avhengig av godkjenning frå partane sine styrande organ før bygging av anlegget kan iverksetjeast (VCA sitt styre og Volda kommunestyre). Entreprenør må ikkje under nokon omstende igangsetjast aktivitet på anleggsplass før denne avtalen er godkjend og gyldig.

Volda …….

Arild Bakke	Jørgen Amdam
Styreleiar VCA	Ordførar Volda kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vår dato: 30.04.2019
Vår ref: 2018/1494
Dykkar dato: 20.02.2019
Dykkar ref: 2018/1650

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Sissel Hol, 71 25 84 49

Volda kommune - kommunal garanti - Volda Campus Arena AS

Vi viser til brev av 20. februar 2019 der Volda kommune søker om godkjenning av garantivedtak for lån til Volda Campus Arena AS, jf kommunestyret sitt vedtak i sak 7/19.

Om kommunale garantiar
Med heimel i kommunelova § 51 nr 1 og rundskriv H-8/01 frå Kommunal- og regionaldepartementet (nå Kommunal- og moderniseringsdepartementet), skal Fylkesmannen godkjenne vedtak om kommunale garantiar.

Kommunane har moglegheit til å stille kommunal garanti for verksemd som utfører tradisjonelle kommunale forvaltningsoppgåver eller ideelt arbeid. I slike tilfelle vil vedtektene til selskapet være avgjerande.

Kommunelova § 51 nr 2 stiller eit absolutt forbod mot å stille kommunal garanti til tradisjonell næringsverksemd.

Eit vedtak om garanti vil alltid innebere ein viss risiko for økonomisk tap. Ansvaret for å vurdere om risikoen er forsvarleg ligg primært hos kommunane sjølve. Ei vurdering av økonomisk risiko inneber normalt ei vurdering av konsekvensane for tap for kommunen. Kommunelova (§50) opnar for at kommunen kan ta opp lån dersom det er krav for å innfri eit garantiansvar. På den måten kan eit eventuelt framtidig tap delast over fleire år. Årlege auka rente- og avdragsutgifter som følgje av eit slikt hypotetisk tap, vil etter Fylkesmannen si vurdering vere handterbar for kommunen, sjølv om det naturleg nok vil vere krevjande økonomisk. Vi legg da vekt på kommunen sin størrelse og totale økonomi sett i forhold til dei årlege ekstra utgiftene som følger ved eit eventuelt tap.

Fylkesmannen vurderer at risikoen ved garantien, samla sett, ikkje kan karakteriserast som uforsvarleg høg når vi ser sannsyn og konsekvensar for tap i samanheng. Vår konklusjon er dermed at kommunen ved å gi ein garanti ikkje set seg i ein situasjon der han ikkje kan innfri sine forpliktingar.

Kommunestyret sitt vedtak

E-postadresse: fmmrpost@fylkesmannen.no
Sikker melding: www.fylkesmannen.no/melding
Postadresse: Postboks 2520 6404 Molde
Besøksadresse: Julsundvegen 9
Telefon: 71 25 84 00
www.fylkesmannen.no/mr
Org.nr. 974 764 067

Kommunestyret i Volda kommune vedtok den 14.02.19 følgande vedtak i sak 7/19 punkt 1:

«Volda kommune stiller garanti for bygging av idrettshallen Volda Campus Arena i samsvar med vedlagt finansieringsplan med ei samla budsjettramme kr 175 300 000,- inkl. mva.

Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune garanti til Volda Campus Arena AS for eit lån pålydande kr 95 000 000,- + 10%. Dette vil vere kommunen sitt maksimale garantiansvar. Garantien vert gitt på slike vilkår:

a) Garantien er ein sjølvskyldnargaranti.
b) Garantien gjeld for inntil 40 år med tillegg av inntil 2 år.
c) Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet»

Fylkesmannen sitt vedtak
Med heimel i § 51 nr. 1 i kommunelova og rundskriv H-8/01 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, godkjenner Fylkesmannen i Møre og Romsdal vedtak i kommunestyret frå 14. februar 2019, i sak 7/19, om å garantere for eit lån på kroner 95 000 000,- + 10 % til Volda Campus Arena AS. Garantien blir godkjent som sjølvskyldnargaranti. Garantien gjeld for inntil 40 år med tillegg av inntil 2 år. Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet. Godkjenninga gis i samsvar med dei vilkåra som går fram av kommunestyret sitt vedtak.

Vår godkjenning erstattar den tidlegare godkjente garantien frå 13.06.2018 (kommunestyrevedtak 19/18).

Fylkesmannen legg til grunn at det ikkje skal drivast næringsverksemd med forretningsmessig formål. Eventuelle endringar i vedtekter, drifts- og selskapsform eller andre avtaleforhold som kan ha verknad på vår vurdering, kan gjere garantien ulovleg.

Fylkesmannen ber om å bli orientert dersom kommunen må innfri si garantiforplikting.

Fylkesmannen si vurdering omfattar kun kommunelova. Vi har ikkje vurdert garantien opp mot andre regelverk, som EØS-avtalen sine reglar om offentleg støtte.

Med helsing

Vigdis Rotlid Vestad (e.f.)
Stabsleiar

Sissel Hol
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS Bjørndalvegen 10 6065 ULSTEINVIK

VOLDA CAMPUS ARENA
ORGANISASJONSKART

Pr 07.05.2019





MERKNADER :
–
–
–
–

PROSJEKTGRENSE 1

PROSJEKTGRENSE 2
= REGULERINGSGRENSE

TEGNFORKLARING :
–
–
–
–

TEGNINGEN GJELDER
PLAN TEGNING
SITUASJONSPLAN

TEGNINGSNUMMER
A 001

MÅL
1:300

REV. NR
–

PROSJEKT
VOLDA CAMPUS ARENA

DATO	NR	REVISJONEN OMHANDLER	TEGN	KONT
–	–	–	–	–

BYGGHERRE
VOLDA CAMPUS ARENA AS

ENTREPRENØR

LOKALISERING PLAN

LOKALISERING SNITT

ARKITEKT

STEFAN EKBERG ARKITEKTER AS
-STEFAN@SEARKITEKTER.NO-
-MOB - 915 11 526-

TEGNINGEN GJELDER
PLAN TEGNING
SITUASJONSPLAN

TEGNINGS – STATUS
ANBUD
–
– A1–1:300/A3–1:600

REV. NR	TEGN. NR		
–	A 001		
MÅL	DATO	PROSJ. NR	TEGNER
1:300	290119	P01	SE



PLAN 1U
+42,80

SKISSE FULL PARKERING
03.05.2019

Datert 28.01.2019

ANSVARSFORDELING DRIFT

- VCA AS
- VOLDA KOMMUNE



TEGNINGEN GJELDER	TEGNINGSNUMMER
PLAN TEGNING SITUASJONSPLAN	A 001
	MÅL 1:300 / REV. NR –

PROSJEKT

VOLDA CAMPUS ARENA

DATO	NR	REVISJONEN OMHANDLER	TEGN	KONT
–	–	–	–	–

BYGGHERRE

VOLDA CAMPUS ARENA AS

ENTREPRENØR

LOKALISERING PLAN

LOKALISERING SNITT

ARKITEKT

STEFAN EKBERG ARKITEKTER AS
-STEFAN@SEARKITEKTER.NO-
-MOB - 915 11 526-

TEGNINGEN GJELDER

PLAN TEGNING SITUASJONSPLAN

TEGNINGS – STATUS	REV. NR	TEGN. NR		
ANBUD – – A1–1:300/A3–1:600	–	A 001		
	MÅL 1:300	DATO 280818	PROSJ. NR P01	TEGNER SE

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

NOTAT

Interne mottakarar:
Teknisk sektor Pål Are Vadstein

Sak: Volda Campus Sparebank1 Arena, prosjektstyring

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2018/1650	*3781/2019*	*D11*	*SVK/SUNUTN*	*06.03.2019*

MELDING OM VEDTAK I RÅD FOR LIKESTILLING AV MENNESKE MED NEDSETT FUKNSJONEVNE TIL NYBYGG I VOLDA

Under møtet i Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne 11.02.2019 vart PS 5/19 handsama, og det vart gjort slikt vedtak:

Ved dei planlagde nybygga i Volda (skule, kulturhus, idrettshall m. m.) vil FUNK at ein legg vekt på gode løysingar for universiell utforming både for rørslehemma og synshemma.
FUNK vil minne om at det også må takast omsyn til sikring/varsling og framkommelegheit i byggeperioden.

Med helsing

Sunniva Utnes Kvangarsnes
Konsulent

VCA	**Styremøtereferat**	**Tidspunkt:** 30.04.2019 **Kl.** 17.00-20.00
	Tilstede: Rune Aarflot (RAA), Arild Bakke (AB), Johnny Kragset (JK), Erlend Krumsvik (EK), Idar Flo (IF) **Referent:** Arild Bakke	

Pkt.	Sak	Ansvarlig	Frist
1	**Gjennomgang av referat frå møte 01.04.19 og 25.04.19** Ingen kommentar/innvendingar. Formelle vedtak i forbindelse med anbodsprosessen, komande Kommunestyremøte 23. mai og herunder vedtak om forpliktande avtaler med totalentreprenør, VK og MRFK vart gjort i styremøte 25.04. I forbindelse med møte med VK og MRFK 26.04 kom det fram ny kunnskap og krav som gir behov for mindre justeringar av fakta, beslutningsgrunnlag og enkelte presiseringar i referatet frå 25.04. Dette referatet etter møte 30.04.19 har tatt hensyn til korrigeringane og nøvendige vedtak i knytt til VCA sine forpliktelsar og innstillingar.	AB	
2	**Opsjonar i anbodet** **Fast pris** Styret vedtek å benytte opsjon for fast pris med kostnad NOK 2 million **Innstallering av varmepumpe** Styret vedtek å benytte opsjon for varmepumpe då denne investeringa vil gi kostndadsreduksjon på ca kr 500.000 pr år. Pris NOK ca. 3,3 millon. **Klatrehall** I forkant av styremøte 24.04. hadde klatreklubben fått i oppdrag å hente inn informasjon om drift av andre klatrehallar og her legge fram forslag til moglege samarbeidsformer og driftsmodellar, herunder underlag for kostnadsvurderingar på drift, vedlikehald og reinhald. I tillegg foreta ei realistisk vurdering av inntekter knytt direkte opp mot ein klatrehalle i VCA. Fleire ulike modellar vart diskutert og innstilling vart slik: Klatreklubben tek ansvar for drift av klatrehallen inklusive utstyr, sikkerhet/service og årlig sertifisering på ca kr 15.000,-. Kostnader som må leggast til grunn i leigeavtalen til Volda Kommune gjeld andre driftskostnader. Dette blir vurdert til kr 190.000,- pr. år utanom finanskostnader, ref. budsjett. <u>Inntekter</u> Sunnmørks klatreklubb kjøper reklameplass som gir inntekter . Økonomisk modell og fordeling med VCA må avklarast seinare. Treningsavgift + medlemsavgift. Kan inndeles i Ørsta eller Volda eller eller ekstra kostnad for medlemane for begge. Volda har fokus på buldring/yngre born/familier, men og studentmiljøet. Inkl. bursdagsselskap og andre sosiale aktiviteter bør klubben kunne budsjettere med minimum kr 300.000,- i ekstra inntekter, som gjer den	AB	30.04.

	bærekraftig i forhold til å dekke sin andel av driftskostnadane, samt vidare utvikling av klubben. Modellen forutset at VK dekker kapitalkost gjennom å betale investeringa, samt reinhald og andre driftskostnader til ca. kr 190.000,- pr år. Styret i Sunnmørsk Klatreklubb har gjort formelt vedtak på å inngå samarbeidsavtale med VCA/Volda Kommune. Referat frå styremøte er mottatt, som bekrefter dette. <u>Innstilling</u> Styret innstiller på at opsjon for klatrehall blir innløyst, sum NOK 3,8 million etter at spelemidlar er trekt frå. Sunnmørsk klartreklubb tek ansvar for drift av klatrehallen inklusive utstyr, sikkerhet/service og årlig sertifisering etter ein nærmare beskreve samarbeidsavtale mellom VCA, VK og klatreklubben. Beslutning forutset at investeringa ikkje resulterer i at lånebehovet overstig lånegarantien på NOK 95 millionar. Viser det seg at klatrehallen krev ytterligare midlar må dette skje gjennom gaver/sponsorbidrag. **Nøkkelkortsystem** Styret vedtek å utsette denne opsjonen til eit så seint tidspunkt som mogleg i byggeprosessen. Det er likevel eit mål at der finnes rom innanfor budsjettramene som til ei slik investering då dette utvilsomt er lei lønsam investering over tid, ref. bl.a. erfaringar frå MRFK. **Full parkeringskjellar** Styret vedtek at dette må bli eit politisk vedtak i Kommunestyret 23. mai og utanfor VCA sitt anliggande, då parkeringskjellar er tenkt seksjonert ut og solgt til VK for NOK 12 millon Det er i avtalen med VK lagt inn at VCA skal disponere 4 parkeringplassar i kjellar + lager+ teknisk rom		
3	**Vedtak budsjett for byggeprosjektet** Budsjettforslag er utarbeidd av VCA v/Johnny Kragset og seinare lagt inn i mal etter NS 3434 av Knut Guldbrandsen. Dette er oversendt VK. Totalbudsjett inkl utenomhuskostnader(dekkes va VK) inkl mva 241.430.610,-, datert 25.04.19. I tillegg kjem evt. full parkeringskjeller, låssystem og klatrevegg. Budsjett er slik det foreligg godkjent av styret i VCA	JK	30.04
4	**Vedtak finansieringplan for VCA** Finansieringsplan er utarbeidd av VCA v/Johnny Kragset i samarbeid med økonomisjef Kari Mette Sundgot i VK. Finansieringsplan er slik den foreligg og godkjent av styret i VCA datert 30.04.19. Jfr. Vedlagte dokument	JK	30.04.

VCA	Styremøtereferat	Tidspunkt: 30.04.2019 Kl. 17.00-20.00
	Tilstede: Rune Aarflot (RAA), Arild Bakke (AB), Johnny Kragset (JK), Erlend Krumsvik (EK), Idar Flo (IF) **Referent:** Arild Bakke	

5	**Vedtak budsjett for driftsbudsjett** Driftsbudsjett er utarbeidd i samarbeid mellom Johnny Kragset og Knut Guldbrandsen bl.a. basert på erfaringstall frå Nadderud Arena justert for at VCA er litt større i volum, samt at dagleg leiar skal ha eit medansvar for utleige til arrangment o.l. i samarbeid med idrettslaga. Driftskostnader er redusert ut frå investering i varmepumpe. Driftsbudsjettet etter justering etter møte med VK 26.04. og datert 30.04. vart vedtatt.	JK	30.04
6	**Leigeavtaler** Leigeavtaler med Volda HK og KFUM Volda Volley er signerte og på plass etter førre anbodsrunde i desember 2018. Forslag til leigeavtaler for MRFK og VK foreligg og er oversendt for uttalelse. Disse vart delvis gjennomgått i møte med leigetakarane fredag 26.04. Vi avventer no utspel frå fylket vedr. mindre detaljer, men baserer leigeavtalane og inntekter ut frå at dei økonomiske rammene ligg fast.	IF	April
7	**Låneopptak** Styret vedtek låneopptak stort NOK 95 million i Kommunalbanken med avdragstid over 40 år. Styrets leiar får delegert ansvar til å forhandle fram betingelsar og signere avtale.		
8	**Sikkerheit for kontraktsforpliktelser, ref NS 8407 punkt 7.3** VCA skal stille sikkerheit på 17,5% av kontraktsum. Styret må ta stilling til korleis dette blir løyst og vurdere muligheit om VK kan stå inne for dette gjennom sitt gitte bidrag.	AB	Mai
9	**Gjennomføringsavtalen** Forventningar mellom partane skulle avklarast i møte 26.04. Dette punktet skal tas igjen. Organisasjonskart er oppjustert etter møte 26.04. Overordna møteplan blir relatert til TE framdrifts- og beslutningsplan Byggherremøter 1 gang pr. mnd. med tilgang til referater til VK og VCA. Naturleg at ein frå styret deltek i disse møta. Formelle månedlige styremøter/statusmøter i denne samanheng. Lokal byggeleiar med jevnleg oppfølging på byggeplass og overfor TE, samt rapportering til prosjektleiar og styret etter avtalt plan. Rolleavklaring overfor prosjektleiar. Gjennomføringsavtalen med VK gir klare føringar også på rapportar til VK. VK er prosjektleder for utenomhus, VCA er berre koordinator Statusmøter med leigetakarar etter avtalt møteplan. Anbod på lokal byggeleiing skal ut i løpet av mai. På plass juli månad. Prosjekthotell med kommunikasjon med VK og TE. Ansvar Knut G. I og med at VK tek over tomta er det naturleg at VK tek fult ansvar for vegar og parkeringsplasser knytt til VCA. Også med tanke på framtidig symjeanlegg	AB/IF	Mai

VCA	**Styremøtereferat**	**Tidspunkt:** 30.04.2019 **Kl.** 17.00-20.00
	Tilstede: Rune Aarflot (RAA), Arild Bakke (AB), Johnny Kragset (JK), Erlend Krumsvik (EK), Idar Flo (IF) **Referent:** Arild Bakke	

Volda, 30.04.2019

Volda Campus Arena AS
Arild Bakke

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Jarl Martin Møller	Arkivsak nr.:	2019/893
		Arkivkode:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
67/19	Formannskapet	14.05.2019
46/19	Kommunestyret	23.05.2019

BRATTEBERG SKULE - ETABLERING AV BRAKKEMODULAR OG TRAFIKKSIKRINGSTILTAK

Handsaming:

Røysting:
Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:

Volda kommunestyre vedtek å flytte og setje istand brakker som er lokalisert ved Øyra skule til Bratteberg skule innanfor ei kostnadsramme på 1 700 000 kr eks.mva

Tiltaket vert finansiert ved omprioritering av investeringsmidlar slik det går fram av saka.

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommunestyre vedtek å flytte og setje istand brakker som er lokalisert ved Øyra skule til Bratteberg skule innanfor ei kostnadsramme på 1 700 000 kr eks.mva

Tiltaket vert finansiert ved omprioritering av investeringsmidlar slik det går fram av saka.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Saka gjeld flytting av brakker som er lokalisert ved Øyra skule til Bratteberg skule. Vidare omhandlar saka trafikksikringstiltak ved skulen.

Saksopplysningar/fakta:

Volda kommunestyre handsama 28.03.19 sak om samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular. I vedtaket går det fram at midlar til trafikksikring skal leggast inn i investeringsbudsjettet for 2020 og skulemodulane som no er lagra ved Øyra skule, skal nyttast til utviding av kapasiteten til Bratteberg skule viss ein finn det naudsynt.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vurderer det slik etter innspel frå sektor for opplæring og oppvekst at det er naudsynt å setje i gong prosessen med flytting av modulane, og at ein får sett i gong ein prosess med å finne den best eigna plasseringa. Samstundes vil rådmannen ha ein dialog med skulen om kva bruk dei ser som mest formålstenleg samla sett.

Ein har ikkje noko anna enn referansetal frå Mork med omsyn til kostnaden med tiltaket knytt til flytting av brakker. Sjølve flyttinga av modulane og etablering på nytt område (Mork) hadde ein kostnad på kr. 597 800,- eks mva i 2017. Slik rådmannen vurderer det skal denne summen vere nokonlunde samanliknbar, men det vil vere noko avhengig av korleis området modulane skal etablerast på er i dag med tanke på kor mykje ein må grave og planere. Det vil også vere noko avhengig av avstand til tilkoplingspunkt for VA og EL, men ein vil tru at det ikkje er store forskjellar her.

Kostnadane på Mork var fordelt slik:

Rigg og drift – 55 000,-
Etablering av tomta (graving, planering og etablering av forsterkningslag) – 202 000,-
Tilkopling av VA og EL – 32 000,-
Fundamentering av bygg – 51 000,-
Tilstelling av området på Mork – 27 500,-
Nødvendig fjerning av vegetasjon – 2 500,-
Tilstelling av området på Øyra – 12 800,-
Demontering og transport av modulane – 92 000,-
Etablering av modulane – 123 000,-

I tillegg til desse kostnadane vil det vere ein del kostnadar med å sette i stand modulane innvendig til skuledrift. Desse kostnadane er om lag 900 000 kr eks mva som inkluderer også kostnadar med prosjektering, rådgiving og administrasjon.

Med omsyn til trafikktrygging er det tidlegare vurdert ulike løysingar av trafikksikringstiltak utan at ein har konkludert kva ein vil gå for. Rådmannen rår til at ein set igong eit arbeid med å avklare kva som er ei hensiktsmessig løysing og at finansiering av tiltaket vert å kome attende i budsjettet for 2020 i tråd med vedtaket frå kommunestyret i mars 2019. Aktuelle tiltak som har vore vurdert tidlegare:

100 m
250 m

100 m
100 m

Økonomiske konsekvensar:
Ein må finansiere tiltaket innanfor gjeldande låneramme. Rådmannen rår til at ein omprioriterer midlar frå infrastrukturprosjekt *Opprustning Engesetvegen (701803)* og *Samleveg Urbakkfoten (701802)* inntil ei samla ramme på 1 700 000 kr eks. mva. Bakgrunn for omprioritering er at desse prosjekta ikkje vil få full oppstart i 2019. Årsak er at ressursar til prosjektleiing og gjennomføring er bunde opp i andre større prosjekt som eks. VCA, flaumprosjekt og Rotset.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Rune Sjurgard
Rådmann

Jarl Martin Møller
fung.teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Sunniva Utnes	Arkivsak nr.:	2012/1172
		Arkivkode:	047

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
68/19	Formannskapet	14.05.2019
47/19	Kommunestyret	23.05.2019

RAPPORTERING PÅ OPPFØLGING AV VEDTAK PR. 31.03.2019

Handsaming:
Dan Bjørneset (H) kommenterte at endringane frå skiltplanen ikkje var utført enda.

Røysting:
Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:
Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.03.2019 til vitende.

Administrasjonen si tilråding:
Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.03.2019 til vitende.

Vedleggsliste:
Vedtakslogg per 31.03.19

Samandrag av saka:
Formannskapet og kommunestyret har tidlegare fått lagt fram vedtaksloggar f.o.m. 2012 og fram t.o.m. mars 2018. Av rapporten kjem det fram kva vedtak som ikkje er effektuerte, og med ei kortfatta forklaring på kva sektor som har ansvar for saka og kva som er status.

Vedtaksrapportering er viktig både for at politikarane skal sjå kva oppgåver som ligg i administrasjonen til ei kvar tid, og for å vurdere kva som skal prioriterast når det oppstår avvik mellom kapasitet og arbeidsmengd.

Volda kommune har avgrensa administrative ressursar i høve til dei oppgåvene som det er forventa at ein skal gjennomføre, og oversikta over manglande vedtaksoppfølging synleggjer at det ikkje er samsvar mellom oppgåver og kapasitet i administrasjonen til å utføre vedtaka.

Kommunestyret gjorde i K-sak 127/17 vedtak om kvartalsvis rapportering, med oppdaterte vedtak fram til føregåande kalendermånad. Det er stor aktivitet i sektorane og administrasjonen er pressa på ressursar, og ein ser at rapporteringa er tidkrevjande for fleire sektorar. Det er frå KS tilrådd at administrasjonane i kommunar som er vedtekne samanslått i 2020 ikkje får for mange utgreiingsoppgåver i høve til organisering av dagens kommune.

Arbeidet med kommunesamanslåing vert særleg krevjande frå no og fram mot 2020. Leiarar og mange andre i administrasjonen får dobbeltroller, der dei skal byggje opp nye rutiner og ny organisasjon i ny kommune samtidig med drifta av «gamle» Volda. Det vil vere svært krevjande å få tid til alle oppgåver og administrasjonen må difor prioritere ut frå må, bør og kan. Rådmannen ber kommunestyret om ei politisk tilrettelegging for ei slik prioritering.

Det er viktig å at kommunestyret merkar seg dette, og at ein tek innover seg at gamle Volda no går inn i ei avviklingsfase der prosessane framover mot ny kommune vert handtert av fellesnemnda.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Sektorane

Rapportering vedtaksoppfølging pr. 31.03.2019

Utviklingssektoren s. 2-8

- ID 1 Reguleringsplan Rotsetfjøra
- ID 2 Planid 2011003 Detaljregulering for Håmyra
- ID 3 Sentrumsprosjektet Mellom bygningane
- ID 4 Kommunal planstrategi
- ID 5 Årsbudsjett 2018 - Utvikling Megaområde
- ID 6 Handlingsplan for plastforsøpling
- ID 7 Øvre Rotset næringsområde – planavklaring vedr. Detaljhandel, Planid 2012008
- ID 8 Skiltplan Volda sentrum

Teknisk sektor s. 9-15

- ID 9 Opprydding avløp sone Folkestad
- ID 10 Opprydding avløp sone Straumshamn
- ID 11 Planid 2011004 – detaljregulering for Gamlevegen 4
- ID 12 Reservevassforsyning for Volda
- ID 13 Volda ferjekai
- ID 14 B58 Bratteberg
- ID 15 Årsbudsjett 2018 – Kartlegging manglande gatelys kommunale vegar
- ID 16 Nytt reinseanlegg Volda sentrum og Mork/Egset
- ID 17 Trafikktrygging Gamlevegen
- ID 18 Hurtigladestasjon i Volda sentrum
- ID 19 Lyspunkt ved busshaldestasjonar
- ID 20 Utbetring av svingen i Haugevegen på Lauvstad

Eigedomsavdelinga s. 16-21

- ID 21 EPC- kontrakt
- ID 22 Volda Campus Arena AS
- ID 23 Kino og kulturhus i Volda sentrum
- ID 24 Volda Ungdomsskule

Helse- og omsorgssektoren s. 22-27

- ID 25 Næringssituasjonen for eldre i kommunale bufellesskap og drift av sentralkjøkkenet
- ID 26 Endring av betalingssatsar for helse- og omsorg – matpengar
- ID 27 Årsbudsjett 2018 – pårørandegrupper og pårørandekontakt
- ID 28 Vidareføring av folkehelse- og frisklivsarbeidet
- ID 29 Organisering og drift av nye kommunale bustader på øvre Rotset
- ID 30 Oppretting av ny fastleseheimel, Volda kommune
- ID 31 Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022.
- ID 32 Offentleg anskaffing av legemiddel
- ID 33 Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022.

Kultur og service s. 28

- ID 34 Volda ungdomsklubb

Samfunn og rådgjeving s. 29-31

- ID 35 Forprosjekt Volda kunnskapspark
- ID 36 Destinasjon Volda
- ID 37 Utbygging av breiband i Volda kommune
- ID 38 Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022.

Opplæring og oppvekst s. 31-32

- ID 39 PPT-avtale om regionalt samarbeid
- ID 40 Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen

Personal s. 33-34

- ID 41 Utgreiing av å halde barnetrygd utanfor berekningsgrunnlaget for økonomisk sosialhjelp
- ID 42 Organisering av lærlingordninga i Volda kommune

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Utviklingssektoreten	Framdrift og aktivitet	Frist
1	FSK 77/17	16.05.17	**Reguleringsplan Rotsetfjøra - spørsmål om oppstart av privat planarbeid** *1.Formannskapet finn å kunne gje løyve til fremjing av ny plan som privat detaljreguleringsplan i regi av Sunnmøre Invest AS for området mellom Scana si bygseltomt 30/1-3 og småbåthamna, der arealbruksformålet for området 30/157 og 30/286 med tilstøytande areal vert tilrådd endra frå industri/kontor til bustad (ev bustad/næring).* *2.Gjennom planprosess må ein sjå nærare på tiltenkt bygningsvolum, byggehøgder og etasjetal, tilrettelegging av trafikale tilhøve og naudsynte uteopphaldsareal m.m, og korleis dette kan avstemmast mot omgjevnadane med etablert bumiljø og verna bygg/område.* *3.Eksisterande bygningsmiljø og naustområde/fjøra sør for Naustvegen skal inngå i ny plan, der omsynet til bevaring av bygningsmiljø og sjøtilknyting skal avklarast og nyttast som viktig element i ny plan. Planen skal sikre offentleg tilgjenge til strandområdet i planområdet.* *4.Ein skal ved ny plan ivareta også dei behov for tilkomst-, parkeringsareal m.v for Garveriområdet som var lagt til grunn ved tidlegare planframlegg.* *5.Kommunen sin eigedom 30/286 skal inngå i plan og skal også i ny plan kunne nyttast for sikring av tilkomst til heile utbyggingsområdet*	Nye forslagsstillarar har varsla oppstart av privatdetaljregulering den 23.06.2017 med høyringsfrist 10.08.2017.	Det har vore gjennomført eit møte med forslagstillarar i mars og det vart sagt da at dei skulle med innspel innan kort tid, men vi ventar framleis på dette. Vi har no fått inn revidert planforslag frå forslagsstillar. Det vil kome som sak til Formannskapet før sommaren	

1			*og for tilkomst og parkering for Garvarbuda m.m.* *6.Kommunen vil ta stilling til eventuell avståing av grunn frå 30/286 som det ut frå godkjent plan vil vere behov for, for å sikre samla utbygging etter plan når plan er utarbeidd. Ved regulering og i eventuell avtale vil det vere aktuelt å vurdere kommunens eigne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper i området og området skal derfor ikkje utbyggast i denne omgang.* *7.Med grunnlag i endra eigartilhøve og endra føresetnader knytt til Scana sine interesser og planar i området, ser kommunen positivt på initiativet til endra arealbruk for det aktuelle området. Ein endra arealbruk som er i samsvar med intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om tilrettelegging for sentrumsnære bustader, og ynskje om å ivareta tilknyting mot sjøen.* *8.Så langt mogleg skal reguleringsplanarbeidet samordnast med rullering av kommuneplanens arealdel og kulturminneplanen.* *9.Reguleringsarbeid - PlanID 2012009 - Rotsetfjøra I1 og SP 1-5",- dent del av plan som omfattar Scana sitt eksisterande areal på 30/1-3, vert slutthandsama og godkjent.*			
2	KST 36/15	30.04.2015	**Planid 2011003. Detaljregulering for Håmyra.** 5.Kommunestyret ber om at administrasjonen startar opp reguleringsarbeidet for strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda straks.		Det er varsla oppstart av regulering, men grunna omprioriteringar på når dette skal verte gjennomført er det ikkje behov vidare for detaljregulering	

2			og pkt m): Før Raudemyrvegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra /Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda vere opprusta til samleveg standard. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara. pkt. n): Før Kleppevegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra/Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen vere opprusta til samleveg-standard. Tilsvarande må Engesetvegen opprustast. Andre byggetrinn i Håmyra skal ikkje iverksetjast før desse tiltaka er iverksett. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.	Vilkår pkt 1, 2 og 4 vert ivareteke av teknisk sektor og i utbyggingsavtale. 3. Lysa i Raudemyrvegen og Heltnevegen vert skifta ut med førsteprioritet når rammeavtale er på plass (ansvar Teknisk sektor)	enno. Prosjektet er no planlagt gjennomført i 2020 så da må reguleringsarbeidet først vere ferdig i 2019. Prosjektet er utsett til oppstart 2021 så da må reguleringsarbeidet først vere ferdig i 2019	
3	KST 10/14	31.1.14	**Oppstart av sentrumsutviklingsprosjektet Mellom bygningane i Volda.** 1. Kommunestyret vedtek oppstart og gjennomføring av del 1 av sentrumsutviklingsprosjektet "Mellom bygningane i Volda". Prosjektet vert finansiert med kommunal del sentrumsutvikling (jf. budsjett 2014) og fylkeskommunale midlar, jf. tilsegn om tilskot inntil kr. 500 000,- 2. Kommunestyret godkjenner vedlagte partnerskapsavtale for sentrumsutvikling i Volda, mellom Volda kommune, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er ein føresetnad at dei andre partane også vedtek avtalen.	Under arbeid. Ansvarleg: Prosjektleiinga ligg til Volda næringsforum. Utviklingssektoren og teknisk sektor følgjer prosjektet i partnerskapet. Partane har godkjent revidert partnerskapsavtale og framdriftsplan, jfr K-sak 72/15 den 18.06.15. Styringsgruppa for prosjektet har hatt møte og prioritert vidare utbyggingstiltak. Det er frå kommunen si side bedt om at rapporterings-rutinene til rådmann og kommunestyre vert følgt opp i samsvar med partnerskapsavtalen.	Avtalen gjekk ut i 2017 og det vert arbeida med forslag til ny avtale. Det er laga til forslag til ny avtale som Volda kommune og Volda Næringsforum er samde om. Avtalen er sendt over til Møre og Romsdal fylkeskommune for godkjenning/uttale, men det er ikkje kome tilbakemelding derfrå enno.	

3	FSK 79/17 FSK 187/17	16.05.17 14.11.17	3. Formannskapet vert representert i prosjektgruppa til "Mellom bygningane i Volda" med 1 representant: Jørgen Amdam 4. Prosjektet si styringsgruppe vert 50/50 styret i Volda Næringsforum og Volda kommune. **Sentrumsprosjektet - tiltak/gjennomføring/budsjett - 2017** *4.Detaljprosjekteringa av gatemiljøtiltak i området E39/Hamnekvartalet skal fullførast. Dei elementa i ferdig detaljplan som ikkje samsvarer med gjeldande reguleringsplan vert å handsame som dispensasjon ifrå reguleringsplan.* *3.For å kunne sluttføre arbeidet med detaljprosjekteringa av gatemiljøtiltak i Hamnekvartalet – eit tiltak som utgjer ein særs viktig del av sentrumsutviklinga - vert administrasjonen beden om å ta initiativ til fullføring av forhandlingane om kjøp av grunn som omfattar eit avgrensa areal inn mot Snippa. Så snart ein eventuell slik avtale ligg føre ber ein om å få framlagt sak om godkjenning og finansiering.* *5.Partnarskapsavtalen skal reforhandlast og justerast m.a i høve organiserings- og finansieringsmodellen slik at det samsvarer meir med kva partane kan bidra med i prosjektet utifrå dei erfaringane som er gjort fram til no.*		Det er skjedd endringar i Volda næringsforum, og ein må avklare nærare korleis VNF ser si rolle i framtidig partnerskap for sentrumsutvikling. Det er oppretta dialog med grunneigar og vert jobba med ein avtale. Ingen endring. Det er laga til forslag til ny avtale som Volda kommune og Volda Næringsforum er samde om. Avtalen er sendt over til Møre og Romsdal fylkeskommune for godkjenning/uttale, men det er	

					ikkje kome tilbakemelding derfrå enno.	
4	KST 16/17 KST 8/19	02.03.17 14.02.19	**Kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020** Volda Kommunestyre ber administrasjonen prioritere rulleringa av Klimaplan-Handlingsdel i det vidare planarbeidet for 2017. Kommunestyret tek dokumentet «Rettleiar for leike- og aktivitetsområde» til vitende, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar.		Nedprioritert grunna arbeid med ny arealdel til kommuneplanen. Vi tenker å ta rulleringa i samband handlings-delen til ny samfunnsdel i 2020 Rettleiar er trykt opp og delt ut til Formannskapet.	
5	KST 145/17	14.12.2017	**Årsbudsjett 2018** *Kommunestyret er kjend med at det over tid har vore arbeidd med utvikling av Megaområdet i Volda sentrum for å legge til rette for utvikling av handel og anna næring i kombinasjon med leiligheter. Kommunestyret er i utgangspunktet positivt innstilt til ei slik utvikling som vil kunne bety ei vesentleg fornying i Volda sentrum. Partane vert oppmoda om å halde fram arbeidet primært basert på oppnåing av frivillige avtalar. Om det ikkje lukkast i løpet av første halvår 2018, tilrår kommunestyret at det vert starta arbeid med ny reguleringsplan med sikte på ei framtidsretta og heilskapleg løysing.*		Vi bør avvente dette til sak om kryssing av Øyra elva skal opp til politisk handsaming. Statens vegvesen arbeidar med eit notat om dette og det er planlagt som grunnlag for ei sak til Formannskapet i løpet av hausten. Vi har fått notatet frå Statens vegvesen, men grunna av at det ikkje er avklara kva som skal vere med i felles samferdselspakke etter saka førebels sett på vent.	
6	KST FO 7/18	31.05.2018	**Handlingsplan for plastforsøpling**		Nedprioritert grunna arbeid med ny arealdel til kommuneplanen. Det er planlagt å ta rullering av	

			Kommunestyret ber om å få lagt fram ein enkel handlingsplan mot plastforsøpling innan sommaren 2019.		klimaplan i samband handlings-delen til ny samfunnsdel i 2020.	
7	FSK 155/18	16.10.18	**Øvre Rotset næringsområde – planavklaring vedr. Detaljhandel, Planid 2012008** Formannsskapet viser til at reguleringsføresegnene for Øvre Rotset næringsområde ikkje er i samsvar med arealstrategiane i planprogrammet for arealdelen og strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling». Formannsskapet ber om igangsetjing av ein prosess for endring av reguleringsføresegnene i gjeldande plan i samsvar med strategidokumentet for sentrumsstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling.		Mindre reguleringsendring har vore ute på høyring og det kjem ei sak på dette til Formannskapet i løpet av kort tid. Skiltplan for delar av sentrum har vore på høyring og vart vedteke i Forvaltningsutvalet i april.	
8	FSK 165/18	30.10.|8	**Skiltplan Volda sentrum** Formannsskapet viser til arbeidet med rask endring av skilting av innkøyring til sentrum etter forslag frå Volda Næringsforum og er tilfreds med prioriteringa av dette. Formannskapet ber Forvaltningsutvalet og administrasjonen prioriterer arbeidet med skiltplan for heile Volda sentrum sett i lys av endringar i vegsystemet, betalingsparkering ved HVO og næringsstruktur.		Skiltplan for delar av sentrum har vore på høyring og vart vedteke i Forvaltningsutvalet i april.	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Teknisk sektor	Framdrift og Aktivitet	Frist
9			Opprydding avløp sone Folkestad	Oppfølgingsfase der det gjenstår 15-20 stk som ikkje har ferdigstilt.	Opprydninga er ca 85% ferdig. Ny avløpsleidning er under utredning. Prosjektet vil bli gjennomført i løpet av året. Vi har pr. no pågåande prosjekt med samleledning for avløp i kommunal regi på Folkestad, for å samle dei gjenståande avløp. Vert ferdig sommaren 2019 som planlagt	
10			Opprydding avløp sone Straumshamn	Opprydding Sone Straumshamn: Krav er utsendt og mange anlegg er ferdigstilt	Opprydding Straumshamn delsoner 1-6. Dei fleste soner ligg på 75-85% tilfredstillande anlegg. Totalsnitt ca. 82% (nye /rehab. /tilfredstillande anlegg) Ferdigstilling vil ikkje bli prioritert før sårbarhetsanalyse er etablert i samsvar med hovudplan vann og avløp. Vert ferdig sommaren 2019 som planlagt	
11	KST 152/12	29.11.12	**Planid 2011004 – detaljregulering for Gamlevegen 48** 2. Kommunestyret ber om at Gamle Engesetveg blir stengt for gjennomkøyring så raskt som råd. 3. ..vurdere trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, i samband med rullering av Trafikktryggingsplanen.	Pkt 2- Gamle Engesetveg er mellombels skilta med gjennomkøyring forbode. Spørsmål om trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, er med som punkt i samband med rullering av Trafikktryggingsplanen i løpet av 2016. Formannskapet har bedt om at det vert utarbeidd skiltplan som regulerer denne vegen, jfr m.a problem ved snørydding mv.	Dette er inkludert i investeringsprosjektet: Opprusting av Engesetvegen forbi omsorgsenteret til samleveg. Her inngår stenging av gamle engesetvegen, snuplass og kantstopp for buss. Dette er under prosjektering hos konsulent, og bygging kan snart starte, dersom tilfredstillande opprusting kan gjennomførast under gjeldande reguleringsplan. Der gjenstår nokre grunnavtalar og vegen vert sannsynlevis ferdig oppgradert i løpet av 2019	
12	FSK 98/13	21.05.13	**Reservevassforsyning for Volda:**	Brev til Ørsta kommune er sendt og det er kome svar om positiv haldning til	Reservevannsforsyning frå Ørsta vil ikkje vera tilfredstillande i	

12			1. Rådmannen vert beden om å ta nytt initiativ ovanfor Ørsta kommune med sikte på å etablere reservevassforsyning for Volda med samankopling av leidningsnett og anna tilhøyrande infrastruktur i Furene. 2. Dersom det er vilje til å gjennomføre tiltaket i begge kommunar, vert rådmannen beden om å legge fram sak til politisk handsaming	dette frå rådmannen. Fagavdelingane i dei to kommunane er bedne om å utgreie utkast til løysing. Konsulent er engasjert til å lage detaljplan/tilbodsdokument. Forslag til avtale om beredskapsvatn er utarbeidd.	høve krav frå mattilsynet. Det vert difor arbeida med å finne anna fullgod løysing, i samanheng med godkjenning av hovudvassverket. Etter pålegg frå Mattilsynet må nå Volda vassverk godkjennast og 100% reservevassforsyning må etablerast. Dette er eit stort og omfattande prosjekt som minimum krev ein totalrenovering og utviding av vassmagasinet på hovudvassverket. Det vert tilsett ny ingeniør i 2019 som for som einaste oppgåve å sørge for framdrift i dette prosjektet. Mattilsynet er også varsla om framdrift. Prosjektstart vil bli i løpet av hausten 2019 med usikker framdrift etter dette då framdriften er avhengig av kva løysing ein må gå for og får godkjent av Mattilsynet.	
13	FORV 78/13 FORV 76/15	20.08.13 17.11.15	**Trafikksituasjonen i området ved Volda ferjekai - fv. 651, behov for tiltak:** Forvaltningsstyret ber administrasjonen lage ei sak som omhandlar den farlege trafikksituasjonen rundt området Skårbygget – innkøyring til ferjekaia inkl. mjuke trafikkantar, og at ein får fortgang i å gjennomføre gjeldande reguleringsplan for området. **Planid 200700-01 – Dispensasjon frå reguleringsplan ny ferjekai på rv. 651, gbr 19/950 og 862** *4.Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.*	Har vore gjennomført drøftingar med Statens vegvesen utan resultat. I Ved rullering av Trafikktryggingsplan for Volda kommune er miljøprioritert gjennomkøyring Volda sentrum eit punkt på tiltak på overordna vegnett. Administrasjonen må ha ei runde med Statens vegvesen og få aksept på dei tiltak som gjeld overordna vegnett i Volda kommune.	Det har vore dialog med Statens Vegvesen for å få dei til setje fartsgrensa til 40 km/t, men dette har dei avvist som aktuelt før Voldatunnelen er på plass. Sektoren har ikkje hatt kapasitet til å arbeide nærare med dette.	

13	KST 81/16 FORV 41/17	16.06.16 09.05.17	*1.Kommunestyret viser til vedtak i Forvaltningsstyret sak 76/15 og 86/15 og tek til vitande dei vilkår og føresetnader som der er gitt med omsyn til bygging/utforming av ny fergekai i Volda sentrum.* *2.Kommunestyret sluttar seg til dei retningsliner som er gitt for vidare planutforming i kommunen sitt brev av 28.04.2016, og ber om at dette vert fylgt opp vidare i planarbeidet og i avtale med kommunen om grunnavståing, bruk og drift av anlegga i området etter riving av eksisterande kai.* *3.Kommunestyret vil melde frå om at det kan verte aktuelt å søkje om erstatning for tapt "kaiareal" som ein konsekvens av at den nye ferjekaia no vert flytta, noko som vil redusere kommunens noverande kaiareal/kailine.* **Skiltplan ved Volda fergekai og gangveg langs sjøen** *1.Skiltplanen for området kring fergekaia i Volda med gangveg og areal, vert tilråda godkjend i Forvaltingsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.* *2.Forvaltningsutvalet ber Statens Vegvesen om å godkjenne skiltplanen.*		Det har vore gjennomført eit møte i september der ei ny problemstilling vart drøfta. Grunna plan om el-ferge frå 2020 må det verte etablert eit driftsbygg og ladestasjon. Statens Vegvesen veit førebels ikkje storleik på dette og vil kome med tilbakemelding når dei har dette på plass. Volda kommune v/teknisk sektor var med på byggemøte i mai. Det vart etterlyst meir informasjon om tekniske bygg på kaia, men dette var framleis ikkje avklara. Det vart med eit punkt i referatet om at kommunen ønskjer å bli orientert så snart ein veit noko meir om dette og per dags dato er det framleis ingen ny informasjon. Arbeidet med ny fergekai vart lagt ut på anbod med frist i slutten av januar 2018. Volda kommune deltok på anbodsynfaringa. Statens vegvesen har planar om eit nytt bygg med venterom, plassert nær dagens venterom. Dette arbeidet vert prioritert når SVV er ferdig med utbygginga av ny ferjekai.	
14	KST 44/16	31.03.16	**B58 Bratteberg** Planen godkjent, tillaust til meir gagn enn skade.		Førebygging av Heltneelva må gjerast før ein kan byggje ut feltet. Rådmannen vil i budsjett og økonomiplan vurdere ev	

14	KST 145/17	14.12.17	3.Kommunestyret ber om at tilretteleggande tiltak for gang- og sykkeltrafikk på tilførselvegsystemet vert ivareteke i arealdelen av kommuneplan og i trafikktryggingsplanen. 4.Volda kommune skal vere føreseielege for dei som ynskjer å etablere seg med bustad i Volda. Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ein enkel handlingsplan for det vidare arbeidet med godkjend reguleringsplan fram mot byggeklare tomter. Handlingsplanen skal synleggjere rasjonell framdrift i arbeidet. Den skal leggast fram for kommunestyret og samordnast med budsjett- og økonomiplanarbeidet. Vedtak som skal oversendast til administrasjonen: Som 1.trinn i utbygginga må ein fullføre gangveg Bjørnevegen og utbetre kryssing Hjellbakkane/ Bratteberg skule. **Årsbudsjett 2018** *Kommunestyret minner om oversendingsframlegg frå 31.3.16 om å fullføre gangveg Bjørnevegen og utbetre kryssing Hjellbakkande/Bratteberg skule som byggetrinn 1 i utbygging av B58 Bratteberg. Vi ber om at planlegging av tiltaket vert sett i gang og kostnader innarbeidd i investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden.*	Kommunestyret har bedt om ein milepelsplan for prosjektering og utbygging av feltet. Dette vert å følgje opp av teknisk sektor og føreset fullfinsiering av utbygginga.	opprydding i vegsystemet som tilførselsnett til Håmyra/Urbakkfoten og at Urbakkfoten vert bygt ut før B 58/Bratteberg. Utbygging av B58 er satt på hald inntil vidare og finansiering er fjerna. Heltneelva må først førebyggast, noko vi ikkje fekk stønad til frå NVE i 2018. Det er søkt på nytt i 2019. Dette må sjåast i samanheng med revisjon av planstrategien og økonomiplan. Det er ikkje avsett midler til B58 eller gongveg i økonomiplanperioda 2019-22.	
15	KST 145/17	14.12.17	**Årsbudsjett 2018** *<u>Kartlegging av manglande veglys på kommunale vegar.</u>* *Det har på ulike måtar blitt hevda at det fleire stader på kommunale vegar rundt omkring i*		Dette arbeidet har starta, og vert ferdig ilag med ombygging til LED i 2018. Melding er sendt ut til alle grendalag. Frist var 6 april.	

15	Forv. 46/18	12.06.218	*kommunen, manglar veglys som m.a. kan medføre trafikkfarlege situasjonar. Kommunestyret ber om at Forvaltningsutvalet - i samarbeid med GRENDAUTVALA - i løpet av 1. kvartal 2018, gjennomfører ei kartlegging for å få klarlagt kvar slike påpeika veglys manglar. Resultatet av denne kartlegginga vert å legge fram for kommunestyret i løpet av 2. kvartal 2018. Det er kommunestyret sin intensjon å gjere dei naudsynte løyvingar som trengst, slik at slike manglande veglys vi vere komne på plass innan utgangen av 2019.* **Kartlegging av veglys på kommunale vegar** *Det bør gjennomførast ei prioritering av strekningane sett opp mot trafikktryggleik og mengde av ferdsel både i høve biltrafikk og gåande/syklande.* *Då det er svært knappe ressursar til dette i dag, må det løyvast pengar til å leige eksterne til slik kartlegging/vurdering.*		Deretter startar arbeid med sortering og kostnadsrekning. Grendalaga har kome med ynskjelister. Tiltaka er kostnadsberekna til kr 13,2 mill, dersom der skal etablerast lys på alle desse strekningane. Ynskjelistene må prioriterast, dette arbeidet har ikkje teknisk sektor kapasitet til i 2018. Forvaltningsutvalet har i tillegg ytra ynskje om kartlegging av veglys og busskur på fylkesvegane, dette arbeidet er der heller ikkje kapasitet til å gjennomføre i 2018. Det er ikkje arbeidd med dette enno, og der er ikkje sett av midlar til dette i 2019.	
16	KST 52/18	24.04.18	**Nytt reinseanlegg Volda sentrum og Mork/Egset** *1.Kommunen gjennomfører ei mellombels oppgradering av Vikeneset innanfor dei rammer som er vedtatt i budsjettet for avløp i 2018.* *2.Administrasjonen detaljprosjektera eit reinseanlegg/slamanlegg for Mork/Furene/Ekset og får dette kostnadsrekna. Detaljprosjektert tiltak med kostnad leggjast fram for kommunestyret for godkjenning.*		Det vert orientert i forvaltningsutvalet om vidare framdrift på møte 16. oktober. Teknisk sektor har frå 1/1.19 tilsett ny ingeniør med hovudansvar for reinseanlegg. Administrasjonen kjem attende til ei drøfting med forvaltningsutval og formannskap om vidare framdrift. Ny ingeniør er tilsett og mellombels ombygging i påvente av endeleg plassering og løysing på eit nytt hovudreinseanlegg er i gang. Ferdigstilling er satt til vinter 2019/2020 for det	

16			*3.Kommunestyret ber formannskapet om å avklare vidare saksgang for renseanlegg i sentrum.*		mellombels anlegget. Det vil bli arbeida parrallelt med ei ny utredning om nytt hovudreinseanlegg. Anlegg på Mork må truleg avvente då eininga ikkje har kapasistet til fleir prosjekt.	
17	KST 54/18	24.04.18	**Trafikktrygging Gamlevegen** *Kommunestyret ber om at ulike løysingar for stenging av gjennomgangstrafikken i Gamlevegen skal vurderast i samband med komande trafikktryggingsplan.*		Trafikktryggingsplan vart ikkje fullført i 2018. vinter/vår 2020	
18	KST FO 16/18	24.04.18	***Volda kommune vil ta initiativ til å etablere hurtigladestasjon i Volda sentrum*** *og søkjer etter aktørar som vil kan stå for tiltaket med støtte frå kommunen. Volda kommune vil hjelpe til med tilrettelegging, søknad til Enova m.m*		Det har vore møte med med Enøk-senteret som har kome med råd om korleis prosessen skal leggjast opp. Det vert kjøpt inn tenester for å få utgreidd konkret løysing. Private selskap vert invitert til å etablere og drifte ladestasjon. Det er sett av midlar til tilskot til den som etablerer stasjon.	
19	FORV 68/18	21.09.18	**Lyspunkt ved busshaldestasjonar** *Forvaltningsutvalet ynskjer at det vert laga ein plan for å sørge for lys og leskur på stader der elevar ventar på skulebuss og lys langs vegane der elevane går.*		Det er ikkje sett av pengar til dette arbeidet i 2019. Tiltaket vert å vurdere i trafikktryggingsplan og deretter budsjett med sikte på ev 50/50 finansiering (kommune/fylkeskommunen)	

19			*Skulevegen går ofte langs fylkeskommunale vegar. Fylkeskommunen har ikkje teke nok ansvar for lys og leskur langs vegane der det er lite trafikk, og foreldre og born opplever mørke haldeplassar og vegen dit som utrygg. Dette må alternativt Volda kommune ta medansvar for. Forvaltningsutvalet ber om at administrasjonen førebur ei sak til formannskapet om finansiering av arbeidet med ei slik kartlegging av behovet, slik at kommunestyret kan ta stilling til det i budsjettarbeidet. Finansieringa må og omfatte ei prioritering av tiltak langs kommunale vegar, jamfør behovskartlegginga som vart gjennomført tidlegare.*			
20	FORV 13/19	29.01.19	**Utbetring av svingen i Haugevegen på Lauvstad:** Forvaltningsutvalet ber om at det vert laga ei sak om utbetring av svingen i Haugevegen, Lauvstad.		vi har kostnadsoverslag – innmeldar er orientert og sak ført på liste for investeringar neste år/3-års plan	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Eigedomsavdelinga	Framdrift og aktivitet	Frist
21	KST 125/14	24.09.14	**Konkurranseutsetjing, EPC-kontrakt** 1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført energiøkonomiseringstiltak og vedlikehald av kommunale bygg etter modellen med EPC-kontrakt (Energy Performance Contracting). 2. Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei konkurranse for gjennomføring av fase 0 og 1 slik det er skissert i saksutgreiinga. Desse fasene vert gjennomført innanfor vedtekne rammer til energiøkonomisering. 3. Det skal leggjast fram eiga sak for å ta stilling til prioriterte prosjekt for gjennomføring av tiltaka (fase 2 – 4) innanfor ei investeringsramme som vert å handsame i samband med komande budsjett og økonomiplan. Tiltaksinvesteringane er sjølvfinansierande, og forventa inntjeningstid er 8-10 år.	Entreprenør er valt, det vart NEE som gikk av med sigeren. NEE er i gang med analysefasen. Analysefasen er ferdig 18.12.2015. Administrasjonen skal arbeide med gjennomgang av tiltaka fram til det blir lagt fram tiltakspakke til kommunestyret. Tiltakspakke er planlagt lagt fram for kommunestyret 31.03.2016. Tiltaket er godkjent i kommunestyret, der er lagt inn nokre opsjonar der adm. skal kome attende med eiga sak. Dette gjeld Voldahallen og 3 et. Aasen bygget. Opsjon Voldahall vart ikkje løyst inn. Prosjekt med 3 et. er stoppa og konkurransen er avlyst.	Totalentreprenør gikk konkurs, det blir arbeidd med opprydding av denne saken. Prosjektet vil bli sluttført i eigenregi, ferdigstillingsdato vil naturlig bli skyve noko fram i tid. Ved ferdigstilling er det forventa at prosjektet gir prosjektert resultat. Ingen ny informasjon pt. Held på med gjennomføring av tiltak.	
22	KST 143/16	24.11.16	**Volda Campus Arena AS - bygging av ny idrettshall i Volda** *1.Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS byggjer og driv idrettshall i Volda sentrum. Utgreiing av ny hall i kommunal regi vert å legge på vent til Campus Arena er avklart.* *2.Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 40 år tilsvarande renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.* *3.Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøvings elevane i grunnskulen.*	Volda Campus Arena AS er i gang med planlegginga. Dei er i dialog med Volda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune om leige av hallkapasitet til kroppsøving. Regulering og planarbeid går sin gang	Volda kommune har stilt garanti for lån og spelemidlar. Det er sett som vilkår at fylkeskommunen går inn som leigetakar for sin aktivitet i hallen. VCA AS gjekk ut på anbod hausten 2018. Pga feil i gjennomføringa har dei måtta avlyse konkurransen. Det har vore gjennomført ny konkurranse der kostnaden auka. Dette resulterer i behov for ny kommunestyrehandsaming. Det kjem eiga sak på dette til	

22	KST 142/17	14.12.17	*4.Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvingslokale er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan planleggjast slik, dersom tomta gir rom for det, at den kan byggjast på med eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderober mv. Det må også avklarast om prosjektet skal ta omsyn til framtidig behov for symjeanlegg med 25M konkurransebasseng.* *5.Dersom Volda Campus Arena AS byggjer hallen på Joplassen ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.* *6.Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.* *7.Avtalen mellom grunneigar og Campus Arena As må vere kjend for Volda kommune innan avtale vert inngått.* . ***Årsbudsjett 2018***		formannskapet og kommunestyret i løpet av mai. Det er fleire svært tunge investeringsprosjekt som planleggjast, jfr ungdomsskule, svømmehall, barnehagebygg og kulturhus. Det må gjerast nærare prioritering av rekkjefølgje på desse prosjekta da det ikkje er kapasitet til å føre fram desse prosjekta samtidig. Kva prioritet svømmehallen skal ha må vurderast ut frå kor vidt svømmehallen til Statsbygg kan drivast utover 2021. Badeanlegget kan verte ei utfordring. Det er lagt til grunn at ein skal avklare kva konsept ein skal gå vidare med til våren. Med dei prosjekta som skal følgjast opp på investeringsprosjektet i 2019 har vi ingen som kan arbeide med badeanlegget. Ein er i kontakt med Statsbygg med sikte på å avklare om ein kan nytte	

22	KST 86/18 KST 87/18	21.06.18 21.06.18	*Løyving på inn til kr. 500.000 til planlegging og prosjektering av svømmehall ved Campus Arena. Dekning lån.* **Nytt investeringsprosjekt for prosjektering og seinare bygging av infrastruktur kring Volda Campus Arena** *Volda kommunestyre løyver kr 1 million til prosjektering og planlegging av infrastruktur som parkering, veg, vatn og avløp, kring Volda Campus Arena.* *1.Kommunestyret tek Analyserapporten frå Asplan Viak til vitende.* ***2.Alt. 2:*** *Kommunestyret ber rådmannen med bakgrunn i saksutgreiinga og analyserapporten frå Asplan Viak utarbeide romprogram og skisseprosjekt for eit nytt badeanlegg i Volda i tilknytt Campus Arena. Badeanlegget skal ta utgangspunkt i anbefalt program, men med minimum 12,5 m breidde på 25 m bassenget.* *2.1Ulike behov og løysingar skal utgreiast, og tilpasningar i høve til Campus Arena skal vurderast. Det skal gjerast faglege og kostnadsmessige vurderingar og ein skal så langt råd er, avklare økonomisk medverknad frå andre. Ein ber om at m.a. problemstilling rundt bruk av stupetårn og 12,5 m breidde på bassenget vert vurdert.* *2.2Rådmannen skal knyte til seg representasjon frå brukargruppene og nødvendig badfagleg rådgjevingsekspertise i*		svømmeanlegget i Idrettsbygget nokre år utover 2021. HVO har sendt førebels melding om at dei har behov for å leige symjeanlegg for 250 timar til marknadspris. Ev utbygging vert å sjå nærare på i økonomiplan- og budsjettsamanheng. Asplan har utarbeidd analyse som ser lagt fram for kommunestyret. Viser til saka over om analyse Sjå kommentarane ovanfor om Volda Campus Arena.	

22	KST 120/18	08.11.18	*arbeidet. Der nye tekniske løysingar blir sett på. Ber om at svømmeforbundet sentralt og erfaring frå nyleg bygde basseng m. b.a. hev og senk og delevegg funksjon vert vurdert.* *3.3Romprogram med skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram innan 01.06.19. I samband med planlegginga av idrettshallen, så føreset kommunestyret at tilrettelegging for påbygg av svømmehall og grensesnittet mellom desse to anlegga vert ivareteke.* *4.Kommunestyret vil vurdere utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.* Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 1.944.000,- i samband med gjennomføring av anbodsarbeidet for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet. Vedtaket om midlane knytt til prosjektleiing fram til godkjent bygg samt innleige av lokal byggeleiing, om lag kr. 1.560.000,- , vert gjort på vilkår av at kommunen oppnår tilfredsstillande avtalar og endeleg vedtak om igangsetjing. Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj 801750 som vert tilført tilsvarande sum frå disposisjonsfondet.			
23	KST 4/19	14.02.19	**Kino og kulturhus i Volda sentrum**		Ein er i startfase på dette prosjektet.	

23			5. Kommunestyret ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for bygging av kino og kulturhus i tilknytning til samfunnshuset i Volda sentrum. Det kan leigast inn ekstern kapasitet til reguleringsarbeidet som vert finansiert over prosjektet 6. Ein skal søke å nytte klimasatsmidlar i prosjektet ved samhandling med fagpersonell innen bærekraftige innovative bygg			
24	KST 23/19	28.03.19	**Volda Ungdomsskule** Med visning til saksutgreiinga, vedtek kommunestyret at følgjande skal leggast til grunn for den vidare planlegginga av Volda ungdomsskule: 1.Kommunestyret gjer vedtak om at det skal planleggast med å bygge ny skule på same tomt som ungdomsskulen står på i dag. 2.Kommunestyret ber administrasjonen om å planlegge den nye skulen med bakgrunn i dei funksjonane for skulen som er inkludert i foreløpig rom- og funksjonsprogram. I tillegg til areala for skulen, skal det planleggast med areal til mat og helse for Øyra skule inn i den nye skulen 3.Kommunestyret ber vidare om at følgjande prinsipp vert lagt vekt på i planlegginga a) Areal- og energieffektive løysingar som gir god driftsøkonomi b)Optimale sambruksløysingar mellom ulike funksjonar c)Utforming som legg til rette for eit godt fysisk arbeidsmiljø for elevar og tilsette		Er i startfase i prosjektet etter vedtak.	

24			d)Løysingar som gir grunnlag for ei god Pedagogisk plattform og fagleg utvikling for skulen e)Fleksibilitet i bygningskropp og romstruktur 4.Kommunestyret viser til saksutgreiinga og ber om at den nye skulen vert dimensjonert for 360 elevar. 5.Kommunestyret ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for ein ny skule på tomta. Ved behov kan det leigast inn ekstern kapasitet til reguleringsarbeidet som vert finansiert over prosjektet. 6.Administrasjonen får fullmakt til å engasjere eksterne rådgjevarar for vidare planlegging innanfor dei økonomiske rammene som er løyvd i budsjettet.			

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Helse- og omsorg	Framdrift og aktivitet	Frist
25	KST 111/17	26.10.17	**Næringssituasjon for dei eldre i kommunale bufellesskap og driftsform for sentralkjøkkenet på omsorgssenteret** *Kommunestyret går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok- kjøl prinsippet til kok- server så snart administrasjonen er klar til omlegginga.* *Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går kommunestyret inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr (vedlegg til saka lagt fram i formannskapet).* *Kommunestyret bed om at administrasjonen vidarefører pågåande ernæringsprosjektet for brukarane.* *Kommunestyret ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg.* *Kommunestyret ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.* *Kommunestyret ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.*	Denne saka har vore oppe til drøfting ved fleire høver, både i tenesteutvalet for helse- og omsorg, i Eldrerådet og i kommunalt råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne. Etter innspel frå hald vart det skreve sak der administrasjonen rådde til å endre produksjonsprinsippet for middagsmat frå kok- kjøl til kok-server. Saka vart handsama først i THO, derettter FSK og til slutt i KST. Etter at leiaren for sentralkjøkkenet gjekk av med pensjon i haust og ny kjøkkensjef vart tilsett, valde ein å avvente å starte med denne endringsprosessen til no over nyttår. Oppstartsmøte for prosjektet er fastsatt.	Dette er under arbeid/ tema: Har hatt møte med eigedomsavdelinga i høve ombygging av oppvaskrom, lager, kjøl og frys. Møte med frivillegsentral om utkøyring av varm mat; ser ikkje at det er ei løysing. Vi har sett vidare på interne løysingar for utkøyring og vil utarbeide plan for det. Internt møte der det er semje om å jobbe vidare med planar om å flytte dagleg middagstidspunkt til kl 15.30. Vurdering av innkjøp av nye mattraller for varmmatsutkøyring er gjort. Dialog med kjøkkensjefar i sjustjerneområdet om endringa. Tiltaket krev ombygging av kjøkkenet. Dette er innarbeidd i budsjettet. Prosjektet er godt i gang, mange viktige val er gjort, førebelse teikningar for nytt kjøkken er på plass og det er inngått avtale med Spjelkavik sjukeheim for levering av middag i ombyggingsperioden	
26	KST 136/17		**Endring av betalingssatsar for helse- og omsorgstenester** *Kommunestyret er uroa over prisen på matpenger i omsorgstenestene, og legg til grunn at det er sjølvkostprinsippet som skal rå. Kommunestyret ber administrasjonen*	Sak om betalingssatsar for matpengar vil bli lagt fram for THO i løpet av vinter/ vår 2018.	Sjustjerne helse- og omsorg har allereie eit samarbeid om betalingssatsar for helse- og omsorgstenester. Det er nedsett ei gruppe av kommunalsjefar som skal sjå nærmare på satsar og lovverk Oppdatert informasjon vert derfor å legge fram på	

26			*utgreie matpengesatsane i omsorgstenestene, for handsaminga THO våren 2018.*		seinare tidspunkt etter at sak er behandla i sjustjernesamarbeidet. Utført hausten 2018. For øvrig vidare samarbeid i sjustjerna om ulike betalingssatsar. Det er allereie vore eit samarbeid med tilsvarande tenester i Hornindal, der ein har forsøkt nærme seg kvarandre sine prisnivå. Dette må jobbast vidare med komande månader.	
27	KST 145/17	14.12.17	**Årsbudsjett 2018** *Kommunestyret ber om at det vert teke initiativ etablering av pårørandegrupper eller alternative løysingar for pårørandekontakt.*	Det er utarbeidd ei drøftingssak som skal opp i THO komande torsdag, 11.01. Den vil gå tilbake til adm, som vil lage ei PS sak til THO, FSK og KST.	I alle einingar er det rutinar for inntakssamtalar med pårørande og brukar. På sjukeheimen har ein mangla pårørandegruppe over lengre tid. I staden har ein no valt å kalle inn til dialogmøter 2 gongar per år både i 2 og 3 etasje. Ordninga får gode tilbakemeldingar. Det vart gitt orienterring i eldrerådet 07.05.2018. Det er frå før etablert dialogmøter i tenestene for funksjonshemma. Sektoren har gjennomført første elektroniske brukarundersøking med institusjonsbebuarar no i mars. Dette vert utvida til fleire deltenester og skal vere årleg rutine å gjennomføre. Pr. 30.04 er det etablert ny pårørandegruppe for Fjordsyn og deltakarane på Dagsenteret for eldre har og etablert brukarmøte	
28	KST 94/17	31.8.17	**Vidareføring av folkehelse- og frisklivsarbeidet i Volda kommune** *3.Kommunestyret ber administrasjonen definere målsetting for funksjonen og gjennomføre evaluering, der det som del av*	Stillinga for folkehelse- og frisklivsrettleiar vart i 2017 vedtatt slått saman til ei 100% stilling. Stillinga vart lyst ledig i fjor	Ulrik Vik Nakken har no starta i stillinga og har nytta sommar/seinsommar til å bli kjend med Volda kommune som organisasjon. Det er mykje å sette	

28			*evalueringa skal vurderast om målgruppa for Frisklivssentralen sitt arbeid blir avgrensa til barn og unge og deira familiar.*	seinhaust/ vinter og ein er på tampen i tilsettingsprosessen no. Før ein vel å gjennomføre evaluering av satsinga/ fokusområdet til denne stillinga, vil det vere nyttig å ha noko fartstid med korleis denne fungerer. Denne stillingskombinasjonen vil vere heilt ny, det er ikkje definert at anasvarsomrdået vil vere for stort og uråd å rekke over alt ein meiner ligg til stillinga. Ein har altså ikkje erfaring med behovet for å skulle snevre inn satsingsområdet. Ein vurderer derfor å avvente evalueringa til den nye stillinga er besatt og har litt fartstid.	seg inn i, og nøste opp i, i forhold til kanskje folkehelsearbeidet spesielt. Han har jobba systematisk for å få på plass system og struktur og bygd gode relasjonar med aktuelle samarbeidspartar. Målsetting for funksjonen er todelt. Han skal ha ansvaret for den daglege koordineringa og drifta av Frisklivssentralen Aktiv i Volda. Målsetting for folkehelsekoordinatorfunksjonen: å skape gode lokalsamfunn og god livskvalitet for innbyggarane gjennom langsiktig og heilskapeleg førebyggingsarbeid. Folkehelsekoordinator skal bidra til at innbyggjarane i Volda vert aktive i eigene liv (fysisk, psykisk, sosialt og åndeleg) Som frisklivskoordinator startar han med vaksne som målgruppe og planen er å utvide mot barn og unge til våren 2019. Hausten er tiltenkt å lage eit god samarbeidsklima med bl.a Helsestasjonen, skulehelsetenesta, kommunepsykolog mfl, for å fange opp aktuelle problemstillingar som kan vere noko som ein kan ta med i arbeidet i frisklivssentralen knytt til målgruppa barn og unge. Når vi nærmar oss 2020 er det kommunesamanslåing og vi blir utfordra på å tenke ny organisering og korleis nytte	

28					ressursane på ein best mogleg måte. Då må truleg sjå på dette igjen. Vi må også evaluere om desse ressursane vi har knytt til dei to funksjonane er store nok til at vi får gjort eit godt nok arbeid og at det er ei stilling å kunne «overleve» i. Det er difor svært viktig å skille rollene og bygge eit nettverk som jobbar tverrfagleg inn mot FLS. For det er pr. i dag lav ressurs inn i FLS, og folkehelse om ein skal jobbe på ein hensiktsmessig måte.	
29	KST 17/18	1.3.18	**Organisering og drift av nye kommunale bustader på øvre Rotset** *4. THO bed om at det ikkje vert innflytting i bustadane før personalet er på plass.* *Tenesteutvalet er kjende med at helse- og omsorgssektoren har sett i gang ein prosess der nattevaktstenesta vert gjennomgått, med håp om at dette skal frigjere ressursar som kan nyttast til delfinansiering av driftskostnadane ved dei nye bustadane. Tenesteutvalet for helse- og omsorg ber om å bli orientert om resultatet av denne prosessen i ei eiga sak når prosessen er ferdig.* *Tenesteutvalet er kjende med at administrasjonen søkjer midlar frå helsedirektoratet til kommunalt rusarbeid. Om kommunen får innvilga søknaden må dette gå uavkorta til delfinansiering av tenestetilbodet i dei nye bustadane, heilt i tråd med intensjonen for midlane. Midlane kan givast over fire år, med nedtrapping frå 660.000,- første år til 330.000,- siste år.*		Teamleiar, miljøterapeutar og andre tilsett. Drifta er oppstarta med gradvis opptrapping av bebuarar. Sak om nattbemanning har vore i kommunestyret med tilslutning til administrasjonen sitt framlegg om nattbemanning i 3 mnd for grundig vurdering av helsefagleg hjelpebehov. Drifta er godt etablert, no er seks av sju bueiningar innflytta. Det vil i THO møtet 05.06. bli lagt fram evaluering av nattevaktprosjektet ved bustaden.	

29			*Kommunestyret ber administrasjonen vurdere behovet for nattevakter for å sikre eit forsvarleg tilbod ved dei nye bustaden.*			
30	KST 126/18	29.11.18	**Oppretting av ny fastlegeheimel, Volda kommune** *3. Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ein plan for legetenesten i NyeVolda i løpet av 2019.* *4. Kommunestyret er innforstått med behovet for å gjennomføre utbygging av legesenteret, og at dette blir prioritert og iverksett/ferdigstilt 2019-2020 ref. sak 2015/1791, pkt 4. og 5.* *5. Ved ombygging ber THO Kommunestyret at det vert teke omsyn til framtidig legebehov.*		Sak om plan for legetenesta for nye Volda vert å kome attende til overfor fellesnemnda. Ombygging av legesenteret er innarbeidd i budsjettet og eigedomsavdelinga planlegg oppstart. Skisser til ombygginga er presentert av XPRO/ Eigedomsavdelinga, desse skal det jobbast meir med. Det er avtalt dialogmøte med dei eldre bebuarane på Legeloftet for å avklare alternative løysingar for fellesareal.	
31	KST 137/18	13.12.18	***Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022.*** *8. Kommunestyret ber om at Volda kommune tek ei aktiv rolle i å utvikle bukonsept i Volda sentrum, som er tilrettelagt for eldre mennesker. kommunestyret framskriver eit behov for slike leiligheiter når ein ynskjer at våre innbyggarar skal bu heime lenger, og kan naturleg utsette behovet for institusjonsplass.* *11. Kommunestyret vil påpeike at Hamna må få tilført ressursar i samsvar med*		Arealdelen i kommuneplanen er sentralt virkemiddel for korleis grunneigarane i Volda sentrum kan utvikle sine eigedomar og byggje ut med bustader også til målgruppa eldre. Vidare vert dette eit tema for drøfting i helse og omsorg og eldrerådet. Sektoradministrasjonen vurderer dette i løpet av året..	

31			*auka tal brukarar. Vi vil oppmode om at ein ser på moglegheit for prosjektmidlar og tilskotsordningar.*			
32	THO 5/19	07.03.19	**Offentleg anskaffing av legemiddel** Tenesteutvalet for helse og omsorg (THO) er uroa over det ein vert orientert om i samband med anskaffing av legemiddel, og ber om at Volda Kommune søker å starte eit felles styrka innkjøpssamarbeid med region Søre Sunnmøre for å oppfylle anskaffelseslova. Gjerne utvida samarbeid mot Nordfjord-regionen.	Saka starta ved at helse- og omsorgssjefen orienterte tensteutvalet om situasjonen med ny leverandør av legemiddel. Volda kommune var med i fellesanskaffing via innkjøpssamarbeid med Ålesund og Ålesund hadde knytta seg til prosessen Stavanger kommune skulle køyre(107 kommunar var med,. Inkl Stavanger, Trondheim og Berghen). Leverandøren som vart valgt har hatt store leveringsvanskar, mange feil, kommunen har brukt ressursar for å sikre korrekt utlevert medisin.	Saka er større enn berre gjelde innkjøp av legemiddel, helse- og omsorgssjefen oppfattar vedtaket som eit generelt ynskjemål at kommunen søkjer moglegheiter for innkjøpssamarbeid mot Nordfjordregionen. På grunn av kapasitetsutfordringar har saka så vidt vore drøfta administrativt. Helse- og omsorgssjefen vil som første trinn vurdere saka med leiarteamet for nye Volda.	
33	FSK 180/18	27.11.18	***Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022.*** *2.Administrasjonen blir beden om å utgreie om elevar med særskilde behov skal få gratis opphald i skulefritidsordninga frå og med 5. klasse til og med 7. klasse.*		Det vert lagt fram utgreiing.	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Kultur og service	Framdrift og aktivitet	Frist
34	TOK 13/18	7.3.18	**Ungdomsklubben** **Mandat ungdomsklubb – ungdomsarbeid** *1.<u>Mandat</u>: Administrasjonen får følgjande mandat:* • *Gjennomføre ei brei kartlegging av ungdom sitt behov/ynskje for ulike tiltak og aktiviteter, inkludert aktiviteter som ungdom meiner det er aktuelt å legge til ein ungdomsklubb.* • *Gjennom samarbeid med ulike ressursgrupper/fagmiljø arrangere ulike tiltak/arrangement retta mot ungdom i påvente av eigna ungdomsklubblokale.* *<u>Prosess</u>: Involvere ungdomsråd, ungdom i kommunen og fagpersonar som arbeider med ungdomsgruppa for å få kartlagt deira behov og synspunkt på det kommunale tilbodet retta mot ungdom.* *<u>Tidsplan</u>: Kartlegginga skal starte opp snarast og vere avslutta innan 3 månader, og Tenesteutval for oppvekst og kultur skal får saka til handsaming så snart som råd etter ferien 2018.* *2.I påvente av og parallelt med prossess i punkt 1, vert det starta førebels treffpunkt for unge i salongen.*	Kartlegging og orientering i TOK og ungdomsråd er gjennomført. Ungdomsrådet har vedteke at dei ønsker at klubblokala skal vere i det planlagde kulturhuset. I påvente av dette er klart, blir det jobba med å finne mellombelse lokale: Leiar for ungdomsklubb skal ha møte med Coop eigedom 9. januar for å avklare om det er mogleg å bruke delar av lokala i Hamna 20 (som Coop eig) til lokale til ungdomsklubben ei tid framover.	Det er gjort avtale om bruk av frigjort areal på Hamna 20, og lokalet er i nær framtid klart for bruk. Prosessen med å tilsette klubbmedarbeidarar er i gang. Klubben skal etter planen komme i drift i løpet av mai månad.	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Samfunn og rådgjeving/rådmannen	Framdrift og aktivitet	Frist
35	**KST 145/16**	24.11.16	**Forprosjekt Volda kunnskapspark** *Når prosjektet er avslutta skal det leverast ein sluttrapport som gjer greie for i kva grad resultatmåla er nådd.*		Forprosjektet er ikkje avslutta. Når rapporten ligg føre vert den lagt fram for formannskap og kommunestyre. Styringsgruppa i forprosjektet planlegg å inngå uforpliktande intensjonsavtaler med potensielle leigetakarar i bygget.	
36	KST 82/16	16.06.16	**"Destinasjon Volda"** *1.Volda kommunestyre godkjenner at avsette midlar for 2016, kr. 253.000,- til reiselivsutvikling vert overført Volda Næringsforum. Midlane skal øyremerkast til bruk i prosjektet og utviklingsarbeidet "destinasjon Volda", og vert organisert av Volda Næringsforum.* *Midlane skal inn til vidare nyttast med særleg utgangspunkt i utvikling av reiselivet i heile kommunen. Ein føreset difor at det vert styrt av ei prosjektgruppe som vert oppretta og slik samansett: 2 representantar frå Volda Næringsforum, 2 frå Volda Reiselivslag og 2 frå Volda kommune.* *2.Kommunestyret ber om rapportering i årsrapport og ein prosjektrapport innan 1.juli 2017 i samsvar rådmannen sin konklusjon i denne saka.* *3.Kommunestyret vil vurdere effekten av måloppnåing og resultat opp mot kor vidt det skal løyvast midlar vidare. Dette vil kommunestyret kome attende til i samband med budsjettet for 2018.*	Prosjektrapport levert innan fristen 1. juli 2017. Skal utarbeidast ny sak til politisk handsaming. Sjå i samanheng med nyeVolda.	Volda kommune har bedt styret for Volda næringsforum handsame rapporten som vart lagt fram før sommaren 2017. Ein avventar styret si handaming før den vert lagt fram som sak for formannskap og kommunestyre.	

36	FSK 148/16	06.09.2016	*Volda formannskap syner til pkt. 2 i sak PS 82/16 og vel* *1. Fride Sortehaug vara: Odd Harald Sundal* *2. Anders Egil Straume* *som kommunen sine representantar i prosjektgruppa.*			
37	KST 51/18	24.4.18	**Utbygging av breiband i Volda kommune** *Utbygging av breiband er kostbart og må sjåast på som ei etappevis utbygging. Kommunestyret ber difor administrasjonen om å syte for at arbeidet med utbygging av tilfredsstillande breibanddekning i alle dei kvite områda med målsetjing om ferdigstilling innan 5 år.*	Under arbeid	Volda komune er tildelt 4,37 mill kr i NKOM-midlar. Det er ikkje kapasitet til å arbeide med dette før i 2020.	
38	KST 137/18	13.12.18	***Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022.*** *9. Kommunestyret ber Volda kommune ta ei meir aktiv rolle i frigjering av areal til næring og bolig i Volda sentrum. Skal ein oppnå dei mål ein har sett i kommuneplanen sin samfunnsdel med å styrke Volda sentrum som eit regional handels-, bu og næringssenter er det avgjerande viktig å finne løysing på dei utfordringar ein har kring tilgang på tilstrekkeleg ledig areal i sentrum.* *10. Som eit verkemiddel for å stimulere til fleire arbeidsplassar ved auka etablering og best mogleg tilrettelegging for næringslivet i Volda kommune ber kommunestyret om at ein søker å fjerne/redusere eigedomsskatten for næringseigedommar i økonomiplanperioden (på lik line med statlege og kommunale verksemder).* 13. *Kommunestyret ber om ei ny utgreiing om spørsmål om at barnetrygda vert halden utanfor og ikkje rekna som inntekt, når*		Det har ikkje vore kapasitet til å prioritere dette enda. Det vert teke sikte på å få fram eit drøftingsnotat i løpet av året. I mellomtida følgjer administrasjonen med på areal som vert lagt ut for sal i Volda sentrum med sikte på at kommunen kan ta ei aktiv rolle for å styre arealutviklinga og leggje til rette for utbygging i Volda sentrum. Spørsmålet om eigedomsskatt vert å handsame i samband med budsjett og økonomiplan for nye Volda. Det har vore lagt fram sak for kommunestyret. Det er dialog	

38			*barnefamiliar søkjer om sosialhjelp, med tanke på å innføre det so raskt som mogleg.*		med Ørsta kommune og Nav Volda/Ørsta rundt rutiner.	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: opplæring og oppvekst	Framdrift og aktivitet	Frist
39	KST 36/17	30.03.17	**PPT- avtale om regionalt samarbeid** *5.Volda kommune stiller høveleg lokale til rådevelde i Volda til disposisjon for samtalar, testing for å redusere reisetid for brukarar og tilsette.* *6.Volda kommunestyre ber om å få ei evaluering av ordninga etter to års drift.*	Høveleg lokale står til disp viss PP-tenesta har behov for det. Denne evalueringa kjem etter to års drift	Avtale er inngått, men Oppvekstsjefen kjem attende til kommunestyret med ei evaluering av samarbeidet hauste 2019, etter to års drift	
40	KST **PS 108/17** KST 83/18 TOK 35/18	26.10.17 21.06.18 17.10.18	**Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen** *1.Kommunestyret ser behovet for å greie ut ei evt. strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum og ber administrasjonen legge fram ei slik utgreiing med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.* *Kommunestyret ber administrasjonen utgreie moglegheitene for eit oppvekstsenter i Austefjorden, der ressursane i barnehage, skule og SFO samla kan gje borna som veks opp i Austefjorden eit fullverdig tilbod.* **Utgreiing av ei evt strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum.** TOK vedtek å sende sak om ev strukturell endring av barnehagedrifta attende til administrasjonen.	Under arbeid.	Adm kjem med sak hausten 2019 Saka er lagt fram for kommunestyret, som utsette saka. Vurderer at det er ordførar som evt set opp saka på nytt. Det er ikkje bede om meir utgreiing av saka.	

40	TOK 40/18	21.11.18	Dette for å utgreiie eit 4 alternativ før utgreiinga vert lagt ut på høyring: Ein rehabiliterar Engeset barnehage og bygger ein ny barnehage/rehabiliterar/samlokaliserar for å opprettholde den kommunale barnehagekapasiteten vi har i Volda i dag. I tillegg ber ein administrasjonen presisere og klargjøre punkt 3. **Utgreiing av eit mogleg oppvekstsenter i Austefjord** Kommunestyret vil etablere oppvekstsenter i Austefjord og ber administrasjonen kome attende med sak for etablering og alternative modellar, innan mars 2019.		Sak om barnehagestruktur kjem hausten 2019	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Løn og personal	Framdrift og aktivitet	Frist
41 41	KST 11/19	14.02.19	**Utgreiing av å halde barnetrygd utanfor berekningsgrunnlaget for økonomisk sosialhjelp** 2.Kommunestyret ber administrasjonen, i samarbeid med NAV Ørsta/Volda og Ørsta kommune, vurdere behov for å utarbeide felles lokale retningsliner for korleis det sosialfaglege skjønet skal vurderast ved utmåling av sosialhjelp til barnefamiliar og andre vanskelegstilte, for i størst mogleg grad å sikre lik praksis på tvers av kommunegrenser. 3.Kommunestyret er uroa over høge og aukande utgiftene til sosialhjelp, og ber administrasjonen halde fram med tiltak for å redusere omfanget og auke arbeidsdeltakinga. Det er krevjande for den einskilde å vere avhengig av offentlege velferdsordningar til livsopphald, og krevjande for det offentlege å finansiere ordningane. Det er viktig å sikre berekraftige løysingar både på individ- og samfunnsnivå. 4.Kommunestyret oppmodar om ei heilskapleg gjennomgang av arbeidet med førebygging av barnefattigdom i nye Volda kommune. I kampen mot	Under arbeid.	Pkt. 2. Det er dialog med Nav-leiar og Ørsta kommune i saka. Tema på eigarmøte med Ørsta kommune og Nav 22.03.19, og i møte med Nav-leiar og Ørsta kommune 03.04.19. Ventar tilbakemelding frå Ørsta kommune, som internt vil gjere naudsynte avklaringar. Pkt. 3. Tema på eigarmøte 22.03.19. Nav-leiar orienterer i formannskapet 11. juni 2019 om status og framdrift. Pkt. 3 og 4. I verksemdsplan 2019 for NAV Ørsta/Volda av 29.03.19 er det prioritert innsats for å *«Auke overgang til arbeid for sosialhjelpsmottakararar. Reduserer barnefattigdom i løpet av 2019».*	

			aukande barnefattigdom må vi sjå på fleire tiltak samtidig, og målrette desse slik dei kjem barn og unge til gode. Ein må vurdere kva som verkar og ikkje verkar av tiltak. Det må arbeidast heilskapleg, systematisk og langsiktig for å betre levekåra for vanskelegstilte barnefamiliar.			
42 42	KST 25/19	28.03.19	**Organisering av lærlingordninga i Volda kommune** Kommunestyret i Volda ber administrasjonen søke medlemsskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre frå 01.07.2019.		Møte mellom Volda kommune v/ personalsjef Berit Lyngstad og lærlingekoordinator Solfrid Teigen og Søre sunnmøre Opplæringskontor v/ Ann-Mari Pilskog og Yvonne Sjåstad 8. april 2019. Opplæringskontoret tek over ansvaret for alle lærlingar i Volda kommune frå 1. juli 2019. Arbeidsoppgåvene knytt til dette er definerte og fordelte.	

PS 48/19 Orienteringssaker

VOLDA KOMMUNE

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

MØTEPROTOKOLL

Utval: **Kontrollutvalet**
Møtestad: **Møterom 144, Volda rådhus**
Dato: **09.05.2019**
Tid: **13.00 – 14.10**

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ronald Hagen	Leiar	
Solfrid Førde	Nestleiar	
Ragnhild Folkestad	Medlem	
Torill Rødven Eide	Medlem	
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Inge Alexander Bruheim	Medlem
Jørgen Holte	Medlem

Vara som møtte:

Namn
Anne Helen Sundalsfoll
Inger Gjengedal Håvik

Frå Vest Kontroll møtte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon møtte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møtte:

Namn	Stilling
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef. I sak 15/19
Berit Lyngstad	Personalsjef. I sak 16/19

SAKLISTE

SAK 10/19	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN
SAK 11/19	GJENNOMGANG AV MØTE PROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
SAK 12/19	MELDINGAR
SAK 13/19	GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
SAK 14/19	REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2018
SAK 15/19	KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2018
SAK 16/19	SJUKEFRÅVÆR - ORIENTERING

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/19	033	10.04.2019	09.05.2019	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Bjørn Ytrestøyl.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/19	049	10.04.2019	09.05.2019	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 11.03.2019.
Kontrollutvalet tek til vitende møteboka frå fellesmøtet med Hornindal og Volda 11.03.2019

Vedlegg

1. Møteprotokoll frå møta 11.03.2019.
2. Møtebok frå fellesmøtet med Hornindal og Volda 11.03.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/19	033&17	10.04.2019	09.05.2019	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Frå bladet «kommunerevisoren 1-2019 «Løft blikket!».
2. «MELDING OM POLITISK VEDTAK – ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET FOR 2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/19	033&58	10.04.2019	09.05.2019	KS

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2019

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysing
For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Volda kommune si heimeside - https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb og på www.vor.no .

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Forvaltningsutvalet	**05.03**	**02.04**		
Eldrerådet				
Formannskapet	**19.03**	**28.03**	**02.04**	**30.04**
Råd for likestilling av menneske med nedsett funksj.				
Klagenemnda				
Kommunestyret	**28.03**			
Ungdomsrådet	**06.03**	**03.04**		
Valnemnda				
Valstyret				
Administrasjonsutvalet				
Fellesnemnd for nye Volda kommune	**07.03**	**04.04**		
Tenesteutval for oppvekst og kultur	**13.03**			
Tenesteutval for helse og omsorg	**07.03**			
Partsamansett utval Nye Volda				
Valstyret nye Volda kommune	**04.04**			
VØR styret	**05.02**			
VØR representantskapet				

Saksnr.:	**Arkivnr.:**	**Dato:**	**Møtedato:**	**Saksbehandlar:**
14/19	216	29.04.2019	09.05.2019	KS

REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2018

Forslag til vedtak
Ut frå dei opplysningane som ligg føre har kontrollutvalet ingen merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2018.

Vedlegg
Rapportar frå revisjonen B- dokument. **(Unnateke off. innsyn, jf. Offl. § 24, 1 lekk)**.

Saksopplysningar
Denne saka er todelt. Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort. Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen vert gjort merksam på ein del tilhøve som det kan vere noko mangel på og/eller kan gjerast betre.

I Kommunelova § 77 nr 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»
Kontrollutvalet si oppgave er utdjupa i kontrollutvalsforskrifta § 6:
«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt på sjå-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.
I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året i møtet.

Under finn ein kva som er/vil bli gjort i høve til anbefalingane i vegleiaren:
(RF = Forskrift om revisjon og KF = Forskrift om kontrollutval)

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor RF § 11
   Krava her er følgt opp.
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg RF § 12
   Revisor har ikkje meldt noko uregelmessig.
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit. RF § 15
   Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for 2018.
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet. RF § 13 og § 14.
   Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig.
   Revisor skal vurdere sin uavhengigheit fortløpande.
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald
   Kontrollutvalet sin kunnskap om kva revisjonsarbeidet omfattar er gjennom erfaring med revisjonen, skriftlege og munnlege orienteringar frå revisjonen og forbundsbasert kontroll på revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund. Siste forbundsbasert kontroll var i 2016 – og resultatet vart formidla til kontrollutvalet som melding.
   I tillegg ligg det føre, jf. vedlegg -dokument frå revisjonen.
   Dette dokumentet er omfattande og detaljert, og omhandlar revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for 2018 rekneskapen.
   Dokumentet gir kontrollutvalet ei grei oversikt og innsikt i arbeidet revisjonen har gjort. Dokumentet sitt detaljnivå gjer at det er unnateke offentleg innsyn og vil berre vere tilgjengeleg for kontrollutvalet i samband med deira påsjå-ansvar overfor revisjonen.
   Frå oppsummeringa om revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon går det fram at kommunen har forbetringspotensiale. Viser elles til oppsummeringa og kommentar i dokumentet.
6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet
   Gjeldande lov og forskrifter har vorte lagt til grunn. Avtale er inngått, og gjeld frå 01.01.2015.
7. Revisjonsstrategi/planlegging.
   Revisor har utarbeida revisjonsplanlegging for 2018. Denne var til behandling/orientering i kontrollutvalssak 31/18.
8. Nummerert brev. RF § 4
   Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev i 2018.
9. Mislegheiter. RF § 3, RF § 4, KF § 8
   Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om direkte mislegheiter i 2018.
10. Revisjonsmeldinga. RF § 5
    Revisjonsmelding ligg føre. Den er datert 15.04.2019.
11. Revisor sin møteplikt og møterett. RF § 19, KF § 19.
    Revisor har følgt sin møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.

12. Revisor sin opplysningsplikt. RF § 20.
    Det er ikkje grunn til å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.

I møtet
Det kom ikkje spørsmål som gjorde at det var grunnlag for å lukke møtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/19	212	23.04.2019	09.05.2019	JS

KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2018

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2018 datert 15.04.2019.
2. Kontrollutvalet meiner at Volda kommune sitt årsrekneskap som viser kr 5.213.968 til fordeling drift, eit positivt netto driftsresultat på kr 7.397.280 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk
3. Kontrollutvalet støttar rådmannen sitt forslag til disponering av året sitt rekneskapsmessige resultat: «Årets rekneskapsmessige resultat på kr 4.630.550l kr vert sett av til disposisjonsfond».

Vedlegg:

- Rekneskap 2018 med revisjonsmelding.
- Årsmelding 2018

Saksopplysningar

Det vert vist til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, rekneskap og årsmelding for 2018.

Driftsrekneskapen viser kr 521.968.748 til fordeling drift. (kr 523.331.749 i 2017)
Det kjem fram at rekneskapen er avslutta med eit positivt netto driftsresultat på kr 7.379.280 og rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4.630.549 (Kr 41.399.712 i 2017).

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:
Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2017 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak og årsrekneskapen er i rimeleg samsvar med regulert budsjett.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.

- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Rekneskapen

Rekneskapen er oversiktleg og inneheld dei obligatoriske skjema.
Innhaldslista finn ein på side 2.
Notane «1 til 16» (side 15 - 34) gir veldig gode forklaringar/informasjon..
Ein viser elles til rekneskapsdokumentet.

Årsmeldinga

1. Rådmannen sine kommentarar
2. Sektorane
3. Kommunen sin økonomiske situasjon – viktig informasjon til kontrollutvalet i samband med uttale til rekneskapen. Rådmannen kjem med framlegg om at året sitt rekneskapsmessige resultat på kr 4.630.550 vert sett av til disposisjonsfond
4. Personalpolitikk
5. Beredskap
6. Vedlegg

Årsmeldinga er enkel, lettlest og oversiktleg.

Ein viser elles til årsmeldingsdokumentet.

Avslutning
Då det i revisjonsmeldinga ikkje kjem fram noko atterhald eller presisering, årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2018 og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, har ein ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2018.

I møtet
Økonomisjef Kari mette Sundgot orienterte kort om hovudlinjene i den framlagde rekneskapen og årsmeldinga.

Saksnr.:	**Arkivnr.:**	**Dato:**	**Møtedato:**	**Saksbehandlar:**
16/19	030&18	12.04.2019	09.05.2019	KS

SJUKEFRÅVÆR – ORIENTERING

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet tek orienteringa frå personalsjefen til vitende.

Vedlegg
Ingen.

Saksopplysningar
Personalsjef Berit Lyngstad orienterte i møtet, bl.a. ved gjennomgang av PowerPoint, som kjem som melding på neste møte.

Møtet slutt.

Ronald Hagen
Leiar

Bjørn Ytrestøyl
Medlem

Møteprotokollen går til: **Kommunestyret som melding**
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte

FORVENTNINGSBREV 2019

til kommunane i Møre og Romsdal

Innhald

1 Utfordringsbildet 2
2 Overordna prioriteringar 4
2.1 Overordna samfunnsutvikling 4
2.2 Klima 4
2.3 Berekraftige kommunar 4
2.4 Tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid om barn og unge 4
2.5 Folkevaldopplæring – god dialog om utfordringsbilde 4
2.6 Samfunnstryggleik – Innbyggarane sin eigenberedskap 5
2.7 Møre og Romsdal 2025 5
3 Konkrete oppdrag 5
3.1 Oppvekst og utdanning 5
3.2 Rettstryggleik og beredskap 6
3.3 Klima og miljø 7
3.4 Kommuneøkonomi og skjønnsmiddel 8
3.5 Plansamordning og kommunal planlegging 8
3.6 Landbruk 9
3.7 Helse og omsorg 10
3.8 Barn og unge 11
4 Oppsummering 12

1 Utfordringsbildet

Omstillings- og endringsprosessane i samfunnet går både raskare og er meir omfattande enn tidlegare. Dette gir store utfordringar på ulike samfunnsområde både internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.

Demografi. I åra framover blir det nødvendig å bygge eit velferdssamfunn som kan bære ei aldrande befolkning. Talet på personar i arbeidsfør alder per person over 80 år vil bli redusert frå 15 i 2017 til 10 i 2030. Dei siste fem åra har den demografiske utviklinga gjort at det i snitt har kosta i underkant av 2,5 mrd. kroner ekstra i året å oppretthalde same standard og dekningsgrad i tenestetilbodet frå det eine året til det neste. Berekningar for 10 år fram i tid viser at det årleg vil koste rundt det dobbelte. Det er då for eksempel lagt til grunn at ein 90-åring er like pleietrengande om ti år som i dag. Endringane i demografi og befolkningssamansetning vil slå ulikt ut i kommune-Noreg.

Levekår. Trass gode levekår i Norge i dag, har kommunane likevel utfordringar i å gi alle gode oppvekst- og levekår. Folkehelsearbeidet er grunnmuren i ein kommune for å gi alle barn og unge ein god start i livet gjennom barnehage, læring, utdanning, fritidstilbod og meistring. Det er eit mål at kommunane skal legge til rette for gode leveår for innbyggarane sine og å utjamne sosial ulikskap. Regjeringa legg i 2019 fram ei ny stortingsmelding om folkehelsepolitikken som del av det systematiske folkehelsearbeidet, samt ein ny opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse.

Sentralisering/urbanisering. Til tross for ein aktiv distriktspolitikk har det i dei seinare åra vore ei sterk sentralisering i Norge. Livet i byane og på landsbygda er forskjellig, og mange unge ønsker ein urban livsstil. Dei større sentra/byane veks mest – og mange mindre kommunar får ei stadig eldre befolkning, dette gjeld også i Møre og Romsdal.

Omstilling og endring. Fleire kommunar og offentlege verksemder tenker nytt og arbeider godt med innovasjon. Samstundes peikar Meld. St. 29 (2016–2017) *Perspektivmeldinga 2017* på behov for ei meir effektivisering av offentleg sektor. Arbeidet med innovasjon og spreiing av innovasjon må derfor prioriterast, og ein må arbeide systematisk for å få til den omstillingstakta som det offentlege treng framover.

Reformer i offentleg sektor. Regjeringa har gjennomført fleire reformer, blant anna kommune- og regionreforma. Frå 1.1. 2020 vil 119 kommunar bli slått saman til 47 nye kommunar. Kommunereforma har så langt gitt færre kommunar, men likevel vil om lag halvparten av kommunane ha færre enn 5 000 innbyggarar, og fleire enn 120 kommunar vil ha færre enn 3 000 innbyggarar. Mange av desse kommunane vil vere sårbare i møtet med dei utfordringane sektoren står framfor. I Møre og Romsdal har vi etter kommunereforma fått redusert talet på kommunar frå 36 til 26.

Kapasitet og kompetanse. Det er store forskjellar mellom kommunane når det gjeld kapasitet og kompetanse til å levere gode velferdstenester, og desse forskjellane vil stadig bli større. Rekruttering av arbeidskraft vil vere ei utfordring for mange kommunar. Andre kommunar vil få ei sterk befolkningsvekst og må kunne handtere store investeringskostnader og krav om rask utbygging av det kommunale tenestetilbodet.

Heilskapleg samfunnsutvikling, berekraftig utvikling og strategisk planlegging. Mangelen på kapasitet og kompetanse og oppdaterte planar er uheldig fordi samfunns- og arealplanlegging er nødvendig som grunnlag for nærings- og samfunnsutvikling. Samfunnsplanlegginga blir meir heilskapleg og berekraftig når ein ser større areal og fleire innbyggarar i samanheng. I vekstkommunar rundt byane vil tettstadsgrenser og pendlingssonar i aukande grad gå på tvers av kommunegrenser. Dette gjer det utfordrande å planlegge og gjennomføre tiltak for betre kommunikasjon, infrastruktur, næringsområde og tenestetilbod.

Digitalisering. Digital deltaking og kompetanse blant innbyggarane er ein viktig føresetnad for å oppnå verdiskaping og vekst i samfunnet generelt. Norge er langt framme når det gjeld innbyggarane sin tilgang til og bruk av IKT. Det økonomisk handlingsrommet vil presse fram meire effektive løysningar i kommunesektoren. Offentleg sektor må forenklast og effektiviserast, og arbeidet med innovasjon er viktig. Ny teknologi kan bidra til ein enklare kvardag for folk flest, næringsdrivande og offentleg tilsette, og er avgjerande for å sikre velferd i åra framover.

Samfunnstryggleik og beredskap. Dei to hendingane DSB meiner utgjer størst risiko blant befolkninga er pandemi og legemiddelmangel. Digitale angrep mot kritisk infrastruktur er ei anna type hending med svært alvorlege konsekvensar, eksempelvis angrep mot tele- og datanett og mot finanssektoren. Naturhendingar som jordskjelv, kvikkleireskred, fjellskred, flaum og storm er også analysert i Krisescenarier 2019. Den mest nærliggande utfordringa er auka nedbør og nedbørintensitet, og dermed auka fare for flaum og skred. Mange lokalsamfunn, også i Møre og Romsdal, har dei siste åra fått omfattande skader på grunn av styrtregn og plutseleg flaum i mindre vassdrag. I framtida må vi rekne med at flaum kjem oftare og med større styrke enn i dag. DSB tilrår at kommunane i større grad enn i dag tar omsyn til auka nedbør, og fare for flaum og skred i arealplanlegginga.

Klimatilpassing, grønt skifte. Dei globale klima- og miljøutfordringane krev omstilling til eit samfunn der vekst og utvikling skjer innan naturen si eiga tålegrense. Det må skje ein overgang til produkt og tenester som gir mindre negative konsekvensar for klima og miljø enn i dag. Samfunnet må igjennom eit grønt skifte. I sum er målet ein endra økonomisk dynamikk eller vekstkraft, ein "ny økonomi", som i seg sjølv er innretta på løysingar som gir låge klimagassutslepp, og reduserer behovet for etterfølgande avbøtande miljøtiltak.

Økonomiske utfordringar. Lågare vekst i bruken av oljeinntektene vil gi mindre økonomisk handlingsrom. Redusert inntektsvekst og auka utgifter som følge av aldring i befolkninga vil sette kommunesektoren sitt handlingsrom under press. Kommunane sine utgifter til velferdstenester aukar som følge av fleire tenestemottakarar, betre tilbod og nye krav frå innbyggarane. Handlingsrommet i økonomien framover er forventa å bli klart mindre enn det som har vært tilfelle dei siste tiåra.

Samordning, samhandling, samskaping. For å løyse utfordringar knytt til ulike samfunnsområde vil det i sterkare grad enn tidlegare krevje samordning og samarbeid mellom fleire sektorar og på tvers av fagområde. Også i Fylkesmannens strategiplan 2017-2020 er samordningsperspektivet vektlagt gjennom eigne tverrfagleg satsingsområde.

2 Overordna prioriteringar

Fylkesmannen skal aktivt bidra til betre regional samordning og samarbeid om innsats og tiltak på ulike samfunnsområde, for å understøtte kommunane sitt arbeid. God måloppnåing på fleire av områda i Fylkesmannen sin oppgåveportefølje er avhengig av samordning og samarbeid mellom fleire sektorar.

2.1 Overordna samfunnsutvikling

Samfunnsutviklinga og arealbruken må bli meir berekraftig, samtidig som verdiskapinga skal auke. Det er ei utfordring å oppnå ei balansert utvikling med attraktive og velfungerande byar og distrikt. Det er viktig å ivareta heilskap og effektivitet i samfunnsplanlegginga gjennom å sjå fleire sektorar i samanheng. Fylkesmannen si samordningsrolle er sentral og skal i 2019 bidra til å identifisere tiltak for meir effektive planprosessar og betre plankvalitet.

2.2 Klima

Klimaendringane truar vårt eksistensgrunnlag og er ei av de største utfordringane vi står overfor.

Arbeidet for å bidra til reduserte klimagassutslepp i fylket, skal prioriterast. Arealplanlegging er eit av dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutslepp frå transportsektoren. Planlegginga skal også bidra til at samfunnet blir forbetra på, og blir tilpassa eit klima i endring.

2.3 Berekraftige kommunar

Å oppfylle nasjonale krav og forventningar er avhengig av at kommunar har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse. Mange av fylket sine kommunar har små organisasjonar og store utfordringar med å ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å dekke opp alle fagområda. Større kommunar og ein meir einsarta og framtidsretta kommunestruktur er ein føresetnad for sterke velferdskommunar som kan gi gode og likeverdige tenester og drive aktiv og heilskapleg samfunnsutvikling no og i framtida. Stortinget har slått fast at det også vidare framover er behov for endringar i kommunestrukturen.

2.4 Tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid om barn og unge

Fylkesmannen skal vere pådrivar for tverretatleg og tverrfagleg samarbeid for utsette barn og unge og deira familiar. Fylkesmannen si samordningsrolle er sentral i dette arbeidet. Fylkesmannen skal aktivt bidra til betre regional samordning og samarbeid om innsatsar og tiltak som er retta mot denne målgruppa, for å understøtte kommunane sitt arbeid. Gjennom støtte og rettleiing til kommunane, skal Fylkesmannen bidra til eit samordna tenestetilbod innan fagområda barnehage, grunnopplæring, barnevern, helse, sosiale tenester og arbeidsliv i kommunane. Fylkesmannen vil i 2019 ha eit særskilt fokus på vald i nære relasjoner.

2.5 Folkevaldopplæring – god dialog om utfordringsbilde

Etter valet hausten 2019 er det særleg viktig for Fylkesmannen å ha ein god dialog med dei nye kommunestyra om Fylkesmannen sitt forhold til kommunane, samhandlinga mellom kommunane og Fylkesmannen, og utfordringsbildet for den enkelte kommune. Dette vil kunne legge til rette for gjensidig å forstå kvarandre sitt arbeid, og halde god kontakt og oppfølging gjennom heile valperioden. Ny kommunelov blei vedtatt i Stortinget i juni 2018.

2.6 Samfunnstryggleik – Innbyggarane sin eigenberedskap

Fylkesmannen skal samordne og legge til rette for gode arenaer for samarbeid om samfunnstryggleik i fylket. Dette blir gjort gjennom informasjonsutveksling, felles plan- og kunnskapsgrunnlag om risiko og sårbarheitsutfordringar i fylket, og samarbeid om tiltak for å forebygge, styrke beredskap og krisehandteringsevna. I dette ligg også ei vidareutvikling av totalforsvaret, og det sivil-militære samarbeidet regionalt.

2.7 Møre og Romsdal 2025

Møre og Romsdal fylkeskommune er prosjekteigar og Fylkesmannen deltek i prosjektet Møre og Romsdal 2025, og ønsker at kommunane aktivt deltek i å operasjonalisera målsettingane i prosjektet i 2019 og framover. Det overordna målet er at Møre og Romsdal skal vere ein tydelegare og sterkare region i det nye regionlandskapet. Målsettinga er at offentleg sektor med ansvar for Møre og Romsdal blir betre samordna og bidreg til vekst og utvikling

Prosjekt Møre og Romsdal 2025 vil også inngå i det pågåande arbeidet med regional planstrategi og Fylkesplan 2020-2024. Regional planstrategi og fylkesplanen skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag, samt vere grunnlag for god samhandling og samvirke mellom desse.

3 Konkrete oppdrag

Her kjem nærare omtale av Fylkesmannen sine forventningar knytt til ulike fagområde.

3.1 Oppvekst og utdanning

Desentralisert kompetanseutvikling i skule og barnehage. Det er viktig at kommunane har gode planar for kompetanseutvikling slik at tiltaka dekker det reelle behovet som skulane har. Vi har etablert eit samarbeidsforum i fylket som består av representantar frå dei ulike regionane der tiltak blir drøfta - og midlar blir fordelt.

Det er ei tilsvarande ordning for barnehage – men den ordninga omfattar både formell vidareutdanning og etterutdanning. Det betyr at barnehageeigarane må kartlegge kompetansebehovet i barnehagane slik at samarbeidsforumet kan tildele midlar til slik utdanning.

Barnehageeigarane og skuleeigarane har ansvaret for at det blir utarbeidd langsiktige utviklingsplanar på kvalitets- og kompetanseutviklingsområdet basert på det lokale kunnskapsbehovet i dei regionale samarbeidsfora for barnehage og skule/opplæring.

Tidleg samordna innsats. Tidleg samordna innsats er eit hovudmål for å gi barn og unge best mogleg teneste - det gjeld særleg barn og unge som er sårbare. Vi ser at det er stadig fleire elevar som har skulevegring fordi skulen ikkje har klart å tilpassa opplæringa, og dei har gjerne fått støtte og hjelp for seint. Innsatsen må setjast inn tidleg, ofte i barnehagen og dei må få meistringserfaring og tru på seg sjølve. Ei særleg utsett gruppe er barn og unge som er under tiltak frå barnevernet.

Fagfornyinga i skule /rammeplan i barnehagen. Frå august 2020 får vi nytt læreplanverk for grunnskulen. Å implementere eit heilt nytt læreplanverk er ei utfordring for skuleverket for det

tar tid så det er viktig at skuleeigarane legg til rette for å begynne arbeidet no. Barnehagane har fått ny rammeplan og ein er i full gang med å implementere den.

Formell utdanning for lærarar. Nye krav til kompetanse for lærarar blir lovfesta i 2025. Staten har gode vikar- og stipendordningar for lærarar slik at dei kan ta formell utdanning i åra som kjem. Kommunane må ha oversikt og planar over lærarkompetansen slik at skuleeigar sikrar at lærarane får den nødvendige kompetansehevinga og får utnytta desse gunstige vikar- og stipendordningane.

Skulemiljø. Opplæringslovas kap. 9a slår fast at «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring». I 2018 fekk Fylkesmannen i Møre og Romsdal 44 meldingar om elevar som ikkje hadde det trygt og godt på skolen. Vi behandla 39 saker. Av desse konkluderte vi med brot på aktivitetsplikta i 25 saker. Det er viktig at skuleeigarane legg til rette for kompetanseheving i skulemiljø for å gi elevane eit trygt og godt skulemiljø. Skulane bør arbeide førebyggande og systematisk for å sikre barn og unge eit trygt og godt skulemiljø. Det finst ei rekke kompetanse utviklingstiltak som kan gjennomførast.

Barnevernsområdet. Barn i barnevernet er ei sårbar gruppe i samfunnet vårt, og det er klare krav om at kommunane skal behandle sakene innan dei fristane som er fastsett i barnevernlova. Fosterbarn har lovfesta rett til oppfølging frå barnevernet og kommunen skal føre tilsyn med fosterheimen. Rapporteringa frå kommunane viser ei positiv utvikling dei siste åra, men mange kommunar prioriterer enno ikkje dette arbeidet høgt nok. I år vil Fylkesmannen ha ein særleg tett dialog med desse kommunane. Alle fosterbarn skal få den oppfølginga dei har krav på frå barnevernet i 2019.

Alle kommunane skal sikre innbyggarane tilgang til akuttberedskap i barnevernet alle dagar heile året. Ved årskiftet var det sju kommunar i fylket som ikkje hadde etablert eit slik tilbod. Fylkesmannen veit at desse kommunane er inne i ein prosess for å etablere akuttberedskap, og ser fram til at dette blir eit tilbod i alle kommunane i løpet av 2019.

Barnevernfeltet er fagleg utfordrande og det blir utvikla stadig ny kunnskap. Nettverka planlegg og gjennomføre utviklingsprosjekt som skal vidareutvikle både tenestene og tiltaka retta mot utsette barn i fylket. Fylkesmannen forventar at læringsnettverka bidrar til styrka kvalitet og kompetanse i det kommunale barnevernet.

3.2 Rettstryggleik og beredskap

Samfunnstryggleik. Fylkesmannen har ei forventing om at kommunane arbeider systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik og beredskap innanfor alle sektorar i kommunen. Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse skal ligge til grunn for alt arbeid med samfunnstryggleik, og Fylkesmannen forventar at kommunen nyttar sine planar og prosessar til å integrere relevante funn avdekka i ROS-analysen. Kommunal planstrategi, kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er alle døme på planar der samfunnstryggleiksarbeidet bør integrerast. Ved å integrere samfunnstryggleiksarbeidet i kommunen sine planar og prosessar sikrar kommunen god forankring og oppfølging av ROS-analysen. Dette gjer at naudsynte tiltak for å redusere at avdekt risiko kan prioriterast, og at det blir etablert beredskapsplanar for risikoområder der det ikkje er mogleg å reduserer risikoen til eit akseptabelt nivå gjennom førebyggjande tiltak.

Klagebehandling etter plan- og bygningslova. I klagebehandlinga etter plan- og bygningslova ser vi ofte at det ikkje er samsvar mellom reguleringsføresegnene, og plankartet. Dette skaper utfordringar når reguleringsplanen skal nyttast som grunnlag i byggesaksbehandlinga. Det er ei forventning frå Fylkesmannen at byggesakskompetansen i kommunane blir kopla på tidleg i planprosessen slik at ein sikrar at reguleringsplanane blir praktiske verktøy i byggesaksbehandlinga.

3.3 Klima og miljø

Klima – utsleppsreduksjonar og klimatilpassing. Det er ei klar forventning om at kommunane skal prioritere arbeidet med klima. Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar, samt effektivisere og legge om sin energibruk. Kommunane skal planlegge tiltak for eigen drift og verksemd.

Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing gir retningslinjer for kommunane sitt arbeid med klima. Retningslinjene skal leggjast til grunn ved:

- planlegging etter plan- og bygningslova
- ved enkeltvedtak etter plan- og bygningslova eller anna lovgiving

Spreiing av miljøgifter - forureina grunn i byggje- og gravesaker. Eit terrenginngrep i forureina grunn aukar risikoen for at menneske blir eksponert for forureining, og aukar risikoen for at ureininga spreier seg i miljøet. Det er naudsynt å rydde i forureininga før utfylling og utbygging på ei tomt, for å unngå problem seinare. Kommunen er styresmakt i bygge- og gravesaker i ureina grunn. Regelverket skal sørge for at bygging og graving i forureina grunn ikkje fører til forureining, og at det blir rydda opp slik at eigedomen kan brukast til det planlagde føremålet.

Forureiningsforskrifta kapittel 2 om bygging og graving i forureina grunn gjeld der det skal gjerast terrenginngrep i forureina grunn:

- Hovudregelen er at ein reknar grunn der konsentrasjonen av helse- eller miljøfarlege stoff er over normverdien som forureina, jamfør vedlegg 1, kapittel 2 av forureiningsforskrifta.
- Grunn der konsentrasjonen av uorganiske helse- eller miljøfarlege stoff ikkje overstig det lokale bakgrunnsnivået, reknar ein likevel ikkje som forureina. Unntak gjeld der jorda eller berggrunnen dannar syre i kontakt med vatn og luft, som til dømes alunskifer.
- Merk at regelverket òg gjeld for gravearbeid og terrenginngrep der ein ikkje har søknadsplikt i følgje plan- og bygningslova.

Stader der det kan vere naturleg å undersøke for grunnforureining

- Eigedomar som har blitt brukt til industriverksemd eller avfallshandtering
- Eigedomar der har blitt utført fleire rivingsarbeid og rehabilitering av bygningar
- Branntomter
- Eigedomar med restforureining frå tidlegare oppryddingstiltak
- Eigedomar som ligg inntil eller nedstraums for eigedomar som er forureina
  Eigedomar med alunskifer i grunnen
- I eldre og sentrale delar av byar

Naturmangfaldlova i planprosessar. Når kommunen utarbeider og vedtar arealplanar som kan omfatte naturmangfald, skal ein bruke reglane om berekraftig bruk i naturmangfaldlova kapittel II. Dette gjeld også i behandling av planforslag frå private aktørar. Vurderingane om berekraftig bruk skal ein gjere på alle plannivå. Dette gjeld regionale planar, kommune(del)planar,

reguleringsplanar og enkeltsaker. Omfanget av vurderingane varierer, avhengig av plannivå. Dette må sjåast i samanheng med kor sterke føringar planen vil gi for framtidig disponering av areal som har konsekvens for naturmangfaldet.

Kunnskap om økosystem, naturtypar og artar, faktorar for påverknader av planane på naturmangfaldet, alternativ lokalisering, samla belastning og avbøtande tiltak er noko som skal vere vurdert.

E-læringskurs for bruk av naturmangfaldlova. Det er utarbeidd et eige e-læringskurset spesielt for tilsette i kommunane. Kurset er gratis og tar omlag 1,5 time å gjennomføre.

3.4 Kommuneøkonomi og skjønnsmiddel

Kommuneøkonomi. I 2019 vil tal på Robek-kommunar i Møre og Romsdal vere rekordlågt, med mest sannsynleg berre ein kommune på lista. I ny kommunelov, som er gjeldande frå hausten 2019, er det viktig at kommunestyret vedtar finansielle måltal som eit verktøy for den langsiktige styringa av kommunen sin økonomi. Fylkesmannen tilrår at kommunane set seg mål om eit netto driftsresultat av brutto driftsinntekter på minimum 1,75 prosent (jf. tilråding frå Teknisk Berekningsutval), bygger seg opp eit disposisjonsfond over tid på minst 5-10 prosent av brutto driftsinntekter som ein buffer for uførutsette hendingar, samt har eit forsvarleg gjeldsnivå. Fleire av kommunane i fylket ligg over landsgjennomsnittet i lånegjeld, og vi har kommunar som ligg heilt i landstoppen når gjelda blir samanlikna med driftsinntektene (brutto gjeldsgrad). Det er viktig å legge til rette for berekraftige kommunar som er økonomisk robuste for framtida.

KOSTRA I 2019 vil det vere fokus på at kommunane i Møre og Romsdal rapporterer korrekte tall i KOSTRA, slik at tala er pålitelege og samanliknbare.

Skjønnsmidlar Skjønnsmidlane frå Fylkesmannen hadde ei total ramme på 64,7 millionar for 2019. Om lag 61,5 millionar av desse er fordelt og vi har igjen ein krisepott på 3,2 millionar. Vi veit ikkje endeleg ramme for 2020 før i august. I tillegg blir det sett av ein pott på om lag 5 millionar til innovasjon og utvikling gjennom prosjektskjønnet. Søknadsfristen vil vere den 1. juni 2019, og det vil bli sendt ut søknadsbrev i løpet av mars 2019.

- **Skjønnsmiddel - prioriterte område**
  Dette omfattar *Ressurskrevjande tenestemottakarar, Barnevern, Språkdeling, Kompensasjon differensiert arbeidsgivaravgift*
- **Prosjektskjønn – prioriterte område**
  Dette omfattar *Velferdsteknologi, Nye kommunar, Barnevernsvakt, Helseplattforma, Kommunal planstrategi og samfunnsplan, Ny modell for kompetanseutvikling for barnehage og skole, Folkevaldopplæring*

3.5 Plansamordning og kommunal planlegging

Viktige styringssignal Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik. Fylkesmannen er høyringsinstans for alle kommunale plansaker etter plan- og bygningslova. Alle fagavdelingane hos Fylkesmannen bidrar her med innspel til våre samordna høyringsbrev til kommunane. Dette opnar vidare for dialog og samarbeid mellom Fylkesmannen og kommunane.

Kommunale plansaker hos Fylkesmannen gir grunnlag for nærare vurderingar av utfordringar og prioriteringar i lys av Fylkesmannen sitt samla embetsoppdrag; sjå henvisningar. Dette er vidare utdjupa gjennom *Virksomhets- og økonomiinstruksen* (VØI 2019) og *Tildelingsbrevet* (TB 2019), sjå henvisningar.

I kapitlet om overordna og tverrsektorielle prioriteringar i TB 2019 blir det m.a. peika på at: *«God måloppnåelse på flere av områdene i fylkesmannsembetenes portefølje er avhengig av samordning og samarbeid mellom flere sektorer. Det gjelder blant annet for området arealforvaltning og by- og samfunnsutvikling. Samfunnsutviklingen og arealbruken må bli mer berekraftig, samtidig som verdiskapingen skal øke. Det er en utfordring å oppnå en balansert utvikling med attraktive og velfungerende byer og distrikter. Det er viktig å ivareta helhet og effektivitet i samfunnsplanleggingen gjennom å se flere sektorer i sammenheng. Fylkesmannen sin samordningsrolle er sentral. Fylkesmannen skal i 2019 fortsatt bidra til å identifisere tiltak for mer effektive planprosesser og bedre plankvalitet.»*

Nasjonale forventningar og ny runde med kommunale planstrategiar Regjeringa utarbeider kvart fjerde år nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging knytt til inneverande kommunestyreperiode; jf. plan- og bygningslova § 6-1. Nye nasjonale forventningar vil bli sendt ut i løpet av våren 2019. Formålet med dei nasjonale forventningane er retta mot følgjande forhold:

- det peikar på mål, oppgåver og interesser som regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunen og kommunane legg vekt på i si planlegging etter pbl i den komande 4-årsperioden.
- det skal leggast til grunn for dei nye fylkestinga og kommunestyra sitt arbeid med regionale og kommunale planstrategiar og for statleg medverknad i planlegginga
- det skal medverke til ei styrking av samanhengen mellom plannivåa
- det er ikkje uttømande, men må sjåast i samanheng med gjeldande regelverk og rettleiing

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging gir viktige rammer og føringar for ei ny runde med regionale og kommunale planstrategiar for planperioden 2020 – 2024. Alle fylkeskommunar og kommunar skal ha fastsett sin planstrategi seinast innan eitt år etter konstituering av nye fylkesting og kommunestyre hausten 2019. Arbeidet med dei kommunale planstrategiane gir kommunane nyttig oversikt over eigen planportefølje sett i forhold til status, utviklingstrekk og utfordringar på viktige samfunnsområde. Vi ser vidare at kommuneplanen som strategisk styringsverktøy i kommunalt utviklings- og omstillingsarbeid er styrka; fleire kommunar har som ledd i dette fått på plass oppdaterte kommuneplanar med samfunns- og arealdel

Alle kommunane i fylket er tildelt skjønnsmidlar for 2019 knytt til arbeidet med kommunale planstrategiar og til påfølgjande arbeid med oppstart av ny hovudrullering av kommuneplanens samfunnsdel. Fylkesmannen vil i 2019 prioritere tett oppfølging av dette arbeidet i samarbeid med fylkeskommunen og dei einskilde kommunane.

3.6 Landbruk

Generelt om landbruksoppdraget. Fylkesmannen er statleg sektormyndigheit regionalt på landbruks- og matområdet, og eit viktig bindeledd mellom stat og kommune i gjennomføringa av den nasjonale landbrukspolitikken. Fylkesmannen legg derfor vekt på å ha god kontakt med kommunane i fylket. Kommunane er ein særs viktig aktør når den nasjonale landbrukspolitikken

skal setjast ut i livet. Kommunane er førsteinstans for mange av tilskotsordningane, og for særlovene i landbruket. Det er derfor viktig at kommunane har landbruksfagleg kompetanse.

Effektiv tilskotsforvaltning. Kvart år blir det utbetalt store tilskotsbeløp til landbruket i fylket (jordbruk og skogbruk). Her er produksjonstilskotet det klart viktigaste. Produksjonstilskotet består eigentleg av fleire tilskotsordningar, i sum utgjer desse utbetalingar årleg om lag 690 millionar kroner i Møre og Romsdal. Kommunane har viktige oppgåver som både kunnskapsformidlar, sakshandsamar og kontrollinstans. Vi minner vidare om at nytt regionalt bygdeutviklingsprogram trer i kraft frå 1. januar 2019.

Areal og jordvern. Stortinget har vedtatt ein nasjonal jordvernstrategi som seier at årleg omdisponering av dyrka jord må vere under 4000 daa per år. Fylkestinget i Møre og Romsdal har gjennom vedtak av landbruksmeldinga (juni 2017) vedtatt ei målsetjing om at omdisponering av dyrka jord skal vere under 200 daa årleg. Landbruks og matministeren har i brev av 1. oktober 2018 klargjort jordvern som nasjonal eller vesentleg regional interesse i kommunane si planlegging. Det er viktig at kommunane tar omsyn til desse styringssignala når arealsaker blir behandla.

Eigarar av jordbruksareal har plikt til å drive jorda (jordlova § 8), og kommunen har ansvar for at driveplikta blir følgt opp. Driveplikta kan ivaretakast ved at eigaren driv jorda sjølv eller ved å leige bort arealet til ein aktiv bonde, i sist nemnde tilfelle er det i utgangspunktet krav om ein leigekontrakt på 10 år. Driveplikta tar omsyn til fleire viktige samfunnsomsyn, jordbruket sitt behov for ein føreseieleg tilgang på arealressursar, beredskap (ta vare på jorda sin produksjonsevne) og kulturlandskapsomsyn.

Skog. Møre og Romsdal er blitt eit fylke med betydeleg skogproduksjon. Skogreisinga på 1950 og -60 talet gjer at det er store mengder gran som er klar til avvirking. Etter hogsten har skogeigar ei plikt til å få opp ny skog (skogloven). Kommunane skal etter skogloven sjå til at skogeigaren oppfyller plikta dei har til å fornye skogen.

3.7 Helse og omsorg

Bustad og oppfølging i bustad. Bustadsosiale omsyn skal vere med i kommunal planlegging. Handlingsplanen *Bustad for velferd 2018-2020* presiserer to viktige tiltak: 1) heilskaplege tilbod av bustadar og oppfølgingstenester for rusavhengige og menneske med psykisk liding og 2) at vanskelegstilte barnefamiliar bur i eigna bustad. I tillegg til desse to, vil vi også vise til 3) behovet for planlegging av bustadar for ein stadig større prosentdel eldre i befolkninga.

Dei sosiale tenestene i NAV. Vi vil minne spesielt om aktivitetsplikten for personar under 30 år og retten til kvalifiseringsprogram. Vi viser også til brev til kommunane frå Arbeids- og velferdsdirektoratet 11.02.19: *Nasjonale mål og forventningar for de sosiale teneste i arbeids- og velferdsforvaltninga 2019*.

Velferdsteknologi og elektroniske meldingssystem. Alle kommunane i fylket har signert intensjonsavtale om innføring av den nye *Helseplattforma*, som vil bli ei stor endring og forbetring av kommunikasjon mellom ulike nivå i helsetenestene.

Dagaktivitetstilbod for personar med demens. Alle kommunar skal ha tilrettelagte dagtilbod for personar med demens innan utgangen av 2019. Slike tilbod er avgjerande for at personar med

Akuttmedisinforskrifta. Kompetansekrava for legar i vakt skal vere oppfylt frå 1.1.2020. Overgangsordningane er forlenga. Kommunane skal planlegge opplæring for alle legar i vakt som skal ha grunnkompetanse etter §7 første ledd i akuttmedisinforskrifta. Overgangsordninga for krav til gjennomført kurs i akuttmedisin og valds- og overgrepshandtering er forlenga til 1. mai 2021. Krav til grunnkompetanse for personell som bemannar legevaktsentralane etter § 13 bokstav f skal uendra vere oppfylt innan 1. mai 2018. Krav til utstyr for lydopptak i legevaktsentralar som fastslått i § 13 bokstav e gjeld frå det tidspunktet innføringa av naudnett er sluttført i alle kommunar.

LIS1-legar. Det er regjeringa sitt mål å auke talet på LIS1-stillingar for å imøtekomme rekrutteringsutfordringane. I dag er det underskot på kommunale LIS1-stillingar i fylket. Fylkesmannen ber difor kommunane jobbe aktivt med å opprette nye stillingar.

Leve heile livet – i kommunal planlegging. Dette er ei kvalitetsreform for eldre i aldersgruppa 65+ Jf. *Meld. St. 15 (2017-2018)*. Planperioden er 2019-2023 og hovudmålet er å legge til rette for aldersvenlege lokalsamfunn. Det er ei klar forventing om at kommunane vurderer status i eigen kommune, prioriterer aktuelle tiltak og integrerer desse i planverket i løpet av 2019/2020. Det regionale støtteapparatet; Fylkesmannen, KS og Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester, vil tilby støtte i form av nettverk, kurs og samlingar. Kommunar som omstiller seg i tråd med reforma vil bli prioritert innan etablerte og nye tilskotsordningar.

Ny varselordning. Det er vedteke utviding av varslingsplikta til Statens Helsetilsyn til å gjelde alle helse- og omsorgstenester. I tillegg får pasientar og pårørande også rett til å varsle. For kommunale og private helse- og omsorgstenester blir denne plikta sett i verk hausten 2019.

Vald i nære relasjonar. Kommunane er etter Helse- og omsorgstenestelova forplikta til å ha særleg merksemd retta mot at pasientar og brukarar kan vere utsett for, eller kan stå i fare for å bli utsett for, vald eller seksuelle overgrep. Kommunen skal leggje til rette for at helse- og omsorgstenesta blir i stand til å førebyggje og avverje vald og seksuelle overgrep.

Kommunale eller interkommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar skal bidra til at kommunane har fokus på vald og overgrep og at involverte får eit tilrettelagt og heilskapleg tilbod.

3.8 Barn og unge

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har valt barn og unge som satsingsområde, og ønsker at dette skal gjenspeglast i kommunane. Fylkesmannen har ansvar for heilskapleg samhandling om barn og unge sin oppvekst, utvikling og læring og forventar at kommunane arbeider målretta for meir tverrfagleg og tverretatleg samarbeid for utsette barn og unge og familiane deira. Kommunal samhandling er også nødvendig i arbeidet med helsefremming og førebygging for alle barn og unge. Fylkesmannen vil støtte opp under tverrfagleg samarbeid på ulike måtar gjennom tilskot eller fagleg kompetanse.

Barnekonvensjonen fyller 30 år i 2019. Fylkesmannen oppmodar alle kommunar til å finne sin måte å markere dette på. Retten til medverknad er ein av grunnpilarane i barnekonvensjonen. Kommunane må legge til rette for at barn og unge skal kunne få ein aktiv og reell stemme i avgjersler som angår dei, både som enkeltindivid og generelt.

Dei fleste kommunane i fylket har ungdomsråd. I ny kommunelov er desse lovfesta på lik linje med eldreråd og råd for menneske med funksjonsnedsetting. Fylkesmannen forventar at

kommunane som ikkje har dette legg til rette for at det skal kome i gang i eigen kommune. Vidare forventar vi at kommunen gir ungdomsråda den oppfølging dei treng for å fylle den funksjonen dei er tiltenkt.

Nær alle kommunar tok i 2015 del i kartlegging av oppvekstvilkår for barn og unge i regi av Fylkesmannen og Fylkesmannen. Resultat får kartlegginga «Barnebyks» samen med UngData-undersøkinga og folkehelseprofilane som i år omhandlar barn og unge, gir til saman eit god bilde av situasjonen og sårbare område i eigen kommune. Fylkesmannen forventar at slike oversikter blir lagt til grunn i arbeidet med kommunane sine planar og strategiar.

4 Oppsummering

Omstillings- og endringsprosessane i samfunnet går både raskare og er meir omfattande enn tidlegare. Samordning og samarbeid mellom fleire nivå, sektorar og fagområde vil vere ein viktig føresetnad for å løyse dei utfordringane kommunane står overfor.

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik. Viktige nasjonale styringssignal blir her formidla til kommunane gjennom dialog og samarbeid på ei rekke ulike arenaer.

Det er ei utfordring i fylket å oppnå ei balansert utvikling i både byane og distrikta, difor må samfunnsutviklinga og arealbruken bli meir berekraftig og verdiskapinga auke. I dette bildet må ein ta omsyn til klimaendringane, og som følge av det ei bevisst satsing på klimatilpassingar.

Arbeidet med å styrke barn og unge sine oppvekstvilkår er særs viktig, og det må leggast til rette for tverretatleg og tverrfagleg samarbeid og auka kompetanse for utsette barn og unge.

Mange av kommunane i fylket slit med tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse på fleire fagområde. Ut i frå utfordringsbildet er det viktig at kommunane ser på sine sterke og svake sider, og tar reelle diskusjonar om behovet for strukturendringar – og der det ligg til rette for det – kommunesamanslåingar.

I utfordringsbildet er det også viktig å legge til rette for gode arenaer for samfunnstryggleik i fylket gjennom god informasjonsutveksling og ei felles plan- og kunnskapsgrunnlag omkring risiko- og sårbarheitsutfordringane i fylket.

FN sine berekraftmål ei felles erklæring for å utrydde fattigdom, motverke ulikskap og motverke klimaendringane innan år 2030. Erklæringa inneheld 17 mål for å oppnå ei berekraftig framtid. Berekraftmåla blir i aukande grad brukt som rammeverk for både kommunale og regionale planar. Berekraftomgrepet blir ofte sortert etter tre dimensjonar; miljø og klima, samfunn og økonomi.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vår dato: 15.03.2019

Vår ref: 2019/1742

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Vigdis Rotlid Vestad, 71 25 84 47

Forventningsbrev 2019 til kommunane i Møre og Romsdal

På Nyttårskonferansen i januar informerte eg om viktige styringssignal og oppdrag frå nasjonale myndigheiter i 2019. I samband med denne informasjonen sa eg at vi ville sende ut eit forventningsbrev til kommunane for inneverande år, sjå vedlegg.

Målet med forventningsbrevet er å informere om sentrale forventningar og oppdrag frå nasjonale myndigheiter. Vi ønsker med dette å bidra til at Fylkesmannen og kommunane er best mogleg samordna omkring nasjonale føringar og oppdrag.

Forventningsbrevet erstattar ikkje statens fortløpande styringskommunikasjon med kommunane, men er eit bidrag til å ha fortløpande strategisk oversikt over forventningane frå Fylkesmannen og nasjonale myndigheiter. Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningsliner frå Stortinget og regjeringa.

Det er etablert fleire møtearenaer for dialog mellom den regionale statsforvaltninga og kommunane. Fylkesmannen møter kommunane gjennom året på slike arenaer, både på politisk og administrativt nivå – og på faglege/tverrfaglege arenaer. Det er viktig for Fylkesmannen å følgje opp tett samarbeid og dialog med kommunane.

Fylkesmannen har ei sentral rolle som samordningsorgan for staten på regionalt nivå , er sektormyndigheit på vegne av fleire departement, og utøver forvaltningsoppgåver for fagdepartementa. Fylkesmannen er rettstryggleiksinstans for innbyggarane, og er tildelt ei særleg rolle som samordningsmyndigheit overfor kommunane. Det er ut i frå Fylkesmannen si rolle som samordningsmyndigheit at eg har eit særleg ansvar med å formidle nasjonale forventningar til kommunane.

Forventningsbrevet er ikkje uttømmande. Vi viser også til meir informasjon på våre heimesider.

Med helsing

Rigmor Brøste
kst. Fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
1 Forventningsbrev 2019

E-postadresse: fmmrpost@fylkesmannen.no
Sikker melding: www.fylkesmannen.no/melding
Postadresse: Postboks 2520 6404 Molde
Besøksadresse: Julsundvegen 9
Telefon: 71 25 84 00
www.fylkesmannen.no/mr
Org.nr. 974 764 067

Mottakere:

Midsund kommune	Kommunehuset, Utsidevegen 131	6475	MIDSUND
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Norddal kommune	Postboks 144	6211	VALLDAL
Skodje kommune	Rådhuset, Niusvegen 1	6260	SKODJE
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Sykkylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Sandøy kommune	Steinshamnvegen 112	6487	HARØY
Stordal kommune	Kommunehuset	6250	STORDAL
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Ørskog kommune	Rådhuset	6240	ØRSKOG
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Fræna kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Nesset kommune	Kråkholmvegen 2	6460	EIDSVÅG I ROMSDAL
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Haram kommune	Storgata 19	6270	BRATTVÅG
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅBYGD
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Eide kommune	Rådhuset	6490	EIDE
Gjemnes kommune	Rådhuset, Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Sande kommune	Rådhuset	6084	LARSNES
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Giske kommune	Rådhuset, Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Halsa kommune	Rådhuset, Glåmsmyrvegen 23	6683	VÅGLAND
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA

Til Volda Kommune

Servicekontoret.

Desse personane er pr 2 april 2019 utmelde av Volda Framstegsparti:

Egil Berg

Edvin Dale

Odd Arne Folkestad

Ragnhild Folkestad

Sindre Kvangarsnes

Edvin Mårstøyl

Dei kan ikkje lenger representere Framstegspartiet i kommunestyret eller noko politisk utval i Volda kommune.

Med helsing

Roald Espset

Leiar

Volda Framstegsparti.

Statens vegvesen

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Rune Sjurgard

Behandlende enhet:	Saksbehandler/telefon:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Region midt	Cathrine Helle-Tautra / 71274104	16/49214-30		20.02.2019

Felles samferdselspakke Volda Ørsta - vidare arbeid

Viser til skriv dykk sendte i oktober i fjor og no i februar. Det vart sendt eit notat til Vegdirektoratet i oktober 2018 der vi bad om avklaringar knyta til plassering av bomsnitt og nyttevurderingar for samferdselspakken. Vi venter framleis på svar og vil ta kontakt for å avtale eit møte om vidare arbeid straks avklaringane frå Vegdirektoratet føreligg.

Statens vegvesen sitt syn på notatet datert 10. desember 2018:
E39 Volda-Furene er regulert med to køyrbare løp, Tunnelklasse E. Det er kontakt opp mot Vegdirektoratet om å kunne byggje eit løp som fyrste byggetrinn, slik som til dømes det er gjort på E6 i Gudbrandsdalen. Statens vegvesen har vurdert prisdifferanse mellom å byggje berre eitt løp opp mot å byggje eit løp og forberede for løp nummer to, og differansen er ikkje vesentleg. Hovudårsakene til prisdifferansen er at det er valt andre løysingar i reguleringsplanen enn i kommunedelplanen.

Svar på punkt fire og fem frå sak PS 107/18:
4. Volda kommunestyre syner til at kostnaden med Voldatunnelen har auka i høve til dei opphavlege kostnadene i NTP. Volda kommune oppmodar difor om at staten ta sin del av den auka kostnaden.

Statens vegvesen har i planlegging av E39 Volda-Furene sett at kostnadane for E39 Volda-Furene kan bli noko høgre enn lagt til grunn i Nasjonal transportplan 2018-2029. Vegvesenet har allereie sett at det kan vere mogleg å redusere kostnadane noko, og vil arbeide vidare for å ta ned kostnadane ytterlegare.

Korleis ei eventuell kostnadsauke skal dekkjast inn vil bli vurdert i samband med rullering av Nasjonal transportplan.
5. Kommunestyret ber om at det vert starta drøftingar med statens

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00

firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

vegvesen/samferdselsdepartementet med sikte på nødvendig utbetring av dagens E39 gjennom Volda sentrum og særleg kryssing av Øyraelva. Volda kommune oppmodar om at tiltaket primært vert finansiert med løyving frå programområdemidlar/riksvegar.

Statens vegvesen ser at det er behov for å utbetre E39 gjennom Volda sentrum og skape eit betre bumiljø i området. Ny E39 Volda-Furene vil vere det viktigaste verkemiddelet for å få til dette. I Vegvesenet sitt handlingsprogram 2018-2023 er det prioritert programområdemidlar til tiltak for gåande og syklande i Volda og Ørsta. Det er ein føresetnad at det vert tilslutning til delvis bompengefinansiering av ein samferdselspakke.

Dagens E39 mellom Volda ferjekai og Furene kryss med fv.45 er tenkt omgjort til fylkesveg når E39 Volda-Furene opnar. Det er opp til Møre og Romsdal fylkeskommune å eventuelt prioritere midlar til tiltak på denne strekninga etter ei slik omklassifisering om det ikkje vert del av ei bompengepakke.

Strategiseksjonen
Med hilsen

Leif Magne Lillebakk
Seksjonsleiar

Cathrine Helle-Tautra

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Likelydende brev sendt til
Volda kommune, Stormyra 2, 6100 VOLDA
Volda kommune, Stormyra 2, 6100 VOLDA

Grunngjeve spørsmål - interpellasjon

FO 3/19 Interpellasjon

Volda, 08.05.19

Interpellasjon til kommunestyret ved Ordførar Jørgen Amdam
Frå Gunnar Strøm, SV

Digitale læremiddel på nynorsk må sikrast

Kommunestryret har ved fleire høve diskutert problemet med at digitale læremiddel som skal brukst i Volda-skulen ikkje finst på begge målføre. Eg veit ikkje i kva grad kravet om digitale læremiddel på nynorsk blir følgt opp av skuleadministrasjonen. Eg veit heller ikkje om ein nasjonalt har kome særleg lenger i denne saka. Volda kommune bør derfor skjerpe krava om at alle digitale læremiddel skal finnast på begge målføre.

Ørsta kommune har denne saka oppe i KST 9.mai. KST i Ørsta er oppfordra til å vedta ein uttale til Kunnskapsdepartementet der dei ber myndigheitene sørge for at mållova vert følgt når det gjeld digitale læremiddel. Det bør vi i Volda også gjere.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) sende eit brev til alle medlemskommunane ved ordførar og rådmann 23. oktober 2018 der dei ber om at kommunane gjer det dei kan for å sikre at alle digitale læremiddel i den norske skulen finst på begge målføre.

Digitale ferdigheiter er eit viktig kompetansemål i skulen. Samstundes kan auka bruk av digitale læremiddel og digitale undervisningsplattformer skape nye problemstillingar.

Etter opplæringslova (sjå Forskrift til Opplæringslova § 17-1, 17-2 og 17-3) skal alle læremiddel kome i både nynorsk- og bokmålsversjonar, med mindre dei er omfatta av unntaka i § 17-2. Digitale læremiddel er også læremiddel. Noregs Mållag melder at mange av dei digitale læremidla som er i bruk i norske klasserom førebels ikkje finst på nynorsk, men berre på bokmål eller engelsk[1]. Eit sentralt spørsmål for Volda kommune blir då korleis vi som skuleeigar sikrar at vi held oss innanfor lova, og ser til at elevane våre har tilgang på nynorske digitale læremiddel.

Det er krevjande for den enkelte kommune å arbeide for elevane sine språklege rettar i møte med store, internasjonale tilbydarar av digitale læremiddel. I tillegg til lokale vedtak, bør vi løfte problemstillinga opp på nasjonalt nivå. Ein måte å gjere det på, er å sende ein uttale til Kunnskapsdepartementet, der vi bed styresmaktene gjere meir for å sikre nynorsk-elevane sin rett til å få digitale læremiddel på eige språk.

[1] http://www.nm.no/tekst.cfm?id=4473

Forslag til vedtak:

- Volda kommune vil som hovudregel ikkje kjøpe inn eller nytte digitale læremiddel på bokmål, som etter opplæringslova skal finnast på nynorsk
- Volda kommune vil gje klar melding til tilbydarar av digitale læremiddel at kommunen etter lova ikkje kan gjere innkjøp av læremiddel som ikkje finst på nynorsk
- Volda kommune vedtek ein uttale om at retten til digitale læremiddel på nynorsk må sikrast

Forslag til uttale:

Retten til nynorske digitale læremiddel må sikrast
Volda kommune bed Kunnskapsdepartementet sikre at nynorskelevane får oppfylt sin lovfesta rett til digitale læremiddel på nynorsk. Styresmaktene må stille tydelege krav til tilbydarar av digitale læremiddel, gjere dei merksame på språkkrav nedfelt i opplæringslova, og sikre utvikling av digitale læremiddel på nynorsk.

Som ei av Noregs over 100 nynorskkommunar, arbeider Volda kommune for eit godt nynorsk opplæringsmiljø for elevane i skulane våre. Etter opplæringslova skal alle læremiddel kome i både nynorsk- og bokmålsversjonar. Digitale læremiddel er også læremiddel. Skulane har etter kvart eit stort tilfang av digitale læremiddel å velje i, men mange av desse finst ikkje tilgjengeleg på nynorsk. Slik risikerer vi at våre nynorske klasserom fyller seg opp av læremiddel på bokmål eller engelsk, i strid med lova og språkpolitiske intensjonar.

Forskrift til Opplæringslova, § 17-3, slår fast at skuleeigar har ansvaret for retten til læremiddel på si eiga målform blir oppfyllt etter § 17-1 og 17-2. Det finst nynorskklasser i 143 av dei 422 kommunane i Noreg. Lovkravet om språklege parallellutgåver inneber at læremidla skal liggje føre på både nynorsk og bokmål, til same tid og til same pris. Skulane skal ikkje nytte læremiddel som ikkje er tilgjengelege på begge målformene. Læremiddel som berre kjem i ei målform, er såleis ulovlege i klassar som nyttar bokmål, så vel som nynorsk.

Volda kommune vil som hovudregel ikkje kjøpe inn eller nytte digitale læremiddel på bokmål som etter opplæringslova skal finnast på nynorsk. Vi vil også gje klar melding til tilbydarar av digitale læremiddel at kommunen etter lova ikkje kan gjere innkjøp av læremiddel som ikkje finst på nynorsk.

Men i møte med store, internasjonale tilbydarar av digitale læremiddel, trengst strengare handheving av språkkrava frå nasjonalt hald, for at vi som skuleeigar skal kunne sikre retten til digitale læremiddel på nynorsk. Volda kommune forventar difor at Kunnskapsdepartementet gjer sin del av jobben med å sikre at digitale læremiddel i bruk i norsk skule er tilgjengeleg på båe målformene. Departementet må sjå til at

læremiddelprodusentane fylgjer lova, og sikre språkparallellitet i utviklinga av nye digitale læremiddel, slik at nynorskelevane sine rettar vert ivaretekne.

Fra: Jørgen Amdam[jorgen.amdam@volda.kommune.no]
Sendt: 08.05.2019 17:29:22
Til: Postmottak Volda
Kopi: Sonja Håvik
Tittel: VS: Interpellasjon

For registrering

Jørgen Amdam
ordførar
Ordførar
Direkte 95463942 Mobil 95463942
www.volda.kommune.no

Fra: Gunnar Schjelderup Strøm <gst@hivolda.no>
Sendt: onsdag 8. mai 2019 11:15
Til: Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>
Kopi: Åshild Vik <aashild.vik.sv@gmail.com>; Ingrid Opedal (Ingrid.opedal@gmail.com) <Ingrid.opedal@gmail.com>
Emne: Interpellasjon

Hei Jørgen,
Ørsta har oppe ein interpellsjon om nynorske digitale læremiddel i morgon. Vi bør ikkje vere dårlegare. Eg veit vi har hatt saka opp før, men kva har skjedd?
Uansett bør vi vere med å presse på i denne viktige saka!
Har lagt meg tett opp til SV sitt forslag i KST i Ørsta i morgon.
Ha ein fin dag!
Gunnar

I N T E R P E L L A S J O N

Erlend Krumsvik, Volda PDK/Uavhengig representant

Symjehall

Måndag 13. mai 2019 vart det kjent at symjehallen i Volda vart permanent stengt, grunna fare for at den bygningsmessige konstruksjonen kunne medføre skade på brukarane. Fleire bygningsdelar har redusert tryggleik, slik som bæresystem, teglforblending og himling. Symjehallen er ein av dei eldste symjehallane i landet, og det er ikkje mogleg å prøve på mellombelse tryggingstiltak. Symjehallen er i dagleg bruk av VTI-Symjegruppa, og for denne frivillige organisasjonen er stenginga ei krise.

Volda kommunestyre har vedtatt at ein ikkje skal forlenge leigeavtalen med Høgskulen ut over 2020, og at etter denne tid har det vore uvist kva for symjefasilitetar ein ville ha i Volda. Truleg har det vore tenkt at ein kunne ha forlenga leigeavtalen på kort sikt, i påvente av bygging av ny symjehall. No er ikkje dette eit alternativ, og Volda kommune har ikkje lenger ein konkurransearena for symjing.

Symjegruppa er ein stor og viktig frivillig samfunnsaktør i Volda. Ved utgangen av 2018 hadde gruppa 260 medlemmar, derav 12 rekruttar og 4 utøvarar på toppnivå. Ein av desse held på med oppkøyring til deltaking i Norgesmeisterskap (NM) i desse dagar. Gruppa har 16 øvingsøkter på kvardagar, samt kurs for barnehagar, minoritetsspråklege, og generell symjeopplæring (trygg i vann). I løpet av 2018 har det vore 579 deltakarar på kurs. Symjegruppa deltek aktivt på stemner rundt om i landet, og har sjølv konkurransearrangement i Volda. Det tradisjonsrike «Julelauget» blir gjennomført årleg, og er det største stemnet til symjegruppa med deltakarar frå 10 ulike klubbar i 2018. Symjegruppa har også tatt ansvaret for organiseringa av folkebadinga.

Utan eit symjeanlegg er det fare for at eit solid symjemiljø i Volda ikkje har langsiktig grunnlag for drift. Det er konkurransemiljøet som er bærebjelken i Symjegruppa, og alle andre aktivitetar kjem som ein konsekvens av dette.

Volda kommune er også kjent med skade og dødsulukker ved badeplassen Årneset, grunna manglande symjeopplæring. Det er eit tankekors at 50% av norske 4. klassingar ikkje kan å symje, og at ferdigheitene på landsbasis er fallande. Sjølv om kommunestyret har gjennomført sikringstiltak på Årneset, er det nødvendig at til alle som treng symjeopplæring i kommunen vår har eit tilbod om det. Dette fordrar frivillige frå eit aktivt symjemiljø.

Opplæringslova §2-4, tredje avsnitt seier at «Elevar skal delta i ferdigheitsprøva i symjing slik denne er fastsett av departementet. Skoleeigaren skal sørgje for at dette blir gjennomført.» Dette er nytt, gjeldande frå skuleåret 2017/18. Opplæringa gjelder 1. til 4. klassetrinn som ein del av læreplanen for kroppsøving. Det er lagt opp til progresjon i symjeopplæringa over tid, og er ein føresetnad at skulen har nok tid til trening før sjølve prøva blir gjennomført.

Det er alt lagt til rette for ei vidareføring av arbeidet med ny symjehall i Volda. Volda Campus Arena (VCA) har alt gjort reguleringsarbeidet for oppføring av ny symjehall på Joplassen. Det har blitt utarbeida skisser for nytt bygg (i same byggeskikk som VCA), og den nye idrettshallen er utforma slik at den kan koplast saman med eit symjeanlegg. Dei prinsipielle rammene er alt lagt på plass, og ein har eit fundament å prosjektere på.

Spørsmål til ordføraren:

1. Deler ordføraren symjegruppa sitt syn på at stenging av symjehallen er ei krise?
2. Er det av både prinsipiell betydning, og viktig for vårt lokalsamfunn, at eit aktivt og vitalt symjemiljø blir sikra framtidig drift?
3. Kva vil konsekvensen for skuledrifta i Volda bli, dersom alle elevar frå 1. til og med 4. klassetrinn må transporterast til symjebasseng utanfor Volda sentrum?
4. Vil Volda kommune være i stand til å tilby tilsvarande kursdrift i symjeopplæring, i den grad dei frivillige gjer det i dag?

---«»---

I lys av utviklinga dei seinaste dagane, fremjar Volda PDK v/uavhengig representant i kommunestyret – Erlend Krumsvik, forslag til vedtak i kommunestyret. Formålet med forslag til vedtak er å framskynde det omfattande arbeidet med bygging av ny symjehall i Volda.

1. Kommunestyret ber rådmannen om å framskynde planleggingsprosessen med framføring av ny symjehall i Volda, med mål om å legge fram ei sak for kommunestyre for ein offentleg anskaffing innan utgangen av fyrste kvartal 2020.
2. Kommunestyret ber rådmannen om å utarbeide ein framdriftsplan for oppføring av ny symjehall, som er i samspel med byggeprosjekta «Nytt mediebygg» og «Volda Campus Arena», slik at prosessane ikkje blir til hinder for kvarandre. Moglege synergiar bør kartleggast.
3. Kommunestyret gir rådmannen handlingsrom for å kjøpe inn ekstern prosjektkompetanse, om den kommunale kapasiteten ikkje strekker til. Kommunestyret oppfordrar også rådmannen til å samarbeide med frivillige organisasjonar i prosjektarbeidet.
4. Nødvendig økonomisk handlingsrom for dette prosjektet skal leggast inn i komande budsjett og økonomiplanar.
5. Kommunestyret ber om å bli halde orientert om framdrifta i prosjektet, og at Kommunestyret så raskt som råd får saker som er av prinsipiell betydning for framdrifta.

PS 49/19 Referatsaker

Referatsaker

RS 1/19 Flaumtilpasningstiltak i Melshornsida - status

PS 50/19 Delegerte saker frå avdelingane

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 47/19 Mellombels bruksløyve Gbr 2/107

DS 48/19 Igangsettingsløyve Gbr 19/110

DS 49/19 Ferdigattest Gbr 30/4

DS 50/19 Løyve til tiltak Gbr 20/537

DS 51/19 Ferdigattest Gbr 21/166

DS 52/19 Rammeløyve Gbr 19/80

DS 53/19 Rammeløyve, tilbygg Gbr 30/170

DS 54/19 Ferdigattest Gbr 17/235

DS 55/19 Ferdigattest Gbr 6/24

DS 56/19 Mellombels bruksløyve Gbr 18/403- seksjon 57

DS 57/19 Ferdigattest, garasje Gbr 18/157

DS 58/19 Igangsettingsløyve, byggetrinnn 2 Gbr 20/334

DS 59/19 Ferdigattest, bustad Gbr104/1

DS 60/19 Ferdigattest, bustad Gbr 6/41

DS 61/19 Igangsettingsløyve Gbr 20/334

DS 62/19 Løyve til tiltak, riving av brannrestar Gbr 111/2

DS 63/19 Ferdigattest, bustad Gbr 146/45

DS 64/19 Løyve til tiltak, antenne Gbr 131/4

DS 65/19 Ferdigattest Gbr 46/2

DS 66/19 Løyve til tiltak, garasje Gbr 6/41

DS 67/19 Ferdigattest Gbr 20/535

DS 68/19 Løyve til tiltak Gbr 145/2

DS 69/19 Ferdigattest, rehab. skorstein Gbr 148/3

DS 70/19 Løyve til endring Gbr 20/535

DS 71/19 Løyve til tiltak Gbr 12/46

DS 72/19 Ferdigattest, hytte Gbr 109/15

DS 73/19 Løyve til tiltak Gbr 18/23

DS 74/19 Løyve til tiltak Gbr 20/140

DS 75/19 Ferdigattest Gbr 131/62

DS 76/19 Ferdigattest Gbr 19/24

DS 77/19 Rammeløyve Gbr 12/59

DS 78/19 Rammeløyve, studensbustadar byggetrinn 2 Gbr 20/334

DS 79/19 Ferdigattest, tilbygg Gbr 20/142

DS 80/19 Ferdigattest - gbr 20/284

DS 81/19 Rammeløyve, tilbygg Gbr 17/80

DS 82/19 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 87/7

DS 83/19 Ferdigattest - Gbr 18/91/125

DS 84/19 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 86/15

DS 85/19 Løyve til tiltak Gbr 18/214

DS 86/19 Løyve til tiltak Gbr 30/119

DS 87/19 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 20/323

DS 88/19 Ferdigattest, tilbygg Gbr 128/1

DS 89/19 Ferdigattest, garasje Gbr 13/110

DS 90/19 Ferdigattest Gbr 30/36

DS 91/19 Ferdigattest Gbr 19/535